


# FORVALTINGSPLAN FOR VERNEOMRÅDA I SETESDAL VESTHEI, RYFYLKEHEIANE OG FRAFJORDHEIANE (SVR)



# Innhald

## Forord

### 1. Innleiing

- 1.1 Vern av heirområda
- 1.2 Areal og eigedomstilhøve
- 1.3 Verneføreskrifter, forvaltingsplan og forvaltingstyresmakt
- 1.4 Kunnskapsstatus
- 1.5 Verneverdiar og trugsmål
- 1.6 Overvaking og kartleggingsbehov
- 1.7 Forvaltingsmål og bevaringsmål

### 2. Retningslinjer for brukarinteresser

- 2.1 Landbruk
- 2.2 Kraftproduksjon og overføring
- 2.3 Bygningar og installasjonar
- 2.4 Motorferdsel
- 2.5 Jakt, fiske, friluftsliv og turisme

### 3. Forvalting av verneområda

- 3.1 Lusaheia landskapsvernombord
- 3.2 Vormedalsheia landskapsvernombord
- 3.3 Kvanndalen landskapsvernombord
- 3.4 Dyraheio landskapsvernombord
- 3.5 Holmavassåno biotopvernombord
- 3.6 Frafjordheiane landskapsvernombord
- 3.7 Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernombord
- 3.8 Steinsbuskardet – Hisdal biotopvernombord

<b>4.</b>	<b>Sakshandsaming og søknadsrutinar</b>	<b>side 89</b>
4.1	Søknads- og sakshandsamingsrutinar	side 89
4.2	Klagesaker	side 92
4.3	Informasjon om vedtak fatta av verneområdestyret	side 92
<b>5.</b>	<b>Tilrettelegging, informasjon, skjøtsel og oppsyn</b>	<b>side 93</b>
5.1	Tilrettelegging	side 93
5.2	Informasjon	side 94
5.3	Skjøtsel	side 94
5.4	Oppsyn	side 95
<b>6.</b>	<b>Litteratur</b>	<b>side 96</b>
<b>7.</b>	<b>Vedlegg</b>	<b>side 99</b>
7.1	Temakart	side 99
7.1.1	Temakart for merka og kvista løyper i ferdselsrestriksjonssonene	side 99
7.1.2	Temakart for merka sommarløyper og kvista vinterløyper	side 102
7.1.3	Temakart for moglege hytteområde i Vormedalsheia	side 104
7.1.4	Temakart for landingsplassar for felt storvilt	side 105
7.1.5	Temakart for godkjent sykkelløype Øydegardstøl-Kjerag	side 108
7.2	Utdrag frå Forvaltningsplan for fisk	side 109
7.3	Retningslinjer for byggetiltak innanfor Grydalen hytteområde	side 111
7.4	Verneføreskrifter	side 114



Villrein aust for Blåsjø.

## Forord

Denne forvaltingsplanen er utarbeidd av Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane. Planen omfattar Kvanndalen, Dyraheio, Lusaheia, Vormedalsheia, Frafjordheiane og Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernombåda, i tillegg til Holmavassåno og Steinbuskardet-Hisdal biotopverneområde. Forvaltingsplanen avløyser fem tidlegare forvaltingsplanar: Kvanndalen, Dyraheio og Holmavassåno frå 1993, Lusaheia frå 1993, Vormedalsheia frå 1993, Frafjordheiane frå 2007, Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane og Steinbuskardet-Hisdal frå 2003. Bakgrunnen for planarbeidet var behovet for ein felles, samordna forvaltingsplan for alle verneområda som verneområdestyret hadde forvaltingsansvaret for. Planen tek i hovudsak utgangspunkt i verneforskrifter og eksisterande forvaltingsplanar for dei ulike verneområda, og vidare til forvaltingspraksisen verneområdestyret har etablert sidan det vart konstituert den 15. mars 2011.

Mykje av det daglege arbeidet med forvaltingsplanen blir lagt til ei prosjektgruppe som har vore samansett av medlemme i arbeidsutvalet og forvaltingssekretariatet. Meldinga om starten på planarbeidet vart sendt 1. februar 2013, og verneområdestyret godkjende utkastet til forvaltingsplan 7. mai 2014. Etter ein fagleg gjennomgang i Miljødirektoratet, gav dei klarsignal til at planutkastet kunne sendast ut på høyring 19. juni 2014. Hausten 2014 vart det gjennomført opne informasjonsmøte i alle kommunane med areal i verneområda. Det har også vorte gjennomført møte med alle kommunane og fleire grunneigarar og organisasjonar.

Det kom inn til saman 51 skriftlege uttalar til høyringsutkastet. Desse vart gjennomgått og var grunnlaget for det endelige planutkastet som vart godkjent av verneområdestyret den 08.01.2015. Forvaltingsplanen for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane vart endelig godkjend av Miljødirektoratet den 27.04.2015.

Målsettinga for denne forvaltingsplanen er at han skal vere eit praktisk hjelpemiddel i den daglege forvaltinga, og at han skal fungere som eit oppslagsverk for både søkerar og forvaltinga. Den overordna målsettinga med forvaltingsplanen er å ta vare på verneverdiane, både gjennom å



Landskapsvernombåda har hjarta sitt på Klauvskeimoen.

verne dei mot uønskte inngrep, og gjennom å legge til rette for aktivitetar som fremjar verneverdiane. Eit anna formål med forvaltingsplanen er å gje rammer for ei heilsakleg forvalting den kommande tiårs perioden (2015-2025). Gjennom å utarbeide klare reglar for forvaltingspraksis og sakshandsaming, håpar ein både å bidra til å dempe konfliktar, og til å sikre at ein unngår tilfeldige avgjersler som kan skade verneverdiane.

Den overordna målsettinga for forvaltingsplanen er å ta vare på verneverdiane som særleg er knytte til viktige funksjonsområde for Europas sørlegaste villreinstamme, viktige botaniske lokalitetar og eit vakkert og særmerkt landskap. Innafor desse rammene skal forvaltingsplanen gje klare og påreknelege vilkår for gjennomføring av verksemd knytt til landbruk, kraftproduksjon, friluftsliv, turisme og lokal næringsutvikling.

For verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane

Tarald Myrum

Styrelseiar

# 1. Innleiing



Utsikt frå Gråmannen.


Den sørlege utstikkaren av Langfjella som ligg mellom Setesdal i aust og Ryfylke i vest, er eit unikt fjellområde. Det som særleg slår ein er dei enorme kontrastane og variasjonen i alt frå klima og landskapsformer til geologi og vegetasjon. Fjellområdet utgjer den sørlege grensa for utbreiinga av plante- og dyreartar som er knytte til alpine område i Noreg. Området er mellom anna levestaden for Europas sørlegaste villreinstamme.

Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane er samstundes eit fjell som blir brukt. Skriftelege kjelder fortel om til dels svært omfattande bruk dei siste 200 åra, og arkeologiske funn viser at denne bruken går langt tilbake i tid. Denne bruken har sett sine fysiske spor i landskapet, og mentale spor i dei som bur rundt heia.

Verneverdiane er difor mange og store. Villreinen står sjølvsagt sentralt som eit viktig verneformål, men det er også store verdiar knytte til geologi, botanikk og kulturlandskap. Friluftslivsbruken av området er også omfattande. Verneområda er svært verdfulle i samband med helsefremjande rekreasjon og naturopplevingar.

Heiemråda er samstundes sterkt prega av kraftutbygging. Det er fleire regulerte vatn og tørrlagde elvestrekningar i verneområda, og verneområda omkransar i tillegg nokre større reguleringsmagasin som ikkje er med i det verna arealet.

Figur 1. Kart over verneområda.



## 1.1 Vern av heieområda

Vernet av fjellområda mellom Setesdal og Ryfylke vart realisert i tidsrommet 1991-2003. Tidlegast ute var ein i Rogaland, der Lusaheia landskapsvernombraude og Vormedalsheia landskapsvernombraude i Hjelmeland vart verna i 1991, mens vernet av Dyraheio landskapsvernombraude, Kvanndalen landskapsvernombraude og Holmavassåno biotopverneområde i Suldal, blei vedteke i 1997. Det mest omfattande vernevedtaket kom i 2000, då Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiane landskapsvernombraude og Steinsbuskar-det-Hisdal biotopverneområde vart verna. Verneprosessen vart avslutta i 2003 med vernet av Frafjordheiane landskapsvernombraude.

Tanken om at desse fjellområda er særleg verdfulle og burde vernast, er ganske gamal. Alt i 1923 skriv offiseren og kartoppmålaren Kristen Gleditsch ein artikkel i Tidens Tegn, der han luftar tankar om å opprette ein nasjonalpark i Bykle og Suldal. Gleditsch hadde blitt godt kjend i området då han i 1913 og 1915 gjorde oppmålingar for Høifjells-kommisjonen. Gleditsch såg for seg Hellevatnet som sentrum i ein nasjonalpark som strekte seg fra Snønen i nord til Hovatn i sør, og fra Sletteskurven i aust til Pjåkevassheia i vest. Slik skulle det ikkje gå, og i tidsrommet 1965-1985 vart det opphavlege landskapet sterkt påverka av fleire store kraftutbyggingsar som Øvre Otra, Sira Kvina, Lyse, Ulla-Førre og Røldal-Suldal gjennomførde.


Trass i dei store inngrepa vart det gjennom 1970- og 1980-talet halde liv i planane om vern av desse fjellområda. Behovet for ei samordna forvalting av området resulterte i fleire omfattande planprosessar, som mellom anna "Fjellplan for Setesdal Vesthei" (NOU 1974:39). Lenge låg det også føre planar om oppretting av nasjonalparkar i området, og i St.meld. nr. 62 (1991-92), "Ny landsplan for nasjonalparker og andre større verneområder i Norge", kom det framlegg om å opprette Rjuven og Frafjordheiane nasjonalparkar. Lokal motstand og omfanget av eksisterande inngrep, gjorde at ein til slutt verna området som landskapsvernomsråde. To mindre område vart verna som biotopverneområde.

Verneområda vart oppretta i medhald av lov om naturvern (naturvernlova) frå 19. juni 1970, men denne blei oppheva då lov om Forvalting av naturens mangfold (naturmangfaldlova) frå 19. juni 2009 blei vedteken. Verneforskriftene som vart oppretta etter naturvernlova gjeld framleis, og dei skal forvaltast i tråd med intensjonen på vernetidspunktet. Føresegnerne i naturmangfaldlova vil likevel supplere og utfylle eldre verneforskrifter. Vern av eit areal som landskapsvernombraude er heimla i naturmangfaldlova § 36, der det heiter at:

*"Som landskapsvernombraude kan vernes natur- eller kulturlandskap av økologisk, kulturell eller opplevelsesmessig verdi, eller som er identitetsskapende. Til landskapet regnes også kulturminner som bidrar til landskapets egenart. I et landskapsvernombraude må det ikke settes i verk tiltak som kan endre det vernede landskapets sær preg eller karakter vesentlig.....".*

Vern av eit areal som biotopverneområde er heimla i naturmangfaldlova § 38, der det står at:

*"Som biotopvernombraude kan vernes et område som har eller kan få særskilt betydning som økologisk funksjonsområde for en eller flere nærmere bestemte arter. Det kan settes forbud mot virksomhet eller ferdsel som kan påvirke eller forstyrre arten eller dens livsbetingelser ...."*




Heibergtunet Storevatn.

## 1.2 Areal og eigedomstilhøve

Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane har forvaltingsmynde for til saman åtte verneområde. Seks av dei er landskapsvernombåde, mens to er biotopverneområde. Av desse er Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiane landskapsvernombåde det klart største verneområdet. Det utgjer 68% av det samla arealet. Til saman har alle verneområda eit areal på 3451 km<sup>2</sup>. Vernet omfattar areal på til saman 706 gards- og bruksnummer. Heile 70% av dette arealet ligg på privat grunn. Det statseigde arealet fordeler seg på Njardarheim, i

Figur 2. Verna areal (km<sup>2</sup>) fordelt på kommunar



Tabell 1. Eigedomstilhøve, areal, lokalisering og vernetidspunkt for dei ulike verneområda

Verneområde	Vernet	Kommune	Tal gnr/bnr	Areal (km <sup>2</sup> )	Privat areal
Lusaheia landskapsvernombåde	1991	Hjelmeland	11	122	70%
Vormedalsheia landskapsvernombåde	1991	Hjelmeland	89	120	100%
Dyraheio landskapsvernombåde	1997	Suldal	29	304	70%
Kvanndalen landskapsvernombåde	1997	Suldal	6	84	100%
Holmavassåno biotopverneområde	1997	Suldal	3	23	100%
Frafjordheiane landskapsvernombåde	2003	Forsand Gjesdal Sirdal Til saman	62 53 20 135	190 155 74 419	80%
Steinsbuskardet-Hisdal biotopverneområde	2000	Bykle	15	34	0%
Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiane landskapsvernombåde	2000	Bykle Valle Bygland Forsand Sirdal Åseral Hægebostad Kvinesdal Til saman	44 106 54 23 113 57 13 8 418	798 466 280 39 343 227 77 96 2345	60%

tillegg til Bykle, Suldal og Hjelmeland statsallmenningar. I desse områda er Statskog grunneigar.

Til saman 11 kommunar og tre fylke har areal i verneområda. Bykle er den kommunen med klart mest verna areal (838km<sup>2</sup>), men også Valle, Suldal og Sirdal har verna areal på mellom 400 og 500 km<sup>2</sup>. Det verna arealet i Bykle utgjer 26% av arealet i verneområda, mens det verna arealet i Kvinesdal utgjer 2%. Aust-Agder er det fylket som har mest areal i verneområda med 1625 km<sup>2</sup>, mens det verna arealet i Rogaland og Vest-Agder ligg på 1053 km<sup>2</sup> og 803 km<sup>2</sup>.

## 1.3 Verneforskrifter, forvaltingsplan og forvaltingsstypesmakt

### 1.3.1 Verneforskrifter

Eit verneområde etter naturmangfaldlova blir oppretta ved at det ved kongeleg resolusjon blir vedteke grenser og verneforskrift for eit avgrensa område. Verneforskriftene er bygd opp etter ein standardisert mal, men med lokale tilpassingar.

Nyare verneforskrifter er bygd opp slik at det først er eit generelt forbod mot alle inngrep og tiltak som kan skade eller redusere verneverdiene innafor eit område. Deretter

kjem generelle unntak frå forbodet, og eigne føresegner som seier kva det kan søkast om dispensasjon for. Vidare er verneforskrifta delt inn i kapittel om landskap, planteliv, dyreliv, ferdsel og motorferdsel. I tillegg er det generelle kapittel om forureining, forvalting, skjøtsel, oppsyn osv.

Grunneigarane har framleis eigedomsretten, og vernet endrar ikkje rettane grunneigarane har på grunn av anna lovverk, viss det ikkje er spesielt nemt i verneforskriftene. Grunneigarane har til dømes framleis rett til å nekte motorferdsel eller andre tiltak på eigedomen sin.

I verneområda gjeld ulike lovverk ved sida av kvarandre. Verneforskriftene etter naturmangfaldlova går normalt framom anna lovverk. Tiltak som er heimla i til dømes plan- og bygningslova, fjellova, allmenningslova, friluftsløva, viltlova, lakse- og innlandsfiskelova, osv., må i tillegg vere heimla i verneforskrifta, eller i vedtak fatta med heimel i verneforskrifta. Spesielt for landskapvernemråde er at eldre reguleringsplanar, godkjende etter plan- og bygningslova §27-2, gjeld framfor verneforskrifta. Reguleringsplanar vedtekne etter 01.07.09 må vike for naturmangfaldlova.

Verneforskriftene i våre område er utarbeidde over eit tidsrom på 12 år, og forskjellen på dei tidlege og seine verneforskriftene er til dels store, både når det gjeld oppbygging, og i kor detaljerte dei er. Verneforskriftene for Lusaheia, Vormedalsheia, Dyraheio, Kvanndalen og Holmvassåno er relativt kortfatta, og ein god del av bruken er direkte heimla i forskriftene. Dette gjeld mellom anna motorferdsel i samband med landbruksdrift. I tillegg opnar desse verneforskriftene for at det er muleg å søke forvaltingsstyresmakta om ei rekke ulike byggetiltak. Verneforskriftene for Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane, Steinsbuskardet-Hisdal og Frafjordheiane er meir omfattande og detaljerte. Her er det avgrensa kva for tiltak som er direkte heimla i verneforskrifta, og såleis ikkje er søknadspliktig. Derimot er det høve til å søke forvaltingsstyresmakta om ei lang rekke tiltak og aktivitetar. Verneforskriftene for dei ulike områda finst i vedlegg 1.

## 1.3.2 Forvaltingsplan

Formålet med denne forvaltingsplanen er å gje rammene for ei heilskapleg og føreseieleg forvalting i den kommande tiårs-perioden (2015-2025). Ein prøver å ta vare på verneverdiane gjennom å utvikle ein forvaltingspraksis som hindrar uønskte inngrep, og som stimulerer til aktivitet som fremjer verneverdiane. Forvaltingsplanen skal også fungere som eit nyttig oppslagsverk for både søkerarar og forvaltinga.

Forvaltingsplanen kan ikkje gå utover rammene som er gjevne i dei ulike verneforskriftene og naturmangfaldlova, og retningslinene i planen kan ikkje vera strengare eller lempelagare enn det som er heimla i verneforskriftene. Forvaltingsplanen skal gje retningsliner for korleis vernefor-

skriftene skal tolkast og omsettast i konkret forvaltingspraksis. Forvaltingsplanen er eit rådgjevande dokument, og er ikkje juridisk bindande, bortsett frå der verneforskriftene viser direkte til forvaltingsplanen. I denne forvaltingsplanen gjeld dette for nokre punkt under temaet ferdsel i landskapvernemråda Frafjordheiane og Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane.

## Integrering av miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12

I medhald av naturmangfaldlova § 7, skal miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 vurderast i samband med utøving av offentlig mynde. Det skal gå fram av vedtaka korleis prinsippa er tekne omsyn til og vektlagde i vurderinga av kvar enkelt sak. Dette gjeld for enkeltvedtak, fatta av forvaltingsstyresmakta, etter verneforskriftene i samband med tiltak og retningslinjer i forvaltingsplanen for verneområda i Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiane og Frafjordheiane.

Dispensasjonsheimelen i verneforskriftene brukar omgrep "kan på nærmere vilkår gje løyve til", mens det i §48 i naturmangfaldlova heiter, "kan gjøre unntak fra et vernevedtak". Dette inneber ikkje at forvaltingsstyresmakta skal gje dispensasjon, men at ein kan vurdere om ein søknad gje grunnlag for dispensasjon, etter at behova er sett opp mot mulege ulemper og skadar. Mellom anna vil retningslinene i forvaltingsplanen, og dei dokumenterte behova til søkeren, utgjere eit grunnlag for handsaming av dispensasjonssøknader. I tillegg må informasjon om artar, naturmiljø, naturtypar og kulturminne leggast vekt på i vurderinga. Dette kunnskapskravet (§8) gjeld også for utarbeidninga av retningslinjer osv. i forvaltingsplanen.

Både gjennom dei ulike verneplanprosessane og seinare kartleggingar, vart mykje kunnskap om verneområda registret og dokumentert. I tillegg er supplerande registreringar og kunnskap frå nyare forsking tilgjengelege via databasar som Naturbase, Artskart med Artsobs, og Askeladden.

Dersom det er tvil om kor negativ innverknad på verneverdiane eit tiltak fører til, kjem "føre var prinsippet" i §9 inn. Sjølv om kunnskapsgrunnlaget er noko mangelfullt i høve til nokre område, og nokre artar, må det generelle kunnskapsgrunnlaget for verneområda vurderast som godt nok for utforminga av forvaltingsplanen sine retningslinjer for dispensasjonspraksis, og planar for tiltak. "Føre var prinsippet" i §9 vil difor bli tillagt mindre vekt i vurderinga av desse temaat.

Det følgjer av prinsippet om samla belastning i §10, at påverknaden på eit økosystem skal vurderast ut frå den samla belastninga som økosystemet blir, eller vil bli, utsett for. Forvaltingsstyresmakta må difor vurdere om eit tiltak vil kunne føre til at verneverdiane gradvis blir ringare. Forvaltingsplanen omtalar dei ulike brukarinteressene og verneområda. I planen finst det eit tematisk oversyn over dagens bruk av verneområda, saman med retningslinjer for

framtidig bruk, og framlegg til tiltak. I kvart av desse delkapitalet er det også ei oppsummering, der omsynet til samla belastning er vurdert.

I alle avgjerder og løyve er det viktig å finne fram til metodar og lokaliseringar som gjev minst muleg skade, jf. naturmangfaldlova, § 12. Dersom eit tiltak medfører skade på naturmangfaldet, kan tiltakshavaren, i medhald av naturmangfaldlova, § 11, bli pålagt å bere kostnader knytte til tiltak for å hindre eller avgrense eventuelle skadar.

### **Samordning med Heieplanen**

Prosessene med å utarbeide denne forvaltingsplanen har delvis gått parallelt med prosessen for å arbeide ut Heieplanen (Regional plan for Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei). Dette har vore to omfattande prosesser, som langt på veg har omfatta dei same areala og dei same aktørane. Mange stiller difor spørsmål om kva som er forskjellen på desse planane, og korleis dei stiller seg til kvarandre.

Kort sagt omhandlar forvaltingsplanen dei heieområda som er verna etter naturmangfaldlova. Desse blir forvalta etter verneforskriftene for dei ulike verneområda, og forvaltingsplanen gjev retningslinjer for korleis den konkrete forvaltingspraksisen skal vere.

Sjølv om areala i verneområda går inn i områda som er omfatta av Heieplanen, har ikkje Heieplanen formell og juridisk innverknad på forvaltinga av verneområda. Heieplanen inneholder retningslinjer for korleis kommunane skal gjennomføre arealforvaltinga etter plan- og bygningslova. Desse gjeld for villreinområda som ligg på utsida av verneområda. I verneområda har verneområdestyret forvaltingsmynde, og rammene for arealforvaltinga går fram av verneforskriftene og anna lovverk, som til dømes plan- og bygningslova. Samstundes er det viktig å presisere at ein i arbeidet med forvaltingsplanen, har lagt vekt på å få til ei samordning med retningslinene i Heieplanen, for å sikre at forvaltingspraksisen i og utanfor verneområda skal bli så lik som muleg.

### **1.3.3 Forvaltingsstyremakt**

Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane har forvaltingsmynde for Lusaheia, Vormedalsheia, Dyraheio, Kvanndalen, Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane og Frafjordheiane landskapsvernemråde, i tillegg til Holmvassåno og Steinsbuskardet-Hisdal biotopverneområde. Verneområdestyret vart første gong konstituert 15. mars 2011, og har sitt mynde forankra i den nye forvaltingsmodellen for nasjonalparkar og store verneområde, vedteken av Miljøverndepartementet i 2009.

Fram til 2011 var alle verneområda ein del av ei forsøksordning med lokal forvalting. Då hadde kvar kommune forvaltingsmynde for sine verna areal, mens eit felles styre,

og eit felles forvaltingssekretariat, skulle syte for best muleg samordning mellom kommunane.

**Verneområdestyret** har ein representant frå kvar kommune som har areal i verneområda. I tillegg har kvar fylkeskommune ein representant. Totalt er det 14 representantar i verneområdestyret. Styrerepresentantane sit i periodar på fire år, og følgjer valperiodane i kommunar og fylkeskommunar. Verneområdestyret er samansett av politikarar, ofte ordførar eller varaordførar, i dei ulike kommunane. Kvar kommune innstiller to representantar til styret, mens Miljødirektoratet nemner opp styremedlemer på bakgrunn av desse innstillingane.

Verneområdestyret har normalt møte tre gonger i året, og eitt av dei skal haldast saman med fagleg, rådgjevande utval. Verneområdestyret handsamar i hovudsak saker som omfattar større inngrep, eller saker av prinsipiell karakter. Døme på slike saker kan vere: budsjett, tildeling av midlar etter bestillingsdialogen, nybygg over ein viss storleik, og endring av etablert forvaltingspraksis. Verneområdestyret har oppnemnt eit **arbeidsutval** med fem medlemer. Dette utvalet har styreleiar, nestleiar og tre andre styrerepresentantar. Verneområdestyret har delegert til arbeidsutvalet å handsame saker der tiltaka er heimla i verneforskrifter og forvaltingsplanar. Døme på slike saker kan vere: innstilling av prosjekt til bestillingsdialogen ol., søknadar om motorferdsel, og ferdsel som må vurderast etter §48 i naturmangfaldlova, og mindre omfattande byggesaker, som utviding av eksisterande bygningar. Arbeidsutvalet avgjer sjølv kva for byggesaker som må handsamast av eit samla styre. Arbeidsutvalet har normalt møte ein gong kvar månad.

Verneområdestyret har også ein administrasjon, eller eit **forvaltingssekretariat**, samansett av tre **verneområdeforvaltarar**. Dei viktigaste oppgåvene til verneområdeforvaltarane er å førebu saker for styret og arbeidsutvalet. Verneområdeforvaltarane har dessutan fått delegert mynde til å fatte vedtak i ordinære saker innanfor tema som ferdsel og motorferdsel. Det er stasjonert verneområdeforvaltarar i kvar fylke, ein i Valle i Aust-Agder, ein i Sirdal i Vest-Agder og ein i Suldal i Rogaland. Forvaltingsknutepunktet ligg i Valle, og fylkesmannen i Aust-Agder er koordinerande fylkesmann. Dei tre verneområdeforvaltarane er formelt tilsette hos kvar sin fylkesmann, men verneområdestyret har instruksjonsmynde, og avgjer kva for arbeidsoppgåver som skal gjennomførast.

Fordi forvaltinga av verneområda krev samhandling mellom mange aktørar, har verneområdestyret oppnemnt eit **fagleg, rådgjevande utval**. Det rådgjevande utvalet er samansett av representantar for dei ymse interessene i området, som bl.a. grunneigarar, offentlege organ, som det særleg vedkjem (fjellstyre, villreinnemnd), kraftprodusentar, reiseliv og friviljuge organisasjonar.

For å sikre at forvaltinga av verneområda blir godt integrert i den kommunale forvaltinga, har verneområdestyret



Fylltområde i Kjelkaskaret ved Stranddalen.

oppnemnt eit **administrativt kontaktutval**, med representantar frå administrativt nivå i dei ulike kommunane og fylkeskommunane. Administrativt kontaktutval har møte ei eller to gonger i året, og drøftar aktuelle saker og samarbeidsrutinar. Administrativt kontaktutval har delteke aktivt i arbeidet med forvaltingsplanen. Medlemer i administrativt kontaktutval er dessutan forvaltingssekretariatet sine kontaktpersonar ute i kommunane og fylkeskommunane.

## 1.4 Kunnskapsstatus

I det følgjande vil det bli gjeve ein felles omtale av naturtilhøve, historisk bruk og kulturminne i verneområda. Sjølv om det er ein del skilnader mellom dei ulike verneområda, er fellestrekka likevel så mange at ein har valt å gje ein samla omtale av natur- og kulturtihøva. For ein grundigare omtale av naturtilhøve og kulturminne, for dei einskilde verneområda, blir det vist til nettsida som verneområdestyret har: [www.svr.no](http://www.svr.no).

### 1.4.1 Naturtilhøve

#### Berggrunn og kvartærgeologi

Store delar av arealet i verneområda ligg sentralt i det største grunnfjellsområdet i Noreg, som strekker seg fra Hardangervidda og ned til Skagerrak-kysten. Det representerer ein av dei best bevarte delane av det såkalla "urkontinentet". Det vitskaplege namnet er "Det baltiske skjoldet". I motsetnad til i andre delar av landet, som har blitt utsett for overskyvingar, foldingar og overfløyming av havet, er landskapet i grunnfjellsområda i hovudsak eit resultat av slitasje frå is, vatn og vind gjennom 600 millionar år.

Grunnfjellområdet har stadeigne sure, harde og næringsfattige bergartar, som den vulkanske djupbergarten

granitt, og den omdanna bergarten gneis. Granitten kan variere i såkalla "korningsgrad", frå relativt finkorna til grovkorna. Gneisen er ein granittisk gneis, som stadvis har innslag av bandgneis og augegneis. I heile verneområdet sør for Steinsbuskardet i Bykle er desse bergartane nærmast einerådande. Desse bergartane er også vanlege vidare nordover, men i dei nordre delane av verneområda gjer innslag av andre bergartar geologien meir variert og spennande. Ved Store-Urevatn (Urar) og Holmavatnet finn ein eit større område med fleire omdanna, vulkanske bergartar, som mellom anna meta andesitt, meta gabbro og meta basalt. Litt lenger nord og vest har store område i Vormedalsheia, Dyraheio og Kvanndalen, innslag av dei sedimentære bergartane fyllitt og glimmerskifer. Bergrunnen i dei såkalla "fylltområda" har mange stader ei tydeleg tredeling av bergartane. Det nedste laget er grunnfjellet, gneisar og granittar, som andre stader i verneområda. Mot slutten av urtida til jorda, for om lag 600 mill. år sidan, vart grunnfjellet tært ned av naturkreftene til ei relativt flat slette, som vert kalla det subkambriske peneplanet. Restar av dette peneplanet finn ein att i grunnfjellsområda mange stader i verneområda. For om lag 400-600 millionar år sidan vart peneplanet fløynt over av havet, og store mengder lausmassar vart avsette oppå grunnfjellet. Desse lausmassane vart etter kvart omdanna til bergartar som sandstein og fyllitt. Under den kaledonske fjellkjedefoldinga for om lag 395 mill. år sidan, vart store grunnfjellsflak pressa opp, og skuva over dei yngre bergartane. Desse flaka blei omdanna til gneisar og kvartsittar under foldinga. Det ein finn att av fyllitt og skyvedekket i dag, etter millionar av år med erosjon, har oftast form av "såter" oppå grunnfjellsplatået. Her ligg gneisane i skyvedekket som eit vernande lag oppå den mju-

kare fylitten. Fleire av dei høge toppane i dette området har denne tredelinga med grunntjell, fyllt og gneis.

Den endelige utforminga av landskapet, med dype dalar, mange vatn og grunne lausmassar i høgda, er resultat av aktiviteten til is og smeltevatn i løpet av dei siste to millionar år (kvartærtida). Ein kraftig is-erosjon resulterte i at det meste av lausmassane i heieområda, vart transporterte med isen ut i havet mot slutten av siste istid. Isen har vidare skore ut eit system av dalar i grunnfjellsplatået, som stort sett følgjer sprekksonene. Der sprekksystema har gått parallelt med retninga isbreen har flutt seg i, har erosjonen vore spesielt kraftig. Erosjonen var sterkest i vest, slik at det er her ein finn dei mest dramatiske landskapsformene. Lysefjorden og Kvanndalen er typiske døme på den enorme evna isen har til å erodere.

Det er også mange døme på landskapsformer som blei danna då isbreen smelta for 6 000-10 000 år sidan. Moreneryggar frå ulike breframstøytar, finn ein mellom anna i Frafjordheiane og i Vormedalsheia. Den mektige Trollgarden, som ligg aust i Vormedalsheia, er ein fleire km lang og opptil 7 m høg, skarp morenerygg, som består av steinblokker som varierer i storleik frå ein fotball til eit hus. Smeltevatnet frå isen og elvane har halde fram med å erodere der breen byrja. Lausmassar har blitt frakta og avsett av elvane, og terrassar og delta har blitt danna. Fleire stader er det også blitt grave ut imponerande elvegjel, som til dømes Fossajuvet i Frafjordheiane.

I dei høgare fjellområda har frostsprenging gjeve store område med blokkmark. I bratte fjellsider dominerer svaberg og rasmark.

Saman med den kraftige is-erosjonen, som frakta lausmassane bort, er grunnfjellsbergartane opphavet til det næringsfattige og karrige preget som dominerer i verneplanområdet. Unntaket er områda lengst i nord, der dei meir næringsrike bergartane gjev grunnlag for eit langt frødigare planteliv.

Kunnskapsgrunnlaget er noko mangefullt når det gjeld verneverdiane knytte til landskap og kvartærgeologi. Ein del kvartærgeologiske lokalitetar i verneområda i Rogaland, er omtala av Amundsen og Sollie (1987), i deira framlegg til verneplan for slike lokalitetar. Verneverdiane knytte til nokre landskap i Vormedalsheia er omtala og vurderte av Abrahamsen m fl. (1972) og Fylkesmannen i Rogaland (1986). Landskap og kvartærgeologi i Frafjordheiane er også omtala og vurderte av Abrahamsen m fl. (1972). Landskapet i Frafjordheiane er grundig omtala av Stavanger turistforening (1987). Utvalde landskapsrom i verneområda i Rogaland er også kort omtala av Hettervik (1995).

Når det gjeld berggrunnsgeologi er kunnskapsgrunnlaget meir omfattande. Norges geologiske undersøkingar har utarbeidd berggrunnskart for heile området, og bergg-



Heggen blømer i Røssdal.

runnsgeologien er nærmere omtala i mellom anna Feyling-Hansen (1950) og av Stavanger turistforening (1989).

## **Planteliv**

Vegetasjonen i verneområda er svært variert, og det samla talet på artar er høgt. Ei viktig årsak til den store variasjonen i vegetasjonen ligg i den skiftande berggrunnen. Ein anna årsak er dei store høgdeforskjellane, frå strandkanten i Jøsenfjorden og Lysefjorden, til toppen av Vassdalsegga, 1657 moh. I tillegg kjem også dei variasjonane som naturleg følgjer med ulikt snødekke, tilgang på livid og sollys. Dette medfører at både varmekrevjande låglandsplantar og typiske fjellplantar, veks innanfor verneområda. Ein anna årsak til den store variasjonen er at verneområda omfattar soner med kystklima, og soner med innlandsklima. Dermed vil både typiske, vestlege artar (suboseaniske) som rome, bjønnkam og blåknapp, og typiske, austlege artar som søterot og turt, vere å finne innafor grensene til verneområda.

## **Edellauvskog og barskog**

Ein finn mindre areal med edellauvskog i lågareliggende og lune stader lengst vest i verneområda. Dette dreiar seg mellom anna om Jøsenfjorden og Trodla-Tyssdal i Vormedalsheia, og Røssdal i Frafjordheiane. I Røssdal veks ein alm- og lindeskog som har stor verneverdi.

Det veks furuskog i dei lågareliggende områda og dalføra i Dyraheio, Vormedalsheia, Frafjordheiane og Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernombord. Den grunnlendte, fattigaste furuskogen er open, lågvaksen, fuktig og rik på mose, og artar som røsslyng og blokkebær dominerer. På relativt tørre morenar veks høgvaksen, furuskog der blåbær dominerer. I Dyraheio kan ein finne furu opp til om lag 700 moh, mens ein i Vormedalsheia og Frafjordheiane sjeldan finn furuskog over om lag 500 moh. I Vestvassdalen, lengst sør i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernombord, veks furuskogen opp til om lag 600-700 moh, men inne i Ljosådalen kan ein finne furu opp til om



Fjellbjørkeskog ved Bleskestadmoen.

lag 800 moh. Delar av furuskogen i sør er relativt urørt av hogst, og blir vurdert som særleg verneverdig. Det er mindre areal med planta gran fleire stader i verneområda.

### Fjellbjørkeskogen

Bjørk er det dominerande treslaget i alle lågareliggende område og dalføre i verneområda, og det er bjørka som dannar tregrensa. Fattig bjørkeskog med blåbær, skogstjerne og småmarimjelle er den vanlegast, men også bjørkeskog med krekling, røsslyng og tyttebær, er vanleg på litt tørrare stadar. Ein kan også finne småbregnebjørkeskog med hengeveng, fugletelg, fjellburkne og skrubbær på fuktige stadar, og rikare lågurtbjørkeskog med mellom anna, skogstorkenebb, kvitbladtistel og vendelrot, der næringstilgangen er god. I Kvanndalen og Dyraheio ligg tregrensa på om lag 800 moh, men på lune stadar veks bjørkeskogen heilt opp til 900 moh. I Vormedalsheia og Frafjordheiane ligg tregrensa rundt 600-700 moh. Heilt sør i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernombord, går bjørkeskogen opp til om lag 800 moh, mens tregrensa ligg heilt oppe på 1000 moh mange stader i Bykle.

### Myr

Det samla myrarealet i dei vestre delane av verneområda er lite, sjølv om nedbørsmengda er stor mange stadar. Dette skuldast i første rekke at topografien er svært oppstykkja, og at det er grove lausavsettingar. Unnataket er Vormedalsheia, der det finst store areal med terrengdekande myr. I dei austre delane er myrarealet noko større. Det er mindre flatmyrr, som er den vanlegaste myr-typen, men bakkemyrr er også relativt vanlege. Det aller meste av myrene i området er fattige jordvassmyrer. Vanlege artar er slåttestarr, duskull, bjønnskjegg og blåtopp (Moen og Pedersen 1981).

### Stølsvollar

På dei mange stølsvollane som ligg like under, eller like over, tregrensa mange stader i verneområda, blir vegetasjonen dominert av det som på fagspråket kallast sekundære

grasheier. Namnet kjem av at vegetasjonen opphavleg har vore ein annan, men at lange tider med vedhogst, slått og beite har fortrent desse artane. Samstundes har denne bruken favorisert ei lang rekke gras- og starrartar. Stølsvollane er no fulle av artar som sølvbunke, finnskjegg, gulaks, engrapp og engkvein, i tillegg til seterfrytle, kornstarr og stivstarr. Andre plantar som fjellmarikåpe, engsyre, tepperot og harerug, er også vanlege på stølsvollane. På gamle slåtteenger i Ljosådalen og på Månen, veks det enno solblom. Dette er ein art som er oppført som sårbar (VU) i nasjonal raudliste for artar 2010, og er heilt avhengig av eit ope landskap for å overleve i lengda.

No er det om lag 60 år sidan det vart heilt slutt på stølsdrifta dei fleste stadene. Då stølsdrifta slutta, vart også vedhogsten sterkt redusert. Slåtten heldt fram noko lenger, men det har knapt blitt slege dei siste 50 åra. Talet på dei mest effektive beitedyra som geit og storfè, har også gått jamt nedover. Dei sekundære grasheiane, som oppstod på grunn av kulturpåverknad, vil difor truleg sakte forsvinne når denne påverknaden no er nesten borte. Dette kan ein alt sjå tydelege teikn på. På fuktige stadar et vierkrattha seg innover stølsvollane, mens der det er tørrare, er bjørkeskogen på veg tilbake. Mange stadar veks det også tette kratt med einer i utkanten av stølsvollane.

### Heiane

Store delar av verneområda som ligg over tregrensa, er opne lyng- og grasheiar. I denne såkalla lågalpine sona, får forma på landskapet mykje meir å seie for plantelivet. Avblåsne og tørre rabbar vil få ein type vegetasjon, mens skråningar og sokk, der snøen ligg lenger, vil få ein annan. I tillegg vil vegetasjonen også variere med tilgangen på næring. Sør og vest i verneområda, strekker den lågalpine sona seg frå tregrensa ved om lag 700-900 moh, og opp dit der blåbæra ikkje lenger veks i samanhengande bestandar, ved om lag 1100-1200 moh. Nordaust i verneområda finn ein den lågalpine sona mellom 1000 moh og 1250-1400 moh.

### Fattige område

Fattige lyng- og grasheiar er svært vanlege vegetasjonstypar i verneområda, og sør og vest for Steinsbuskardet, er slik vegetasjon nærest einerådane. På dei vêrharde rabbane vil særleg artar som rypebær, grepelyng og krekling trivast, men også artar som stivstarr, rabbesiv og smyle er vanlege, saman med skogstjerne og ulike svever. I tillegg veks ei rekke lavartar på desse rabbane. I skråningar der det ligg litt meir snø, er det blåbæra som dominerer, saman med mellom anna blålyng, blokkebær, røsslyng og dvergbjørk. Her vil det også vekse fleire gras- og blomsterplantar som smyle, gullris og skogstjerne.

Det småkuperte landskapet fører til at det finst svært mange sokk og senkingar, der snøen ligg lenge utover våren. Desse snøleiene vil likevel variere mykje i utsjånad. Der snøen ligg lengst, vil ein finne såkalla musøre-snøleiier,

der musøre er den dominerande arten. Her vil ein også finne dvergråurt, trefingerurt, stivstarr og smyle. Dersom desse snøleiene blir skikkeleg våte, vil ein også få innslag av fuktkrevjande artar som stjernesildre, engmjølke, fjellsyre og mange ulike mosar. Der det er tørreare, og snøen ikkje ligg like lenge, vil det utvikle seg grassnøleier. Her veks til vanleg finnskjegg, bjønnskjegg, smyle og stivstarr, som også kan få følgje av blåbær og blokkebær. I område med hardt beitepress frå sau, vil finnskjegg bli dominerande. Der det er mykje ur, vil ein få bregnesnøleier med mykje fjellburkne eller hestespreng.

### Rike område

I dei nordre delane av verneområda, fører innslaga av næringsrike bergartar som fyllitt og glimmerskifer, til at store heieområde har rikare vegetasjon, og større arts-mangfold enn det som er vanleg lenger sør. På einskilde lokalitetar, der tilhøva ligg særskilt godt til rette, finn ein eit eineståande arts-mangfold, med mange sjeldne og raudlista artar. Dei mest kjente lokalitetane er Skardshei, Storhei og Grånipba-Brendeknutane i Vormedalsheia, Stranddalen, Kvelven, Raudnuten og Hongsnuten i Dyraheio, Gråurda i Kvanndalen, og Sloarosnuten og Førsskora i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernombordet. Desse lokalitetane er ein viktig grunn til opprettinga av desse verneområda, og det å ta vare på dette plantelivet er ein del av verneformålet.

Mange av lokalitetane omfattar bratte skråningar, der næringsrikt sigevatn gjev grunnlag for små oasar med næringskrevjande fjellplantar. Gulsildre er ein svært vanleg art i slike rike sig. Elles er også artar som rynkevier, flekmure, jåblom, dvergjamne, sotstarr og hårstarr vanlege. I tillegg vil også mange høgstaudar trivast på desse stadane. Det vil mellom anna dreie seg om kvitbladtistel, fjelltistel, skogstorkenebb og raud jonsokblom.

Stadar der det ikkje er like vått, men der det framleis er godt med næring, vil ein mange stadar i fylltområda finne såkalla reinroseheiar, der reinrose veks tett og frodig. I tillegg finn ein også andre næringskrevjande artar som raudsildre, bergfrue, bergjunker, norsk vintergrøn, rynkevier, snøsøte, flekkmure, fjellbakkestjerne, bergveronika, rosenrot, kvitkurle og hårstarr, i tillegg til nokre mindre kravstore artar som tyttebær, kattefot og rabbesiv.

Av plantar som er oppførde i nasjonal raudliste for artar 2010, er dei viktigaste: skredmjelt, som er oppført som sterkt truga (EN), norsk malurt og snøgras, som er oppførde som sårbare (VU), og bergjunker, ullbakkestjerne, kvitkurle, handmarinøkkel, grannsildre, jøkelstarr og jemtlandsrapp, som er oppført som nær truga (NT).

Kunnskapen om dei botaniske verneverdilane er relativt omfattande, gjennom ulike registreringar og rapportar (sjå mellomanna; Dahl 1906, 1907, Ryvarden 1970, Moen 1975, Steiness 1984, Åsen 2008, Lundberg 2012, Bjelland og Ihlen 2013, Søyland 2014). I tillegg gjev fram-

stillinga i Artskart eit godt oversyn. Samstundes er fleire av dei verdfulle lokalitetane mangelfullt kartlagde.

### Dyreliv

#### Villrein

Villreinstamma i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane har i 2014 ein storleik på om lag 2700 dyr. Dyra har relativt god kondisjon, med ei gjennomsnittleg slaktevekt for vaksen bukk, vaksen simle og kalv på høvesvis 56 kg, 30 kg og 16 kg. Slaktevekta har auka mykje sidan tidleg på 1990-talet. Talet på kalvar per simle låg i 2014 på 50%, og struktur-teljinga i 2014 viste ein prosentdel storbukk på 20. Talet på kalv og storbukk har auka sidan 1980- og 1990-talet (Solberg m.fl. 2011).

Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane er i hovudsak eit kupert heielandskap med mykje reinskura grunnfjell. Store deler av arealet (43%) er utan større beiteverdi, og lavbeita utgjer ein liten del, samanlikna med andre villreinområde. Hovudtyngda av tilgjengelege lavbeite er konsentrerte til dei nordaustlege delane av området. Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane er samstundes det mest kystpåverka fjellområdet i Sør-Noreg. Dette gjeld særleg på vestsida der, årsnedbøren ligg på 2500 mm eller meir. Austover mot Setesdal minkar nedbørsmengda til om lag 1000 mm. Dei vekslande temperaturtilhøva, og dei store nedbørs-mengdene om vinteren, gjer at både ising og svært store snømengder er vanlege i villreinområda.

På bakgrunn av dei naturgjevne føresetnadane, er Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane eit av dei meir ekstreme leveområda for villrein i Noreg. Dette skuldast dei små og hardt belasta vinterbeiteressursane, i tillegg til eit utprega kystklima, som ofte gjer dei vanskeleg tilgjengelege. Det er difor ganske vanleg at dyra beiter i fjellbjørkeskogen rundt heia, både vinter og vår (Bevanger og Jordhøy 2004). Tilgangen på sommarbeite er langt betre.

Villreinstamma i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane villreinområde har gjennom lang tid hatt ei viss innblanding av tamrein. Dei første forsøka med tamreindrift går heilt tilbake til 1817, og i tidsrommet 1886-1978 var det ei, til dels, omfattande tamreindrift i Øvre Setesdal. På grunn av vanskelege driftstilhøve under 2. verdskrigen vart tamreinflokkene svært stor, og tamreinen blanda seg med villreinen. Noko tamrein slapp unna nedslaktinga då tamreindrifta vart avslutta i 1978, og gjekk inn i villreinflokkane.

Arealbruken til villreinen er, særleg vinterstid, i stor grad avhengig av snøtilhøva og tilgangen på lavbeite. Ut frå dette er det særleg dei nordaustlege delane som har vore viktige for villreinen dei siste åra. Mot slutten av vinteren startar dei vaksne bukkane vårvandringa. Særleg i år med mykje ising i fjellet, kan bukkeklokkar trekke langt ned mot fjellskog og stølvollar på våren, for å få tilgang til dei første grøne, proteinrike plantespirene. På denne tida av året held simlene seg ofte i sør vendte lier og skogsareal, i sam-

band med kalvinga. I barmarkssesongen oppsøker reinen dei beste beiteområda. Utover seinsommaren og framover mot brunsten, går bukkane gradvis inn i fostringsflokkane (Jordhøy m.fl. 2008).

Dei viktigaste kalvingsområda ligg i dei nordaustlege delane av villreinområdet. Heile, eller store delar av kalvingsområda Storenos, Vatnedalsheii, Ratevassnuten, Svarvaren og Hisdal, ligg innanfor verneområda. Verneområda inneheld også fleire viktige trekkområde, som er svært sentrale for å sikre at villreinen kan flytte seg mellom dei ulike funksjonsområda. Breidvatn er viktig for utvekslinga av dyr med Setesdal Austhei. Steinsbuskardet har tidlegare vore svært viktig for utveksling av dyr mellom nordområda og sørrområda, og for at dyra skal kunne trekke inn i områda vest for Blåsjø og Svartevassmagasinet. Svarteløkfjellet og Vardsvatn-Kvislevassnuten er viktige for trekket mellom områda nord og sør for Brokke-Suleskardvegen, og Andersvatnet-Børsteinvatnet er viktig for trekket vestover mot Frafjordheiane.

Bestandsstorleiken er ein vesentleg faktor for arealbruken til villreinen. Større bestandar krev større leveområde, ettersom tettleiken av rein per tilgjengelig km<sup>2</sup> beiteareal aukar. Reinen vil som ei følgje av sterkare konkurranse mellom dyra, i aukande grad bruke rand- og reserveområda, når bestanden er stor. I lange periodar med låge bestandar og gode beitetilhøve, kan difor store beiteareal ligge tilsynslatande ubrukt. I røynda er dette "kvilande" reserveareal, som vil bli tekne i bruk når snøtilhøve, beiteslitasje eller bestandsstorleik endrar seg (Jordhøy m.fl. 2002). Det er difor viktig å vurdere reinen sine arealbehov i eit langt tidsperspektiv, der sjølv eit tidperspektiv på 10-30 år blir for knapt. Det fins gode historiske haldepunkt for ein ganske annan arealbruk i tidligare tider. Meidell (1937) fortel mellom anna at dei sørlege delane av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane, er viktige vinterbeite, noko som i liten grad samsvarar med arealbruken i dag (Jordhøy m.fl. 2002). Kjønns- og alderssamansetninga av villreinstamma verkar også inn på arealbruken. Vaksne bukkar har langt større toleranse for forstyringar, og mange storbukkar i bestanden vil bidra til auka bruk av randområda.

Dei siste 15 åra har villreinbestanden i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane vore på om lag 1500 dyr, noko som er lite samanlikna med perioden 1970-1995, då stamma var på om lag 4000 dyr. Ein har difor hatt ein situasjon der det har vore svært lite dyr i store områda i sør og vest. Tidlegare, då villreinstamma var større, trekte fostringsflokkane som går aust for Blåsjø- og Svartevassmagasinet om sommaren og hausten, vestover mot Lusaheia, Vormedalsheia og Årdalsheiane på vinterbeite i januar og februar, alt etter kor mykje snø og nedising det var austpå (Bay og Jordhøy 2004). I år med nedisa beite, kunne villreinen kome heilt ned i bjørkeskogen i Vormedalsheia. Før Ulla-Førre utbygginga kunne det vere 500-600 dyr berre i Vormedalsheia. Under og etter utbygginga, har det vore klart mindre dyr,

heilt ned mot 200-300 dyr, og dei siste åra har dei vore heilt borte. Tidlegare stod dyra i desse områda fram til april-mai. Då drog dei tilbake til kalvingsplassane aust for Blåsjø og Svartevassmagasinet. Ein del mindre bukkeflokkar og nokre simler vart att til hausten.

Mykje av det same mønsteret gjer seg gjeldande for villreinen sin bruk av Frafjordheiane. Villreinen nyttar tradisjonelt, i første rekke dette området, som vinterbeite frå oktober-november og fram til simlene trekte austover til kalvingsplassane i slutten av april. Bukkane vart ståande att, og nyttar området til vår- og sommarbeite fram til brunsten nærma seg i august-september (Bay 1994). Det har også vore registrert kalving i dette området (Haughom 1994). Det var tidlegare vanleg å sjå rein heilt ned til Fidjavatnet og i Brådlandsdalen, men alt på 1990-talet var det sjeldan at ein såg dyr så langt ned (Ims 1993).

Dei siste 20 åra har det også blitt mykje mindre villrein i områda sør for Brokke-Suleskardvegen. I dei sørlegaste delane av verneområda, har det nesten ikkje blitt observert rein dei siste åra. Dette skuldast truleg den harde, plannmessige nedskytinga av dyr på slutten av 1990-talet, som saman med manglande trekk frå nordområda, førde til at talet på rein vart svært lågt i sørrområdet.

I 2014 er bestandsstorleiken oppe i 2700 dyr, og denne ventar ein at vil auke til 3500 dyr i løpet av få år. I bestandsplanen for 2014-2017 er det eit mål at delen av storbukkar skal ligge på 25%. Dette er ei styrt utvikling der eit av måla er at villreinstamma skal bruke ein større del av dei tilgjengelege areala, og at dei på nytt skal ta i bruk randområda i sør og i vest.

Dei siste 60 åra har villreinstamma i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane blitt stadig sterkare påverka av menneskeleg verksem. Leveområda har vorte splitta opp av vegar og hyttebygging, og viktige beiteområde og trekkvegar har blitt demde ned i samband med store kraftutbyggingar som Sira-Kvina, Øvre Otra og Ulla-Førre. Om sommaren er villreinen heilt avskoren frå å nyte mange av dei tradisjonelle trekkvegane, mens trekkvegane til ein viss grad er i bruk over isen på reguleringsmagasina om vinteren. Særleg kritisk er situasjonen mellom kraftmagasina Blåsjø og Svartevatnet, der både trekka aust-vest og nord-sør, må gå gjennom ein trond korridor. Dei siste 15 åra har det vore svært lite trekkaktivitet her, slik at villreinstamma i praksis har blitt delt i ei nordleg og ei sørleg stamme, og store områda i sør og vest har vore nærmast utan villrein.

Kunnskap om villreinen og arealbruken til villreinen, er godt dokumentert gjennom NINA sitt GPS-merkeprosjekt (NINA rapport 694/2011). Sidan 2006 har arealbruken til villreinen i Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane blitt dokumentert gjennom bruk av GPS-halsband og satellittbilde (Strand m.fl. 2010). Fram til 2014 har totalt 33 simler og 17 bukkar blitt merkte. Resultata tyder på at simlene over tid brukar praktisk tala heile området, men ser i mindre

grad ut til å bruke randområda mot sør og vest. Dei kryssar sjeldan barrierar som vegar og område med mange bygningar.

I samband med utarbeidingsa av Heieplanen frå 2013 (Regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei), vart kjende villreintrekk, og yttergrensene for mulege leveområde for dyra, kartfesta i rapporten til Norsk Villreinsenter, "Kartlegging av villreinens arealbruk i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei" (NVS rapport 6/2010). Historiske data om trekkvegar og arealbruk finst også hos Meidell (1937), og ein gjennomgang av forvaltinga av villreinstamma finst hos Bay (2013). Elles er det gjennomført satellittkartleggingar av lavbeita i Setesdal-Ryfylke villreinområde (Kastedalen 2011). Eit nytt GPS-prosjekt vart starta opp i 2013, og skal særleg sjå på kva effektar ferdsel i området har på villreinstamma.

## Anna dyreliv

I verneområdet er det bestandar av dei fleste pattedyra som er vanlege i norske fjellområde. Området har også eit relativt rikt fugleliv. Mange fuglar og pattedyr som held til i fjellområde, har den sørlegaste utbreiinga i Noreg i desse heieområda.

Elg- og hjortebestanden i verneområda har vore aukande. Hjort finst mange stader i skogsområda, og trekker regelmessig heilt opp på snaufjellet. I områda med bjørkeskog i aust og sør, er det gode bestandar av elg, og streifdyr blir ofte sett heilt inne på snaufjellet. Det er stadvis mindre bestandar av rådyr i dei lågareliggende skogsområda.

Det er bever i mange vatn sør og aust i verneområda, og arten har tilhald så langt vest som i vassdraget mellom Månavatn og Fidjavatnet i Frafjordheiane (Johnsen 2000). Elles er det bestandar av raudrev, mår, røyskatt, snømus, ekorn og hare, og ulike smågnagarartar i verneområdet (Ims 1993). I Jøsenfjorden, Lysefjorden og Frafjorden er det steinkobbe. Lysefjorden er den viktigaste kasteplassen for steinkobbe i Rogaland. Tidlegare var det ein spreidd bestand av fjellrev i verneområdet, men det har ikkje blitt registrert ynglingar dei siste 30 åra. Utsetting av fjellrev sør på Hardangervidda i 2014, aukar sjansane for at denne arten på nytt kan etablere seg i Setesdal Vesthei og Ryfylkeheiane i løpet av dei neste åra.

Av store rovdyr er det berre gaupa som har fast tilhald i verneområda. Bestanden er ikkje stor, men gaupa ynglar truleg årvisst i dei sør austlege delane av verneområda. Streifdyr av jerv er observerte årvisst i verneområda, og det kan ha vore yngling. Streifdyr av ulv og bjørn har også blitt observerte i løpet av dei siste åra. Av desse rovdyrar er ulv oppført som kritisk truga (CR), jerv og bjørn oppført som sterkt truga (EN), mens gaupe er oppført som sårbar (VU), i nasjonal raudliste for artar 2010.

Store deler av heieområdet har ein god tettleik av fjell- og lirype. Dette gjeld særleg i Bykle, Valle, Bygland, Åseral,



I områda med bjørkeskog i aust og sør er det gode bestandar av elg.

Sirdal, Kvinesdal og Hægebostad, der ein finn særskilte gode og stabile produksjonsområde for lirype. Gode bestandar med fjellrype er det mellom anna i Suldal, Hjelmeland, Bykle, Valle og Sirdal. Orrfugl finst det relativt gode bestandar av rundt heile heia, medan storfugl finst i områda med barskog i sør og vest.

Godt med småvilt gjev grunnlag for bestandar av store rovfuglar som kongeørn, jaktfalk og hubro. Fleire stadar sør i verneområda, er kongeørnbestanden mellom dei tetteste i landet (Fremming 1980, Pfaff og Bengtson 1995). Jaktfalk hekkar fleire stader i verneområda, og han har ein regelmessig og god reproduksjon. Hubro er meir sjeldan i verneområda, men 3-5 par hekkar regelmessig i Frafjordheiane. Andre rovfuglar som hekkar regelmessig i verneområda er fjellvåk, tårfalk, dvergfalk og kattugle. Hønsehauk er berre påvist hekkande i Vormedalsheia. Av desse rovfuglane er hønsehauk og jaktfalk oppførde som nær truga (NT) i nasjonal raudliste for artar 2010, mens hubro er oppført som sterkt truga (EN).

Andre sjeldne fuglearter som hekkar i verneområda er storlom, smålom, svartand, dvergspett, kvitryggspett og gråspett. Storlom og smålom er berre registrerte hekkande i små bestandar. Svartand er ein karakterfugl i dei sør austlege områda, og ein stor del av den norske bestanden hekkar innanfor verneområda. Dvergspett hekkar regelmessig i området, mens gråspett og kvitryggspett er relativt vanlege i dei lågareliggende områda i vest. Ingen av desse spettane eller smålom er lenger oppførde på nasjonal raudliste for artar 2010, medan svartand og storlom er oppførde som nær truga (NT). Elles er fuglelivet i hovudsak som andre stader i fjellet. Vanlege artar er ramn, heipiplerke, steinskvett, snøspurv, heilo og fjærlytt, mens fiskemåke, sandlo og boltit er meir sjeldne. Langs vatn og vassdrag er raudstilk, strandsnipe og fossekall vanlege. I fjellbjørkeskogen og lågareliggende skogsområde, finst eit stort mangfold av fuglearter. Av regionalt sjeldne artar kan

## Forvaltingsplan for verneområda i Setesdal vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane

Tabell 2. Fuglar i verneområda som er oppførde på Nasjonal raudliste for artar 2010

Norsk namn	Latinsk namn	Status	Dyra-heio	Kvann-dalen	Holma-vassåno	Lusa-heia	Vormedals-heia	Frafjord-heiane	SVR	Steinsbu-skardet
Strandsnipe	Actitis hypoleucus	NT (nær truga)	x	x	x	x	x	x	x	x
Bergirisk	Carduelis flavirostris	NT (nær truga)	x			x		x	x	
Fiskemåke	Larus canus	NT (nær truga)	x	x	x	x	x	x		x
Svartand	Melanitta nigra	NT (nær truga)	x				x	x	x	
Storlom	Gavia arctica	NT (nær truga)	x				x	x	x	
Stær	Sturnus vulgaris	NT (nær truga)						x	x	x
Teist	Cephus grylle	VU (sårbar)						x		
Vipe	Vanellus vanellus	NT (nær truga)						x	x	
Tornskate	Lanius collurio	NT (nær truga)						x	x	
Varslar	Lanius excubitor	NT (nær truga)						x		
Sanglerke	Alauda arvensis	VU (sårbar)						x		
Tornirisk	Carduelis cannabina	NT (nær truga)						x		
Jaktfalk	Falco rusticolus	NT (nær truga)							x	
Tårnseiler	Apus apus	NT (nær truga)							x	
Vepsevåk	Pernis apivorus	VU (sårbar)							x	
Hønsehauk	Accioiter gentilis	NT (nær truga)							x	
Storspove	Numenius arquata	NT (nær truga)							x	
Myrhauk	Circus cyaneus	VU (sårbar)							x	
Bergand	Aythya marlia	VU (sårbar)							x	
Svartrødstjert	Phoenicurus ochruros	VU (sårbar)							x	
Hubro	Bubo bubo	EN (sterkt truga)					x	x	x	

blåstrupe, bergirisk og småspove nemnast. Av desse artane er bergirisk, strandsnipe og fiskemåke oppført som nær truga (NT) på Nasjonal raudliste for artar 2010.

Som følgje av forsuring og vassdragsreguleringar, er dei naturlege aurebestandane borte i store delar av verneområda, og det er mange fisketome vatn. Dette er særleg situasjonen i grunnfjellsområda sør og vest for SteinsbuskarDET. I områda lenger nord, der fylitten gjev vatn med høg pH-verdi, har dei fleste aurebestandane klart seg betre.

Mange stader er det mykje fisk, og i fleire vatn er det muleg å få aure på over 1 kg. Utsettjing av canadisk bekkerøye i reguleringsmagasin har vore vellukka, og har gjeve grunnlag for eit attraktivt fiske med stang og garn. Canadisk bekkerøye er ein framand art i området, og utsettinga har stoppa, men bekkerøya formeirar seg no naturleg i områda rundt Blåsjø. Dei siste 20 åra har vasskvaliteten gradvis

betra seg, og aurebestandane etablerer seg på nytt mange stader.

Kunnskapsgrunnlaget om dyre- og fuglelivet i verneområda er relativt omfattande, og dei ulike verneplanane inneheld eit oversyn over dei mest relevante kartleggingane. Sjå til dømes Forvaltingsplan for fisk (SVR 2006), Roalkvam (1979), Fylkesmannen i Rogaland (1986), Pfaff og Bengtsson (1995) og Tysse (2000).

### 1.4.2 Historisk bruk og kulturminne

Setesdal Vesthei–Ryfylkeheiane har vore i bruk heilt sidan steinalderen, og er difor svært rik på kulturminne. Mange av desse kulturminna har svært stor kulturhistorisk verneverdi, og er i tillegg verdfulle som viktige element i fleire verneverdige kulturlandskap.



Gamal stølsvegg fortel historie.

Det er registrert spor etter steinaldermenneske på villrein-jakt fleire stader i verneområda. Dette dreiar seg om restar etter leirpllassar, som var plasserte nær viktige villreintrekk og gode jaktområde. Bruken av desse plassane var truleg sporadisk, og til kortare jaktekspedisjonar frå dei faste buplassane ved kysten. Slike sesongbuplassar har ein funne spor etter ved Sandvatn, Urevatn, Øvre Storvatn, Vestre Gyvatn, Botnsvatnet, Elsvatnet og Store Flørlivatn.

Alt tyder også på at området vart utnytta på liknande måte i jernalderen. Fleire stader i verneområda er det registrert tufter, hellerar, dyregraver og bogestille. Desse har vore i bruk heilt tilbake til jernalderen. Det er også gjort lausfunn av pilespissar frå jernalder. Ved Storhedder i Bykle er det runeinnskrifter, daterte til om lag 1100.

I løpet av jernalderen vart heiemråda tekne i bruk til andre former for verksemnd. Rundt Hovden var det ein omfattande produksjon av jern i tida frå ca år 400 til 1400, og ein kan finne både kolgropar og restar etter jernvinne inne i verneområda. Mykje tyder på at stølsdrifta tok til mot slutten av jernalderen.

I mellomalderen vart verksemda i verneområda meir omfattande. Jernutvinninga på Hovden var på sitt høgaste rundt 1200. Stølinga i heiemråda tok seg opp i denne perioden. Bruken av dyregravene var omfattande også i mellomalderen, sjølv om fleire av dei 50 registrerte dyregravene i verneområda, vart gravne ut i jernalderen. Det var truleg også ein omfattande ferdsel over heiane mellom bygdene på aust- og vestsida. Mest kjend er Skinnvegen mellom Valle og Lysebotn, der setesdølane måtte frakte skatten, i form av storfehuder til biskopen i Stavanger.

Etter den sterke nedgangen i folketalet etter Svartedauden, var det truleg ein periode på om lag 300 år med mindre verksemnd i heiemråda. Frå om lag 1600 tok bruken seg kraftig opp, og det er frå dei siste 400 åra ein finn dei fleste, synlege kulturminna i verneområda. Det er også frå denne tida ein har best kjennskap til korleis heia vart utnytta.



"Lordehytta" i Åseral er eit særmerkt og verneverdig bygningskompleks.

Heiemråda vart i stor grad nytta i samband med jakt, fangst og fiske. Oppmura hellerar og jordhytter er handfaste kulturminne frå denne verksemda. Det er registrert fleire hundre hellerar, og om lag 20 jordhytter i verneområda. I fjellbygder som Bykle og Øvre Sirdal, reknar ein med at viltressursane frå heia var ein svært viktig del av næringsgrunnlaget.

Stølinga hadde si største utbreiing i tidsrommet 1700-1950, og mange stølar i verneområda vart bygde opp på denne tida. I tillegg til beiting og produksjon av smør og ost, var stølane også utgangspunktet for ein omfattande heieslått. Vanlege kulturminne i samband med stølinga, er ulike bygningar som stølshus og utløer. Mange stølsbygninga er forfalne, rotna ned eller bygde om, men det finst framleis fleire bygningar med store verneverdier i verneområda.

Nokre stader i verneområda har det vore fast busetnad i form av fjellgardar eller husmannsplassar. Dette gjeld mellom anna i Ljosådalen, Pytten, Bustøl, Håhidler og Salomonshidler i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde, og Mån, Fed og Blåfjellenden i Frafjordheiane, og Trodla-Tysdal i Vormedalsheia. I tillegg til beitinga i samband med stølsdrifta, skjedde det ei omfattande beiting i samband med driftferdsel med storfø i tidsrommet 1750-1900. Storfø i Rogaland og Agder vart kjøpt opp og samla i store drifter. Dyra beitte i heiemråda, før dei vart drivne til byar som Kongsberg, Arendal og Kristiansand om hausten. Eit vanleg kulturminne frå denne verksemda er såkalla drifteleger, der gjetaren ofte hadde eit krypinn i form av ei steinbu eller ein heller (Eikeland 1966, Hagelund 1998).

I områda nord og vest i Bykle finn ein også kulturminne etter tamreindrifta, som blei driven i tidsrommet 1886-1978.

På kryss og tvers i verneområda, går det ei lang rekke såkalla "varda" eller "nøddar" stiar. Her vil eit system av små "nøddingar", og nokre større vardar innimellom, kunne vise rett veg i det vanskelege fjellterrenget. Ein kan skille mel-

Iom to hovudtypar slike "nødda" stiar. Den eine kan kallast ferdselsveg, og omfattar hovudrutene for ferdsel mellom dalføra aust og vest for heia. Dette er stiar som strekker seg frå dal til dal, og som ofte er godt varda på dei vanskelegast plassane. Langs desse finn ein gode hellerar, som vart nytta i samband med ferdsla. Mest kjend er truleg Skinnvegen mellom Valle og Lysebotn. I tillegg til ferdselsvegane, finst det også ei rekke ulike jaktvegar. Jaktvegane går ofte frå ei bygd og inn til gode jaktplassar, eller overnattingstadar inne i høgheia.

Det er spor etter gruver og skjerp fleire stadar i verneområda. Mest kjende er molybdenglansgruvene ved Knaben, der det er skjerp frå 1700-talet, og der det var sporadisk gruvedrift mellom 1885 og 1973. Ved Langevatn i Bykle var det også gruvedrift etter molybdenglans i tidsrommet 1910-1914. Dessutan var det same staden prøvedrift etter kopar.

I tida før og under 1. Verdskrigen, kjøpte Oslo-mannen Thorvald Heiberg opp store areal i dei sentrale delane av verneområda. Han bygde opp eit omfattande nett av hytter, og leigde ut eksklusiv jakt etter villrein og rype til jegerar frå inn- og utland (Undheim 1999). Fleire av hyttene står ennå, og ein del av dei er godt tekne vare på. Den såkalla "heibergkulturen" er eit viktig særtrekk ved verneområdet, og det er knytta store verneverdiar til dei bygningane som framleis står att.

Den såkalla "Lordehytta" i Åseral er eit særmerkt og verneverdig bygningskompleks. "Lordehytta" vart sett opp i 1912 av ein norsk-ætta, skotsk lord som jakta rype i området.

Ei anna viktig side av kulturhistoria i verneområda, er verksemda til turistforeiningane. Stavanger turistforening bygde den første hytte på Bleskestadmoen i 1893, og mange gamle ferdselsvegar mellom aust og vest, har blitt haldne i hevd som ein del av løpenettet til turistforeiningane.

Når det gjeld kulturminne er kunnskapsstatusen relativt god. I samband med dei mange kraftutbyggingane i området, er det gjennomført fleire omfattande registreringar (Bang-Andersen 1983, 2004, 2008). Mange av desse registreringane er samanfatta i rapporten "Kulturminner i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei" (Telemark fylkeskommune 2011). Utviklinga av, og tilstanden til, stølslandskapet i Indre Agder, er rapportert av Svalheim og Jansen (2002). Stavanger turistforening (1987) omtalar også stølslandskap og kulturminne i Frafjordheiane. I tillegg er det gjennomført kartleggingar av gamle ferdselsvegar og andre kulturminne i samband med ferdsel (Bakka 1997, Odden 1998, Hageland 1998, Tjeltveit 1999, Hageland, 2008, 2013).



Villrein.

## 1.5 Verneverdiar og trugsmål

Det er registrert ei lang rekke viktige verneverdiar i dei verneområda verneområdestyret har forvaltingsmynde for. Der det særleg tre verneverdiar som står fram som særskilt viktige, og som er felles for alle verneområda. Det dreiar seg om villrein, landskap og sjeldne plantar. Desse verneverdiane, i tillegg til tilhørande trugsmål og kunnskapsstatus, vil bli omtala i det følgjande, mens andre og meir lokale verneverdiar, vil bli omtala under kapitla for dei ulike verneområda. Her vil det også kome ein meir detaljert omtale av aktuelle trugsmål.

### 1.5.1 Villrein

#### Verneverdiar

Noreg forvaltar dei siste bestandane av vill fjellrein i Vest-Europa (Andersen & Hustad 2004), og har difor eit internasjonalt ansvar for å ta vare på villreinen og leveområde dyra nyttar. Dette ansvaret legg også klare føringar for den nasjonale villreinpolitikken, slik han kjem til uttrykk i mellom anna Stortingsmelding nr. 21, 2004-2005, og i Stortingsmelding nr. 26, 2006-2007.

Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiane villreinområde er med sine 6 154 km<sup>2</sup> det nest største villreinområdet i landet, og er tilhaldsstaden for Europas sørlegaste villreinstamme. Områda som verneområdestyret har forvaltingsmynde for, utgjer vel halvparten av villreinområdet, og omfattar kjerneområda for arealbruken til villreinen. Dei verna områda omfattar særsviktige funksjonsområde som vinterbeite, trekkevegar og kalvingsområde. Forvaltinga av desse areala er difor heilt avgjeraande for framtida til villreinstamma, og verneområdestyret har ei viktig rolle i oppfølginga av nasjonal villreinpolitikk. Villreinstamma utgjer ein heilt sentral verneverdi, og er kanskje den viktigaste grunnen til opprettninga av mange av verneområda. Dette kjem tydeleg til uttrykk i verneformålet til dei fleste verneområda.

Ettersom det er mange faktorar som påverkar storleiken, kondisjonen og arealbruken til villreinstamma, er det vanskeleg å isolere effektane arealforvaltinga dei siste 20 åra



Brokke-Suleskardvegen.

har hatt på villreinen. Før det eventuelt blir dokumentert at forvaltingspraksisen i dag har uheldige verknader, ønsker verneområdestyret å halde fram med gjeldande praksis når det gjeld motorferdsel- og byggesaker. Ny og oppdatert kunnskap om villreinstamma vil, til ei kvar tid, danne grunnlaget for forvaltinga av areala i villreinområda.

Villreinstamma og villreinområdet er nærmere omtala i kapittel 1.4.

## Trugsmål

Dei mange inngrepa i samband med kraftutbygging er eit opplagt trugsmål mot villreinstamma. Reguleringsmagasina har avgrensa kvar reinen kan finne trekkvegar, både sommar og haust. Dette gjeld i særleg grad Blåsjø og Svartevassmagasinet. I tillegg kan anleggsvegar, kraftverksinstallasjonar og kraftliner utgjere barrierar, og føre med seg forstyrringar inn i dei allereie avgrensa trekkkorridorane. I tillegg gjer dei små, og vanskeleg tilgjengelege vinterbeita, at uro frå ferdsel kan utgjere eit trugsmål. Dette gjeld særleg i periodar med vanskelege beitetilhøve, på grunn av nedising eller mykje snø. Generelt vil villreinen velje område med få tekniske inngrep og lite forstyrringar frå ferdsel. Vegar, anleggsvegar og turistløyper med mykje ferdsel, vil difor påverke områdebruken til villreinen. Om forstyrringane blir for omfattande, kan trekkvegar gå ut av bruk, og viktige beiteområde kan bli liggande ubrukte. Slike funksjonelle endringar kan ha stor og negativ innverknad på ei villreinstamme. Undersøkingar frå mellom anna Snøhetta (Strand m.fl 2013), Rondane (Strand m.fl 2010) og Setesdal Austhei (Strand m.fl. 2010), viser at villreinen i liten grad kryssar turistløyper og bilvegar når trafikken er stor, men at krysning skjer på tider av døgnet eller året, når trafikken er mindre. Til dømes er det mykje som tyder på at ein bruksintensitet på 30 personar i døgnet, gjer at ei turistløype fungerer som ei barriere for villreinen. Resultata viser også at folk i området er meir skadeleg om sommaren enn om vinteren. Dette heng truleg både saman med at ferdsla er mindre omfattande om vinteren, og at villreinen i større grad må nytte dei beste beiteområda, slik at beitekvalitet og snømengde i hovudsak avgjer beitetrekka. I Setesdal Vesthei og Ryfylkeheiane er det gjennom GPS-merkeprosjektet (Strand m.fl. 2011),

indikasjonar på at trafikken på Brokke-Suleskardvegen og anleggsvegen til Urevatn, kan hindre villreinen i å krysse i periodar av året. Når det gjeld ferdsel etter turistløypene, er den truleg såpass avgrensa at ho berre i sjeldne høve kan avgrense områdebruken til reinen. Ferdsel både i og utanfor løypene, medfører tilfeldig uro for villreinen mange stader i verneområda. Førebels registreringar tyder på at trafikken i turistløypene ved Øyuvsbu og Storsteinen, i periodar kan vere så stor at den kan vere eit hinder for villreintrekket. Meir kunnskap om effektane av uro frå ferdsel vil kome gjennom den pågående oppfølginga av det første GPS-merkeprosjektet.

Motorferdsel har også ein forstyrrande effekt på villreinstamma. Som nemnt kan biltrafikken på Brokke-Suleskardvegen og anleggsvegen inn til Urevatn, ha ein barriereeffekt i periodar. Truleg vil også motorferdsla på anleggsvegane til Storevassdammen og Holmavatnet ha negativ effekt på villreinen sin bruk av biotopverneområda i Steinsbuskardet og Holmavassåno, sjølv om ferdsel på desse vegane er regulert gjennom konsesjonsvilkåra. Elles vil motorferdsel med snøskuter og helikopter auke den samla forstyrringa av villreinen. Omfanget av lovleg motorferdsel er likevel såpass avgrensa, og spreidd i tid og rom, at ho i hovudsak berre fører til tilfeldige forstyrningar. Ein skal likevel vere merksam på at summen av forstyrring knytt til både motorferdsel og vanleg ferdsel i nokre område, kan bli så stor at det kan vere snakk om systematiske forstyrringar av villreinen. Kartlegging av ferdsel er sentral i det pågående GPS-merkeprosjektet, og målsettinga er å identifisere område, der ferdsel har ein særleg negativ innverknad på villreinstamma.

Rapportar frå Statens naturoppsyn, kommunane, grunneigarar og turistar, tyder på at ulovleg motorferdsel med snøskuter har eit visst omfang i delar av verneområdet. Mykje tyder på at omfanget av ulovleg motorferdsel er særleg stor lengst sør i verneområdet. Noko ulovleg motorferdsel er også rapportert frå områda på begge sider av Brokke-Suleskardvegen. Alt i dag betyr denne motorferdsla uro for villreinen, og no som villreinen på nytt ser ut til å ta i bruk områda i sør, utgjer den ulovlege motorferdsla eit alvorleg problem.

Trass i lite tilgang på vinterbeite, mange tekniske inngrep og omfattande ferdsel, har villreinstamma klart seg relativt godt dei siste 15 åra. Det er samstundes stor uviss knytt til kva for innverknad tekniske inngrep og forstyrringar frå ferdsel vil ha på villreinen, no som stamma skal auke til 3500 dyr. Truleg kan ein vente at eit aukande næringsstress vil medføra at villreinen i større grad søker ut i kantane av verneområda, og dermed inn i område der dei kan bli meir utsett for forstyrringar.

## 1.5.2 Landskap

### Verneverdiar

Eit anna viktig verneformål, som er nemnt i forskriftene for alle landskapsvernombjøra, er å ta vare på eit særmerkt og vakkert naturområde. Fire av dei nemner også særskilt stølsområde, beitelandskap og kulturminne, som landskapselement det skal takast vare på.

Sjølv om verneverdiane knytte til landskapet er godt kjende og vurderte som verneverdige, finst det lite vitakapeleg dokumentasjon. Det er med få unnatak ikkje gjennomført systematiske registreringar av landskapstypar, og det er heller ikkje gjennomført grundige landskapsanalysar, eller verdurderingar av dei viktigaste lokalitetane.

Det er registrert ei lang rekke automatisk freda kulturminne i verneområda. Dei fleste av desse er kulturminne frå verksemder knytte til jakt og fangst av villrein. Det dreiar seg særleg om dyregraver, bogestille og sesongbuplassar. Samstundes er det registrert gamle kulturminne etter stølstrupdrift, som også er automatisk freda. Hovudtyngda av dei registrerte kulturminna er likevel frå nyare tid. Dette dreiar seg mellom anna om fjellgardar, stølslandskap, driftleger, jakthytter og spor etter gruvedrift. Fleire av desse kulturminna må reknast som svært verneverdige på bakgrunn av verdurderingar som er gjorde av kulturminnestyresmakta.

## Trugsmål

Tekniske inngrep i samband med kraftproduksjon og overføringer av straum, har sett sine tydelege merke på landskapet i verneområda. Reguleringsmagasin, demningar, bygningar, anleggsvagar og kraftlinjer er framandelement, som bryt opp dei naturlege landskapsromma. Sjølv om dei aller fleste av desse inngrepene var gjennomførde før verneområda vart oppretta, må dei likevel kunne reknast som trugsmål mot både verneformåla og verneverdiane knytte til landskapet. Fleire inngrep i samband med kraftproduksjon og overføring er derfor ikkje ønskeleg.

Nyare rapportar frå verneområda har dokumentert at attgroing med bjørk, einer og vier er eit aukande problem i dei fleste stølsområda, og i lågareliggende heieområde (Bjelland og Ihlen 2013). Slik attgroing er godt dokumentert frå liknande område andre stader i landet (Norderhaug osv. 1999). Attgroinga vil på sikt kunne endre eigenarten til landskapet, og dermed truge verneverdiar. Det kan også kome i strid med verneformål, som til dømes å ta vare på vakre stølslandskap. Endra driftsmåtar i landbruksområdet, som slutt på stølstrupdrifta, og overgang frå beite med storfe og geit, til beite med sau, er viktige årsaker til denne utviklinga. Bygningane i stølsområda er element som kan verke på sær preg og karakter i landskapet. Desse treng eit regelmessig vedlikehald for å ikkje forfalle, noko som er ei utfordring når bruken i samband med tradisjonell landbruksdrift blir mindre (Svalheim og Jansen 2002). Samstundes er det viktig at eventuelle utvidingar og ombyggingar av desse bygningane, som ein konsekvens av nye bruksmåtar, ikkje endrar landskapsbiletet i vesentleg grad. Kulturminne i høgheia, som ferdselsvegar, hellerar og jord-



Dyregrav.

hytter, er truga av manglande vedlikehald på grunn av mindre bruk. Vardar og "nøddingar" dett ned, lemurar rasar saman, og jordhyttene sig saman om dei ikkje blir vølte. Det er viktig å få til eit godt samarbeid med kulturminnestyresmakta (fylkeskommunen og Riksantikvaren). Det er her ein finn den naudsynte kompetansen om kulturminne, og det er desse institusjonane som har ansvaret for å ta vare på dei enkelte freda og verneverdige kulturminna.

## 1.5.3 Vegetasjon

### Verneverdiar

Eit tredje verneformål som går att i verneforskriftene, er å ta vare på særmerkt planteliv med fleire sjeldne artar. Det er registrert ei lang rekke sjeldne og særmerkte planteartar og naturtypar i området, og det er knytta store verneverdiar til fleire lokalitetar.

Det er til saman registrert 19 raudlista karplantar i verneområda (sjå tabell 3). Blant desse finn ein skredmjelt, som har ein av sine få kjente veksestadar i Vormedalsheia. Norsk malurt og bergjunker er to andre sjeldne artar, som har sine viktigaste veksestader i våre verneområde. Det er også registrert ein raudlista lavart, og ein raudlista moseart i verneområda, men desse registreringane er ikkje fullstendige. Når det gjeld raudlista naturtypar, er både sentrisk høgmyr, slåttemyrflate, slåtteeng og boreal hei, registrerte i verneområda.

## Trugsmål

Det er ikkje gjennomført systematiske registreringar av eventuelle trugsmål mot mange av dei verneverdige lokalitetane i verneområda. Når det gjeld Frafjordheiane, peikar Bjelland og Ihlen (2013) på at attgroing er eit trugsmål mot lokalitetar med slåttemyr. Lundberg (2012) vurderer også attgroing som eit muleg trugsmål mot lokalitetene med skredmjelt. Mykje tyder difor på at attgroing kan vere eit problem for fleire av dei lågareliggende lokalitetane. Enkelte av dei rike lokalitetane kan vere noko påverka av beite av sau (Steinnes 1984, Åsen 1999).

# Forvaltingsplan for verneområda i Setesdal vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane

Tabell 3. Karplanter i verneområda som er oppført på Nasjonal raudliste for artar 2010

Norsk namn	Latinsk namn	Status	Dyra-heio	Kvann-dalen	Holma-vassåno	Lusa-heia	Vormedals-heia	Frafjord-heiane	SVR	Steinsbu-skardet
Jøkelstarr	Carex rufina	NT (nær truga)	x			x	x	x	x	x
Jemtlandsrapp	Poa jemtlandica	NT (nær truga)	x							
Bergjunker	Saxifraga paniculata	NT (nær truga)	x	x				x		
Norsk malurt	Artemisia norvegica	VU (sårbar)						x		
Nebbstarr	Carex lepidocarpa	NT (nær truga)						x		
Skredmjelt	Oxytropis campestris scotica	EN (sterkt truga)						x		
Fjellnøkkelblom	Primula scandinavica	NT (nær truga)						x		
Engbakkesøte	Gentianella campestris	NT (nær truga)						x		
Kvitkurle	Pseudorichis albida	NT (nær truga)	x	x					x	x
Grannsildre	Micranthes tenuis	NT (nær truga)	x	x						
Ullbakkestjerne	Erigeron eriocephalus	NT (nær truga)	x							
Alm	Ulmus gabra	NT (nær truga)						x		
Hengepiggfrø	Lappula deflexa	NT (nær truga)						x		
Plommenype	Rosa villosa	VU (sårbar)						x	x	
Handmarinøkkel	Botrychium lanceolatum	NT (nær truga)							x	
Granntjernaks	Potamogeton pusillus	EN (sterkt truga)							x	
Solblom	Arnica montana	VU (sårbar)							x	
Snøgras	Phippsia algida	VU (sårbar)							x	
Søstermarihand	Dactylorhiza sambucina	VU (sårbar)							x	
Søstermarihand	Dactylorhiza sambucina	VU (sårbar)							x	



Bergjunker.

## 1.6 Overvakning og kartleggingsbehov

Det eksisterer ei lang rekke overvakings- og kartleggingsbehov i verneområda. Verneverdiane knytte til landskap er ikkje skikkeleg kartlagde, og det manglar verdivurderingar sjølv av dei mest verneverdige lokalitetane. Kulturminne og botaniske verneverdiar, knytte til stølslandskapet, er heller ikkje kartlagt godt nok, og det er behov for ei verdivurdering av dei mest relevante lokalitetane.

Nokre verdifulle botaniske lokalitetar er enno ikkje kartlagde, og det må utarbeidast bevaringsmål og overvakingsprogram for lokalitetar med skredmjelt, norsk malurt og bergjunker. På sikt kan det også bli aktuelt å arbeide ut

bevaringsmål for villrein, kongeørn og rype, som er viktige nøkkelartar i fjelløkologien.

Sjølv om bruken av verneområda i samband med friluftsliv er relativt godt kartlagt, er kunnskapen om bruken i samband med jakt og fiske mangefull .

Eksisterande data om bygningar og andre fysiske inngrep frå matrikkelen, må supplerast der dei er mangefulle. Nye registreringar må systematiserast, kartfestast og meldast inn til kommunane.

Tabell 4. Skjematiske oversyn over overvakings- og kartleggingsbehov.

Tema	Område	Tids-punkt
Kartlegging og vurdering av verneverdiar knytte til landskap	Alle	2015-2016
Kartlegging og verdivurdering av stølslandskap	Alle	2015-2016
Kartlegging av botaniske lokalitetar	SVR	2014
Utarbeidning av bevaringsmål for botaniske lokalitetar	Vormedalsheia	2014-2015
Kartlegging av uregistrerte bygningar og installasjonar	Alle	2014-2016
Kartlegging av områdebruken til villreinen, og turistferdsel	Alle	2014-2017

## 1.7 Forvaltings- og bevaringsmål

### 1.7.1 Overordna forvaltingsmål

Forvaltingsmål er langsiktige og/eller strategiske mål for overordna tema som verneområdeforvaltinga ønsker å arbeide med for å styrke vernet. Verneområdestyret har utarbeidd sju overordna forvaltingsmål, som skal vere retningsgjevande for forvaltingspraksisen dei neste 10 åra. Forvaltingsmål 1-3 har høgst prioritert, mens forvaltingsmål 4-6 tek utgangspunkt i at aktuelle tiltak og aktivitetar, ikkje må vere i strid med verneverdiar og verneformål. Det er i tillegg, i kapittel 7, arbeidd ut meir detaljerte forvaltingsmål for dei viktigaste brukarinteressene.

#### Forvaltingsmål for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane:

1. Sikre villreinen sitt leveområde mot skadelege inngrep og forstyrringar, gjennom ein forvaltningspraksis som tek særleg omsyn til viktige beiteområde, trekkvegar og kalvingsområde. Forvaltinga av leveområda til villreinen, skal vere kunnskapsbasert og heilskapleg, slik at ein sikrar tilgang og trekk til viktige funksjonsområde. Målsettinga er at inngrep og forstyrringar skal haldast på eit slikt nivå at villreinen kan ta i bruk alle delane av

verneområda, som er ein del av det naturleg leveområdet til arten.

2. Bevare det særprega landskapet i området, gjennom å hindre tiltak og verksemd som vesentleg endrar landskapet, og i tillegg hjelpe til med skjøtsel og tilrettelegging, der det er naudsynt, for å vare på verneverdiar knytte til landskapet, eller til særskilte element i landskapet.
3. Ta vare på lokalitetar med rik flora, og lokalitetar med særleg sjeldne artar, gjennom å hindre inngrep eller verksemd som trugar desse lokalitetane.
4. Legge til rette for at verneområda kan utnyttast som ein ressurs for landbruket, innanfor rammene av verneformålet. Verneområdestyret ønsker særleg å legge til rette for ein aktiv beitebruk i verneområda, der dette ikkje kjem i konflikt med villreinstamma. Dersom det kan skje innanfor rammene for verneformålet, er verneområdestyret positiv til at utmarksressursane, i dei mindre sårbare delane av verneområda, blir nytta i samband med tilleggsnæringar til landbruket.
5. Legge til rette for at dei mindre sårbare delane av verneområda kan utnyttast, som ein ressurs for turisme og reiseliv, innanfor rammene av verneformålet.
6. Legge til rette for at turistforeiningar og andre, som har viktige friluftslivstilbod til ålmenta, skal få gode og påreknelege rammer for utvikling og drift av hytter og rutenett.
7. Verneområdestyret vil gjennom informasjonstiltak og tilrettelegging, arbeide for at den omfattande friluftsbruken av verneområda skal kunne halde fram, utan å skade verneverdiane, eller skape konfliktar med andre brukargrupper.

### 1.7.2 Bevaringsmål

Eit bevaringsmål er ei kort utgreiing om ein ønska tilstand for ein naturtype, eller eit anna kartobjekt. Det kan t.d. vere ein bestemt lokalitet. Kartobjektet, som det skal knytast bevaringsmål til, kallast eit bevaringsmålsobjekt. Ofte er slike kartobjekt alt etablerte, til dømes i Naturbase og i Artsdatabanken Naturtypebase.

Val av lokalitetar og utarbeiding av bevaringsmål, vil skje på bakgrunn av kartleggingar som vart gjennomførde i 2014. Prosessen med å utarbeide bevaringsmål vil skje parallelt med utarbeidninga av forvaltingsplanen, men alle bevaringsmåla vil ikkje vere klare før forvaltingsplanen er endeleg vedteken.

Ein vil ta sikte på å ha klar bevaringsmåla for lokalitetane med skredmjelt og norsk malurt i løpet av 2015, slik at desse kan takast inn som vedlegg til forvaltingsplanen.

Alle bevaringsmål, med tilhøyrande tilstandsvariablar og overvakingsmetodar, vil fortløpande bli registrerte i Miljødirektoratet sin database, NatStat.



Sauedrift på Brokke-Suleskardvegen.

## 2. Retningsliner for brukarinteresser

Kapittel 2 syner korleis verneforskriftene regulerer dei ulike brukarinteressene innanfor verneområda. For kvart delkappitt er det utarbeidd forvaltingsmål knytte til dei ulike brukarinteressene (Sjå uthøva, blå tekstboksar). Konkrete retningsliner for brukarinteressene blir viste i lysegrøne tekstboksar, eventuelle framlegg til tiltak for å nå forvaltingsmåla og fremje verneverdiane, blir viste i grå tekstboksar. Ein vil gje ei vurdering av retningslinene i høve til dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova, paragrafane 8-12. Det er viktig å presisere at ettersom det er forskjell på verneforskriftene for dei ulike verneområda, vil det i nokre høve ikkje vere muleg å få til ei fullstendig samordning for alle retningslinene, for dei ulike brukarinteressene.

### 2.1 Landbruk

#### 2.1.1 Noverande bruk og forvaltingspraksis

Alle verneområda har i lang tid vore viktige område for husdyrbeite, og utnytting av beiteressursane i utmarka, har alltid vore ein hjørnesten for drifta av gardsbruka rundt heia. I tillegg er det lang tradisjon for at gardsbruk på Jæren og ytre Ryfylke, leiger utmarksbeite i heieområda, både til sau og storfe. Tidlegare var det omfattande støling med beiting av storfe og geit, men i løpet av dei siste 80 åra har sau gradvis blitt det dominerande beitedyret. I lågare delar av heia har det også vore mykje utmarksslått.

I dag beiter det, ifølgje tal frå Statens landbruksforvalting, om lag 60.000 sau og lam i alle verneområda under eitt, og fordelinga mellom områda er vist i tabell 5<sup>1</sup>.

Beitetrykket varierer mykje mellom dei ulike verneområda, og innanfor kvart verneområde. Det høgste beitetrykket er registrert i beiteområda Svanes og Rysstadheia i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernombra, med 70-80 sau per km<sup>2</sup> (Rekdal og Angeloff 2007). I dei mest bruka beiteområda på begge sider av Brokke-Suleskardvegen, er beitetrykket noko høgare enn det som er tilrådd, på bakgrunn av beitekartleggingar (ibid.). I ei fleste stadane i verneområda er likevel beitetrykket lågare enn det som vert tilrådd, slik at hovudinntrykket frå rapportane er at beitressursane, samla sett, gjev grunnlag for fleire beitedyr. Generelt blir kvaliteten på beita betre jo lenger nord ein kjem i verneområda. I nord er det større innslag av snøleier og frodige dalsider med rik vegetasjon, mens områda i sør er dominerte av næringsfattige lyng- og grasheier. Likevel er både talet på beitedyr og beitetrykket klart størst i dei midtre og sørlege delane av Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiane landskapsvernombra.

<sup>1</sup> For ein meir detaljert oversikt over talet på beitedyr i ulike beiteområde visast det Skog og landskap sin nettportal Kilden <http://kilden.skogoglandskap.no/map/kilden/index.jsp?zoom=12&lon=7.2278236&lat=59.1565691&src=4326>

# Forvaltingsplan for verneområda i Setesdal vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane

Tabell 5. Talet på beitedyr, og beitedyr pr. km<sup>2</sup> i dei ulike verneområda.

Område	Kvann-dalen	Dyraheio	Holma-vassåno	Vormedals-heia	Lusaheia	Frafjord-heiane	SVR	Steinsbu-skardet	Sum
Tal sau + lam	800	3000	200	2000	1000	10	45000	0	62000
Beitedyr pr. km <sup>2</sup>	9,5	9,9	11,5	18,7	8,2	23,9	19,2	0	18

Valet av beiteplantar og vegetasjonstypar vil i stor grad vere felles for sau og rein i Setesdalsheiane. Bruken av terrenget kan likevel vere ulik, både i tid og rom, slik at graden av beiteoverlapping er vanskeleg å rekne ut. Reinen har dessutan tilgang til større areal lenger nord, der det er lite sau i dag (ibid).

Attgroing er eit aukande problem i områda som ligg lågare enn om lag 900 moh. Beiting av sau vil vere med på å bremse attgroinga, men sauene er mykje mindre effektiv enn storfe og geit når det gjeld å halde ungskogen borte. I område med lite beitedyr vil attgroinga kunne gå raskt. Frå forvaltingsstyresmakta si side ville det difor vere ønskeleg med eit auka tal på beitedyr i lågareliggende stølsområde, for å bremse attgroinga der ho er sterkest. Ein viss reduksjon av beitetrykket i nokre områda rundt Brokke–Suleskardvegen ville ha vore positiv. I sentrale villreinområde, er det ikkje ønskeleg med fleire beitedyr, så lenge det ikkje er klårt om større beitetrykk vil ha negativ innverknad på villreinstamma.

Manuell rydding av vegetasjonen i kulturlandskapet rundt stølar og fjellgardar, er tiltak som kan gjennomførast utan søknad. Verneområdestyret vil også kunne gje økonomisk støtte til slike skjøtselstiltak, saman med mellom anna kommunar og fylkesmenn. Ein aktiv bruk av stølar og stølsområde, er ein føresetnad for at kulturlandskapet kan haldast i hevd, og verneområdestyret ønsker å legge til rette for at dette kan skje.

Den omfattande beitebruken av verneområda er avhengig av ein viss infrastruktur. Dette dreiar seg mellom anna om driftehytter, gjerde, skiljegardar, bruer osv. Til dømes eig og disponerer Jæren smalelag, som er det klart største beitelaget i området, med om lag 35.000 sau, til saman 24 driftehytter i verneområda. Hyttene har ulik standard og storleik, frå små buer på 10-20 m<sup>2</sup> til større hytter på 70 m<sup>2</sup>. I tillegg kjem driftehyttene til andre beitelag, og sankebuer i tilknyting til einskilde gardsbruk. Beitebruken fører med seg ein del motorferdsel, både med snøskuter og helikopter, i samband med frakt av saltstein og gjerdemateriell, og i tillegg kjem ferdsel i samband med vedlikehald og frakt av brensel og proviant til hyttene. I 2014 vart det gjeve om lag 220 motorferdselsløyve i samband med beitebruk og anna landbruksdrift. Sidan verneområdestyret vart konstituert i 2011, har det blitt gjeve løyve til 5 nye driftehytter/sankebuer, og til mindre utvidingar av til saman 6 driftehytter. Belastinga i samband med bygningar, tekniske innretningar og motorferdsel, som er eit resultat

av landbruksdrifta i dag, blir i all hovudsak vurdert som akseptabel i høve til verneformålet.

Nokre få stader i verneområda, som til dømes i Vestvass-dalen i Hægebostad i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane og Funningsland i Vormedalsheia, er det eit avgrensa uttak av tømmer. Det kan også vere mindre areal med drivverdig skog i Ljosådalen i Valle, og i Lognadalen i Bygland. Uttak av ved til eige bruk, og til bruk på turisthytter, skjer fleire stader i verneområda. Det har også vore døme på uttak av mindre felt med gran, som eit ledd i skjøtselen av verneområda. Så langt forvaltingsstyresmakta kjenner til, er det ikkje planar om omfattande uttak av skog i verneområda.

Når det gjeld andre former for landbruksdrift, er det lite aktivitet i verneområda. Dei siste 15 åra har det ikkje kome søknader om nydyrkning, grøfting eller treslagsskifte. Det har kome nokre få søknadar om sprenging av skorfeste, og ein søknad om landbruksveg.

Det er, så langt forvaltingsstyresmakta kjenner til, inga omfattande kommersiell utnytting av fiske- og viltressursane i verneområda. Samstundes har mange grunneigarar gode inntekter frå utleige både av fuglejakt og jakt på villrein. Nokre driv også eit avgrensa næringsfiske.

## 2.1.2 Forvaltingsmål

- Verneområda skal kunne utnyttast som ein ressurs for landbruket innanfor rammene av verneformålet. Det er lagt til grunn at bruksforma i dag skal kunne vidareførast og utviklast i tråd med utviklinga i landbruket, så lenge dette ikkje er i strid med verneformål og verneverdiar.
- Det skal leggast til rette for aktiv beitebruk i verneområda. Dette gjeld særleg område med sterkt attgroing, og små konfliktar med arealbruken til villreinen. Beitebruken er viktig for å sikre vedlikehald av stølsmiljø og kulturlandskap, og for å avgrense attgroinga i desse områda.
- Utmarksressursane i verneområda skal kunne utnyttast i samband med tilleggsnæringer til landbruket, så lenge dette ikkje er i strid med verneformål og verneverdiar.
- Så langt omsynet til verneformål og verneverdiar gjer det muleg, vil verneområdestyret legge til rette for at landbruket får tilgang til funksjonelle driftshusvære, og annan naudsynt infrastruktur.

## 2.1.3 Retningslinjer

- ♦ Vernereglane er ikkje til hinder for tradisjonelt landbruk. Dette omfattar verksemder mellom anna støling, stenging av skorfeste og oppsetting av kve<sup>2</sup>. Denne heimelen omfattar også oppsetting av gjerde i Dyraheio, Kvanndalen, Holmavassåno, Lusaheia, Vormedalsheia og Frafjordheiane<sup>3</sup>.
- ♦ Tradisjonelt beite er lovleg, og ein ønskjer meir beiting i område med sterkt attgroing, og små konfliktar med arealbruken til villreinen. Miljødirektoratet kan ved forskrift, regulere beite som er i strid med verneformål og verneverdiar i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane<sup>4</sup> og Frafjordheiane<sup>5</sup>. Dette blir i dag ikkje vurdert som eit aktuelt tiltak.
- ♦ Hogst av ved og tømmer er tillate i samsvar med reglane for hogst i verneskog, og nærmare reglar i dei ulike verneforskriftene<sup>6</sup>. Hogst som medfører søknad om traktorveg eller andre terrenginngrep, må bli vurderte som økonomisk rekingssvarande før dispensasjon kan bli vurdert<sup>7</sup>.
- ♦ Auke av bygningsmassen i verneområda bør, i all hovudsak, skje som utviding av eksisterande bygningar<sup>8</sup>.
- ♦ Eventuelle nybygg i verneområda bør i all hovudsak skje i tilknyting til eksisterande bygningar og bygningsmiljø.
- ♦ I område der transportar er søknadspliktige, vil verneområdestyret kunne gje løye til motorferdsel med snøskuter og helikopter til naudsynt transport i samband med landbruksdrift<sup>9</sup>.

2 Tradisjonell landbruksdrift er omtala desse stadene i dei ulike verneforskriftene: Dyraheio og Kvanndalen: Kap. IV, punkt 1.2, bokstav a, Holmavassåno: Kap. V, punkt 2, Lusaheia og Vormedalsheia: Kap. V, punkt 3, Frafjordheiane: §3, punkt 1.2, bokstav a, SVR og Steinsbuskardet-Hisdal: Kap. IV, punkt 1.2, bokstav a.

3 ISVR er oppsetting av gjerder søknadspliktig jfr. Kap. IV, punkt 1.3, bokstav a.

4 Kap. 2, punkt 2.2

5 §3, punkt 2.2

6 Hogst er heimla desse stadene i dei ulike verneforskriftene: Dyraheio og Kvanndalen: Kap. IV, punkt 1.2, bokstav a, Vormedalsheia: Kap. V, punkt 3, Frafjordheiane: §3, punkt 2.3, SVR: Kap. IV, punkt 2.2, Steinsbuskardet-Hisdal: Kap. IV, punkt 1.2, bokstav d.

7 Retningslinjer for vurdering av om eit slik tiltak er rekingssvarande, er gjevne i Klima og Miljøverndepartementet si avgjerd i ei klagesak frå Brattefjell-Vindeggen nasjonalpark, datert 01.09.2014.

8 Endring og utviding av eksisterande bygningar er heimla desse stadene i dei ulike verneforskriftene: Dyraheio og Kvanndalen: Kap. IV, punkt 1.3, bokstav a, Holmavassåno: Kap. VI, punkt 1, Vormedalsheia: Kap. VI, punkt 2, Frafjordheiane: §3, punkt 1.3, bokstav a, SVR og Steinsbuskardet-Hisdal: Kap. IV, punkt 1.3, bokstav c. I Lusaheia må slike søknadar handsamast etter §48 i naturmangfaldlova.

9 Motorferdsel i samband med landbruksdrift er heimla desse stadene i dei ulike verneforskriftene: Frafjordheiane: §3, punkt 5.3, bokstav a og b, SVR og Steinbuskaret-Hisdal: Kap. IV, punkt 5.4, bokstav a og c.

- ♦ Ved tidleg snøfall og vanskelege leitetilhøve, kan verneområdestyret vurdere å gje løye til bruk av helikopter i samband med ettersanking av beitedyr. Dette kan omfatte transport av personar som kan rekognosere frå lufta lågare enn 300 meter over bakken, og frakting av mannskap som kan drive dyra heim. Utflyging av sau kan også vere aktuelt. Søknad om slike løye må sendast inn seinast to dagar før løyet skal brukast<sup>10</sup>. I naudfall kan løye bli gjeve over telefon.
- ♦ Ved behov for akutt transport av sjuke eller skadde husdyr, skal det så sant det er råd, meldast frå til forvaltingssekretariatet i forkant av transporten. Søknad må sendast inn i etterkant.
- ♦ Nydryking er i utgangspunktet ikkje ønskeleg i verneområda, men kan vurderast etter søknad<sup>11</sup>.
- ♦ Skogreising og skifte av treslag, er i utgangspunktet forbode innanfor verneområda, men kan vurderast etter søknad<sup>12</sup>.
- ♦ Manuell rydding av vegetasjon og brenning av lyng og krattvegetasjon, blir rekna som landbruksdrift, og kan gjennomførast utan søknad, viss arbeidet skjer i regi av grunneigar eller etter initiativ frå forvaltingsstyremakta (jfr. fotnote 3). Lyngbrenning bør likevel avklårast på førehand med forvaltingsstyremakta, og må meldast til brannvesenet.

## 2.1.4 Tiltak

- ♦ Verneområdestyret vil informere alle aktuelle helikopterselskap om reglane for transportar i samband med landbruksdrift.
- ♦ Verneområdestyret kallar inn til dialogmøte med sentrale organisasjoner innanfor landbruket kvart år.

I Dyraheio, Kvanndalen, Holmavassåno, Lusaheia og Vormedalsheia er motorferdsel på frosen og snødekt mark, i samband med landbruksdrift, ikkje søknadspliktig jfr. desse heimlane: Dyraheio og Kvanndalen: Kap. IV, punkt 3.2, bokstav a, Holmavassåno: Kap. V, punkt 3, Lusaheia og Vormedalsheia: Kap. V, punkt 3. I desse områda er lufttransport heimla på følgjande stader: Dyraheio og Kvanndalen: Kap. IV, punkt 3.1, Holmavassåno: Kap. VI, punkt 4, Lusaheia og Vormedalsheia: Kap. VI, punkt 1.

10 I Frafjordheiane, SVR og Steinsbuskardet-Hisdal må slike søknader handsamast etter § 48 i naturmangfaldlova. I Dyraheio og Kvanndalen etter Kap. IV, punkt 3.1, i Holmavassåno etter Kap. VI, punkt 4, i Lusaheia og Vormedalsheia etter Kap. VI, punkt 1.

11 Nydryking er heimla desse stadene i dei ulike verneforskriftene: Dyraheio og Kvanndalen: Kap. IV, punkt 3.2, bokstav b, Vormedalsheia: Kap. VI, punkt 2, SVR: Kap. IV, punkt 1.3, bokstav a. I Frafjordheiane må slike søknader om nydryking handsamast etter § 48 i naturmangfaldlova.

12 Skogreising og treslagskifte er heimla desse stadene i dei ulike verneforskriftene: Dyraheio og Kvanndalen: Kap. IV, punkt 1.3, bokstav c, Vormedalsheia: Kap. VI, punkt 2. I Frafjordheiane og SVR må slike søknader om nydryking handsamast etter § 48 i naturmangfaldlova.



Roskreppfjorden.

## 2.1.5 Vurdering av samla belasting og andre miljørettslege prinsipp

Kunnskapsgrunnlaget om inngrep og verksemd i samband med landbruksdrift, må vurderast som godt (nml § 8). Talet på beitedyr og landbruksbygningars, bygger på opplysningar frå Statens landbruksforvalting, landbruksorganisasjonane og kommunane. I tillegg fører forvaltingsstyresmakta statistikk over motorferdselsløyve. Den samla belastinga (nml § 10) vil i liten grad auke på grunn av retningslinene for landbruk. Retningslinene som opnar for bruk av helikopter i samband med ettersanking av sau ved tidleg snøfall, vil kunne føre til ein mindre auke av motorferdsla i verneområda. Samstundes er dette ei ordning som berre kan nyttast i år med særleg vanskelege leitetilhøve, og vil difor ikkje føre til at den samla belastinga aukar på ein slik måte at ho kjem i strid med verneverdiar og verneformål. Bruk av snøskuter blir vurdert til å vere den beste løysinga for å dekke det ordinære transportbehovet i samband med landbruksdrift (nml § 12). I område med lite snø, og til særleg omfattande transportbehov, kan det nyttast helikopter. For ein omtale av verknadane av bygnigar i samband med landbruksdrift, sjå Kap. 2.3.5.

## 2.2 Kraftproduksjon og overføring

### 2.2.1 Noverande situasjon og forvaltingspraksis

Mest alle verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane er sterkt prega av inngrep i samband med kraftproduksjon. Store kraftutbyggingsprosjekt som Røldal – Suldal, Ulla – Førre, Øvre Otra, Lyse, Flørli og Sira – Kvina, har sett sitt preg på landskapet i form av demningar, reguleringsmagasin, tørrlagde elvar, bygningar og anleggsvegar. Ikkje minst har reguleringsmagasina demt opp svært

viktige trekkvegar for villreinen, og såleis gjort det vanskelegare for dyra å bruke heile leveområdet. Ei rekke kraftliner strekker seg gjennom området, og fleire av anleggsvegane genererer også trafikk inn i kjerneområda til villreinen. Det store talet på installasjonar og kraftliner fører med seg betydeleg motorferdsel i samband med drift, vedlikehald og tilsyn med anlegga. Ei nærmere oversikt over inngrepa blir gjeven i kapitla om dei ulike verneområda. Ein bør vidare merke seg at grensa for verneområda er trekt slik at fleire kraftmagasin ikkje er ein del av verneområda. Vernegrensa går i slike høve ved høgste regulerte vasstand, slik at kraftmagasinet blir liggande som ei øy inne i verneområda.

Dei mange installasjonane i samband med kraftproduksjon og overføring av elektrisk straum, fører til stor aktivitet i samband med drift, vedlikehald og tilsyn. Verneområdestyret handsamar difor ein del dispensasjonssøknadar i samband med byggetiltak og motorferdsel. Det er også planar om nye kraftliner i, og ved, Vormedalsheia landskapsvernområde, i tillegg til kraftutbyggingsar og bygging av småkraftverk innanfor Setesdal Vesthei–Ryfylkeheiane, Lusaheia og Frafjordheiane landskapsvernområde.

Forvaltingspraksisen i forhold til kraftprodusentane varierer noko mellom verneområda. Dette skuldast at dei ulike verneforskriftene inneheld ulike reglar for kva slags tiltak som er søknadspliktig. Mellom anna er motorferdsel, i samband med drift og vedlikehald av anlegg og liner, søknadspliktig i Lusaheia, Vormedalsheia og Setesdal Vesthei–Ryfylkeheiane landskapsvernområde, i tillegg til Steinsbuskardet–Hisdal biotopverneområde, mens slik verksemd ikkje er søknadspliktig i dei andre verneområda.

Fleire av tiltaka til kraftprodusentane i verneområda, gjeld oppfølging av lovpålagde krav til tryggleik, tilsyn, drift og

vedlikehald etter vassdragsreguleringslova, vassressurslova og energilova. Mange av desse tiltaka vil ikkje vere søknadspliktige. I høve der slike tiltak er søknadspliktige, vil verneområdestyret legge stor vekt på at dei er heimla i anna sektorlovgjeving, når dispensasjonssøknadane blir handsama.

Verneområdestyret oppfattar samarbeidet med kraftprodusentane som godt. Informasjonen om ulike prosjekt er god, dispensasjonssøknadane er gjennomarbeidde, og vilkåra i eventuelle løyve blir følgde opp på ein god måte. Verneområdestyret ønsker også i framtida å bli varsle om planlagde tiltak så tidleg som muleg i prosessen, og i god tid før søknad blir sendt.

Verneområdestyret ønsker å delta aktivt i den komande prosessen med revisjon av ei rekke av vasskraftkonsesjonane i verneområda, og ventar å bli involvert tidleg i prosessane. Det same gjeld miljøtiltak i verneområda, etter vassdirektivet til EU.

Installasjonar i samband med vindkraftverk er forbodne etter verneforskriftene.

## 2.2.2 Forvaltingsmål

- Omfanget av tekniske inngrep i samband med kraftproduksjon og overføring av straum, bør haldast så lågt som muleg, og nye tekniske inngrep bør unngåast i urørte område, og i område som er viktige for villreinstamma.
- Verksemda til kraftprodusentane, knytta til tilsyn, vanleg drift og vedlikehald av kraftverksinstallasjonar og kraftlinjer, skal ha klare og påreknelege rammer.

## 2.2.3 Retningsliner

### Drift, vedlikehald og tilsyn

- Vanleg drift, vedlikehald og tilsyn med kraftanlegg, anleggsvagar og kraftlinjer, er tillate utan søknad<sup>13</sup>. Slik verksemde er likevel søknadspliktig dersom ferdsel må gjennomførast mellom 15. april og 20. mai i trekksonene, og mellom 25. april og 31. mai, i kalvingssonene i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernombordet<sup>14</sup>. Søknadsplikta gjeld ikkje for naudsynt ferdsel i samband med utbetring av skade på kraftanlegg, eller ferdsel som følger veg eller merkt løype<sup>15</sup>.

13 Vanleg drift, vedlikehald og tilsyn med kraftanlegg er heimla desse stadene i dei ulike verneforskriftene:

Dyraheio og Kvanndalen: Kap. IV, punkt 3.2, bokstav c, Holmevassåno: Kap. V, punkt 1, Lusaheia og Vormedalsheia: Kap. V, punkt 2, Frafjordheiane: §3, punkt 1.2, bokstav f og g, SVR Kap. IV, punkt 1.2, bokstav d. og Steinsbuskardet-Hisdal: Kap. IV, punkt 2.2, bokstav d.

14 Verneforskrift for SVR, Kap. iV, punkt 4.2.

15 Verneforskrift for SVR, Kap. iV, punkt 4.2.1, bokstav a og b.

- Større vedlikehaldstiltak må meldast til forvaltingsstyremakta på førehand, slik at ein kan vurdere om tiltaket er søknadspliktig.
- Nye kraftutbyggingar, nye kraftlinjer og nye installasjonar, er forbodne etter verneforskriftene. Eventuelle søknader må difor handsamast etter §48, første ledd, første alternativ i naturmangfaldlova<sup>16</sup>. Det kan difor berre bli vurdert å gje dispensasjon til tiltak som ikkje er i strid med verneformål, og som heller ikkje trugar verneverdiane nemneverdig.
- Det kan etter søknad opnast for ombygging og utviding av eksisterande installasjonar og anlegg, dersom tiltaka ikkje er i strid med verneformål og verneverdiar<sup>17</sup>.

### Motorferdsel

- Motorferdsel i samband med tilsyn og vedlikehald av kraftanlegg og kraftlinjer, snømåling m.v., er søknadspliktig i Lusaheia, Vormedalsheia og Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernombordet, i tillegg til Steinsbuskardet-Hisdal biotopverneområdet<sup>18</sup>. Denne motorferdsela er ikkje søknadspliktig i Kvanndalen, Dyraheio og Frafjordheiane landskapsvernombordet, i tillegg til Holmevassåno biotopverneområdet<sup>19</sup>. Kraftselskap treng ikkje kommunale løyve til motorferdsel i samband med tilsyn, vedlikehald og snømålingar etter §4 i Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag. Søknadspliktig motorferdsel i verneområda vil kunne få fleirårige løyve.
- Verksem og ferdsl i samband med akutt utfall av kraftanlegg og kraftlinjer, kan gjennomførast når det oppstår problem, også der slik aktivitet er søknadspliktig<sup>20</sup>. Ved bruk av motorisert transport skal det i slike tilfelle sendast melding om omfanget av ferdsla, seinast ei veke etter.

16 Det kan søkast om framføring av nye kraftlinjer og kablar, inkludert oppgradering og fornying av kraftlinjer som krev større fysiske inngrep i Frafjordheiane (jfr. §3, punkt 1.3, bokstav g og h).

17 Endring og utviding av eksisterande bygningar er heimla desse stadene i dei ulike verneforskriftene: Dyraheio og Kvanndalen: Kap. IV, punkt 1.3, bokstav a., Holmevassåno: Kap. VI, punkt 1, Vormedalsheia: Kap. VI, punkt 2, Frafjordheiane: §3, punkt 1.3, bokstav a, SVR og Steinsbuskardet-Hisdal: Kap. IV, punkt 1.3, bokstav c. I Lusaheia må slike søknadar handsamast etter §48 i naturmangfaldlova.

18 Motorferdsel i samband med drift, vedlikehald og tilsyn med kraftanlegg er heimla desse stadene i dei ulike verneforskriftene: Lusaheia og Vormedalsheia: Kap. VI, punkt 1, SVR og Steinsbuskardet-Hisdal: Kap. V, punkt 5.4, bokstav b.

19 At motorferdsel i samband med drift, vedlikehald og tilsyn med kraftanlegg som ikkje er søknadspliktig, er heimla desse stadene i dei ulike verneforskriftene: Dyraheio og Kvanndalen: Kap. IV, punkt 3.2, bokstav c, Holmevassåno: Kap. V, punkt 1, Frafjordheiane: §3, punkt 1.2, bokstav f og g.

20 Verksem og ferdsl i samband med akutt utfall av kraftanlegg og kraftlinjer er heimla desse stadene i dei ulike verneforskriftene: SVR og Steinsbuskardet-Hisdal: Kap. V, punkt 5.4, bokstav b.

- Det vil normalt ikkje bli gjeve løye til helikoptertransport under villreinjakta, for ikkje å stresse dyra unødvendig, jf. retningsliner for motorferdsel i Kap. 2.4.3.
- For å få eit best muleg overyn over omfanget av motorferdsel, vil ein oppmode om at også motorferdsel som ikkje er søknadspliktig, blir rapport inn til verneområdestyret i samband med dei årlege dialogmøta, eller innan 1. desember kvart år.

#### 2.2.4 Tiltak

- Verneområdestyret kallar inn til dialogmøte med dei største kraftprodusentane kvart år.

#### 2.2.5 Vurdering av samla belastning og andre miljørettslege prinsipp

Kunnskapsgrunnlaget om inngrep og verksemd i samband med kraftproduksjon og overføring, må vurderast som godt (nml § 8). Oversikta over inngrep og verksemd er henta frå verneplanrapportane og dei ulike kraftselskapa, og forvaltingsstyremakta fører oversikt over omfanget av motorferdsel. Den samla belastinga (nml § 10) vil ikkje bli påverka av retningslinene for kraftutbygging og overføring av straum, ettersom retningslinene ikkje opnar for auka byggeverksemd eller auka motorferdsel. Ei eventuell realisering av planlagde kraftliner og kraftutbyggingar, vil medføre ei auke av den samla belastinga i dei verneområda dette gjeld. Bruk av snøskuter blir vurdert til å vere den beste løysinga for å dekke det ordinære transportbehovet til kraftselskapa i samband med tilsyn, måling av snømengde m.v. (nml § 12). Til særleg omfattande transportbehov, i samband med vedlikehald og tilsyn med kraftliner, kan det nyttast helikopter.

### 2.3 Bygningar og installasjonar

#### 2.3.1 Noverande bruk og forvaltingspraksis

Pr. 01.01.2014 er det til saman registrert om lag 340 bygningar i verneområda (sjå tabell 6). I tillegg kjem ein del mindre uthus. Dei fleste bygningane er landbruksbygg av ulike slag. Det er til saman om lag 180 stølar, driftsbygningar og mindre sankehytter i verneområda. Dei fleste av



Jonstølen turisthytte.

desse landbruksbygningane er relativt små. Det er registrert ein del slike bygningar med eit areal på over 50 m<sup>2</sup>, men dei flest ligg mellom 25 og 45 m<sup>2</sup>. Det er registrert til saman 64 reine fritidshytter. Totalt 30 av desse ligg i Grydalen hytteområde i Sirdal kommune. Fritidshytter omfattar både stølshus til bruk som ikkje er i drift, og hytter som er bygde til formålet. Det finst også om lag 60 hytter og buer som i hovudsak blir nytta i samband med friluftsliv, jakt og fiske. Til saman 32 av desse tilhører Statskog eller Fjellstyra i Hjelmeland, Suldal og Bykle, mens dei siste 29 er turisthytter, som tilhører DNT Sør eller Stavanger turistforening. Desse er ofte litt større enn landbruksbygga, og kan ha eit areal frå 35 m<sup>2</sup> til 100 m<sup>2</sup>. Dei aller fleste av desse har også ei sikringsbu/uthus.

Ulike installasjonar i samband med kraftproduksjon, set også sitt preg på landskapet mange stadar. Det er registrert om lag 20 større og mindre demningar, og til saman 40 km med kraftliner i verneområda. I tillegg kjem om lag 30 andre installasjonar, som til dømes tilsynshytter, lukehus, naust og kommunikasjonsmaster.

Bygningar er eit sentralt punkt i alle verneforskriftene, og høve til å reise nye bygningar er sterkt avgrensa. Dette gjeld særleg fritidshytter, der det bortsett frå nokre få unna-

Tabell 6. Oversikt over talet på ulike bygningar i verneområda.

Type	Kvann-dalen	Dyraheio	Holma-vassåno	Lusaheia	Vormedals-heia	Frafjord-heiane	SVR	Steinsbu-skardet	Sum
Landbruksbygg	4	27	2	4	24	30	90	2	183
Fritidshytter		3			18	10	32	1	64
Turisthytter/Statskog	1	7		1	1	4	44	3	61
Anna	3	4	3			6	16	1	33
Sum	8	41	5	5	43	50	180	7	341

tak, nærmest er eit totalforbod mot nye bygningar. For bygg i samband med landbruksdrift, er det eit visst høve til nybygg i dei fleste verneområda. Unnataket er Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernombordet, der ein i Kronprinsregentens resolusjon, gjekk ut frå at talet på bygningar var høgt nok ut frå dei behova som vart melde inn i verneprosessen. Når det gjeld tilbygg og ombygging av eksisterande bygningar, er det opna for at dette kan tillata etter søknad i alle verneforskriftene, med unntak for Lusaheia.

Verneområdestyret fekk i 2013 utarbeidd ein byggerettleiar. Denne trekte opp felles retningsliner for handsaming av byggesøknader i alle verneområda, og fastsette arealgrenser for ulike typar bygg. Ein har no to års erfaring med denne byggerettleia, og erfaringane er såpass gode at verneområdestyret ønsker å vidareføre store delar av denne i forvaltingsplanen. Einaste større endringa, er at dei øvre arealgrensene for ulike typar bygg er samordna. Denne blir utvida til 50 m<sup>2</sup> for fleire bygningstypar som driftshytter, fjellstyrehytter, kraftverkshytter og fritidshytter. Arealgrensene er no i samsvar med arealgrensene i Regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (Heiplanen), som vart stadfesta av Miljøverndepartementet i 2013.

Sidan verneområdestyret blei konstituert i 2011, har det blitt gjeve løyve til 8 nye bygningar og 15 utvidingar. Til saman 5 av nybygga er landbruksbygg, men det er også gjeve løyve til ei turisthytte og to naust. Dei fleste utvidingane gjeld landbruksbygg, men det er også gjeve løyve til utvidingar av fritidshytter og turisthytter.

Verneområdestyret har lagt seg på ein restriktiv praksis når det gjeld å tillate nybygg. Dispensasjon kan berre gjevast når det kan dokumenterast eit konkret behov, og bygget må dessutan i liten grad vere i strid med verneverdiar og verneformål.

## 2.3.2 Definisjon av viktige omgrep

### Bygningar for landbruksdrift

Ettersom bygg i tilknyting til landbruksdrift kjem i ei særstilling, både i høve til arealgrenser og høve til nybygg, er det viktig med ei klar forståing av kva for bygningar som fell inn under dette omgrepet.

I forvaltingsplanen tek ein utgangspunkt i definisjonane som er gjevne i Miljøverndepartementets, og Landbruks- og matdepartementets rettleiar, T-1443, Plan og bygningsloven og Landbruk Pluss, frå 2005. I vegleiar T-1443 dreg ein desse grensene for kva for bygningar og verksemder som er ein del av landbruksomgrepet:

**Bygningar for seterdrift og skogsdrift** (stølar og driftshytter) Slike bygningar fell inn under landbruksomgrepet, der som bruken er knytt til tradisjonell seterdrift, sauesanking, gjeting/ettersyn av dyr på utmarksbeite, hogst m.v. Bruk til andre formål, slik som utleige, er tillate i avgrensa delar

av året. Slike bygningar fall ikkje inn under landbruksomgrepet, dersom bygningen i hovudsak blir brukt til fritidsbustad eller anna verksemde, utan næringsmessig tilknyting til garden.

### Naust, rorbuer, jakt- og fiskebuer, jakttårn m.v. (naust og jakt- og fiskebuer)

Slike bygningar fall inn under landbruksomgrepet, dersom bygningen er naudsynt i samband med utøving av landbruksnæring. Utleige i delar av året er tillate. Slike bygningar fall ikkje inn under landbruksomgrepet, dersom bygningen i hovudsak er knytt til turisme, frilufts- eller fritidsaktivitet og bærplukking, jakt eller fritidsfiske, som berre utgjer eit naturalt tilskott til eige hushald.

### Nedfalne stølshus og høybuer

Når det ikkje er i strid med verneformålet, og det kan dokumenterast konkret behov for tiltaket, ønsker verneområdestyret å opne for oppattbygging av nedfalne stølshus og høybuer<sup>21</sup>. Dette er eit tiltak som kan hjelpe til med å oppretthalde kulturlandskapet.

Nedfalne stølshus og høybuer blir i denne samanhengen definert som:

"Tidlegare bygningar, der storlek og plassering er klart definerte av eksisterande murar, og funksjonen til bygningane og utsjånaden er godt dokumenterte gjennom foto eller kulturhistoriske registreringar. Høybuer er uisolerte, mindre bygg for lagring av tørrhøy".

## 2.3.3 Forvaltingsmål

- ♦ Talet på bygningar i verneområda skal haldast på eit nivå som ikkje kjem i strid med verneverdiar og verneformål.
- ♦ Inngrep i nye område skal unngåast, ved at behov for auka bygningsmasse i all hovudsak skal skje gjennom utviding av eksisterande bygningar.
- ♦ Landbruket, og andre viktige brukarinteresser som kraftselskap og turistforeiningar, skal kunne ha funksjonelle driftshusvære i verneområda. Ein føresetnad er at det kan dokumenterast eit konkret behov, og at tiltaket kan gjennomførast utan nemneverdig negativ effekt på verneverdiane, og at tiltaket heller ikkje er i strid med verneformålet.

## 2.3.4 Retningslinjer

Verneområdestyret vil understreke at nye bygningar, og større utvidingar av eksisterande bygningar, i mange høve vil kunne vere eit trugsmål mot verneverdiane, og i strid

<sup>21</sup> Oppattbygging av nedfalne bygningar som høyrer med i det tradisjonell bygningsmiljøet i området er heimla på desse stadene i dei ulike verneforskriftene; Dyraheio og Kvanndalen kapittel IV, punkt 1.3, bokstav a, Holmevassåno: Kap. VI, punkt 1, Frafjordheiane §3, punkt 1.3, bokstav b, SVR og Steinsbuskardet-Hisdal: Kap. IV, punkt 1.3, bokstav b. I Lusaheia og Vormedalsheia må eventuelle søknadar handsamast etter §48 i naturmangfaldlova.

med verneformålet. Ein føresetnad for dispensasjon er difor at det kan dokumenterast eit konkret behov, og at tiltaket kan gjennomførast utan nemneverdig negativ effekt på verneverdiane, og at tiltaket heller ikkje er i strid med verneformålet.

Når det gjeld omgrepet "konkrete behov", vil det i høve til nybygg, bety ein grundig dokumentasjon av at søkeren har næringsverksem i området, og at det er konkrete årsaker til at tiltaket er heilt naudsint i høve til denne verksemda.

I høve til utviding av eksisterande bygningar vil "konkrete behov" til dømes omfatte:

- ♦ auka overnattingskapasitet (fleire soverom)
- ♦ betre tørkeplass (utviding av gangareal og tørkerom)
- ♦ betre lagringsplass (innvendige lagerrom eller utvendige tilbygg)
- ♦ bygging av toalett/vaskerom inne

Sjølv om forvaltingsplanen har fastsett ei øvre arealgrense for dei fleste typar bygg, er det på ingen måte automatikk i at det blir gjeve dispensasjon til å bygge opp mot denne arealgrensa. I kvar søknad vil det bli gjort ei vurdering av dei dokumenterte behova, og innverknaden tiltaket vil ha på verneverdiar og verneformål. Behov knytte til næring, vil bli tillagt større vekt enn behov knytte til fritidsbruk.

I nokre høve vil ei større utviding av eksisterande bygningar kunne medføre ei endring av landskapet (art og karakter), og såleis vere i strid med verneformålet. Dette kan i særleg grad gjelde for mindre bygningar, der auke heilt opp til 50 m<sup>2</sup>, kan medføre meir enn ei dobling av arealet.

## Generelle retningslinjer for bygesaker

- ♦ Innwendig vedlikehald, og normalt utwendig vedlikehald, som skifte av kleddning, vindauge og anna som ikkje fører til endring av storleik og fasade, er tillate utan søknad<sup>22</sup>. Som endring av fasade blir til dømes rekna: skifte til annan type kleddning, annan type glas og dør, og anna taktekking. Slike tiltak er difor søknadspliktige.
- ♦ Alle former for nybygg, i tillegg til utvidingar og ombygging av eksisterande bygningar, er søknadspliktige.
- ♦ For alle søknadspliktige byggetiltak, må søker gjere greie for behovet for tiltaket.
- ♦ Det blir ikkje gjeve løyve til bygging av nye fritidshus. Unntaka er 2 hytter i Grydalen hytteområde i Sirdal, og eventuelt eksisterande hytteområde i Vormedalsheia<sup>23</sup>.

Det kan gjevest løyve til mindre utvidingar av eksisterande fritidshus, dersom det ikkje er i strid med verneformålet, og at konkrete behov kan dokumenterast.

- ♦ Det kan unntaksvis gjevest løyve til nybygg, dersom det kan dokumenterast konkret behov for bygget, og tiltaket kan gjennomførast utan å vere i strid med verneverdiar og verneformål. Eventuelle nybygg bør, så langt det er råd, realiserast ved oppattbygging av nedfalne bygningar/ bygging på gamle tufter.
- ♦ Det kan gjevest løyve til utviding av eksisterande bygningar i samband med landbruksdrift<sup>24</sup>, dersom det ikkje er i strid med verneformålet, og at konkrete behov kan dokumenterast.
- ♦ Før søker i samband med bygg til landbruksdrift, må følgjande dokumenterast:
  - ♦ at søkeren er grunneigar eller rettighetshavar.
  - ♦ At bygget er ein del av ei viktig driftsform ved bruket. Denne driftsforma må også inngå som ein viktig del av driftsgrunnlaget for bruket.

---

av 40 hyttepunkt. I forvaltingsplanen frå 2000 (jf. Punkt 5.3.3), vart det opna for at det kan søkast om dispensasjon for ni ubygde hyttepunkt som var frådelte, og som gjekk inn i Kommuneplan for Sirdal ved vernetidspunktet. Føresetnaden når Grydalen hytteområde vart innlemma i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernombraðe var at realisering av desse hyttepunktene kunne realitetshandsamast etter verneforskrifta. Sirdal kommune har utarbeidd detaljerte retningslinjer for byggetiltak i Grydalen hytteområde. Desse retningslinene vart handsama av verneområdestyret i styresak 15/2006, og er lagt ved denne forvaltingsplanen som vedlegg 7.4. Pr 01.01.2014 står det att to slike hyttepunkt. Forvaltingsplanen vidarefører tidlegare praksis for Grydalen, og opnar for at det kan søkast om inntil to nye fritidshytter i Grydalen hytteområde. Eventuelle nye fritidshytter skal utformast i tråd med "Retningslinjer for byggetiltak i Grydalen hytteområde". I Vormedalsheia opnar verneforskrifta sitt kapittel VI, punkt 3, for "Oppføring av enkelte hytter i område der det er hytter frå før". Sjå omtale av Vormedalsheia i kapittel 3.2 og temakart i vedlegg 7.1.3 for nærmere omtale.

24 I Dyraheio og Kvanndalen er nybygg i samband med landbruksdrift heimla i verneforskrifta sitt kapittel IV, punkt 1.3, bokstav b. Endring og utviding av eksisterande bygningar er heimla i verneforskrifta sitt kapittel IV, punkt 1.3, bokstav a. I Holmevassåno er endring og utviding av eksisterande bygningar heimla i verneforskrifta sitt kapittel VI, punkt 1. I Lusaheia blir det referert til Kongeleg resolusjonen frå 19.04.1991. Fylkesmannen i Rogaland, i samråd med grunneigane, har komme fram til at det kan byggjast inntil 8 nye hytter i Lusaheia. Pr. 01.01.2014 er to av desse hyttene bygde. I Vormedalsheia er nybygg i samband med landbruksdrift heimla i verneforskrifta sitt kapittel VI, punkt 2. I Frafjordheiane er nybygg i samband med landbruksdrift heimla i verneforskrifta sin §3, punkt 1.3, bokstav e. Endring og utviding av eksisterande bygningar er heimla i verneforskrifta sin §3, punkt 1.3, bokstav a. Oppattbygging av bygningar som er gått tapt ved brann eller naturskade er heimla i verneforskrifta sin §3, punkt 1.3, bokstav b.

I SVR og Steinsbuskardet-Hisdal er endring og utviding av eksisterande bygningar heimla i verneforskrifta sitt kapittel IV, punkt 1.3, bokstav c. Oppattbygging av bygningar som er gått tapt ved brann eller naturskade er heimla i verneforskrifta sitt kapittel IV, punkt 1.3, bokstav c.

22 At alminneleg vedlikehald ikkje er søknadspliktig, er heimla på desse stadene i dei ulike verneforskriftene; Dyraheio og Kvanndalen kapittel IV, punkt 1.2, bokstav a. Holmevassåno kapittel V, punkt 4. Vormedalsheia og Lusaheia kapittel V, punkt 2. Frafjordheiane §3, punkt 1.2, bokstav c. SVR og Steinsbuskardet-Hisdal kapittel IV, punkt 1.2, bokstav c.

23 Grydalen hytteområde i Sirdal kommune inngår i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernombraðe og består per 2014

- ♦ Storleiken på eigedomen. Retningsgjevande er ein storleik på 3000 dekar. Mindre eigedomar kan vurderast, viss talet på beitedyr er stort, eller andre sider ved drifta gjer det naudsynt.
- ♦ At avstanden frå veg, eller anna eigna husvære på eigedommen, er så stor at bygningen vil medføre ei monaleg lettare drift. Retningsgjevande er ein avstand på om lag 3 km, eller 1 times gange.
- ♦ Det er ikkje høve til bruksendring av uthus, utløer, naust og liknande (jfr. plan- og bygningslova).
- ♦ Det er ikkje høve til bruksendring av landbruksbygg til fritidshytter (jfr. plan- og bygningslova).
- ♦ Uthus skal ikkje vere isolerte, eller ha permanente soveplassar.
- ♦ Etter søknad skal ein normalt få løyve til å setje opp att bygningar som har gått tapt ved brann eller naturskade. Som hovudregel skal den nye bygningen settast opp på same plassen, og ha om lag same utsjänad og storleik som bygget det skal erstatta. Ein kan likevel gje løyve til endringar i tråd med ny og forbetra kunnskap, eller endringar som forbetrar utsjänaden til bygget, i tråd med lokal byggjeskikk. Bygg som blir bygde opp etter dette punktet, skal ha same funksjon som det bygget som gjekk tapt. Dersom bygget hadde ei uheldig plassering i høve til verneverdiane, kan forvaltingsstyresmakta krevje bygget sett opp ein annan stad enn der det stod tidlegare.
- ♦ Løyve til attreising av bygg, etter heimelen om attreising av bygg med kulturhistorisk verdi, kan berre gjevast når formålet med bygget er kulturhistorisk<sup>25</sup>. Slike løyve kan berre gjevast når det ligg føre ein plan som er utarbeidd i samråd med kulturminnestyresmakta. Planen skal mellom anna dokumentere: plassering og bruk av tidlegare bygningar på staden, i tillegg til utforming, materialbruk og byggeteknikk for det nye bygget.
- ♦ Kulturminnestyresmakta skal ha søknadar på høyring når dei omfattar bygningar som er med i SEFRÅK registeret (Eit landsdekkande register over eldre bygningar og andre kulturminne).

## Retningsliner for ulike bygningstypar

For at byggereglane skal bli mest muleg presise, blir dei i det følgjande avsnitta relaterte til dei byggesakene som er mest aktuelle i verneområda. Dei omtala bygningstypane er anten nemnt i verneforskriftene, eller dei er ein vanleg bygningstype i verneområda. Arealgrensene er oppgjevne i bygd areal (BYA). Bygd areal er det arealet som bygningen tar opp i terrenget (fotavtrykket til bygget). For meir detaljerte opplysningar, sjå Norsk Standart NS 3940:2012 Areal og volumberekingar av bygningar.

25 Oppattbygging av bygg med kulturhistorisk verdi er heimla desse stadene i dei ulike verneforskriftene: Dyraheio og Kvanndalen: Kap. IV, punkt 1.3, bokstav c, Holmevassåno: Kap. VI, punkt 1, Frafjordheiane: §3, punkt 1.3, bokstav b, SVR og Steinsbuskardet-Hisdal: Kap. IV, punkt 1.3, bokstav b.

## Stølshus og driftshytter<sup>26</sup>

Dette gjeld landbruksbygg knytte til støling og beitebruk for dei einskilde brukta, eller større driftseiningar som beitetlag og sankelag. Stølshus er lokaliserte på stølsvollar, og omfattar både enkeltståande stølar, og stølar som går inn i eit større stølsmiljø. Driftehytter kan også vere lokaliserte i lågareliggende beiteområde lenger inne i verneområda.

Storleiken på eksisterande bygg ligg mellom 20 m<sup>2</sup> og 70 m<sup>2</sup>, med eit gjennomsnitt på om lag 35 m<sup>2</sup>.

Når det ikkje strir mot verneformålet, og heller ikkje er eit trugsmål mot verneverdiane, kan vernestyresmakta etter søknad gi løyve til følgjande byggetiltak, dersom konkret behov kan dokumenterast:

- ♦ Restaurering/ombygging innanfor eksisterande areal, i tillegg til oppattsetting av hus og uthus som er skadde av brann eller naturskade.
- ♦ Utviding av eksisterande bygningar opptil ein storleik på 50 m<sup>2</sup> (BYA).
- ♦ Nybygg inntil 50 m<sup>2</sup> (BYA). Nybygg vil berre unntaksvis bli tilletne.
- ♦ Oppattbygging av nedfalne stølshus på eksisterande murar. Opphavleg plassering og storleik må dokumenterast gjennom foto, skriftlege kjelder, registreringar eller grunnmurar.
- ♦ Restaurering av tilhøyrande uthus og fjøs innanfor eksisterande areal.
- ♦ Landbruksbygg<sup>27</sup> kan få auka areal, dersom særlege behov blir dokumentert.

## Sankehütter<sup>28</sup>

Sankehütter er enkeltståande, mindre landbruksbygg, brukte i samband med tilsyn og sauesanking. Dette dreiar seg ofte om mindre driftshytter, knytte til dei enkelte gardsbruka.

Normalt er bygga lokaliserte i sentrale og høgareliggende delar av verneområda. Storleiken på eksisterande bygg ligg mellom 15 m<sup>2</sup> og 35 m<sup>2</sup>.

Når det ikkje strir mot verneformålet, og heller ikkje er eit trugsmål mot verneverdiane, kan vernestyresmakta, etter søknad, gje løyve til følgjande byggetiltak, dersom konkrete behov kan dokumenterast:

26 Sjå fotnote 24 for omtale av heimlane for ulike byggetiltak i dei ulike verneområda.

27

Sjå Kap. 2.3.2, s.36 for definisjonen av landbruksbygg

28 Heimlane er dei same som for stølshus (sjå fotnote 24) bortsett frå Dyraheio, Kvanndalen og Holmevassåno, som har eigne heimlar for jakt, fiske og gjetarbuer. I Dyraheio og Kvanndalen er bygging av jakt, fiske og gjetarbuer heimla i verneforskrifta sitt kapittel IV, punkt 1.3, bokstav e. I Holmevassåno er bygging av jakt-, fiske- og gjetarbuer heimla i verneforskrifta sitt kapittel VI, punkt 2.

- ♦ Restaurering/ombygging innanfor eksisterande areal, i tillegg til oppattsetting av hus som er skadde av brann eller naturskade.
- ♦ Utviding av, og tilbygg til, eksisterande bygningar opp til ein samla storleik på 30 m<sup>2</sup> (BYA), inkludert eventuelle eksisterande uthus.
- ♦ Nybygg opp til ein samla storleik på 30 m<sup>2</sup> (BYA), inkludert eventuelle uthus. Nybygg vil berre unntaksvise bli tilletne.

## Lør, naust/båthus o.l.<sup>29</sup>

Dette gjeld enkeltståande, mindre bygningar i samband med landbruksdrift, som ikkje skal nyttast til husvære. Desse er lokaliserte i utmarka, og som regel utanom eksisterande stølsvollar. Dette kan mellom anna dreie seg om utløer, naust og andre hus, nytt i samband med lagring av tørrhøy, båtar og materialar.

Normalt er bygga lokalisert i stølsområde i utkanten av verneområda, eller ved vatn i lågareliggende delar av verneområda.

Når det ikkje strir mot verneformålet, og heller ikkje er eit trugsmål mot verneverdiane, kan vernestyresmakta, etter søknad, gje løyve til følgjande byggetiltak, dersom konkrete behov kan dokumenterast:

- ♦ Restaurering innanfor eksisterande areal, og oppattsetting av bygningar som er skadde av brann eller naturskade.
- ♦ Nye naust/båthus inntil 12 m<sup>2</sup> (BYA)
- ♦ Oppattbygging av nedfalne høylører på eksisterande murar. Opphavleg plassering, storlek, funksjon og utsjånd, må dokumenterast gjennom foto, skriftlege kjelder eller kulturhistoriske registreringar.

## Private fritidshytter<sup>30</sup>

Dette gjeld eksisterande fritidshytter på utsilde eller langtidsleigde tomter, anten som enkelthytter eller i hytte-

29 Heimlane for restaurering av lør og naust innanfor eksisterande areal, samt oppattsetting av bygningar som er skadde av brann eller naturskade, er dei same som for stølshus. Nye naust er ikkje heimla i nokon av verneforskriftene så sant dei ikkje kan definierast som bygg til landbruksdrift. For Dyraheio og Kvanndalen er oppattbygging av nedfalne høylører på eksisterande murar heimla i verneforskrifta sitt kapittel IV, punkt 1.3, bokstav a. I Holmevassåno er dette heimla i kapittel VI, punkt 1. For Frafjordheiane er oppattbygging av nedfalne høylører på eksisterande murar heimla i verneforskrifta sin §3, punkt 1.3, bokstav b. I SVR og Steinsbuskardet-Hisdal er oppattbygging av nedfalne høylører på eksisterande murar heimla i verneforskrifta sitt kapittel IV, punkt 1.3, bokstav a.

30 Heimlane for restaurering/ombygging av fritidshus innanfor eksisterande areal, og oppattsetting av bygningar som er skadde av brann eller naturskade, er dei same som for stølshus.

felt. Dette kan dreie seg om hytter som er bygde for fritidsformål, og tidlegare stølshus til bruk der det ikkje lengre er landbruksdrift.

Normalt er bygga lokalisert i stølsområde, eller andre lågareliggende område i utkanten av verneområda. Storleik på eksisterande bygg ligg mellom 25 m<sup>2</sup> og 110 m<sup>2</sup>, med eit gjennomsnitt på om lag 60 m<sup>2</sup>.

Når det ikkje strir mot verneformålet, og heller ikkje er eit trugsmål mot verneverdiane, kan vernestyresmakta, etter søknad, gje løyve til følgjande byggetiltak dersom konkrete behov kan dokumenterast:

- ♦ Restaurering/ombygging innanfor eksisterande areal, samt oppattsetting av hus som er skadd av brann eller naturskade.
- ♦ Utviding av eksisterande hytter opp til ein samla storleik på 50 m<sup>2</sup> (BYA), inkludert eventuelle eksisterande uthus.
- ♦ Restaurering av tilhøyrande uthus innanfor eksisterande areal, og oppattsetting av uthus som er skadde av brann eller naturskade.
- ♦ For Grydalen hytteområde i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernombord, gjeld eigne reglar, fastsette av Sirdal kommune, og godkjende av verneområdestyret (sjå fotnote 23 og vedlegg 7.4).

## Turisthytter, fjellstyrehytter, statskoghytter, ol.<sup>31</sup>

Dette gjeld hyttene til turistforeiningane, fjellstyra, Statsskog og friluftsråd, som er opne for åmenta. Retningslinene gjeld også eit fåtal driftshytter som kraftselskapa eig. Hyttene kan vere lokaliserte i tilknyting til stølsvollar i dei lågareliggende delane av verneområda, men også i høgareliggende område, langt frå andre bygningar.

Storleiken på eksisterande bygg ligg mellom 20 m<sup>2</sup> og 150 m<sup>2</sup>, med eit gjennomsnitt på om lag 50 m<sup>2</sup>.

I Dyraheio og Kvanndalen er endring og utviding av eksisterande bygningar heimla i verneforskrifta sitt kapittel IV, punkt 1.3, bokstav a. I Holmevassåno er dette heimla i verneforskrifta sitt kapittel VI, punkt 1. I Frafjordheiane er endring og utviding av eksisterande bygningar heimla i verneforskrifta sin §3, punkt 1.3, bokstav a. I SVR og Steinsbuskardet-Hisdal er endring og utviding av eksisterande bygningar heimla i verneforskrifta sitt kapittel IV, punkt 1.3, bokstav c.

31 Nybygg av turisthytter er for Dyraheio og Kvanndalen heimla i verneforskrifta sitt kapittel VI, punkt 1.3, bokstav e. For Frafjordheiane er tilbygg og mindre bygg til allmenne friluftsføremål heimla i verneforskrifta sin §3, punkt 1.3, bokstav f. Desse heimlane kan og brukast i samband med Statsskog, fjellstyra og kraftselskapa sine bygningar.

Heimlane for endring og utviding av eksisterande bygningar, er dei same som for fritidshus. Heimlane for restaurering/ombygging av fritidshus innanfor eksisterande areal, og oppattsetting av bygningar som er skadde av brann eller naturskade, er dei same som for stølshus. Nybygg og utvidingar av bygningar og anlegg i samband med kraftproduksjon, er ikkje heimla direkte i verneforskriftene, så eventuelle søknader må handsamast etter §48 i naturmangfaldlova.



Permanent stålbru over Anlaugbekken i Sirdal.

Ettersom desse hyttene er svært ulike i høve til lokalisering, alder, storleik, standard og bruksintensitet, må dei følgjande retningslinene nyttast med stor grad av fleksibilitet.

Når det ikkje strir mot verneformålet, og heller ikkje er eit trugsmål mot verneverdiane, kan vernestyresmakta, etter søknad, gje løyve til følgjande byggetiltak, dersom konkrete behov kan dokumenterast:

- Restaurering/ombygging innanfor eksisterande areal, og oppattsetting av hus og uthus som er skadde av brann eller naturskade.
- Ombyggingar og mindre tilbygg eller uthus.
- Utviding av eksisterande bygningar opptil ein storleik på 50 m<sup>2</sup> (BYA).
- I sjeldne høve kan det gjevast løyve til nye hytter, sikringshytter og naust.
- Slike hytter kan få auka areal, dersom særlege behov blir dokumentert.

## Mindre byggetiltak

### Klopper og bruar

- Forvaltingsstyresmakta kan, etter søknad, gje løyve til bygging av bruar og klopper<sup>32</sup>. Slike tiltak vil også trenge godkjenning frå grunneigar. Ved etablering av nye bruar, bør behova for friluftslivet og landbruksnæringa samordnast.

Stavanger turistforening har dei siste åra fått løyve til å erstatte dei noverande hengebruene med permanente stålbruar. Verneområdestyret har vurdert desse tiltaka, og kome fram til at dei totale belastingane på verneverdiane blir mindre med dei nye bruene. Rett nok er dei faste instal-

<sup>32</sup> Bygging av klopper og bruar i samband med landbruksdrift eller opparbeidning av turstiar og løyver er heimla desse stadene i dei ulike verneforskriftene: Dyraheio og Kvanndalen: Kap. IV, punkt 1.3, bokstav b og f, Holmevassåno: Kap. VI, punkt 3, Frafjordheiane: §3, punkt 5.3, bokstav a, SVR og Steinsbuskardet-Hisdal: Kap. IV, punkt 5.4, bokstav a.

lasjonar, men behovet for motorferdsel, og anna ferdsel i samband med inntaking og utlegging av gangplankane, fell bort. Tryggleiken for dei som ferdast etter stiane blir også betre, når bruene alltid er på plass.

### Skilt og uteinformasjon

- Forvaltingsstyresmakta kan, etter søknad, gje løyve til skilting og informasjonstavler som ikkje direkte gjeld verneområda. Som ein hovudregel skal større informasjonsskilt plasserast utanfor verneområda. Slike tiltak treng også godkjenning frå grunneigar.
- Nødvendig skilting i samband med kraftinstallasjonar og regulerte magasin, treng ikkje løyve.

### Kommunikasjonsanlegg

- Forvaltingsstyresmakta kan, etter søknad, gje løyve til bygging av ulike kommunikasjonsanlegg. Antenneanlegg og linkstasjonar skal, så langt det er råd, samlokalisera, og primært byggast der det er slike anlegg frå før. Om muleg skal slike anlegg lokaliserast utanfor verneområda. Ein vil også vise til Miljøverndepartementet sitt rundskriv "Retningslinjer ved behandling av søknader om utbygging av nødnett i verneområdene", datert 14.11.2012.

### Landbruksvegar

- Forvaltingsstyresmakta kan vurdere å gje dispensasjon til traktorsleper for uttak av tømmer, i område med drivverdig skog, slik at transporten kan skje på vinterstid med minimale markskadar.
- Forvaltingsstyresmakta kan gje dispensasjon til mellombels, eller mindre, tiltak og terrenginngrep langs fastlagte trasear, for å førebu transport. Til eventuelle dispensasjoner skal det knytast naudsynne vilkår, for å bøte på skadeverknader, og klare krav til utføring av tiltaket.
- Vanleg vedlikehald av vegar er tillate utan søknad. Uttak av masse er forbode i verneområda, og eventuelle søknadar må handsamast etter §48 i naturmangfaldlova.

### Gjerde, kve o.l.<sup>33</sup>

- Oppsetting av gjerde, kve og liknande, som trengst for fedrifa, er ikkje søknadspliktig i Kvanndalen, Dyraheio,

<sup>33</sup> At oppsetting av gjerde, kve og liknande ikkje er søknadspliktig er heimla desse stadene i dei ulike verneforskriftene: Dyraheio og Kvanndalen: Kap. IV, punkt 1.2, bokstav a, Holmevassåno: Kap. V, punkt 4, Lusaheia og Vormedalsheia: Kap. V, punkt 3 og Frafjordheiane: §3, punkt 1.2, bokstav a.

At oppsetting av kve og liknande ikkje er søknadspliktig SVR og Steinsbuskardet-Hisdal er heimla i: Kap. IV, punkt 1.2, bokstav a.

At oppsetting av gjerde er søknadspliktig i SVR er heimla i: Kap. IV, punkt 1.3, bokstav a. Oppsetting av gjerde er ikkje heimla i føreskrifta for Steinsbuskardet-Hisdal og må derfor handsamast etter §48 i naturmangfaldlova.

Holmavassåno, Lusaheia, Vormedalsheia og Frafjordheiane.

- Oppsetting av gjerde er søknadspliktig i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane, og i Steinsbuskardet-Hisdal.

## 2.3.5 Retningsliner for plassering og utforming av bygg

Retningslinene gjeld for restaurering og utviding av eksisterende bygninger, og eventuelle nybygg.

### Overordna retningsliner

- Alle bygg skal vere tilpassa terrenget og eksisterande bygningsmiljø på staden.
- Bygg skal ikkje vera til hinder for tradisjonelt friluftsliv eller driftevegar/stigar.
- Eventuelle bygg bør, så langt som råd, setjast opp i tilknyting til eksisterande bygningsmiljø.

### Konkrete retningsliner

Desse retningslinene er i hovudsak utforma for å gjelde tradisjonelle bygningar, som stølshus og driftehytter. Etter ei konkret vurdering i kvart einskilt høve, kan det bli aktuelt å vike frå nokre av desse reglane, for bygg som turisthytter og fritidshytter, i tillegg til tekniske bygg i samband med kraftinstallasjoner.

- Bygningar skal ikkje plasserast, eller utformast slik at dei verkar ruvande og dominante i landskapet, eller blir ståande i silhuett mot himmelranda.
- All byggeverksemeld skal utførast slik at det blir minst muleg skade på terrenget. Planering av byggetomta er ikkje tillate.
- Hytter skal normalt ikkje gjerdast inn.
- Stølshus skal ikkje ha veranda, svalgang eller platting.
- Bygg skal ikkje ha meir enn 1 etasje (gjeld ikkje større turisthytter). Normalt skal ikkje: mønehøgda overstige 4.5 m, geshimshøgda overstige 3 m, og høgda på grunnmuren overstige 0.5 m.
- Bygg skal ikkje ha full kjellar med nyttbare rom. Kryptkjellarar er tillate.
- Fundamenteringa skal bestå av murar av naturstein eller støypte pålar. Der det er naudsynt skal ho forblendast med tørrmur av naturstein opp til kleddning.
- Alle hus skal ha saltak (gjeld ikkje for mindre naust/båthus).
- Møneretninga skal følgje lengderetninga på bygget.
- Fasadane skal ha lafta tømmer eller ståande trekledning. I Kvanndalen, Dyræhio, Holmavassåno, Lusaheia, Vormedalsheia og Frafjordheiane, er det også tillate med liggande trekledning.
- Takvinkel og takutstikk skal vere i samsvar med tradisjonell byggeskikk i fjellet.
- Taket skal tekkast med torv, stein eller tre. På vêrharde stader i høgheia, eller andre stader der tilhøva eller utforminga av bygget tilseier det, kan andre tekkningsmateriale godtakast.

## 2.3.6 Tiltak

- Verneområdestyret vil utarbeide god informasjon til publikum om søknadsrutinar, byggeregler og sakshandsaming.
- Verneområdestyret vil ta initiativ ovafor kommunane, for å få til ei registrering av bygningar og andre faste installasjoner i alle verneområda, som ikkje er registrert i matrikkelen.

## 2.3.7 Vurdering av samla belasting og andre miljørettslege prinsipp

Kunnskapsgrunnlaget om inngrep og verksemd i samband med bygningar og andre installasjoner, må vurderast som godt (nml §8). Det er henta inn opplysningar om talet og storleiken på ulike bygningar gjennom kommunane og eigne kartleggingar. Eit heilt oppdatert oversyn for dei ulike verneområda, vil ligge føre i løpet av 2015. Den samla belastinga (nml §10) blir, til ein viss grad, påverka av retningslinene for bygningar og andre installasjoner. Retningslinene vil ikkje føre til fleire nybygg, eller til at fleire eksisterande bygg kan restaurerast eller byggast om. Retningslinene vil derimot føre til at fleire bygningar kan utvidast. I forvaltingsplanen har ein heva den øvre arealgrensa for bygningar i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernombordet fra 30 m<sup>2</sup> til 50 m<sup>2</sup>, og den øvre arealgrensa for bygningar i Frafjordheiane landskapsvernombordet fra 40 m<sup>2</sup> til 50 m<sup>2</sup>. Dette kan medføre at ein del bygningar, som tidlegare var for store til å kunne utvidast, no kan utvidast. Desse endringane vil føre til at nokre av utvidingane, kan bli meir omfattande enn dei kunne tidlegare. Det auka talet på utvidingar, og den auka storleiken på utvidingane, kan også føre med seg fleire søknadar om motorisert ferdsel i samband med byggeprosjekta.

Samstundes vil ikkje talet på slike byggeprosjekt bli særlig stort. Om lag ein tredjedel av dei eksisterande bygningane er allereie over, eller tett oppunder den øvre arealgrensa, og dei nye arealgrensene har ikkje ført til ein auke i talet på byggesøknadar, dei to åra dei har vore gjeldande. Søkar må dokumentere eit konkret behov i forkant av utvidinga, før det kan bli aktuelt å gje dispensasjon, og det er ingen automatikk at det blir gjeve dispensasjon til utvidingar, heilt opp til den øvre arealgrensa. Motorferdsel i samband med slike byggeprosjekt, vil også bli avgrensa. Det store fleirtallet av bygningane i verneområda er lokaliserte like på innsida av vernegrensa, og vil difor ikkje gje auka motorferdsel i sentralområda. Auken i den samla belastinga blir difor vurdert til å vere relativt liten, og ikkje ha eit slikt omfang, at han kjem i strid med verneverdiar og verneformål.

Sjølv om harmoniseringa av retningslinene, for forvaltingspraksisen i dei ulike verneområda, medfører auka arealgrensar nokre stader, vurderer likevel verneområdestyret ei slik løysing som det beste alternativet (nml §12). Med innføringa av den nye forvaltingsordninga, har verneområdestyret vurdert det som viktig å kome fram til felles byggeregler og arealgrensar for alle verneom-

råda. Byggereglane og arealgrensene, som var fastsette i dei ulike forvaltingsplanane, var sprikande, og kunne medføre svært ulik handsaming av elles like byggesaker. Verneområdestyret oppfatta også arealgrensene i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernombordet, som litt for låge, både samanlikna med dei andre verneområda, og i høve til dei behova som vart melde inn frå landbruksnæringa. Retningslinene for bygningar er difor ein viktig reiskap for å finne den rette balansen mellom ønsket om så like reglar som mulig, i dei ulike verneområda, behova til brukarinteressene, og føringane som er gjevne i dei ulike verneforskriftene. Samstundes er det viktig at denne øvre arealgrensa ikkje blir uthola, ved at det blir gjeve mange dispensasjonar til endå større bygg. Lokalisering, omfang og utføring av kvart einskilt byggetiltak, vil bli avklåra gjennom handsaminga av dispensasjonssøknaden, på bakgrunn av retningslinene i forvaltingsplanen.

## 2.4 Motorferdsel

### 2.4.1 Noverande bruk og forvaltingspraksis

Motorferdsla i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane og Frafjordheiane, er relativt omfattande. Motorferdsel her omfattar mange ulike transportbehov, og aktørar som kraftselskap og turistforeiningar, har omfattande aktivitetar i områda. I tillegg er det meldingar om ein del ulovleg motorferdsel i dei sørlegaste delane av SVR. I dei andre verneområda er motorferdsel meir avgrensa. Motorferdsla i verneområda gjev forvaltingsstyresmakta ein del utfordringar. Ein skal sikre at verneverdiane ikkje blir truga, samstundes som nødvendig nyttetransport skal kunne gjennomførast.

Pr. 01.01.2014 var det til saman 250 aktive snøskuterløyve i verneområda. Dei fleste av desse galdt for fire år, og omfatta åtte turar i året. Det er gjeve til saman 10 opne løyve. I tillegg kjem ein del snøskuterkjøring i verneområda i Suldal og Hjelmeland, som ikkje er søknadspliktige. Dette gjeld kjøringa til kraftprodusentane og grunneigarane i samband med landbruksdrift. Dei siste tre åra er det i gjennomsnitt gjeve 70 helikopterløyve. Dei fleste løyva omfattar 1-3 turar, mens eit fåtal løyve er opne, eller omfattar meir enn 15 turar. Dei siste åra er det gjeve to løyve med åtte turar kvart år, for bruk av ATV på barmark.

På bakgrunn av rapportar og loggark som har kome inn, for gjennomførde transportar i tidsrommet 2011-2014, tyder alt på at motorferdsla ikkje er like omfattande som talet på tildelte løyve og turar skulle tilseie. Det er relativt sjeldan at ein innehavar av eit snøskuterløyve, nyttar alle åtte turane kvart år, og førebels registreringar syner at berre om lag halvparten av dei tildelte løyva for helikoptertransport blir nytta. Verneområdestyret ønsker likevel ikkje å endre på etablert praksis, med å gje snøskuterløyve til åtte turar kvart år på noverande tidspunkt, men vil presisere ovafor søkarane at talet på søknadar om løyve for helikoptertransportar, må tilpassast behovet.



Kvisting av skiløyper ved Holmavatn, Sirdal.

Det er mange forklaringar på den relativt omfattande motorferdsela, men stor kraftproduksjon, og dei mange turisthyttene i området, genererer mykje motorferdsel. Det same gjer nyttkjøring til dei mange bygningane i dei austre og sørlege delane av verneområda.

Dagens forvaltingspraksis er at løyve til helikoptertransport blir vurdert i samanheng med eit eventuelt snøskuterløyve. Dersom ein søker alt har snøskuterløyve, gjev ein berre helikopterløyve til særskilde transportbehov, som til dømes større tiltak på hytter og henting av felt storvilt. Ved å avgrense kvar søker til enten snøskuter eller helikopter, håpar verneområdestyret å redusere den samla belastinga frå motorferdsel. Det er samstundes eit ope spørsmål om helikoptertransport er til større skade for naturmangfaldet enn transport med snøskuter, og om litt av transporten med snøskuter bør erstattast av helikoptertransport. Klimaendringar som fører til vanskelege tilhøve for bruk av snøskuter, vil kunne føre til behov for at noko meir av nyttetransporten må utførast med helikopter. Dette er særleg aktuelt i dei vestre delane av verneområda.

Eventuelle søknadar om motorferdsel i samband skadefellingsløyve på rovvilt, må handsamast etter §48 i naturmangfaldslova. Slike løyve er ein del av nasjonal rovdyrpolitikk, og vil normalt få løyve, men må vurderast nøy i forhold til faren for forstyrring av villreinen. Eit slik løyve vart gjeve i Dyraheio landskapsvernombordet til eit organisert skadefellingslag, for eit avgrensa tidsrom vinteren 2013. Eventuelle søknadar om motorferdsel i samband med lisensjakt, må handsamast etter §48 i naturmangfaldlova, der løyva særleg må vurderast opp mot omsynet til villreinstamma.

### 2.4.2 Forvaltingsmål

- ◆ Motorferdsel i verneområda skal avgrensast til det som er strengt nødvendig, og haldast på eit nivå som ikkje er til skade for naturmangfaldet, eller er til ulykke for andre brukargrupper.
- ◆ Motorferdsel i viktige område for villreinstamma, som trekk- og kalvingsområde og viktige område for vinter-

beite, skal avgrensast så mykje som råd, og haldast på eit nivå der ein unngår systematiske forstyrringar.

- ♦ Motorferdsel i viktige hekke- og ynglelokalitetar, og i andre sårbare område, skal avgrensast så mykje som råd, og haldast på eit nivå der ein unngår systematiske forstyrringar.
- ♦ Verneområdestyret ønsker å vere restriktive når det gjeld å opne for nye transportbehov og nye typar køyretøy.
- ♦ Sakshandsaminga av motorferdselsaker skal vere gründig og effektiv, og søknader om nyttetransport skal ha klåre, påreknelege rammer.

## 2.4.3 Retningsliner for motorferdsel

### Snøskuterløyve

- ♦ Eit snøskuterløyve gjeld normalt for fire år, og omfattar åtte turar i året.
- ♦ Transportane skal omfatte allment anerkjende nytteformål, slik som transport i samband med landbruksdrift, og transport av materialar, brensel og proviant til hytter i verneområda.
- ♦ Det er høve til å söke om meir enn åtte turar eitt år, dersom det kan dokumenterast eit særleg stort transportbehov.
- ♦ Personar og verksemder, som kan dokumentere eit stort og uføreseieleg transportbehov, kan söke om opne løyve, utan fast avgrensing av talet på turar. Dette kan til dømes gjelde grunneigarar med store eigedomar og mange hytter, leigekøyrarar<sup>34</sup>, kraftselskap og turistforeiningar.
- ♦ Dei som får slike opne løyve, må sende inn rapport over talet på turar, kvar det er køyrt, og formålet med turane, til forvaltingssekretariatet innan 1. juni kvart år.
- ♦ Løyve og loggark/køyrebok skal alltid vere med under transportane.

Etter vedtak i verneområdestyret (Styresak 20/2011), gjeld snøskuterløyva normalt for fire år, med inntil åtte turar i året. Bakgrunnen for vedtaket var behovet for like reglar i alle verneområda, og at styret vurderte åtte turar som tilstrekkeleg til å få gjennomført dei fleste vanlege transportbehov. Retningslinene om at eit standardløyve omfattar åtte turar kvart år, tek utgangspunkt i gjeldande forvaltingspraksis i verneområda, og fører såleis ikkje til auka motorferdsel, eller auke i samla belasting (jf nml. §10). Verneområdestyret meiner at den etablerte praksisen for snøskuterløyve fungerer godt. Det har ikkje kome inn rapportar som tyder på at motorferdsla i verneområda utgjer noko større trugsmål mot verneformål og verneerdiar. Førebels registreringar, på grunnlag av innsendte loggark og köyreboeker, tyder på at mange ikkje brukar heile kvota på åtte turar alle år. Det er heller ikkje registrert

nokon auke i talet på snøskuterløyve, samanlikna med forsoksordninga, der kommunane hadde forvaltingsmynde. Verneområdestyret ønsker difor å vidareføre den etablerte praksisen for snøskuterløyve.

### Helikopterløyve


- ♦ Helikopterløyve blir normalt gjevne for eit kort og avgrensa tidsrom.
- ♦ Transportane skal omfatte allment anerkjende nytteformål, slik som transport i samband med landbruksdrift, og transport av materialar, brensel og proviant til hytter i verneområda.
- ♦ Det kan gjevest helikopterløyve for inntil fire år, dersom det kan dokumenterast at transportbehovet er årvisst, om lag like stort kvart år, og at det er særskild heimel for transportformålet i den aktuelle verneforskrifta.
- ♦ Ved fleirårige helikopterløyve på meir enn fem turar kvart år, må det, innan 1. desember, sendast melding til forvaltingssekretariatet om kor mange turar som vart gjennomførde dette året.
- ♦ Det er høve til å söke om eit ope løyve utan avgrensing av talet på turar, dersom det på førehand er vanskeleg å avgjera kor mange turar som må til. Dette kan til dømes vere aktuelt ved store vedlikehaldstiltak på bygningar og installasjonar.
- ♦ Dei som får opne løyve, må sende inn rapport over talet på transportar, i tillegg til mål og formål med transportane, til forvaltingssekretariatet så snart siste turen er unnagjort.
- ♦ For alle helikopterløyve blir det stilt som vilkår at flygeruta skal følgje kortaste ruta mellom landingspunktata, og at flyginga skal skje høgare enn 300 m over bakken. I Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernombra, er flyging lågare enn 300 m forbode berre i trekk- og kalvingssonene. Utanfor desse sonene blir formuleringa i vilkåra at flyging lågare enn 300 m over bakken, skal unngåast så sant det er råd.
- ♦ Løyve og loggark skal alltid vere med under transportane.

### Tidsavgrensing av, og reglar for motorferdselsløyve

- ♦ Snøskuterløyva er normalt avgrensa til 30. april<sup>35</sup>.
- ♦ I trekksonene i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernombra, vil motorferdselsløyva bli avgrensa til 15. april. I kalvingssonene i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernombra, er motorferdselsløyva avgrensa til 25. april. Dersom påska kjem seinare enn desse datoane, vil motorferdselsløyva gjelde fram til tredje påskedag. Ved eventuelle løyve til motorisert ferdsl i desse restriksjonsperiodane, vil det bli sett som vilkår at det blir gjeve melding til Statens naturoppsyn før transporten blir gjennomført.

<sup>34</sup> Dette gjeld berre leigekøyrarar i Suldal, Hjelmeland og Sirdal kommunar, jf. retningslinene for leigekøyring.

<sup>35</sup> Forskrift for bruk av motorkøyretøy i utmark og på islagte vassdrag §7.



Helikoptertransport av byggemateriale.

- Ein vil vere restriktiv med å gje løyve til helikoptertransport mellom 1. april og 1. juni, for å unngå unødig forstyrring av fugl i hekketida. Nær stadar der det hekkar fugleartar som står på nasjonal raudliste, vil det ikkje bli gjeve løyve til helikoptertransport mellom 15. mars og 15. juni, eller i det tidsrommet den konkrete arten er særleg sårbar for forstyrningar. I område der det er reinsdyrkjakt, vil det berre unntaksvis, bli gjeve løyve til helikoptertransport mellom 20. august og 1. oktober. I område utan jakt, kan det gjevast løyve også i denne perioden.

## **Snøskuter- og helikopterløyve**

- Søkarar vil normalt ikkje få både snøskuter- og helikopterløyve same år. Unnataka er ved større vedlikehaldstiltak, henting av felt storvilt, og frakt av brensel og proviant til utleigehytter. Om snøtilhøva gjer det vanskeleg å bruke snøskuter, vil dei som har snøskuterløyve, kunne få helikopterløyve til ordinær nyttetransport.
- Søkar er sjølv ansvarleg for å få løyve frå aktuelle grunneigarar til å lande med helikopter, eller køyre med snøskuter på deira eigedom. Eit slik løyve bør innhentast før det blir sendt inn søknad. Det bør gå fram av

søknaden, at grunneigar(ane) har gjeve samtykke, eller også må samtykke sendast som vedlegg til søknaden.

## **Motorferdsel til utleigehytter**

- Motorferdselsløyve i samband med transport av ved, brensel og proviant til utleigehytter, skal som ein hovudregel gjevast til grunneigar, og ikkje til leigetakar. Unnatakan gjerast der hytta blir leigd ut for fleire år, eller blir leigd ut til faste tidsrom kvart år. Ein skal då legge fram skrifteleg avtale om leigetilhøvet, og skrifteleg samtykke frå eigars om at "retten" til løyvet blir overført til leigetakar, for ein fastsett periode, eventuelt i kombinasjon med at det blir fastsett ein tidsperiode, og tal på turar for utleigeformålet. Løyvet til eigars blir tilsvarande avgrensa.

## **Barmarkskjøring**

- Verneområdestyret vil oppretthalde ein svært restriktiv praksis når det gjeld kjøring på barmark<sup>36</sup>. Av omsyn til terregnskade og kjørespor, skal forvaltingsstyremakta normalt ikkje gje dispensasjon til motorisert ferdsl i utmark på barmark.
- Verneområdestyret kan vurdere å gje dispensasjon til bruk av ATV, og andre terregngående kjøretøy, når snøforholda gjer det uråd å bruke snøskuter, og kjøringa på barmark kan skje utan at det blir skjemmande kjørespor i terrenget. Slik kjøring vil difor i praksis berre kunne skje på vegar, og på allereie etablerte kjøretrasear. Verneområdestyret kan unntaksvis gje løyve til bruk av ATV og andre terregngående kjøretøy, i samband med henting av sjuke og skadde husdyr.
- I område med produktiv skog eller vedskog, kan det opnast for transport langs sleper og barmarksrasear i periodar av året. Ved eventuelle dispensasjoner for vintertransport med traktor, ATV eller liknande, skal forvaltingsstyremakta i vedtaket fastsette trasè for transporten, sette naudsynte vilkår for å avgrense markskade, og eventuelle vilkår for istandsetting av terrenget dersom skade oppstår.

## **Felleskjøring**

- Det er ofte vanskelege vær- og føretilhøve i Ryfylke- og Setesdalsheiane. I slike høve kan det nokre gonger vere ein fordel at to skuterar kører saman i samband med transportoppdrag. Dette kan både gje auka tryggleik, og kunne gjere transportane meir effektive. Det er ingenting i vegen for at to snøskuterar kører saman, dersom ein vurderer det som den beste løysinga. Føresetnadane for at slik felleskjøring er lovleg, er at ein av skuterførarane har løyve til den aktuelle transporten, og at begge skuterane deltek aktivt i transporten. I tillegg

<sup>36</sup> I medhald av Miljøverndepartementet sitt rundskriv T-1/96, punkt 7.2.1 skal forskriftas § 2 brukast svært restriktivt.

må begge turane førast opp i loggarket som følger skuterløyvet. Det blir ikkje gjeve løyve til følgjesukter.

## Leigekøyring

Ordninga med leigekøyring, er heimla i Nasjonal forskrift for bruk av motorkøretøy i utmark og på islagte vassdrag, §5 bokstav a (jf. vedlegg 2 til Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag av 10. juni 1977). I medhald av denne paragrafen kan kommunestyret, etter skriftleg søknad, gje løyve til bruk av snøskuter (leigekøyringsløyve) for fastbuande, som i ervervsmessig samanheng vil ta på seg ulike transportoppdrag. I verneområda vil kva for transportoppdrag leigekøyrarane kan utføre, bli regulert av reglane i verneforskriftene, og retningslinene i forvaltingsplanen.

Når det gjeld leigekøyring, har det utvikla seg to ulike praksisar i verneområda. I Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane og Frafjordheiane er det, med unnatak av Sirdal, ikkje etablert ei omfattande ordning med leigekøyring, sjølv om dei fleste kommunane deler ut nokre leigekøyringsløyve. I desse områda søker dei som har eit transportbehov, forvaltingsstyresmakta om løyve. Deretter tek dei dette løyvet med til leigekøyraren, som gjennomfører transporten. I Suldal, Hjelmeland og Sirdal er leigekøyringsordninga godt etablert. Her søker leigekøyrarane forvaltingsstyresmakta om løyve til å drive leigekøyring i verneområda, og dei som har eit transportbehov, vender seg direkte til desse for å få gjennomført ein transport.

Bakgrunnen for at det har utvikla seg to ulike praksisar, er å finne i synet kommunane har på leigekøyring. I nokre kommunar har ein lagt vekt på at leigekøyring skal fungere som ei tilleggsnæring for fastbuande grunneigarar. I andre kommunar har ein lagt vekt på at transportbehovet, kan løysast på ein betre måte, ved at fleire får eigne skuterløyve.

Ettersom begge praksisane er vel etablerte og fungerer godt, ønsker verneområdestyre å oppretthalde begge leigekøyringsordningane. Verneområdestyret vil difor utarbeide to sett med retningsliner for leigekøyring i verneområda, eitt for verneområda i Suldal og Hjelmeland, og eitt for Frafjordheiane og Setesdal Vesthei–Ryfylkeheiane, med unnatak av Sirdal.

## Retningsliner for leigekøyring i Holmavassåno biotopverneområde og Kvanndalen, Dyraheio, Lusaheia og Vormedalsheia landskapsvernombanane, og Sirdal kommune i Setesdal Vesthei–Ryfylkeheiane, og Frafjordheiane landskapsvernombanane.

- Personar med kommunalt leigekøyringsløyve kan søke verneområdestyret om løyve til å utføre leigekøyring i verneområda.
- Leigekøyringsløyva vil bli avgrensa til ulike område/køyeruter, og lokale grunneigarar vil bli prioriterte i sine nærområde. For leigekøyringsoppdrag, som strekker seg over fleire kommunar, kan leigekøyrar frå ein av desse kommunane nyttast.

- Leigekøyrarane får eit løyve for fire år, med ei årleg kvote på 20 turar i verneområda. Det er muleg å søke om å få auka denne kvota, dersom det er mange transportoppdrag.
- Leigekøyrarane må levere inn kopi av køyrebook innan 1. juni kvart år. Leigekøyrarane skal ikkje ta på seg transportoppdrag, som ikkje er i tråd med verneforskrift og forvaltingsplan. Løyve og køyrebook skal alltid vere med når transportoppdrag blir utført.
- Aktuelle transportoppdrag for leigekøyrarar, vil vere transport av materialar, ved, brensel og proviant til private hytter og buer, i tillegg til hyttene til turistforeiningane. Leigekøyrarar kan også få løyve til å køyre i samband med kvisting av skiløyper i Kvanndalen, Dyraheio og Holmavassåno. Det vil gå fram av leigekøyringsløyvet kva for transportoppdrag som er lovlege i det aktuelle verneområdet.

## Retningsliner for leigekøyring i Steinsbuskardet-Hisdal biotopverneområde, Frafjordheiane og Setesdal Vesthei–Ryfylkeheiane landskapsvernombanane (Forsand, Gjesdal, Bykle, Valle, Bygland, Åseral, Kvinesdal og Hægebostad kommunar).

- Fastbuande med kommunalt leigekøyringsløyve, kan utføre transportoppdrag for privatpersonar, organisasjonar og offentlege etatar, som har fått løyve til motorferdsel i verneområda av forvaltingsstyresmakta. For leigekøyringsoppdrag som steker seg over fleire kommunar, kan leigekøyrarar frå ein av desse kommunane nyttast.
- Transportane skal skje i tråd med dei retningslinene som er gjevne i løyvet frå forvaltingsstyresmakta. Løyve og køyrebook skal alltid vere med under transportane.

## Ettersanking av beitedyr

Nokre år, med tidleg snøfall og vanskelege tilhøve under sauesamlinga, kan det bli behov for ei omfattande ettersanking. Snø og korte dagar kan gjere denne ettersankinga svært krevjande, og det er vanskeleg å få heim alle dyra som går i høgheia. Helikoptertransportane må ofte avtalast på kort varsel, fordi ein er avhengig av god sikt for å gjennomføre leitinga. I høve til dyrevelferd er det viktig at denne ettersankinga skjer så raskt og effektivt som råd.

- I slike høve vil verneområdestyret, etter søknad, kunne vurdere å gje løyve til bruk av helikopter i ettersankinga. Dette kan omfatte transport av personar, som kan rekognosere frå lufta lågare enn 300 m over bakken, og utflyging av mannskap, som kan drive dyra heim. Utflyging av sau kan vere aktuelt. Søknad om slike løyve må sendast inn seinast to dagar før løyvet skal brukast. Unntakvis kan det opnast for at ein tek mot søknader, og gjev løyve over telefon. I slike tilfelle må skrifteleg søknad og rapport om køyring, leverast inn i etterkant av transporten.

## Uttransportering av sjuke og skadde dyr

Etter ein revisjon av verneforskrifta for Dyraheio landskapsvernombordet i 2010, har det kome inn ei føresegn om at motorferdsel, i samband med transport av sjuke og skadde dyr i medhald av lov om dyrevelferd, ikkje er søknadspliktig<sup>37</sup>. Det heiter vidare at køyretøy som blir nytta, skal vere skånsam mot markoverflata. Det skal også gjevast melding til ansvarleg oppsyn for verneområda i forkant av køyringa. Ingen av dei eldre verneforskriftene har slike formuleringar. Det nærmeste er verneforskrifta for Frafjordheiane landskapsvernombordet, som også er av relativt ny dato (2004), der det kan søkast om bruk av motorkøyretøy på barmark, i samband med frakt av sjuke, skadde eller daude husdyr<sup>38</sup>. Verneområdestyret oppfattar dette som utvikling av større fokus på dyrevelferd i nyare verneforskrifter, og ønsker å opne for at det også i dei andre verneområda, kan søkast om slike transportar. Det er ofte knapt med tid i slike saker, og det må leggast opp til raske søknads- og sakshandsamingsprosedyrar.

- Søknader om transport av sjuke og skadde dyr, må handsamast etter §48 i naturmangfaldlova, dersom slik heimel ikkje finst i den aktuelle verneforskrifta. Unntaksvis kan det difor opnast for at ein tek mot søknader, og gjev løyve over telefon. I slike høve må skrifteleg søknad og rapport om køyringa, leverast inn i etterkant av transporten.

## Transport av felt storvilt

- I alle verneområda kan det gjevast dispensasjon til frakt av felt storvilt<sup>39</sup>.
- Det kan gjevast løyve til frakt av felt elg og hjort med helikopter. Talet på turar i kvart løyve, må vurderast i høve til talet på fellingsløyve.
- I alle verneområda kan ein også gje løyve til frakt av felt storvilt med snøskuter, viss snøtilhøva gjer dette muleg<sup>40</sup>. I Frafjordheiane, Lusaheia, Vormedalsheia, Dyraheio og Kvanndalen, kan det også gjevast løyve til bruk av andre motorkøyretøy, som til dømes traktor, på frozen eller snødekt mark.
- I Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiane landskapsvernombordet kan ein også, utan å søke, lande med helikopter/ sjøfly for å hente felt storvilt på, eller ved, desse vatna: Krokevatn, Ratevatn, Bånevætn, Storsteinvatnet, Ormsavatn, Bossvatn og Kalsvatn i Bykle, Storevatn i Sirdal

37 Verneforskrift for Dyraheio, kapittel IV, punkt 3.2, bokstav d.

38 Verneforskrift for Frafjordheiane, §3, punkt 5.3, bokstav b.

39 Motorisert transport av felt storvilt er heimla desse stadene i dei ulike verneforskriftene: Frafjordheiane: § 3, punkt 5.3, bokstav a, SVR: Kap. IV, punkt 5.3, bokstav a og Steinsbuskardet-Hisdal: Kap. IV, punkt 3.4, bokstav a. I Dyraheio og Kvanndalen: Kap. IV, punkt 3.1, samt Kgl. Res s. 7, i Holmevassåna: Kap. 6, punkt 4, i Lusaheio og Vormedalsheia: Kap. VI, punkt 1. Desse heimlane omfattar i dei fleste høva både transport med helikopter og snøskuter.

40 Sjå fotnota over.

og Kolsheivatn, Monsvatn, Storlavvatn og Lykkjevatn i Bygland kommune<sup>41</sup>. Denne heimelen har tradisjonelt blitt nytta til utflyging av felt villrein. All luftransport må meldast inn til forvaltingsstyresmakta, før transporten tek til. Ein treng også dispensasjon frå kommunane etter motorferdsellova for å gjennomføre desse transportane, om ikkje anna er fastsett i kommunal forskrift.

- I kommunar med villreinjakt, der det i løpet av høyrysposessen har blitt meldt inn behov for landingsplassar, i område som ikkje er omfatta av ordninga i punkt 5.3, bokstav c i verneforskrifta for Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernombordet, er det innført ei prøveordning, der det kan gjevast løyve til lufttransport for henting av felt villrein frå landingsplassar, nærare fastsette i forvaltingsplanen. Prøveordninga vil gjelde for tre år (2015-2017), og verneområdestyret vil etter ei evaluering, vurdere om prøveordninga skal førast vidare. Verneområdestyret kan i løpet av prøveperioden ta bort, eller flytte landingsplassar, dersom omsynet til villreinstamma, eller andre tilhøve gjer det naudsynt.
- Søknadane må sendast innan 10. august, slik at dei er ferdig handsama innan villreinjakta tek til. I løya vil det bli fastsett faste landingsplassar utanfor verneområda, for å sikre kontroll frå politiet og SNO. Det kan også bli fastsett bestemte tider på døgnet, for når transportane kan gjennomførast. Alle som har fått løyve i forsøksperioden, må rapportere talet på transportar til forvaltingssekretariatet så snart villreinjakta er over. Det er ikkje nokon automatikk i at løyve vil bli gjeve; kvar sak vil bli handsama individuelt, og omsynet til m.a. kunnskapsgrunnlaget, føre-var-prinsippet og samla belastning, vil bli lagt vekt på.
- Prøveordninga omfattar følgjande landingsplassar (sjå temakarta i vedlegg 7.1.4):
  - Åseral kommune: Lislosvatn, Øvre Skjerkevatn og Kissvatnet
  - Suldal kommune: Steinkilehytta, Grjotdalsneset og Austre Kaldavatn
  - Bykle kommune: Storheddervatnet (aust for Storheder)Der landingsplassane er oppgjevne som vatn, kan landingane skje i ei sone på 50 m frå vasskanten.

## Kvisting av turistløyper, og oppkøyring av skiløyper

Kvisting av løpenetta til turistforeiningane har lang tradisjon i dei fleste verneområda. Løpenettet og tidspunkt for kvisting, er nærmare omtala i omtalen av kvart einskilt verneområde.

Oppkøyring av løyper i verneområda kan ha positive effektar, både når det gjeld kanalisering, og åmentas høve til å oppleve verneområda. Oppkøyring av skiløyper går føre

41 Verneforskrift for SVR, kapittel IV, punkt 5.3, bokstav c. Rett namn på Karlsvatn er Kaldsvatn.

seg fem ulike stader i verneområda. Desse løypene er også skildra i omtalen av kvart einskilt verneområde.

Ei avgjerd frå Miljøverndepartementet i klagesaka om oppkjøring av løypa Hovden-Sloaros, legg samstundes sterke føringar for kva som kan tillatast av oppkjørde løyper i verneområda. Miljøverndepartementet oppheva 25.06.2013, vedtaket til verneområdestyret, om å gje dispensasjon til preparering av løypa. Løypa vart av Miljøverndepartementet vurdert til å ikkje ha nokon større kanaliserande effekt. Den hadde i staden ført til at fleire folk kom inn i sårbare villreinområde. Dispensasjonen til dei to løypene ved Storenos vart oppretthalden, fordi dei hadde ein openbar kanaliserande effekt, samstundes som skadeverknadene for villreinen var mindre. Eksisterande løye må vurderast etter signala frå Miljøverndepartementet, når det blir søkt om ei eventuell forlenging av løyet.

- ♦ Motorisert ferdsel i samband med kvisting av turløyper, og oppkjøring av skiløyper, er søknadspliktig<sup>42</sup>.
- ♦ Verneområdestyret ønsker at kvisting av turistløyper skal halde fram om lag på same nivå som i dag. Eksisterande, kvista løyper er vist i temakart, vedlegg 7.1.2. Ved konfliktar med villrein, eller andre sider ved naturmangfaldet, kan verneområdestyret legge ned, eller flytte etablerte, kvista løyper. Det kan også vere aktuelt å avgrense tidsrommet løypene kan kvistast.
- ♦ Preparering av skiløyper i verneområda vil berre bli aktuelt, når konfliktna med villreinen er svært avgrensa, og/eller der den kanaliserende effekten er sterkt. Oppkjøring av skiløyper bør berre skje i utkanten av verneområda. Eventuelle søknadar om opprettning av nye, preparerte skiløyper, i tillegg til utviding og omlegging av eksisterande løyper, vil bli vurderte i kvart einskilt høve. Eksisterande preparerte skiløyper er vist i temakart, vedlegg 7.1.2.
- ♦ Gjeldande praksis for oppkjøring av trasèen for Selsilami blir vidareført (sjå omtale i Kap. 3.7.1).

## Persontransport

- ♦ Rein persontransport med helikopter eller snøskuter er ikkje tillate. I samband med nyttetransport, er det tillate for passasjerar å sitte på, dersom det ikkje fører til ekstra turar.
- ♦ I heilt spesielle høve kan det gjevast løyve til transport for varig rørslehemma til eiga hytte, eller liknande stader dei har ei sterk tilknyting til, dersom transporten ikkje kjem i konflikt med verneformål og verneverdiar.

<sup>42</sup> Kvisting av skiløyper er heimla i verneforskrifta for Frafjordheiane: §3, punkt 5.3, bokstav a. I Dyraheio og Kvanndalen: Kap. IV, punkt 3.1, i Holmevassåna: Kap. 6, punkt 4, i Lusaheia og Vormedalsheia: Kap. VI, punkt 1. ISVR og Steinsbuskardet-Hisdal må slike søknader handsamast etter §48 i naturmangfaldlova.

Definisjonen av rørslehemma følgjer Miljøverndepartementet sitt rundskriv T-1/96, slik at personar som på grunn av alder, eller mellombels sjukdom, er rørslehemma, ikkje blir rekna som varig rørslehemma i denne samanhengen.

- ♦ Slike transportar skal, om muleg, gjennomførast av leigekjøyrar.
- ♦ Persontransport av varig rørslehemma, krev også dispensasjon frå kommunane etter lov om motorferdsel i utmark.

## Motorferdsel på vegar

Til saman 10 vegar med ei samla lengde på om lag 100 km går gjennom, eller inn i verneområda. Opning og stenging av Brokke-Suleskardvegen er regulert av verneforskrifta for Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvern område, mens opning og stenging av Lysebotnvegen blir regulert av ein avtale mellom Statens Vegvesen og vernestyresmakta. Bruken av anleggsvegane inne i verneområda, er regulert av konsesjonsvilkåra, fastsett av Olje- og energidepartementet.

- ♦ I trekksoner i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde, og andre stadar med viktige trekk, kalvings- og beiteområde, skal omsynet til villreinen vere overordna andre interesser. Heil, eller delvis stenging av anleggsvegar, kan vere aktuelle tiltak, dersom omsynet til villreinen krev det. Forvaltingsstyresmakta vil fortløpande vurdere behovet for stenging av slike vegar for ålmenn motorisert ferdsel, i samråd med kraftprodusentar, grunneigarar, kommunar og villreininteressene.
- ♦ Det skal ikkje leggast til rette for stopp, eller parkering langs anleggsvegar inne i verneområda.
- ♦ Vanleg vegvedlikehald er tillate. Ein må likevel vere merksam på at ein ved reinsking av grøfter, ikkje har høve til deponering/mellomlagring av massar i verneområda, utan særskilt dispensasjon. Vidare er det viktig at ein ved, tilsåing av vegskrånningar og trafikkalllegg, ikkje etablerer nye planter i verneområda.
- ♦ Anleggsvegar i verneområda kan haldast opne så lenge det er muleg å brøyte med vanleg plog utover haust/vinter. Det skal sendast melding til forvaltingsstyresmakta, seinast ei veke før planlagt brøyting/opning etter vinterstenging. Forvaltingsstyresmakta skal årleg vurdere brøyting i høve til snøtilhøve og trekktihøve for villreinen.
- ♦ Vegen Brokke-Suleskard skal vere stengd i tidsrommet 1. november – 20. mai. Vegen skal ikkje brøyast før 12. mai, der han kryssar trekksona Vardsvatn-Kvislevassnuten<sup>43</sup>. Forvaltingsstyresmakta kan, etter søknad, gje løyve til opning eller stenging av Brokke-Suleskardvegen ut over dei faste tidspunktta. Dette kan berre skje ved heilt spesielle forhold, og då etter retningsliner gjevne i

<sup>43</sup> Verneforskrift for SVR, kapittel IV, punkt 5.2.

avtale av 12. april 1999, mellom fylkesmannen i Aust-Agder og Statens Vegvesen<sup>44</sup>. Strekninga frå Suleskard til Øyarvatn (Heistøl), kan likevel haldast open så lenge det er muleg å brøyte med vanleg plog utover haust og vinter. Vegen skal vere stengt for ålmenn ferdsel frå 1. november.

- ♦ Vegen Sirekrok-Lysebotn bør vere stengt i tidsrommet f.o.m. 1. november t.o.m. 20. mai innanfor verneområdet, sjølv om dette ikkje er nedfelt i verneforskrifta. Verneområdestyret bør kome fram til ein avtale om dette med vegstyremaktene. Verneområdestyret bør, i samarbeid med vegstyremaktene, også komme fram til ordningar med varsling av planlagt brøyting, slik at denne kan utsettast, om spesielle tilhøve skulle tilseie det. Området ved Andersvatnet-Børsteinvatnet, er ei trekkson i verneforskrifta for Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernombåde, og var tradisjonelt ein viktig trekkveg. Om villreinen på nytt tek dette trekket i bruk, er det viktig at fylkesvegen ikkje blir brøytt for tidleg.
- ♦ Anleggsvegen mellom Oddatjønndammen og Stor-evassdammen, er stengt med bom ved Beinlei, om lag 4 km før vegen kjem inn i verneområdet ved Beinleidokki. Det er berre Statkraft, Statnett og SNO som har høve til å bruke vegen inne i verneområdet. Fram til 15. august er vegen også stengt med ein bom ved Oddatjønndammen. Vegen blir normalt brøytt i juli, men om kraftprodusentane har viktig oppgåver, blir han brøytt tidlegare. Vedtaket om å stenge denne anleggsvegen for ålmenta, vart gjort av Olje- og energidepartementet i 2004. Denne anleggsvegen leier folk rett inn til Steinsbuskardet, som er ein av dei mest sårbarane delane av verneområda. Verneområdestyret ønsker difor at det strenge regimet, som i dag gjeld for bruk av anleggsvegen, ikkje blir endra. Samstundes ønsker verneområdestyret at dei som har beitedyr i området, får løyve til å bruke vegen i samband med tilsyn og sanking. Dette vil gjere sauesankinga i området meir effektiv, og føre til at forstyrringa av villreinen blir avgrensa til eit kortare tidsrom.
- ♦ Anleggsvegen inn til Urevatn er open for ferdsel i den perioden han er framkommeleg, altså utan snø (august-oktober). Verneområdestyret er positive til at det blir prøvd ut ulike tiltak på denne vegen, i samband GPS merkeprosjektet.

## Filming og medieføremål

- ♦ Løyve til bruk av motorisert ferdsel, for filming eller fotografering av området i samband med medieføremål, må vurderast konkret og strengt i kvart tilfelle. Dispensasjonar bør avgrensast til oppdrag som fremjar marknadsføring av verneområda og verneverdiane. Om det blir stor pågang av slike søknadar, må det vurderast om slike løyve berre kan gjevast i faste, avgrensa

tidsvindauga. Ein del føringar for dispensasjonar til slik verksemrd, er gjevne i Miljøverndepartementet si avgjerd frå 06.05.2013, i ei klagesak frå Trollheimen landskapsvernombåde.

- ♦ For Kjerag gjeld eigne reglar (sjå kapittel 3.6.4 Frafjordheiane).

## Vitskapelige undersøkingar

- ♦ Verneområdestyret kan gje løyve til bruk av motorisert ferdsel i samband med vitskapelige undersøkingar. Innverknaden forskingsaktiviteten har på verneverdiane, vil bli grundig vurdert før eit eventuelt løyve. Det vil også bli lagt vekt på om undersøkingane er særskilt viktige, eller kan underbygge og styrke formålet med vernet. Verneområdestyret kan i nokre høve gje løyve til bruk av motorisert ferdsel i samband med konsekvensutgreiingar. Slike søknadar må handsamast etter §48 i naturmangfaldlova.
- ♦ Ein bør normalt kunne gje dispensasjonar til naudsnyt motorferdsel i samband med strukturteljing, bestandsregistrering og merking av villrein, sidan reinen er eit av verneformåla i mange av verneområda.

## Militær verksemrd

- ♦ Forbodet mot motorisert ferdsel i verneforskriftene gjeld ikkje militær operativ verksemrd, som i fredstid omfattar all militær verksemrd, naudsnyt for å planlegge, førebu og gjennomføre følgjande:
  - Overvakning av land, sjø- og luftterritoriet.
  - Forsvarsplanar, medrekna feltfestningar, anlegg for installasjonar og stridsmiddel.
  - Beredskapstiltak, herunder utrykkingsøvingar med militære styrkar.
  - Støtte til det sivile samfunnet og politiet, som krev innsetting av styrkar.
  - Reine militære operasjonar i spesielle situasjonar, medrekna søk og redningsteneste.

Forsvarsdepartementet har uttala at vanlege øvingar ikkje blir omfatta av ovannemnde unntak, men det blir presisert at der sivil verksemrd eller trafikk er tillate, kan tilsvarende militær verksemrd utan vidare finne stad.

- ♦ Øvingskjøring i samband med desse formåla krev særskild løyve<sup>45</sup>. Forsvaret må difor söke dispensasjon i samband med vanlege øvingar. Slike løyve kan bli gjevne for fire år.

44 Verneforskrift for SVR, kapittel IV, punkt 5.4, bokstav d.

45 Øvingskjøring i samband med militær verksemrd er heimla desse stadene i dei ulike verneforskriftene: Frafjordheiane: §3, punkt 5.3, bokstav a, SVR: Kap. IV, punkt 5.3, bokstav a, Steinsbuskardet-Hisdal: Kap. IV, punkt 4. I Dyræheio og Kvanndalen: Kap. IV, punkt 3.1, i Holmevassåna: Kap. 6, punkt 4, i Lusaheio og Vormedalsheia: Kap. VI, punkt 1.

## ***Motorferdsel i samband med øvingar og kjentmannsturar for fjellredningsgruppene og den frivillige redningstenesta (FORF).***

- ♦ Utarbeiding av øvingsplanar i samband med øvingar og kjentmannsturar for fjellredningsgruppene, og for den frivillige redningstenesta (FORF), skal skje i samsvar med retningslinene som er gjevne i Miljøverndepartementet sitt rundskriv, "Retningslinjer om redningstjenestens bruk av snøskuter i utmark og verneområder", frå 31.01.2013.
- ♦ Handsaming av slike saker i verneområdestyret, vil ta utgangspunkt i nemnde rundskriv, uttalar frå politiet og eventuelle lokale retningsliner, utarbeidde i samråd med politiet, Statens naturopsyn og FORF-gruppene.
- ♦ Slike søknadar skal handsamast etter verneforskrifta i dei verneområda som har føresegner om øvingsverksemnd<sup>46</sup>. I dei andre verneområda skal slike søknader handsamast etter §48 i naturmangfaldlova.
- ♦ Motorferdsel til slik øvingsverksemnd må ha løyve frå grunneigarane.

## ***Motorferdsel i samband med rovvilt, oppsyn og politioppgåver***

- ♦ Politiet og SNO vil kunne nytte motorisert ferdsl i samband med aksjonar og kontrolloppgåver i verneområdet<sup>47</sup>, herunder rekvirere andre til å hjelpe til. Det skal sendast rapport eller melding til forvaltingsstyresmakta i etterkant.
- ♦ Personell i Statens naturopsyn (SNO), medrekna lokale rovvilktakta og anna engasjert feltpersonell, kan bruke snøskuter i dei tilfella der det er naudsynt, for å løysa prioriterte oppgåver, knytte til bestandsregistrering og skadedokumentasjon. Bruk av snøskuter under fellingsoppdrag er regulert i instruks, fastsett av Miljøverndepartementet for det statlege fellingslaget for uttak av vilt, og skal alltid vera avklåra med Statens Naturopsyn sentralt. For all køyring i samband med dette, skal Statens Naturopsyn eigne retningsliner følgjast.

## ***Skjøtsel***

- ♦ Motorferdsel i samband med skjøtselsoppgåver i regi av forvaltingsstyresmakta, er ikkje søknadspliktig<sup>48</sup>. Det

<sup>46</sup> Øvingsverksemnd for redningstenesta er heimla desse stadene i dei ulike verneforskriftene: Frafjordheiane: §3 , punkt 5.3, bokstav a, SVR: Kap. IV, punkt 5.3, bokstav a, Steinsbuskardet-Hisdal: Kap. IV, punkt 4. I Dyraheio, Kvanndalen, Holmevassåno, Lusaheio og Vormedalsheia skal slike saker handsamast etter §48 i naturmangfaldlova.

<sup>47</sup> Oppsyn, utrykking m.v er heimla desse stadene i dei ulike verneforskriftene: Dyraheio og Kvanndalen: Kap. IV, punkt 4.2, Holmevassåno: Kap. V, punkt 1, Lusaheia og Vormedalsheia: Kap. V, punkt 1, Frafjordheiane: §3, punkt 5.2, bokstav a, SVR: Kap. IV, punkt 5.3, bokstav a, Steinsbuskardet-Hisdal: Kap. IV, punkt 4.

<sup>48</sup> Skjøtsel er heimla desse stadene i dei ulike verneforskriftene: Dyraheio og Kvanndalen: Kap. IV, punkt 5, Holmevassåno: Kap. V, punkt 1,

gjeld også når til dømes grunneigarar utfører skjøtsel på eigen eigedom i regi av forvaltingsstyresmakta.

- ♦ Motorferdsel i samband med kalking, prøvefiske, fiskeutsetting, tynningsfiske osv., er søknadspliktig.

## ***Motorferdsel på vatn og vassdrag***

- ♦ I Kvanndalen, Dyraheio, Lusaheia, Vormedalsheia landskapsvernombåda, og i Holmevassåno biotopverneområde, er motorferdsel på vatn og vassdrag forbode. Det kan søkast om løyve til slik motorferdsel på vatn som er større enn 2 km<sup>2</sup>.
- ♦ I Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernombåde og Steinsbuskardet-Hisdal biotopverneområde, er ikke motorferdsel på vatn og vassdrag regulerte av verneforskrifta. Her gjeld bestemmingane i §4, i lov om motorferdsel i utmark og vassdrag, der motorferdsel på vatn mindre enn 2 km<sup>2</sup>, er forbode. Ein eventuell dispensasjon må difor bli gjeven av dei aktuelle kommunane. På grunn av ferdelsforbodet, er motorisert ferdsl på dei delane av Bossvatn som inngår i Steinsbuskardet-Hisdal biotopverneområde, forbode.

### **2.4.4 Tiltak**

- ♦ Verneområdestyret vil utarbeide god informasjon til publikum om gjeldande retningsliner og søknadsrutinar.
- ♦ Det skal kvart år utarbeidast eit oversyn over talet på aktive motorferdselsløyve, talet på nye løyve, og kor mange av dei innvilga løyva/turane som faktisk har blitt brukt.
- ♦ Om villreinstamma på nytt tek i bruk delar av verneområda, der reinen har vore borte dei siste 20 åra, kan verneområdestyret vurdere å avgrense, eller trekke attende, motorferdselsløyve i desse områda.
- ♦ Verneområdestyret vil i samarbeid med Politiet og SNO, auke innsatsen for å hindre ulovleg motorferdsel.

### **2.4.5 Vurdering av samla belastning og andre miljørettslege prinsipp**

Kunnskapsgrunnlaget når det gjeld omfanget av motorferdsel i verneområda, blir vurdert som godt (nml §8). Forvaltingsstyresmakta held nøye kontroll med talet på motorferdselsløyve, kvar dei er gjevne, og kva for transportbehov det blir gjeve løyve til. Kunnskapen om reinstamma i området er relativt omfattande, og det finst ein del kunnskap om villreinen, og korleis han reagerer på forstyrring frå motorferdsel (Strand m.fl. 2010). I store delar av verneområda er den samla belastninga frå motorferdsel og annan ferdsl relativt avgrensa, og ikkje så omfattande at det er snakk om alvorlege og systematiske forstyrningar av villrein og rovfugl. Samstundes finns det sårbarer område, der den samla belastninga blir vurdert å vere nær ei kritisk grense. Dette gjeld særleg i viktige trekkområda.

Lusaheia og Vormedalsheia: Kap. VII, Frafjordheiane: §3, punkt 5.2, bokstav a, SVR: Kap. IV, punkt 5.3, bokstav a, Steinsbuskardet-Hisdal: Kap. IV, punkt 4.



DNT-skilt ved Brokke-Suleskardvegen.

råde for villrein, som Steinsbuskardet, Holmevassåno og Vardevatnet-Kvislevassnuten. Den samla belastninga (nml § 10) blir i all hovudsak ikkje påverka av retningslinene for motorferdsel, ettersom dei aller fleste retningslinene omtalar og regulerer eksisterande aktivitet. Dei nye retningslinene, for prøveordninga om bruk av helikopter til ettersanking av sau, og bruk av helikopter og andre motorkøyretøy for henting av sjuke, skadde og daude husdyr, vil heller ikkje medføre ein nemneverdig auke i motorferdsel, ettersom dette er ordningar som berre kan nyttast i sjeldne naudstilfelle. Retningslinene om ei avgrensa opning for søknadar om bruk av helikopter til henting av felt villrein, vil kunne medføre ein del motorferdsel, og dermed auka belastning. Samstundes er bruken av den eksisterande ordninga i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapssvernemråde så avgrensa, at denne auken i motorferdsel blir vurdert til å bli liten. I same retning peikar resultata frå ei tidlegare prøveordning, med henting av felt villrein med helikopter i Dyraheio. Ingen av landingspunktene som inngår i prøveordninga, ligg nærmere registrerte villreintrekk enn 500 m, og det er ikkje registrert hekkelokalitetar for rovfugl i nærleiken av dei aktuelle landingsplassane.

Auken i den samla belastinga, på bakgrunn av dei nye retningslinene, blir difor vurdert til å vere relativt små, og ikkje så stor at han kjem i strid med verneverdiar og verneformål. I tillegg kjem ein eventuell auke i motorferdsel tidleg på hausten, då skadeverknadane ved forstyrring av villrein og rovfugl er relativt små. Retningslinene medfører heller ikkje auka motorferdsel, i særleg sårbare område for villreinen.

Sjølv om nokre av retningslinene kan føre til ein mindre auke av den samla belastninga, vurderer likevel verneområdestyret dei føreslegne retningslinene, som det beste alternativet (nml § 12). Når det gjeld retningslinene for ettersanking og henting av sjuke og skadde beitedyr, bør omsynet til dyrevelferd vektleggast, når dei negative konsekvensane for verneverdiar og verneformål er svært små. Omsynet til dei store avstandane blir vurdert som så viktige,



Bykle fjellstyre si hytte ved Grjotdokki.

at det kan opnast for ei mindre utviding av den strengt regulerte ordninga for bruk av helikopter, for uthenting av felt villrein.

Forvaltingsstyre makta gjennomfører også ei fortløpende vurdering av kva for transportbehov som best vil kunne løysast med helikopter, og når snøskuter er det beste alternativet.

## 2.5 Jakt, fiske, ferdsel og turisme

### 2.5.1 Noverande bruk

Det er lang tradisjon for bruk av verneområda til jakt, fiske og friluftsliv. Stavanger turistforening bygde den første turisthytta, og merkte dei første løypene, så tidleg som i 1893, og turistforeiningane har sidan vore ein heilt sentral aktør i friluftslivet og reiselivet i verneområda. Det er no opparbeid eit omfattande nettverk av jakt- og fiskehytter, turisthytter og merkte løyper, som er knytte til denne verksemda. Stavanger turistforening (STF) og Den Norske Turistforening (DNT Sør), har til saman 29 turisthytter innanfor, og 11 hytter rett utanfor verneområda. Desse hyttene hadde i 2014 nær 20.000 overnattingar. Det er også eit omfattande løpenett knytte til desse hyttene, både sommar og vinter. Statskog og Fjellstyra i Hjelmeland, Suldal og Bykle, har til saman 25 hytter i verneområda, som i hovudsak blir nyttta i samband med jakt og fiske. I 2013 hadde desse hyttene om lag 6000 overnattingar. I tillegg kjem Friluftsgården på Mån, som tilhører Jæren friluftsråd. Her var det til saman 1000 overnattingar i 2013.

Fleire stader i verneområda har ein omfattande trafikk av dagsturistar. Her skil særleg Kjerag og Mån/Månafossen i Frafjordheiane seg ut, med 40.000 besøkande til Kjerag, 120.000 til Månafossen, og 20.000 til Mån kvart år. Det er også ein del dagsturisme ut frå rastepllassen ved Håhidervatnet, og andre stadar langs Brokke-Suleskardvegen.

Friluftsliv og naturoppleving er eit gode for ålmenta, og er eit viktig bidrag til folkhelse og trivsel. Verneområda blir mykje nytta til friluftsliv, både av lokalbefolkinga og av tilreisande frå inn- og utland. Mykje av friluftslivet i området skjer i samband med eit godt utbygd rute- og hyttenett, som blir drifta av ansvarsfulle aktørar som Stavanger turistforening, DNT Sør og Statskog. Aktivitetane til turistforeiningane fører også til lokal verdiskaping. Berekningar som er gjennomførde av Østlandsforskning (Vasaasen og Ericsson 2011), viser at verksemda til turistforeiningane har lokaløkonomiske effektar til om lag 30 millionar kroner kvart år.

Jakt og fiske har svært lange tradisjonar i verneområda. Først som matkjelde for folk i bygdene rundt, og etter kvart meir og meir som fritidsaktivitet, både for tilreisande og lokalbefolking. I dag er det eit godt tilbod for både storvilt- og småviltjakt i verneområda. Mange aktørar, både offentlege og private, sel jaktkort. I 2014 vart det gjeve fellingsløyve på til saman 1591 villrein. Av desse vart det felt 347 dyr, noko som utgjer ein fellingsprosent på 21.8. Kvart år blir det også selt mange jaktkort for småvilt. Det er ikkje gjennomført berekningar av dei samla verdiane av jakta, men det er snakk om relativt store verdiar, både i samband med utleige av jakt, og utleige av hytter. Det er mykje som tyder på at potensialet for verdiskaping i samband med jakt, langt frå er utnytta.

Det er mange gode fiskevatn i verneområda. Delar av området blei hardt råka av sur nedbør, men mange fiskebestandar er no etablerte på nytt. Tidlegare utsettingar av canadisk bekkerøye, utsettingar av aure, og generelt betre vasskvalitet, gjer at mange fjellvatn no har gode fiskebestandar. Mange aktørar, både offentlege og private, sel fiskekort, og medlemskap i STF gjeld som fiskekort i store delar av området. Det finst ikkje nøyaktig statistikk over talet på selde fiskekort i verneområda. Det er heller ikkje gjennomført utrekningar av dei samla verdiane av fiskeresursane.

Ferdsel i samband med jakt, fiske og friluftsliv er for det meste uorganisert, men både turistforeiningane, fjellstyrha og Statskog har organiserte aktivitetar i verneområda, slik som fellesturar, ungdomsturar og opplæringsjakt. Kvart år arrangerer STF og DNT Sør, om lag 20 fellesturar i verneområda. Desse turane har til saman om lag 300 deltagarar. Det er også ein del døme på årvisse arrangement som samlar mykje folk. Dette gjeld mellom anna Dægevasstreffet, fellesturar til Lordehytta, og Pyttentreffet. Anna organisert ferdsel har fram til no hatt lite omfang, sjølv om det har vore døme på at organiserte grupper har operert i verneområda. Dette gjeld til dømes nokre BASE-hoppgrupper, som har halde til på Kjerag.

Det finst ein del preparerte skiløyper i verneområda. Fleire av desse har lange tradisjonar, og var godt etablerte før områda vart verna. Desse løypene har ein kanaliserande

effekt, og kan i nokre høve vere gunstige når det gjeld å avgrense forstyrring av villrein.

Per 2014 blir følgjande skiløyper oppkøyrd, anten med trakkemaskin eller snøskuter (sjå og temakart, vedlegg 7.1.2):

<b>Løype</b>	<b>Verneområde</b>	<b>Km i verneområdet</b>
Høgaleite-Øyarvatnet	Frafjordheiane, Gjesdal	13 km
Dægevassløypa	SVR, Sirdal	8 km
Storenos 1 og 2	SVR, Bykle	3 km og 6km
Endenløypa	SVR, Bykle	8 km
Tjørnnutløypa	SVR, Bykle	6 km
Knaben-Knaberøysa	SVR, Kvinesdal	4 km
Skoræløypa	SVR, Åseral	8 km
Stigebottsløypa	SVR, Åseral	2 km
Lakkenløypa	SVR, Åseral	2 km
Hovden-Sloaros	SVR, Bykle	11 km
Borteli-Pynten	SVR, Åseral og Bygland	7 km

Fylkesmannen i Aust Agder har, på oppdrag fra Klima- og Miljødepartementet, sett i gong ein prosess for å endre verneforskrifta for Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane. Målet er å få oppkøyring i desse løypene inn i eit punkt i verneforskrifta.

Mindre endringar av eksisterande løypetrasear, og eventuell opprettning av løypetrasear, kan vurderast etter søknad, dersom dei blir lagde til stadar der dei ikkje medfører forstyrring av dyrelivet.

Kommersiell bruk av verneområda, i samband med turisme, har også ein lang tradisjon, sjølv om omfanget dei siste åra har vore lite. I perioden 1904 – 1916 kjøpte Thorvald Meyer Heiberg opp nær 1 million daa hei i Setesdal, Sirdal og Rogaland. Dette området brukte han til kommersiell utleige av jakt. Målgruppa hans var særleg europeiske storviltjegerar som ønskte troføjakt. Resultatet var at ei lang rekke storviltjegerar frå den europeiske overklassen, leigde både villrein- og rypejakt i desse områda. Heiberg var i periodar ein viktig arbeidsgjever i mange bygder, men oppkjøpet hans førte òg til mange konfliktar, med bygdefolk og med turistforeiningane. Etter andre verdskrig overtok staten eigedomen, og grunneigarar er no Statskog. Mange kulturminne står att etter Heibergperioden, ikkje minst mange svært karakteristiske jakthytter. Desse eig no Statskog, men ei av hyttene er også flutt til Sirdal Fjellmuseum, og ei anna hytte er overtaken av Sta-

vanger Turistforening. Statskog leiger også ut hyttene ved Sigurdsheller, til naturbasert reiseliv i regi av ei lokal bedrift.

I dag er det nokre få verksemder innanfor naturbasert turisme som tilbyr aktivitetar i verneområda. Særleg gjeld det Aktiv Villmark Opplevelse, som har hatt verksemd ut frå Sigurdsheller i Sirdalsheiane i mange år, og Eventus AS, som har base i Suldal. Enkelte andre verksemder har også aktivitetar i verneområda, men dette er meir sporadisk. Mange hytteområde og reiselivsbedrifter er plasserte i nærleiken av verneområda. For desse er verneområda ein viktig ressurs.

Verneområdestyret har dei siste åra i gjennomsnitt hand-sama 5 søknadar om ferdsl / arrangement kvart år. Dette dreiar seg i hovudsak om jakthundprøver og ulike idrettsarrangement.

## 2.5.2 Besøksforvalting

Besøksforvalting er ei av dei heilt sentrale arbeidsoppgåvene for verneområdestyret. Besøksforvalting inneber å legge til rette for å styre bruken av verneområda, slik at opplevinga for dei besøkande, og den lokale verdiskapinga, blir størst muleg. Det er viktig at folk flest forstår at vernet trengst. Dette må konkretiserast i ein besøksstrategi med vekt på informasjon og tilrettelegging, særleg i innfallsporslene til verneområda. I utarbeidingsa av ein slik strategi, må ein legge vekt på det arbeidet som alt er gjort i den regionale Heieplanen, i det lokale prosjektet "Frå gråberg til gull", og i nasjonale føringer i Stortingsmeldingar om distrikts- og regionalpolitikk. Ikkje minst må ein tilpassa planane til det arbeidet som no er sett i gong, i direktorat og departement for å utvikle ein nasjonal besøksstrategi, og ein merkevarestrategi. Målsettinga i planarbeidet må heile tida vere ein balanse mellom bruk, vern og verdiskaping, også i dei verna områda.

Verneområdestyret er glad for den omfattande friluftsbruken av verneområda, og ønsker å legge til rette for at denne bruken kan halde fram. Verneområda er ei viktig kjelde for rekreasjon, naturopplevingar, identitet og kontakt med forhistoria, for svært mange menneske. Mange har også sterke band til sin del av heia, og opplever livet i heia som meiningsfullt, og som ei viktig kjelde til livskvalitet. Verneområdestyret ser mange og engasjerte brukarar av verneområda, som viktige allierte i arbeidet med å ta vare på, og fremje verneverdiane.

Ei sentral utfordring for verneområdestyret og andre aktørar, vil vere å sikre at det store fleirtalet av dei besøkande verkeleg får føle stilla, i den naturen dei kjem for å oppleve. Samstundes må ein ta høgde for at meir bruk og aktivitet, til dømes innanfor fotturisme og reiseliv, aukar krava om betre komfort og tilrettelegging. Likevel er det eit grunnleggande prinsipp i arbeidet med besøksforvaltinga, at dersom det er motstridane målsettingar, mellom å ta vare på verneverdiane på den eine sida, og tilrettelegging for

dei besøkande og lokal verdiskaping på den andre, så skal det å ta vare på verneverdiane vege tyngst.

Ein ventar ein gradvis auka i ferdsl, og særleg på stader der det allereie er mange besøkande. Dette gjeld både mål for dagsturar og for turisthytter, som er lett tilgjengelige frå veg. Dette stiller verneområdeforvaltinga og samarbeidsaktørane over for vanskelege utfordringar. Auka krav til tilrettelegging og standard på overnattingstilbod og løypenett, vil også føre med seg meir motorferdsel og anna verksemd, som vil opplevast som uønskt forstyrring av mange. Inne i dei sentrale delane av verneområda, ventar ein at nedgangen i ferdselet vil halde fram. Mellom anna har bruken av turisthyttene rundt Blåsjø, hatt ein gjennomsnittleg besøksreduksjon på om lag 40% mellom 1990 og 2010.

Også når det gjeld jegerar og fiskarar er det stadig fleire som ønsker høgare standard på overnatting, og lettare tilkomst til jaktområda. Verneområdestyret er innforstått med at det er behov for ei viss modernisering av bygningar, som blir brukte i samband med jakt og fiske. I prosessen med forvaltingsplanen har det også kome innspel, om auka tilgang til bruk av helikopter for transport av felt villrein. Det har vidare kome ønske om høve til å bruke helikopter til transport av proviant m.m., i samband med jakt. Verneområdestyret har forståing for desse behova, men tradisjonen med ei enkel jaktutøving, står framleis sterkt i våre område. Dette inneber at hovudregelen framleis blir at proviant må berast inn, og jaktutbyttet berast ut. Det må også understrekast at persontransport ikkje er tillate etter verneforskrift og motorferdsellova. Persontransport kan berre vurderast når det er snakk for varig rørslehemma.

Den omfattande friluftsbruken fører i nokre høve til konfliktar med verneverdiane. Eit døme på dette er når fotturistar, skituristar og jegerar uroar villreinen, og hindrar han i å bruke viktige trekk- og beiteområde. Det er også døme på mindre konfliktar mellom ulike grupper friluftsbrukarar.

Som overordna forvaltingsmynde, har verneområdestyret ei viktig oppgåve med å finne løysningar og tiltak som kan dempe brukarkonflikta, og redusere presset på verneverdiane. Verneområdestyret legg stor vekt på at tiltak skal vere basert på oppdatert kunnskap, og at både vitskapleg og erfaringsbasert kunnskap, skal vere ein del av grunnlaget, når avgjersler blir tekne. Gode døme på forskingsprosjekt i verneområda, er det nyleg avslutta GPS-merkeprosjektet, og det nyleg oppstarta oppfølgingsprosjektet, som særleg skal sjå på kva for innverknad ferdsl har på områdebruken til villreinen.

Verneområdestyret er positivt innstilt til at verneområda kan nyttast til næringsutvikling og lokal verdiskaping, av aktørar innanfor landbruk og reiselivsnæring. Samstundes må det understrekast at aktuelle tiltak og verksemd, ikkje kan vere i strid med verneformål og verneverdiar. Verneområdestyret vil oppmode aktørar, som planlegg verksemd i

verneområda, om å ta kontakt for naudsynte avklaringar så tidleg som råd i prosessen.

Verneområdestyret bør legge til rette for at naturbasert reiseliv kan utvikle seg og vekse. Med naturbasert reiseliv meiner ein verksemeld som brukar oppleving av naturen som råstoff for reiselivsproduktet, utan at naturverdiane blir skadelidande. Det er likevel viktig å vere tydeleg på at vernet også set sine grenser, slik at ein ikkje skaper urealistiske forventingar. Dette er ein vanskeleg balansegang, som gjev forvaltingsstyretemakten mange utfordringar. Ofte vil ikkje sjølv aktivitetane, som til dømes guida turar, vere problematisk i høve til verneverdiane, men tilhørande motorferdsel og bygningstiltak kan vere problematiske. Aktivitetar som er tenkt gjennomført i dei sentrale leveområda til villreinen, i viktige trekk- og kalvingssoner, eller i område der ein på anna vis, lett kan kome i konflikt med dei sentrale måla i verneforskriftene, må verneområdestyret vurdere særleg nøye, og følgje ei restriktiv linje. I desse områda er det vanskeleg å gje generelle retningslinjer for kva for tiltak som kan tillatast, men verneområdestyret ønsker å gå i dialog med potensielle aktørar, for å undersøke om det er råd å finne løysingar, som både tek vare på verneverdiane og reiselivsinteressene.

Ved sentrale innfallsportar, og i mindre sårbarer delar av verneområda, er verneområdestyret i utgangspunktet positive til verksemeld knytt til naturbasert reiseliv, dersom den planlagde aktiviteten ikkje er i strid med verneverdiane og verneformål. Særleg gjeld dette guida turar, og andre typar aktivitetar, som kan formidle kunnskap om naturtilhøve, kulturminne og verneverdiane.

## 2.5.3 Forvaltingsplan for fisk

I tidsrommet 2004-2006 arbeidde ei gruppe, nedsett av verneområdestyret, med ein forvaltingsplan for fisk i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernombord. Forvaltingsplanen for fisk var ferdig i 2006, og vart godkjend av verneområdestyret i styresak 67/06. Formålet med planen er å avklare, og få til gode strategiar for forvaltinga av fiskeressursane, innanfor ramma av vernet, for dei mange aktørane som har ansvar og oppgåver knytte til vassdraga. Planen inneholder ei skildring av naturgrunnlag, fiskebestandar og fisketradisjonar i dei ulike vassdraga. Planen går gjennom utfordringane knytte til forvaltinga av fiskeressursane, og munnar ut i konkrete mål, strategiar og tiltak. Mål, strategiar, retningsliner og tiltak i forvaltingsplanen for fisk, er framleis gjeldande, og blir i liten grad påverka av den nye forvaltingsplanen. Forvaltingsplanen for fisk ligg ute på SVR sine nettsider, og heile planen kan lesast der<sup>49</sup>.

Ei oppsummering av mål, strategiar og tiltak i forvaltingsplanen for fisk, finst i vedlegg 7.2.

49 <http://www.nasjonalparkstyre.no/svr/Planer-og-publikasjoner/Forvaltingsplan/>

## 2.5.4 Forvaltingsmål

- ♦ Ferdsl i verneområda skal ha eit omfang som ikkje medfører systematisk forstyrring av villreinen og andre artar, eller som på annan måte skadar verneverdiane, eller er i strid med verneformålet.
- ♦ Informasjonen til brukarane av verneområda, skal ha eit omfang, og ein kvalitet, som sikrar god kunnskap om verneverdiane, naturtilhøve og kulturminne, og som sikrar mot åtferd som kan skade verneverdiane.
- ♦ Tilretteleggingstiltaka i turløyper i verneområda, skal ha eit tilstrekkeleg omfang, og utførast på ein slik måte, at ein unngår at slitasje og forstyrningar utgjer alvorlege trugsmål mot verneverdiane og verneformål.
- ♦ Ressursane til informasjons- og tilretteleggingstiltak, skal prioriterast på ein slik måte at ein oppnår størst muleg effekt, i høve til å ivareta og fremje verneverdiane og verneformål.
- ♦ Verneområdestyret ønsker god dialog med aktørar innanfor naturbasert reiseliv, og med dei som arbeider med lokal verdiskaping, slik at verksemda kan utviklast innanfor rammene for vern.
- ♦ Verneområdestyret ønsker å leggje til rette for naturoppbleving og friluftsliv for funksjonshemma på eigna stader, som til dømes ved Brokke-Suleskardvegen og andre stader med grei tilkomst.

## 2.5.5 Retningsliner for ferdsl

### Generelle retningsliner

- ♦ All ferdsl skal skje omsynsfullt i høve til naturmiljøet og brukarane.
- ♦ Fri ferdsl til fots i utmark etter friluftslova, skal vere hovudregelen i landskapsvernombord. I biotopverneområda, og i kjende trekk- og kalvingssoner for villrein, vil ferdsl kunne regulerast.
- ♦ I ferdselforbodssona<sup>50</sup> i Steinsbuskardet-Hisdal biotopverneområde, må ferdsl følgje merkt løype heile året. I trekksonene<sup>51</sup> for villrein i Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiane landskapsvernombord, er all ferdsl utanom kvista løype forboden i tidsrommet 15. april – 25. mai, mens ferdsl som ikkje følgjer kvista løype, er forboden mellom 25. april og 31. mai i kalvingssonene. Alle kvistar skal takast ned i sonene etter desse datoane. Dersom påska eit år kjem seinare enn desse datoane, kan kvistane stå til 3. påskedag for å sikre trygg ferdsl. All ferdsl i ferdselforbodssona, og i trekk- og kalvingssoner i restriksjonsperiodane, er søknadspliktig.
- ♦ Elles i verneområda er uorganisert jakt, fiske og vanleg turgåing til fots eller på ski, ikkje søknadspliktig. Jakt og

50 Ferdselforbodet utanom merka løype er heimla i verneforskrifta for Steinsbuskardet-Hisdal biotopverneområde, kapittel IV, punkt 2.1.

51 Ferdselforbodet utanom kvista løype i trekk og kalvingssoner er heimla i verneforskrifta for Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernombord, kapittel IV, punkt 4.2.

- fiske skal utøvast i samsvar med retningslinene i viltlova og innlandsfiskelova.
- ♦ Vanleg turverksem i regi av turistforeiningar, skular, barnehagar og ideelle lag og foreiningar, er ikkje søknadspliktig, sjølv om ferdsla er organisert. Det er meldeplikt dersom det blir organisert turar der ein må rekne med at det blir meir enn 35 deltagarar. Store grupper kan medføre ulepper for både naturmangfaldet, grunneigarar og andre brukargrupper, og meldeplikta vil kunne gjere det muleg for forvaltingsstyresmakta å nå ut med informasjon og dempe konfliktar. Turen må meldast til forvaltingssekretariatet seinast ei veke før han skal gjennomførast. Organisert ferdsel i sentrale område for villreinjakt, bør unngåast etter 20. august.
  - ♦ Anna organisert ferdsel (ikkje motorisert), som guida turar og liknande, er heller ikkje søknadspliktig, derom ferdsla ikkje er til skade for naturmiljøet og andre brukarar. Forvaltingsstyresmakta vil i tvilstilfelle avgjere kva for ferdsel som kan vere til skade for natur og andre brukarar, og som difor er søknadspliktig.
  - ♦ Arrangørar av større, organiserte arrangement<sup>52</sup>, som til dømes idrettsarrangement, jaktprøver, store teltleirar, kjentmannsturar, skredøvingar og militærøvingar, må søke forvaltingsstyresmakta om løyve til arrangementet / ferdsla. Faste arrangement vil kunne få fleirårige løyve. Det er ikkje naudsynt å søke om løyve dersom gruppa består av mindre enn 10 personar, og aktiviteten ikkje medfører motorisert ferdsel. I Lusaheia, Vormedalsheia og Frafjordheiane vil slike arrangement uansett ikkje vere søknadspliktige, så lenge ferdsla skjer til fots eller på ski (jfr. Naturmangfaldlova, §77 som visar til §36).
  - ♦ Verneområdestyret vil vere restriktive med å gje løyve til skadeleg organisert ferdsel og større arrangement, der ferdsla kan ha negativ innverknad på verneverdiane, eller kan komme i konflikt med andre brukarinteresser. Ein bør vere restriktiv med å gje dispensasjon til slik aktivitet, viss dei kjem i konflikt med mellom anna:
    - viktige funksjonsområde for villrein
    - hekke- og hiområde for raudlista artar
    - område som er sårbare for slitasje
    - område med viktige nærings- eller friluftsinteresser.Ved eventuelle løyve, kan det bli aktuelt å stille vilkår i forhold til avlysing, områdebruk, tider på året/døgnnet, storleik på gruppene m.v. Forvaltingsstyresmakta skal orientere søkarar om plikta til å innhente løyve frå grunneigar.
  - ♦ Miljødirektoratet kan i særskilte tilfelle, og berre gjennom eiga forskrift, innføre ferdelsforbod i delar av området. Denne regelen vil berre unntakvis kunne bli aktuell for mindre og avgrensa område, der ferdsel måtte bli ein direkte trussel mot verneverdiane. Verneområdestyret kan likevel sette i verk tiltak, dersom det av omsyn til vernet, er ønskeleg å redusere ferdsel i einskilde område. Vedlikehald av eksisterande merkte løyper er normalt ikkje søknadspliktig, men verneområdestyret kan nekte slikt vedlikehald, dersom ein finn det naudsynt av omsyn til vernet.

## Retningsliner for løyper

- ♦ Etablering av nye løyper, omlegging av eksisterande løyper, utlegging av erosjonsvern og bygging av bruer er søknadspliktige<sup>53</sup>. Verneområdestyret ønsker å ha ein dialog i forkant av søknader om dispensasjonar til slike tiltak. Slike tiltak må også ha godkjenning av grunneigar, og tiltakshavar har ansvaret for å innhente slik godkjenning.
- ♦ Løpenettet skal leggjast slik at det blir liten konflikt med verneomsyn, og i særleg grad ikkje kjem i konflikt med områdebruken til villreinen. Før etablering av nye sommar- eller vinterløyper, må ein undersøke nøy om tiltaket vil kunne ha negativ innverknad på verneverdiane. Viss løyper kjem i konflikt med eitt eller fleire av punkta nedafor, bør ein ikkje gje løyve til etablering:
  - område som er viktige i høve til villreintrekk, kalving og vinterbeite.
  - område som er viktige funksjonsområde for raudlisteartar.
  - område der det er registrert sjeldne plantesamfunn.
  - område som er så uframkomelege, eller så fuktige at det må gjerast store inngrep for å få ein akseptabel standard på stien.
- ♦ Vedlikehald av eksisterande, merkte løyper og bruer er ikkje søknadspliktig. Dette gjeld også gamle ferdselstegn i samband med støling, jakt og ferdsel mellom bygdene.
- ♦ Merking og kvisting skal skje etter DNT si merkehandbok. Ein må likevel ta lokale omsyn, som til dømes at ein nyttar låge vardar ("nøddingar"), slik det er tradisjon for i området. Så langt som råd skal ein følgje tradisjonelle ferdelsårer, og ta omsyn til kulturminne (klopper, vadestinar, bruer, vardar og liknande). Bruken av raudmåling må avgrensast så mykje som råd.
- ♦ Ved avvikling/omlegging av merkte løyper, må vardar og malingsmerke fjernast. Gamle vegmerke må ikkje øydeleggjast.
- ♦ Sykling og organisert bruk av hest, er berre tillate på vegar eller trasear som er fastlagde gjennom forvalting-

52 At større organiserte arrangement er søknadspliktig er heimla desse stadene i dei ulike verneforskriftene: Kvanndalen og Dyraheio Kap. IV, punkt 4.1, Holmvassåno Kap. VI, punkt 5, Lusaheia Kap. IV, punkt 3, Vormedalsheia Kap. IV, punkt 4, Frafjordheiane §3, punkt 4.2, SVR Kap. IV, punkt 4.1, Steinbuskardet-Hisdal Kap. IV, punkt 2.3

53 At etablering av nye turløyper m.v. er søknadspliktig er heimla desse stadene i dei ulike verneforskriftene: Kvanndalen og Dyraheio Kap. IV, punkt 1.3, bokstav f, Holmvassåno Kap. VI, punkt 3, Lusaheia Kap. IV, punkt 3, Vormedalsheia Kap. IV, punkt 4, Frafjordheiane §3, punkt 1.3, bokstav c og d, SVR Kap. IV, punkt 1.3, bokstav c, Steinbuskardet-Hisdal Kap. IV, punkt 1.3, bokstav c

splanen<sup>54</sup>. Restriksjonane gjeld ikkje sporadisk bruk av ridehest eller kløvhest.

- Verneområdestyret vil opne for bruk av sykkel på følgjande trasè:  
Øydgardstølen – Kjerag, frå og med tursesongen 2016.  
Sjå temakart i vedlegg 7.1.5, for nærmere lokalisering av traséen.

## **Retningslinjer for tiltak og aktivitet i samband med naturbasert reiseliv**

- Nye bygningar, og større faste installasjonar knytte til naturbasert reiseliv, er ikkje heimla i verneforskriftene. Verneområdestyret vil kunne vurdere eventuelle søknadar etter §48 i naturmangfaldlova. Ein heilt naudsynt føresetnad for dispensasjon, er at tiltaket ikkje er i strid med verneverdiar og verneformål.
- Ombygging og utviding av eksisterande bygningar, som skal nyttast i samband med naturbasert reiseliv, vil kunne vurderast etter dei same heimlane som blir nyttta for utviding av landbruksbygg og fritidshytter (sjå fotnote 24).
- På nærmere vilkår vil det kunne bli gjeve løyve til mindre og mellombels installasjonar, som til dømes taubruer, rapellfeste og liknande.
- Ferdsel til fots i samband naturbasert reiseliv, er søknadspliktig i Steinsbuskardet-Hisdal biotopvernområde, Holmevassåno biotopverneområde, og i trekk- og kalvingssoner i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvvernområde. I andre delar av verneområda er ikkje slik aktivitet søknadspliktig.
- Motorferdsel i samband med naturbasert reiseliv er ikkje heimla i verneforskriftene. Verneområdestyret vil kunne vurdere eventuelle søknadar etter §48 i naturmangfaldlova.

## **2.5.6 Tiltak**

- Verneområdestyret ønskjer å utarbeide ein besøksstrategi for alle verneområda. Denne skal, mellom anna, innehalde ein plan for informasjon og tilretteleggingstiltak i verneområdet generelt, og for alle viktige innfallsportar spesielt. I dette arbeidet vil ein legge vekt på tidlegare prosjekt i SVR, og nasjonale prosjekt for besøksforvalting og tilrettelegging.
- Verneområdestyret vil yte aktiv hjelp, slik at det blir arbeidd ut eigne tiltaksplanar for viktige funksjonsområde for villreinen, der det er stor menneskeleg aktivitet. Dette gjeld særleg for området mellom Blåsjø og

Svartevassmagasinet, og områda langs Brokke-Suleskarvegen.

- Verneområdestyret vil yte aktiv hjelp, slik at kunnskapen om verneverdiar og brukarinteresser i verneområda, blir så god som muleg. Dette vil skje både gjennom å samle og systematisere eksisterande kunnskap, og eventuelt innhente ny kunnskap. All aktuell kunnskap om verneområda vil bli gjort tilgjengelege på nettsida til verneområdestyret, [www.svr.no](http://www.svr.no)
- Verneområdestyret vil halde årlege dialogmøte med turistforeiningane, friluftsråda og Statsskog, for å halde oversikt over planane for løpenettet, og anna verksemd som fellesturar, motorferdsel og bygningar.
- Verneområdestyret vil halde årlege dialogmøte med representantar for reiselivsnæringa.
- Ettersom det å følgje merkt løype er avgjerande for om ferdsel er lovleg eller ikkje nokre stader i verneområda, vil dei ulike merkte løypene, og grensene for forbodssonene, bli vist på temakart i vedlegg 7.1.1. Desse temakarta vil bli gjort tilgjengelege for ålmenta på nettsider og som oppslag på turisthytter m.v.

## **2.5.7 Vurdering av samla belasting og andre miljørettslege prinsipp**

Kunnskapsgrunnlaget i samband med ferdsel og verksemd knytte til jakt, fiske, ferdsel, friluftsliv og turisme, blir vurdert som relativt godt (§8). Det finst god statistikk for bruken av hyttene til Statsskog og turistforeiningane, og SVR har gjennomført eigne registreringar av bruken av løpenettet. Ytterlegare registreringar av bruken av løyper og hyttenett, og ferdsel på og ut frå Brokke-Suleskardvegen, er gjennomførde i samband med det nye GPS-merkeprosjektet. Det er også gjort registreringar av ferdsel på anleggsvegane ved Blåsjø, og inn til Urevatn. Når det gjeld oversikta over bruken av verneområda i samband med dagsturar, jakt og fiske, er den mangelfull for nokre område. Det manglar også fullstendig statistikk for sal av jakt- og fiskekort.

Den samla belastninga (§10) vil ikkje auke som følgje av retningslinene for jakt, fiske, ferdsel, friluftsliv og turisme. Ingen av retningslinene fremjar auka verksemd, ferdsel eller motorferdsel, på ein måte som kan kome i strid med verneverdiar og verneformål. Utbygginga av permanente bruer på utsette kryssingspunkt på løpenettet til turistforeiningane, medfører auka motorferdsel i byggeperioden, men reduserer den årlege ferdelsen i samband med utlegging og inntaking av brudekket. Sjølv om bruene er eit permanent inngrep, har forvaltingsstyresmakta vurdert desse inngrepa til å ha mindre skadeverknad enn den systematiske forstyrringa ferdsel tidleg på sommaren og sein haust har (§12).

54 At sykling og organisert bruk av hest berre er tillate på vegar eller trasear som er fastlagt gjennom forvaltingsplanen er heimla desse stadene i dei ulike verneforskriftene: Frafjordheiane §3, punkt 4.3, SVR Kap. IV, punkt 4.3. I dei andre verneområda er det ikkje nokon særskilt heimel som regulerer bruken av sykkel og hest, men for Lusaheia vil ei slik regulering vere heimla i Kap. IV, punkt 3 og i Vormedalsheia vil ei slik regulering vere heimla i Kap. IV, punkt 4.



Karakteristisk landskap i Lusaheia.

### 3. Forvaltinga av dei ulike verneområda

I dette kapittelet vil det bli gjeve ein omtale av dei ulike verneområda, og forvaltinga av desse. Omtalen vil innehalde ei kort beskriving av grenser, eigedomstilhøve, landskap og bruk av området i dag. For ei meir detaljert beskriving av naturtilhøve og kulturhistorie, blir det vist til nettsidene til verneområdestyret, [www.svr.no](http://www.svr.no). Omtalen innhold ei vurdering av dei viktigaste verneverdiane, og eventuelle trugsmål mot desse. Det blir gjeve ei beskriving av verneforskriftene sine retningslinjer for dei viktigaste brukarinteressene, og vurderinga til forvaltingsstyrestrukta av tilstanden i verneområda, og forvaltingsutfordringane framover.

#### 3.1 Lusaheia landskapsvernombård

Lusaheia landskapsvernombård i Hjelmeland kommune vart oppretta i 1991, og har eit areal på 122 km<sup>2</sup>. Formålet med vernet av Lusaheia er, etter verneforskrifta, kapittel III, "å ta vare på eit særmerkt og vakkert høgfjellslandskap som inneheld sjeldsynte og sårbare naturelement." Dette verneformålet skil seg dermed frå verneformålet til dei fleste av dei andre landskapsvernombårdene, med ei sterkare vektlegging av verdiane knytte til landskapet, og eit noko mindre fokus på villrein og andre verdiar, knytte til det biologiske mangfaldet.

##### 3.1.1 Områdebeskriking

###### Avgrensing og eigedomstilhøve

I vest går grensa for Lusaheia landskapsvernombård på kanten ned mot Grasdalen, mens nordgrensa går rett austover mot sørden av Blåsjømagasinet. Austgrensa følgjer fylkesgrensa mot Aust-Agder og sørover, mens sørgrensa følgjer kommunegrensa mot Forsand, vestover til Nilsebu. Stølsdalen og Grasdalen ligg som ein korridor mellom verneområda i Vormedalsheia og Lusaheia, og er ikkje tatt med i landskapsvernombårdet, på grunn av dei omfattande inngrepa som har skjedd i samband med Ulla-Førre utbygginga.

Namnebruka kan verke forvirrande, sidan det ikkje er geografisk heilt samanfall mellom namnet Lusaheia, slik det blir brukt lokalt, og slik det blir brukt på landskapsvernombårdet. Lusaheia landskapsvernombård omfattar, i tillegg til Lusaheia, også Auråhorten, Storådalen, Sandkleivheia, Kileheia og Oddeheia, som alle ligg heilt, eller delvis innanfor Lusaheia landskapsvernombård.

Lusaheia landskapsvernombård omfattar til saman 11 gards- og bruksnummer, fordelt på tre store "sameiger". Hjelmeland statsallmenning omfattar dei sentrale høgfjellsområda nord for Storådalen, i tillegg til området Auråhorten, lengst søraust i verneområdet. Grasdalen, Storådalen

og Futen sameige, omfattar områda i Storådalen, og dei delane av landskapsvernombordet som ligg rett aust for Grasdalen. Nilsebu sameige omfattar områda sør for Storådalen, frå Nilsebuvatnet i vest til fylkesgrensa i aust.

## Landskap og inngrep

I Naturtyper i Norge, (NiN) tilhøyrer Lusaheia hovudtypen Ås- og fjelltopplandskap, og landskapstypen er småkupert høgfjellslandskap.

I all hovudsak er Lusaheia eit høgfjellsplatå som ligg mellom 1000 og 1100 moh. Unntaket er den markerte Storådalen, som delar høgfjellsområdet i to. Storådalen går i nordaustleg retning frå Nilsebuvatnet, og dalbotnen ligg om lag 800 moh. Mykje av landskapet vi finn i dag, blei forma under og like etter siste istid. Arbeidet til isen har ført til at det meste av høgfjellsplatået er eit snauslipt, bortimot vegetasjonslaust landskap. Mange stadar er snaufjellet overstrødd med store og små flytteblokker. Det er dette landskapet som er opphavet til namnet Lusaheia.

Sjølv om Lusaheia i all hovudsak framstår som urørd, er det gjort ein del inngrep i området. I samband med Ulla-Førre utbygginga, er Vatn 1066 regulert 22 m. Det er bygt to demninger i sørrenden av vatnet, og vatnet renn no til Årdals-Krymlevatn, og vidare til Blåsjø. Dette medfører redusert vassføring i Storåna, og nede i Storådalen er det bygt tre tersklar for å heve vasspegelen.

Når det gjeld bygningar står det ei turisthytte på Eidavatn, to driftshytter ved Verhidler i Storådalen, og to mindre hytter, som blir nytta i samband med jakt, ved Krymleosen og i Kvildal.

## Bruken av Lusaheia i dag

Eidavatn tilhøyrer Stavanger turistforening, og er den einaste turisthytta i Lusaheia. I tillegg går store delar av dei merkte turistløypene Eidavatn-Grasdalen, Eidavatn-Nilsebu, og Eidavatn-Litle Aurådal gjennom verneområdet. Eidavatn har dei siste åra hatt om lag 210 overnattingar, fordelt på 10 i vintersesongen og 200 i sommarsesongen. Nilsebu turisthytte ligg rett på utsida av verneområdet, men besökande på hytta bruker Lusaheia til dagsturar. Nilsebu har dei siste åra hatt om lag 850 overnattingar, fordelt med 350 i vintersesongen og 500 i sommarsesongen. Bruken av turisthyttene i Lusaheia ser ut til å ha vore relativt stabil dei siste 30 åra.

Lusaheia har vore eit viktig område for storvilt- og småviltjakt, men dei siste åra har det ikkje vore villreinjakt i Hjelmeland statsallmenning. Frå 2013 og tre år framover, er det heller ikkje småviltjakt i statsallmenningen. Denne fredinga omfattar også delar av dei private områda i Lusaheia.

Det er per 2014 gjeve åtte løye for snøskuter i Lusaheia. Eit av dei gjeld transport til hytta Stavanger turistforening har med Eidavatn, eit gjeld transport til hyttene Hjelmeland

fjellstyre har, og eit er gjeve til Norsk Folkehjelp. I tillegg kjem fem løye som gjeld transport i samband med beitebruk. Av desse gjeld fire løye transport i Storådalen, mens eit gjeld for Vassrauområdet lenger sør. Dei siste tre åra er det i snitt gjeve to helikopterløye i Lusaheia kvart år.

## 3.1.2 Verneverdiar og trugsmål

Verneformålet for Lusaheia landskapsvernombordet er "å ta vare på eit særmerkt og vakker høgfjellslandskap som inneholder sjeldsynte og sårbare naturelement". Verneverdiane i Lusaheia er dermed særleg knytte til to tilhøve. Det eine er det særmerkte og relativt urørde høgfjellslandskapet ein finn i store delar av landskapsvernombordet, mens det andre er knytta til funksjonen Lusaheia har som leveområde for villreinstamma i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane villreinområde, der villreinen er det klart mest framtredande, sårbare naturelementet i området. Av desse to verneverdiane må ein, med utgangspunkt i ordlyden i verneformålet, sjå på verdiane knytte til landskapet som den viktigaste.

Det er ikkje muleg å identifisere store trugsmål mot verneverdiane som er knytt til landskapet. I den Kongeleg resolusjonen i samband med opprettinga av verneområdet, er det opna for bygging av ytterlegare seks driftshytter Lusaheia. Ei realisering av desse vil føre til nær ei dobling av talet på bygningar i området, men det samla omfanget av fysiske inngrep i Lusaheia, vil framleis vere svært avgrensa. Det eksisterer også planar om mindre inngrep i samband eit kraftutbyggingsprosjekt ved Årdals-Krymlevatn.

Det er ikkje muleg å peike på forhold inne i sjølve Lusaheia, som utgjer alvorlege trugsmål mot Lusaheia sin funksjon som leveområde for villreinstamma. Dei siste åra, med lita villreinstamme, har området i hovudsak vore nytta som beiteområde for mindre bukkeklokkar, både sommar og vinter. I periodar med større villreinstamme, har området også til ein viss grad blitt nytta av fostringsflokkar. Det er som nemnt få fysiske installasjonar som verkar forstyrrende for villreinen, turistferdsla er svært avgrensa, og det er generelt lite motorferdsel i samband med landbruksdrift, kraftproduksjon og drift av turisthytter. Det er lite som tyder på at noko av dette skal endre seg i tida framover. Kva som skjer lenger aust, i korridoren mellom Blåsjø og Svartevassmagasinet, vil truleg ha langt større innverknad på, i kor stor grad villreinen kjem til å nytte Lusaheia i tida framover.

## Status 2013: Ikkje truga

### 3.1.3 Bevaringsmål, overvakning og kartleggingsbehov

Det ligg ikkje føre planar om bevaringsmål for lokalitetar i Lusaheia i denne forvaltingsplanperioden. Det vil truleg heller ikkje vere behov for større overvakningsprogram eller kartleggingar.



Storådalen.

### 3.1.4 Retningsliner for brukarinteresser

#### Verneregler

Det må ikkje gjerast inngrep som vesentleg kan endre, eller innverke eigenarten landskapet har. I dette medrekna:

- Uttak, utfylling, plassering eller lagring av masse, deponeering av avfall, vegbygging, drenering eller tørrlegging av område, framføring av luftleidningar, oppføring av anlegg og andre innretningar eller bygningar, nydyrkning, skifte av treslag, granplanting og skogreising. Opplistinga er ikkje fullstendig. (Kap. IV, punkt 1).

#### Kraftproduksjon

Reglane i verneforskrifta, kapittel IV, skal ikkje vere til hinder for:

- Vanleg vedlikehald og drift av eksisterande bygningar, kraftliner, kraftverksinstallasjonar, vegar, innretningar m.v., nemde under pkt. IV 1., når dette blir tilpassa landskapet og lokal byggeskikk (Kap. V, punkt 2).

Det går klart fram av verneforskrifta at denne heimelen ikkje omfattar bygging av nye installasjonar.

Heimelen omfattar heller ikkje motorferdsel i samband med drift og vedlikehald. Fram til no har forvaltingspraksisen vore slik at motorferdsla til kraftprodusentane, i samband med drift og vedlikehald av kraftliner og andre installasjonar, ikkje har vore søknadspliktig. Forvaltingsstyresmakta har informert kraftprodusentane om at motorferdsel i Lusaheia er søknadspliktig. Løyve til motorferdsel til slike formål kan bli gjeven for fleire år.

#### Landbruk

Reglane i verneforskrifta, kapittel IV, skal ikkje vere til hinder for:

- Noverande drift av landbruksareala i landskapsvernombordet, herunder oppsetting av gjerde, kve o.l., som er naudsynte for fedrifa i området (Kap. V, punkt 3).
- Vanleg vedlikehald av landbruksbygningar (Kap. V, punkt 2).
- Naudsynt bruk av motorkøyretøy til desse formåla på opparbeidde vegar og i utmark, dersom marka er så

frosen at køyretøyet ikkje gjer nemnande skade, er heller ikkje søknadspliktig (Kap. V, punkt 3).

Verneområdestyret meiner at motorferdsel i samband med oppsetting av saltsteinautomatar og utlegging av saltstein, også kan heimlast i Kap. V, punkt 3, i verneforskrifta.

#### Ferdsel

Etter verneforskrifta, kapittel IV, punkt 3, kan forvaltingsstyresmakta regulere organisert ferdsel og turisme i området, dersom dette er naudsynt av omsyn til villreinen. Nye turistløyper skal godkjennast av forvaltingsstyresmakta.

Arrangement og organisert ferdsel, der ferdsla skjer til fots eller på ski, vil ikkje vere søknadspliktig.

#### Motorferdsel

Motorferdsel i utmark og vassdrag, og landing med luftfartøy, er forbode (Kap. IV, punkt 2).

Reglane i verneforskrifta, kapittel IV, skal ikkje vere til hinder for:

- Gjennomføring av militæreroperativ verksemد og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, sikringsoppsyns- og skjøtselsteneste, i tillegg til forvaltingsoppgåver.
- Naudsynt bruk av motorkøyretøy til drift av landbruksareal på opparbeidde vegar, parkeringsplassar og dyrka mark, og i utmark, dersom marka er så frosen at køyretøyet ikkje gjer nemnande skade (Kap. V, punkt 2).
- Naudsynt transport av mat, utstyr og betjening til og frå turisthytter, med beltekøyretøy på vinterføre, er heller ikkje søknadspliktig (Kap. V, punkt 4).

Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til:

- Motorferdsel i utmark og i vassdrag, og landing med luftfartøy (Kap. VI).

Når det gjeld andre transportbehov enn dei som er heimla direkte i verneforskrifta, kan forvaltingsstyresmakta, etter søknad, gje løyve til motorferdsel i utmark og vassdrag, og landing med luftfartøy (Kap. VI). Dette kan mellom anna omfatte transport av materialar til vedlikehald av bygningar, og transport av brensel og proviant, utover det som kan reknast som vanleg drift av landbruksareala.

Etter søknad kan det gjevast løyve til motorferdsel i samband med drift og vedlikehald av kraftlinjer og andre kraftverksinstallasjonar. Slike løyve kan også omfatte snømålinnar og anna naudsynt verksemد.

#### Bygningar

Reglane i verneforskrifta, kapittel IV, skal ikkje vere til hinder for:

- Vanleg drift og vedlikehald av eksisterande bygningar, når dette blir tilpassa landskapet og lokal byggeskikk (Kap. V, punkt 2).

Omfattande ombyggingar, tilbygg og nye bygningar er ikkje heimla i verneforskrifta. Søknadar om slike tiltak må difor handsamast etter naturmangfaldlova, §48 (sjå kapittel 2.3 for nærmere retningsliner for slike byggetiltak).

I Kongelege resolusjon om vern av Vormedalsheia og Lusaheia av 19. april 1991, kjem det fram at Fylkesmannen i Rogaland, i samråd med grunneigarane, har kome fram til at det kan byggast inntil åtte nye hytter i Lusaheia. Pr 01.01.2014 er to av desse åtte hyttene bygde.

### 3.1.5 Prinsipp for forvaltinga av Lusaheia 2015-2025

Dagens omfang av motorferdsel og anna verksemidi Lusaheia er svært avgrensa, og er i liten grad i strid med verneformål og verneverdiar. Den samla belastninga på naturmangfaldet i verneområdet blir vurdert som svært låg (nml §10). Verneområdestyret ønsker difor å legge opp til ein forvaltingspraksis der talet på motorferdselsløyve ikkje aukar nemneverdig, og der det ikkje blir opna for tiltak som kan endre det urørde preget området har.

Ved eventuelle søknader om bygging av hyttene det blei opna for i Kongeleg resolusjon, vil forvaltingsstyresmakta legge stor vekt på å finne fram til plasseringar som i liten grad kjem i konflikt med verneverdiene. Verneområdestyret finn det naturleg at eventuelle hytter, så langt det er råd, blir lagt ved gamle stølsplassar og leger, eller nær eksisterande bygningar. Eventuelle uthus i samband med slike driftshytter, blir ikkje rekna inn i "kvota" på åtte hytter.

I samband med oppstartsmeldinga til forvaltingsplanen, har det blitt meldt inn planar om å bygge naust for båtane som ligg i vestenden av vatnet i Storådalen.

Statkraft har meldt frå til verneområdestyret at dei arbeider med planar om mindre tiltak i området ved Årdals-Krymlevatn.

Miljødirektoratet har i klageavgjerda for Nilsebu kraftverk<sup>55</sup>, peika på at dette tiltaket endrar karakteren til landskapet på ein slik måte at det er i strid med verneverdiar og verneformål. Her går det også fram at Miljøverndepartementet legg til grunn at etablering av kraftverk, ikkje kan rekna som ei vesentleg samfunnsinteresse, etter naturmangfaldlova, §48. Ein eventuell ny søknad om dette tiltaket, må difor skilje seg vesentleg frå den første søknaden.

### 3.1.6 Tiltak

- Det er truleg ikkje aktuelt med større skjøtselstiltak i Lusaheia dei neste 10 åra.
- Informasjonen om Lusaheia landskapsvernombordet bør oppdaterast, og plakatar bør hengast opp på Nilsebu, Eidavatn og Blåfjellhytta, i tillegg til på

informasjonstavlene på Funningsland, Kleivaland og Førre.

- Det bør utarbeidast ein plan for restaurering av hellerar i Lusaheia.

## 3.2 Vormedalsheia landskapsvernombordet

Vormedalsheia landskapsvernombordet i Hjelmeland kommune vart oppretta i 1991, og har eit areal på 120 km<sup>2</sup>. Formålet med vernet av Vormedalsheia er, etter verneforskrifta, kapittel III, "å ta vare på eit særmerkt og vakkert landskap som gjev eit godt tverrsnitt av Ryfylkenaturen frå fjord til høgfjell, og som inneheld sjeldsynte og sårbare naturelement." Dette verneformålet skil seg dermed frå verneformålet til dei fleste av dei andre landskapsvernombordet, med ei sterkare vektlegging av verdiane knytte til landskapet, og eit noko mindre fokus på villrein og andre verdiar, knytte til det biologiske mangfaldet.

### 3.2.1 Områdebeskriving

#### Avgrensing og eigedomstilhøve

I nord følgjer grensa for Vormedalsheia landskapsvernombordet Jøsenfjorden og Førre, mens ho i aust følgjer kanten ned mot Stølsdalen og Grasdalen. I sør følgjer grensa Norddalen ned til Tysdalsvatnet. Vestgrensa går først rett nordover forbi Øyastølsmyra til Storuroknutane, før ho går mot nordvest til Funningsland. Her følgjer grensa midten av vassdraget ned til Djupedalsvatnet, før ho går nordover til Jøsenfjorden. Stølsdalen og Grasdalen ligg som ein korridor mellom verneområda i Vormedalsheia og Lusaheia, og er ikkje tatt med i landskapsvernombordet, på grunn av dei omfattande inngrepa som har skjedd i samband med Ulla-Førre utbygginga.

Namnebruka kan verke forvirrande, ettersom det ikkje er geografisk heilt samanfall mellom namnet Vormedalsheia, slik det blir brukt lokalt, og slik det blir brukt på landskapsvernombordet. Lokalt blir namnet Vormedalsheia brukt om heiane som tilhøyrer gardane i Vormedalen og på Funningsland, mens Vormedalsheia landskapsvernombordet, også omfattar andre område i vest og sør.

Vormedalsheia landskapsvernombordet omfattar til saman 89 gards- og bruksnummer, og mest alt ligg på privat eigedom. Førre, Vormedalen, Funningsland, Rødlende, Tøtland, Meland, Kleivaland, Ritland, Helgaland, Trodla-Tysdal og Tengesdal er gardane som har mest areal i verneområdet.

#### Landskap og inngrep

##### Landskapet

I Naturtyper i Norge, (NiN) tilhøyrer det meste av Vormedalsheia hovudtypen Ås- og fjelltopplandskap, og landskapstypen småkupert høgfjellslandschap, mens ein mindre del langs Jøsenfjorden tilhøyrer hovudtypen Fjord- og dallandskap, og landskapstypen nedskore fjordlandschap.

55 Brev frå Miljødirektoratet til Nilsebu Kraft, datert 24.05.2013.



Kvivassheia i Vormedalsheia landskapsvernområde.

Den sentrale delen av Vormedalsheia består av eit høgfjellsplatå som ligg om lag 900 moh. Opp frå dette platået stikk det opp fleire markerte toppar, der Midtre Brendeknuten (1133 moh) og Fjellsenden (1102 moh) er dei to høgaste. Mot nord fell dette høgfjellsplatået gradvis ned mot 6-700 moh, før det stupar bratt ned mot Jøsenfjorden og Førre. Mot aust er det også ein bratt kant ned mot Stølsdalen og Grasdalen. I vest omfattar Vormedalsheia ein del lågareliggende skogsområde, ved Ritlandstjørnane og nord for Funninglandsvatnet. I vest finn ein også markerte dalføre inn mot Hegnavatnet og Kvandalsvatnet. I sør omfattar Vormedalsheia dei to markerte dalføra Djupadalen og Norddalen, med Stutaryggen mellom desse.

Dei lågareliggende delane av Vormedalsheia er tydeleg prega av verksemد knytte til støling og anna beitebruk. Her finst mellom anna om lag 15 stølar, i tillegg til på lag 15 utløer, og ei rekke ferdselsvegar. I tillegg finst det om lag 20 fritidshytter i Vormedalsheia. Både stølhusa og hyttene har ein relativt beskjeden storleik, med areal som vanlegvis ligg mellom 20 m<sup>2</sup> og 40 m<sup>2</sup>. Når det gjeld andre bygningar, står det ei turisthytte på Melands-Grønahei, og eit lukehus ved Kviavatnet. Det går dessutan ei om lag 3 km lang kraftline frå Funningsland og opp til ei tidlegare linkhytte på Hausen på Nordheia.

Det er nokre få vegar i Vormedalsheia. Anleggsvegen frå Førre og opp gjennom Stølsdalen, svingar så vidt innom verneområdet, mens det går ein traktorveg inn til Ottestøl, og eit stykke vidare mot Bjørnabu.

Vormedalsheia er berørt av inngrep knytte til Ulla-Førre utbygginga. Vatnet frå Kvivatnet blir overført til Stølsdalen,

slik at Kviåna er tørrlagt ned mot Jøsenfjorden. Vetrungsåna, som normalt renn ned i Stutadalen, er overført til Høyversvatnet, som drenerer ut i Grasdalen. Dette medfører redusert vassføring i Djupadalen og Helglandsåna. I dei øvre delane av Grasdalen, som ligg utanfor verneområdet, er det gjort fleire inngrep, som medfører redusert vassføring i Norddalsåno og Tusso.

#### Bruken av Vormedalsheia i dag

Melands-Grønahei, som tilhører Stavanger turistforening, er den einaste turisthytta i Vormedalsheia. I tillegg går store delar av dei merkte turistløypene Kleivaland-Melands-Grønahei, Melands-Grønahei-Grasdalen, og Funningsland-Grasdalen, gjennom verneområdet. Melands-Grønahei har dei siste åra hatt om lag 580 overnattingar, fordelt på 60 i vintersesongen og 520 i sommarsesongen.

Grasdalen turisthytte tilhører Stavanger turistforening, og ligg i dalføret mellom landskapsvernområda Lusaheia og Vormedalsheia. Grasdalen har dei siste åra hatt om lag 100 overnattingar.

Trodla-Tysdal turisthytte er i privat eige, og ligg rett på utsida av verneområdet, men besøkande på hytta brukar Vormedalsheia til dagsturar. Trodla-Tysdal har dei siste åra hatt om lag 1000-1500 overnattingar i sommarsesongen, i tillegg til om lag 4000 dagsbesøk.

Vormedalsheia har vore eit viktig område for storvilt- og småviltjakt. Dei siste åra har det ikkje vore villreinjakt i Vormedalsheia, men det blir jakta elg og hjort kvart år. Det er også ein del småviltjakt i Vormedalsheia.

Vormedalsheia er eit viktig beiteområde for sau, og i 2013 beitte om lag 2000 dyr i området.

Det blir teke ut ein del skogsvirke i dei lågareliggende delane av Vormedalsheia. Dette gjeld særleg områda på nordsida av Funninglandsvatnet. Det er også konkrete planar om uttak av skog ved Kaldavatnet. Det står større, hogstmogne granskogfelt ved Kaldavatnet og Ritlandstjørnane. Elles blir det teke ut ved til eige bruk fleire stader i verneområdet.

I tidsrommet 1991-2010, då Hjelmeland kommune hadde forvaltingsmynde, vart det gjeve løyve til ni mindre byggetiltak. Desse har ein storleik på 5 m<sup>2</sup>-10 m<sup>2</sup>, enten i form av mindre tilbygg til eksisterande bygningar, eller nybygg i form av små uthus. Etter at verneområdestyret overtok forvaltinga av Vormedalsheia, har det blitt gjeve løyve til eit mindre tilbygg til eksisterande fritidshytte, eit løyve til riving og oppattbygging av uthus, og eit løyve til terrengingrep i samband med vinterveg til Kaldavatnet.

Det er per 01.01.2014 gjeve 16 motorferdselsløyve for snøskuter i Vormedalsheia. Eit av dei gjeld transport til hytta Stavanger turistforening har på Melands-Grønahei, og eit gjeld kjentmannsturar for Hjelmeland Røde Kors Hjelpekorps. I tillegg kjem ti løyve som gjeld transport i samband med beitebruk, og fire som gjeld transport til private hytter. Dei siste tre åra er det i snitt gjeve tre helikopterløyve i Vormedalsheia per år.

## 3.2.2 Verneverdiar og trugsmål

Verneformålet for Vormedalsheia landskapsvernombordet er "å ta vare på eit særmerkt og vakkert landskap som gjev eit godt tverrsnitt av Ryfylkenaturen frå fjord til høgfjell, og som innhold sjeldsynte og sårbare naturelement." Vormedalsheia innhold ei rekke svært verneverdige lokalitetar, og fleire av desse har nasjonal verdi. Verneverdiane i Vormedalsheia er knytte til geologiske og botaniske verdiar, som i høgste grad kan karakteriserast som sjeldsynte og sårbare (Fylkesmannen i Rogaland 1986, Tysse 2002, Søyland m.fl. 2014). Samstundes er også verneverdiane knytte til det særmerkte landskapet svært store.

Dei aller største verneverdiane er truleg knytte til Ritlandskrateret heilt vest i verneområdet. Dei siste åra har det blitt prøva at dette er eit krater etter eit meteorittnedslag. Dermed er dette det andre registrerte meteorittkrateret på det norske fastlandet. I Ritlandskrateret kan ein, som einaste staden i Rogaland, finne fossil. Fossila er om lag 550 millionar år gamle, og kjem frå fire ulike dyregrupper: trilobittar, brachiopoder, hyoliter og svampar (Dahl 1993). Krateret har dei mørke skiferane, som inneheld fossila, fått ligge nærmast urørde gjennom store geologiske omveltingar.

Trollgarden har nasjonal verneverdi. Dette er ein fleire kilometer lang, og svært markert morenerygg, som vart danna

under ein breframstøyt for på lag 6000 år sidan. Trollgarden er tydlegast i området mellom Kvivatnet og nordre Brendeknuten. Her består han av ein opp til 7 meter høg rygg av store grunnfjellsblokker.

Øyastølsmyra er eit eige naturreservat, men ligg delvis innanfor Vormedalsheia landskapsvernombordet. Øyastølsmyra er registrert som slåttemyr, og er dermed ein utvald naturtype. Myra består av ein mosaikk av ulike myrtypar, mellom anna rikmyr, som inneheld fleire sjeldne artar.

Melands-Grønahei er eit variert myrområde, med innslag av terregdekande myr i relativt store område. Terregdekande myr av denne storleiken er sjeldan i Rogaland, og myrane på Melands-Grønahei er regionalt viktige.

I Vormedalsheia finn ein fleire fjellområde med svært rikt planteliv og artar som er sjeldne, også i nasjonal målestokk. Dei viktigaste områda er Skardheia, Austmannahovudet, Stropastøl og Grånibba-Brendeknutane. Her veks mellom anna norsk malurt, skredmjelt og bergjunker, og mange fjellplantar som har sørgrensa si i desse lokalitetane. Skredmjelt veks berre to stader i landet, og den eine av desse ligg i Vormedalsheia. Skredmjelt er oppført som "sterkt truet" (EN) på nasjonal raudliste for artar 2010. Norsk malurt og bergjunker har Vormedalsheia som eit av sine svært få veksestadar i landet, og har status som "sårbar" (VU) og "nær truet" (NT) på nasjonal raudliste. Andre artar som er oppførde som nær truga (NT) i nasjonal raudliste for artar 2010, er fjellnøkleblom, engbakkesøte, nebbstarr og jøkulstarr.

Det er store verneverdiar knytte til det særmerkte landskapet i Vormedalsheia. Spennvidda i landskapselement er svært stor over korte avstandar. Det er berre 5 kilometer frå dei varme og sørvedente rasmarkene og edellauvkogen ned mot Jøsenfjorden, og opp til høgfjellet ved Brendeknutane. I Vormedalsheia finn ein fleire velhaldne og vakre stølsområde. Gode døme er områda ved Vasstøl og Stakkestøl, dalføret frå Ottestøl til Kvanndal, og Bjønnabu og Stråpastøl.

Vormedalsheia har også naturverdiar knytte til funksjonen som leveområde for villreinstamma i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane villreinområde. Dei siste åra har det ikkje vore villrein i Vormedalsheia, men så seint som på midten av 1990-talet, hadde 200-300 dyr fast tilhald i området. Slike randområde er generelt viktige for villreinstamma, i dei åra dyra trekker ned i fjellbjørkeskogen for å finne mat.

**Vormovassdraget**, som er eit svært viktig element i landskapet, blei varig verna mot kraftutbygging gjennom Verneplan II for vassdrag i 1980.

I dag er det ikkje muleg å identifisere store trugsmål mot dei geologiske verneverdiane i Vormedalsheia. Etter kvart som Ritlandskrateret blir meir kjent, vil ein kunne for-



Kyrkjegardsheia.

vente auka ferdsel, men truleg ikkje meir enn det som kan avbøtast med enkle tilretteleggingstiltak.

Det er ingen opplagde trugsmål mot dei rike botaniske områda i høgheia. Beitetrykket frå sau har ikkje blitt større dei siste åra, og ligg truleg på eit akseptabelt nivå. Attgroing er heller ikkje noko trugsmål så høgt over tregrensa. Det blir planlagt eit kartleggings- og overvakingsprogram for dei mest verdfulle lokalitetane, for å sikre at ein oppdagar eventuelle trugsmål mot verneverdiane.

Øystølsmyra har vore prega av attgroing med einer, men omfattande skjøtselstiltak sidan 2011, har opna opp att store delar av området. Skjøtselen vil halde fram til heile området er opna.

Dei stølsområda som ligg under tregrensa, er truga av attgroing. På dei gamle stølsvollane er det innslag av bjørk og einer, og gamle ferdselvegar gror att. På stølane over tregrensa er problemet med attgroing mindre.

Det er ikkje muleg å peike på forhold inne i Vormedalsheia som utgjer alvorlege trugsmål mot funksjonen Vormedalsheia har, som leveområde for villreinstamma. Dei siste åra, med lite villrein totalt sett, blir randområde som Vormedalsheia lite nytta. Kva som skjer lenger aust i korridoren, mellom Blåsjø og Svartevassmagasinet, og kor stor den totale villreinstamma blir framover, vil truleg ha avgjerande innverknad på i kor stor grad villreinen kjem til å nytte Vormedalsheia.

## Status 2013

**Geologiske verneverdiar:** Ikkje truga

**Botaniske verneverdiar:** Ikkje truga/uklar status

**Landskapsmessige verneverdiar:** *Truga. Trugsmåla er særleg knytte til attgroing av stølsområde under tregrensa*

## 3.2.3 Bevaringsmål, overvaking og kartleggingsbehov

Det vil bli utarbeidd bevaringsmål og overvakingsprogram for dei viktigaste lokalitetane for skredmjelt og norsk malurt i løpet av 2014.

Det er behov for å kartlegge biologisk mangfald i liene ned mot Jøsenfjorden og i Norddalen.

### 3.2.4 Retningsliner for brukarinteresser

#### Verneregler

Etter verneforskrifta kan det ikkje gjerast inngrep som vesentleg kan endre eller innverke på eigenarten til landskapet. I dette medrekna:

- ♦ Uttak, utfylling, plassering eller lagring av masse, deponeering av avfall, vegbygging, drenering eller tørrlegging av området, framføring av luftleidningar, oppføring av anlegg og andre innretningar eller bygningar, nydyrkning, treslagsskifte, granplanting og skogreising. Opplistinga er ikkje fullstendig. (Kap. IV, punkt 1).

#### Kraftproduksjon

Reglane i verneforskrifta, kapittel IV, skal ikkje vere til hinder for:

- ♦ Vanleg vedlikehald og drift av eksisterande bygningar, kraftlinjer, kraftverksinstallasjonar, vegar, innretningar m.v., nemnde under pkt. IV 1., når dette blir tilpassa landskapet og lokal bygeskikk (Kap. V, punkt 2).

Det går klart fram av verneforskrifta at denne heimelen ikkje omfattar bygging av nye installasjonar.

Heimelen omfattar heller ikkje motorferdsel i samband med drift og vedlikehald. Fram til no har forvaltingspraksisen vore slik at motorferdsla til kraftprodusentane, i samband med drift og vedlikehald av kraftlinjer og andre installasjonar, ikkje har vore søknadspliktig. Forvaltingsstyresmakta har informert kraftprodusentane om at motorferdsel i Vormedalsheia er søknadspliktig. Løyve til motorferdsel til slike formål kan bli gjeven for fleire år.

#### Landbruk

Reglane i verneforskrifta, kapittel IV, skal ikkje vere til hinder for:

- ♦ Noverande drift av landbruksareala i landskapsvernombådet, herunder oppsetting av gjerde, kve o.l., som er naudsynte for fedrifta i området (Kap. V, punkt 3).
- ♦ Uttak av skog som tilsvavar den årlege tilveksten, og flatehogst der flatene er mindre enn 2 dekar (Kap. V, punkt 3).
- ♦ Vanleg vedlikehald av landbruksbygningar (Kap. V, punkt 2).
- ♦ Naudsynt bruk av motorkøyretøy til desse formåla på opparbeidde vegar og i utmark, dersom marka er så frosen at køyretøyet ikkje gjer nemnande skade, er heller ikkje søknadspliktig (Kap. V, punkt 3).

Verneområdestyret meiner motorferdsel i samband med oppsetting av saltsteinautomatar og utlegging av saltstein, også kan omfattast av dette punktet i verneforskrifta.

Forvaltingsstyremakta kan, av omsyn til særleg sårbare naturområde og viltførekommstar, unnta enkelttre og mindre tregrupper frå hogst (Kap. V, punkt 3).

**Forvaltingsstyremakta kan etter søknad gje løyve til:**

- ♦ Dyrking, oppføring av bygningar til bruk i landbruksdrifta, treslagsskifte, skogreising og anna skogsdrift, ut over det som er tillate etter Kap. V, punkt 3 (kapittel VI, punkt 2).

## Ferdsel

Etter verneforskrifta, kapittel IV, punkt 3, kan forvaltingsstyremakta regulere organisert ferdsel og turisme i området, dersom dette er naudsynt av omsyn til villreinen. Nye turistløyper skal godkjennast av forvaltingsstyremakta.

Arrangement og organisert ferdsel, der ferdsla skjer til fotos eller på ski, vil ikkje vere søknadspliktig.

## Motorferdsel

**Motorferdsel i utmark og vassdrag, og landing med luftfartøy er forbode (Kap. IV, punkt 2).**

Reglane i verneforskrifta, kapittel IV, skal ikkje vere til hinder for:

- ♦ Gjennomføring av militær verksemd, og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern- og sikringsteneste, og oppsyns-, skjøtsels- og forvaltingsoppgåver.
- ♦ Naudsynt bruk av motorkøyretøy til drift av landbruksareal på opparbeidde vegar, parkeringsplassar og dyrka mark, og i utmark, dersom marka er så frosen at køyretøyet ikkje gjer nemnande skade (Kap. V, punkt 3).
- ♦ Naudsynt transport av mat, utstyr og betjening til og frå turisthytter med beltekøyretøy på vinterføre, er heller ikkje søknadspliktig (Kap. V, punkt 4).

Denne heimelen omfattar, slik verneområdestyret meiner, mellom anna transport av saltstein og gjerdematerialar, transport av brensel og proviant til bygningarsom blir nytta i samband med fèdrift. Heimelen omfattar også motorferdsel i samband med uttak av skog og hogst av ved til eige bruk. På bakgrunn av dette, vil motorferdsel med snøskuter i samband med vanleg drift av landbruksareala, ikkje vere søknadspliktig.

Etter verneforskrifta, Kap. IV, punkt 2, skal vegen til Ottestøl vere stengt med bom ved grensa til landskapsvernområdet. Vidare heiter det at vegen skal vera traktorveg, og ikkje bli rusta opp til høgare standard. Grunneigarane i området (gnr. 41 og 42), kan bruke vegen til næringskjøring med traktor, ATV og snøskuter, elles er motorisert ferdsel forbode. Dette inneber at traktorvegen kan vedlikehaldast, men ikkje rustast opp til ein høgare standard enn han hadde på vernetidspunktet.



Ritlandskrateret.

**Forvaltingsstyremakta kan, etter søknad, gje løyve til:**

- ♦ Motorferdsel i utmark og i vassdrag, og landing med luftfartøy (Kap. VI, punkt 1).

Når det gjeld andre transportbehov enn dei som er heimla i verneforskrifta, kan forvaltingsstyremakta, etter søknad, gje løyve til motorferdsel i utmark og i vassdrag, og landing med luftfartøy (Kap. VI). Dette kan mellom anna omfatte transport av materialar til vedlikehald av bygningars, og transport av brensel og proviant, utover det som kan reknast som vanleg drift av landbruksareala.

Etter søknad kan det også gjevast løyve til motorferdsel i samband med drift og vedlikehald av kraftliner og andre kraftverksinstallasjonar. Slike løyve kan også omfatte snømålingar og anna naudsynt verksemd.

## Bygningar

Reglane i verneforskrifta, kapittel IV, skal ikkje vere til hinder for:

- ♦ Vanleg drift og vedlikehald av eksisterande bygningar, når dette blir tilpassa landskapet og lokal byggeskikk (Kap. V, punkt 2).

**Forvaltingsstyremakta kan, etter søknad, gje løyve til:**

- ♦ Oppføring av bygningar til bruk i landbruksdrifta (kapittel VI, punkt 2).
- ♦ Oppføring av enkelte hytter, der det er hytter frå før (kapittel IV, punkt 3).

Verneområdestyret meiner heimelen i kapittel VI, punkt 2, også kan tolkast til å omfatte tilbygg til landbruksbygg. Når heimelen direkte omtalar nybygg i samband med landbruksdrift, er det naturleg at heimelen også kan nyttast i samband med utviding av eksisterande bygg, dersom det kan dokumenterast eit konkret behov for tiltaket. Handsamming av eventuelle dispensasjonssøknader vil skje etter retningslinene for bygg i kapittel 2.3.



Kvanndalen.

Tilbygg til fritidshytter er ikkje heimla i verneforskrifta, slik at eventuelle søknadar må handsamast etter §48 i naturmangfaldlova.

### 3.2.5 Prinsipp for forvalting av Vormedalsheia 2015-2025

Dagens omfang av motorferdsel og anna verksemd i Vormedalsheia er svært avgrensa, og er i liten grad i strid med verneformål og verneverdiar. Den samla belastinga på naturmangfaldet i verneområdet, blir vurdert som svært låg (jf. nml § 10). Verneområdestyret ønsker difor å legge opp til ein forvaltingspraksis der talet på motorferdselsløye ikkje aukar nemneverdig, og der det ikkje blir opna for tiltak, som i nemneverdig grad, kan endre eigenarten til området.

Verneområdestyret kan, etter søknad, vurdere å gje løyve til mindre terrenginngrep, for å betre tilkomsten i samband med transport av hogstvirke på frosen og snødekt mark. Både uttak av skog og motorferdsel i samband med dette, er allereie tillate etter verneforskrifta.

Verneområdestyret vil framover kunne gje løyve til tilbygg til landbruksbygg, dersom konkret behov kan dokumenterast. Etter at vernet vart etablert, har det berre kome ein søknad om nytt landbruksbygg. Verneområdestyret ser heller ikkje for seg mange slike søknadar den neste tiårsperioden, og meiner at behovet for bygg til landbruksdrift, stort sett, kan dekkast gjennom utviding av eksisterande bygg (jfr. nml § 12).

Det har kome ein søknad om ny fritidshytte etter 1991. Ved eventuelle søknader, vil det i samsvar med verneforskrifta, berre bli aktuelt med nye fritidshytter, der det er slike hytter frå før. Dette vil i praksis dreie seg om to område, Stakkstøl og Vassbotn-Botn. Ei grovskisse for mulege hytteområde er plasserte i temakart, vedlegg 7.1.3. På bakgrunn av Miljødirektoratet (tidlegare Direktoratet for naturforvalting) sine konklusjonar i ulike klagesaker, blir andre område med bygningar, ikkje vurderte til å omfatte mange nok fritidshytter frå før. Når det gjeld verneforskrifta si formulering "enkelte hytter", må talet på hytter på dei ulike lokalitetane, avklarast i samråd med grunneigarane og Hjelmeland kommune. Verneområdestyret meiner det ikkje bør byggast fleire enn inntil 1/3 av talet på fritidshytter, som stod på dei aktuelle stadane ved vernetidspunktet. Totalt vil dette dreie seg om 6-8 nye hytter.

### 3.2.6 Tiltak

- I den overordna besøksforvaltinga for alle verneområda, må det inkluderast ein plan for tilretteleggings- og informasjonstiltak i Ritlandsrådet. Området inneholder store verneverdiar og kan potensielt få mange besøkande. Det er difor viktig å få på plass ein infrastruktur som sikrar at aukande ferdsel ikkje skader verneverdiene, men som samstundes sikrar dei besøkande god tilkomst. Oppdatert og lett tilgjengeleg informasjon om verneverdiene til dei besøkande, må også utarbeidast. Det er svært viktig at arbeidet med tilretteleggings- og informasjonstiltak blir samordna i ein besøksstrategi. Verneområdestyret ønsker å delta i dette arbeidet, og

- vil prioritere midlar frå bestillingsdialogen til, både utarbeiding av ein plan, og til konkrete tiltak.
- Skjøtselstiltaka på Øyastølsmyra vil halde fram, til ein har oppnådd å endre status frå truga til ikkje truga. Rydding av vegetasjon vil halde fram i 2013 og 2014. Det vil bli gjennomført mindre tilretteleggingstiltak på turiststien, både i nordenden av myra og ved gapahuken. Frå 2014 vil ein også gjennomføre slått på dei delane av myra som har vore slåtteng tidlegare.
- Verneområdestyret ønskjer å gjennomføre skjøtselstiltak ved dei stølsvollane og ferdselvegane som er sterkest råka av attgroing. Det vil bli gjennomført ei kartlegging av behovet i løpet av 2014. Rydding av stølsvoll og ferdseleveg ved Ottestøl og i Førre, vart sett i gong i 2013.
- Det må utarbeidast bevaringsmål, og ein må etablere eit overvakingsprogram for dei viktigaste, botaniske lokalitetane.
- Informasjonen om Vormedalsheia bør oppdaterast, og plakatar bør hengast opp på Melands-Grønahei, på informasjonstavlene på Funningsland og Førre, og på informasjonstavlene i Hjelmeland sentrum.
- Ei kartlegging av mulege verneverdiar i liene ned mot Jøsenfjorden og i Norddalen, vil bli gjennomført innan 2025.

## 3.3 Kvanndalen landskapsvernombord

Kvanndalen landskapsvernombord med plantelivsfreding, ligg i Suldal kommune, og vart oppretta i 1997. Arealet er på 84 km<sup>2</sup>.

Formålet med vernet av Kvanndalen er, etter verneforskrifta, kapittel III, "å ta vare på eit særmerkt fjellområde med urørt natur, rikt planteliv med m.a. bergjunker, verdifulle stølsvområde og beitelandskap, eldre og nyare kulturminne etter støling, heibeiting, jakt, fiske og fangst. Formålet er også å ta vare på viktige leveområde for villet, spesielt å sikre eit samanhengande fjellområde og delar av livsgrunlaget for den sørlegaste villreinstamma i Europa."

### 3.3.1 Områdebeskrivning

#### Avgrensing og eigedomstilhøve

Nordvest og vest for Kvanndalen, går grensa for verneområdet oppe på nutane, frå Melen (1574 moh) til Trol-laskeinuten (1622 moh) og Ikastenuten (1607 moh). Mot nord går grensa over dei to høgaste toppane i Rogaland, Kistenuten (1648 moh) og Vassdalseggja (1658 moh), før austgrensa går sørover til Fitjanuten (1504 moh) og Endanuten, og vidare sør mot Sandvatnet. Sørgrensa går over Havrevassnibba til Kvanndalsdammen, og opp att til Melen.

Kvanndalen landskapsvernombord omfattar to gardar, fordelt på 6 gards- og bruksnummer, og alt arealet ligg på

privat eigedom. Det opphavlege skiljet mellom gardane Jordebrekka og Nordmork går langs elva gjennom dalen.

#### Landskap og inngrep

I Naturtyper i Norge (NiN), tilhører Kvanndalen hovudtypen Ås- og fjelltopplandskap, og landskapstypen er småkupert høgfjellslandschap.

Sjølv om Kvanndalen er eit naturleg midtpunkt, inneheld Kvanndalen landskapsvernombord meir enn dalen, som har gjeve namn til området. Her finn vi dei tre høgaste fjelltoppane i Rogaland, ein rik flora, viktige trekkevegar for villreinen, og mange kulturminne i samband med ferdsel, stølsvrift og reinsdyrfangst.

Sjølve Kvanndalen er ein relativt slak dal som strekker seg i nordaustleg retning frå Kvanndalsdammen (630 moh), og 10 km inn til Bakkaleger. Her inne stig dalbotnen bratt frå 800 moh til 1000 moh, før han flatar ut 1100 moh, ved vasskilet mot Ståvassdalen. Nordvest for Kvanndalen går det bratt opp frå dalbotnen til nutane, der grensa for verneområdet går, men på austsida av dalføret finn ein også nokre meir småkuperte heieområde, som ved Litledalsfledene og områda rundt dei store vatna, Isvatnet (1301 moh) og Litlavatnet (1101 moh).

Det finst fire stølar der det enno står hus i Kvanndalen. Dette er Fleso, Hidlereberget, Svulanuten og Jensafet. I tillegg finst det fleire gamle stølsplassar med restar etter bygningar. Når det gjeld andre bygningar, står det ei turisthytte med tilhøyrande uthus på Svulanuten, og Norsk Hydro har ei tilsynshytte ved Nedre Djupetjørn. Det står ei jordhytte og eit naust rett nord for Isvatnet, og eit naust aust i Litlavatnet.

Kvanndalen landskapsvernombord er berørt av inngrep i samband med Røldal-Suldal utbygginga. Isvatnet er senka 10 m, og det naturlege utløpet mot nord er stengt med ein terskel. Dette medfører redusert vassføring i Isåna. Ved Nedre Djupetjørn kjem det ut ein overløpstunnel frå Isvatnet, og det er lagt opp ein tipp der hytta til Norsk Hydro står. Om lag 1 km utanfor verneområdet er Kvanndalsåna demd opp, og det kunstige Kvanndalsmagasinet strekker seg innover i verneområdet til Fleso og Takli.

#### Bruken av Kvanndalen i dag

I dag har Stavanger turistforening ei turisthytte ved Svulanuten. Frå denne går det turistruter ut til Kvanndalsdammen, oppetter Kvanndalen til Haukeliseter, og gjennom Skorpeskar til Sandvatn, og vidare til Holmevasshytta eller Bleskestadmoen. Kvanndalshytta har om lag 100 overnattingar i året, og mest alle skjer om sommaren og hausten.

Kvanndalen har ei lang og tradisjonsrik historie knytta til beitebruken, og har blitt rekna som eit av dei beste beiteområda i Rogaland (Foldøy 1988). I dag er Kvanndalen framleis eit viktig beiteområde for sau, og i 2013 beitte om lag 800 dyr i området.



Kvanndalshytta ved Svultanuten.

Kvanndalen har vore eit viktig område for storvilt- og småviltjakt. Det blir jakta på elg og hjort kvart år i dei lågareliggende skogsområda, og i 2013 vart det gjeve 15 fellingsløye for villrein. Det er også ein del småviltjakt i Kvanndalen.

I tidsrommet 1997-2010, då Suldal kommune hadde forvaltingsmynde, kom det ikkje inn søknader om byggetil-tak i Kvanndalen landskapsvernombra. Etter at verneom-rådestyret overtok forvaltingsmynde, har det heller ikkje kome slike søknader.

Det er per 2013 gjeve 3 motorferdselsløye for snøskuter i Kvanndalen. I tillegg kjem køyringa til grunneigarane i samband med landbruksdrift, og køyring i regi av kraft-selskapa. I tidsrommet 2011-2013 er det gjeve eitt helikop-terløye, som omfatta 1 transport.

### 3.3.2 Verneverdiar og trugsmål

Formålet med vernet av Kvanndalen landskapsvernombra er ”å ta vare på eit særmerkt fjellområde med urørt natur, rikt planteliv med m.a. bergjunker, verdifulle stølsområde og beitelandskap, eldre og nyare kulturminne etter støling, heibeiting, jakt, fiske og fangst. Føremålet er også å ta vare på viktige leveområde for viltet, spesielt å sikre eit samanhengande fjellområde og delar av livsgrunnlaget for den sørlegaste villreinstamma i Europa.” Verneverdiene i Kvanndalen er difor særleg knytte til fire ulike tilhøve. Lokalitetane med svært rik botanikk, der særleg førekom-sten av bergjunkeren er viktig, støls- og beitelandskapet, kulturminne knytte til støling og jakt, i tillegg til funksjonen Kvanndalen har som leveområde for villreinstamma i Setes-dal Vesthei-Ryfylkeheiane villreinområde.

Landskapet er truleg den fremste verneverdien i Kvanndalen. Det kan skildrast som dramatisk og kontrast-fullt, med høge toppar med snø og is, bratte fjellsider, og ein grøn og frodig dalbotn (Frøyland-Pallelsen 1987). Dei landskapsmessige verneverdiene er også i stor grad knytte

til støls- og beitelandskapet, og kulturminna frå denne verksemda. Desse finn ein særleg i samband med dei mange stølsvollane som ligg som perler på ei snor innover dalen, frå Fleso til Bakkalegeret. Særmerkt for Kvanndalen er spora etter stordrifta med leigegeiter inne på Jensafeta, frå om lag 1920 (Foldøy 1988). Det finst også ei rekke kulturminne i samband med jakt og fangst av villrein. Det er mellom anna registrert fleire bogestille og dyregraver, der særleg ei på Litledalsfledne er i god stand.

Dei rike botaniske lokalitetane er ein sentral verneverdi i Kvanndalen. Her finn ein også ein liten bestand av bergjunker, som har status som nær truga (NT) i nasjonal raudliste for artar 2010. Bergjunker veks berre nokre få stadar i landet, utanom lokalitetane i Suldal og Hjelme-land. I tillegg til bergjunkeren, er det registrert ei lang rekke sjeldne fjellplantar, som mellom anna kvitkurle og grannsildre, som begge har status som nær truga (NT) i nasjonal raudliste for artar 2010. Dei rikaste lokalitetane finn ein langs Svulanutskora og i Litlevassbotn (Meyer og Botn 1983).

Kvanndalen har store verneverdiar knytte til funksjonen som leveområde for villreinstamma i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane. Det går eit viktig villreintrekk over Litledalsfledne mot Kistenutenden, og over dalen til Djupetjørn. Dei høgareliggende områda i Kvanndalen landskapsvernområde blir årvisst nytta som vinter- og sommarbeite av fleire mindre bukkeklokkar.

Storlom og svartand, som begge har status som nær truga (NT) i nasjonal raudliste for artar 2010, er også observert i Kvanndalen.

På Svulanuten veks det mindre bestandar av gran og berg-furu. Desse vart planta omkring år 1900, og spreiinga er avgrensa. Grunneigar ønsker at bestandane blir tekne vare på som kulturminne.

I dag er det ikkje muleg å identifisere store trugsmål mot dei botaniske verneverdiene i Kvanndalen. Lokalitetane ligg ofte i bratte område, slik at slitasje frå ferdsel, eller beite av sau, ikkje utgjer noko stort problem. Attgroing er heller ikkje noko stort trugsmål så langt over tregrensa.

Verneverdiene knytte til kulturlandskapet i samband med stølsområde, driftleger og ferdelsvegar, er truga av attgroing med bjørk og einer. Dette er særleg eit problem under og like over tregrensa. Ein meir omfattande omtale av desse trugsmåla, mot kulturlandskap og kulturminne finst i kapittel 1.5.

Det er ikkje muleg å peike på tilhøve med bruk og ferdsel, som i dag utgjer alvorlege trugsmål mot Kvanndalen som leveområde for villreinstamma. Alle typar ferdsel er svært avgrensa, og vinterstid er det knapt folk i desse områda, med unnatak av i dei kvista skiløypene i utkanten av området. Om våren er det ein del trafikk frå Haukeliseter opp

til toppen på Vassdalsegga, og denne ferdelsen vil verke forstyrrende på bukkane, som held til i området på denne tida av året.

## Status 2013

**Botaniske verneverdiar:** *Ikkje truga*

**Funksjon som leveområde for villrein:** *Ikkje truga*

**Kulturminne og landskapsmessige verneverdiar:** *Truga. Trugsmåla er særleg knytte til attgroing av stølsvollar og ferdelsvegar under tregrensa*

### 3.3.3 Bevaringsmål, overvaking og kartleggingsbehov

Det ligg ikkje føre planar om å arbeida ut bevaringsmål for nokon av lokalitetane i Kvanndalen i denne forvaltingsplan-perioden.

Det vil bli gjennomført ei kartfesting av dei botaniske lokalitetane, slik at dei kan leggast inn i Naturbase.

Det vil bli gjennomført ei kartlegging av verneverdiar knytte til stølslandskapet i Kvanndalen.

### 3.3.4 Retningsliner for brukarinteresser

#### Verneregler

Etter verneforskrifta må det ikkje gjerast inngrep som vesentleg kan endre eller innverke på det særegne landskapet. I dette medrekna:

- ♦ Oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, veg, parkerings- og rasteplassar, oppsetting av autovern, merking og rydding av stiar og løyper, sprenging, uttak, utfylling eller oppfylling av masse, drenering eller tørrlegging, utføring av kloakk eller andre koncentrerte forureiningstilførsler, framføring av luftleidningar eller røygater, vasstandsreguleringar, plassering av campingvogner, kalking, gjødsling, bruk av kjemiske bekjempningsmiddel e.l. Opplistinga er ikkje fullstendig (Kap. IV, punkt 1.1.a)
- ♦ Nydyrkning, treslagsskifte, granplanting, skogreising og snauhogst er forbode. Det er forbode å felle særmerkte og dekorative tre, gaddar og daude tre, som er med på å prege landskapet. (Kap. IV, punkt 1.1.b).

I tillegg inneholder verneforskrifta følgjande forbod:

- ♦ Bergjunker, og plantesamfunn med denne arten, er verna mot, øydelegging som ikkje følgjer av tradisjonell bruk av området til landbruk, vanleg ferdsel, jakt og fiske (Kap. IV, punkt 2.1).

#### Kraftproduksjon

Reglane i verneforskrifta, punkt 1.1, er ikkje til hinder for:

- ♦ Vanleg vedlikehald av bygningar og andre anlegg, når dette blir tilpassa landskapet, og er i tråd med lokal byggeskikk (Kap. IV, punkt 1.2, bokstav a).
- ♦ Motorferdsel i samband med vanleg vedlikehald og drift av kraftlinjer og installasjonar (Kap. IV, punkt 3.2, bokstav c).
- ♦ Reglane i kap. IV er ikkje til hinder for gjennomføring av Tverrå-prosjektet, i samsvar med konsesjon.

Verneområdestyret legg til grunn at heimelen i Kap. IV, punkt 1.2.a, også omfattar vanleg vedlikehald og drift av eksisterande kraftverksinstallasjonar. Denne tolkinga er i tråd med forvaltingspraksisen som er etablert sidan vernediktaket.

Når tiltaket kan skje utan at det stirr mot formålet med fredinga, kan forvaltingsstyresmakta på nærmere vilkår gje løyve til:

- ♦ Endring, ombygging eller utviding av bygningar og andre eksisterande anlegg (Kap IV, punkt 1.3, bokstav a).
- ♦ Endring, ombygging eller utviding av eksisterande anleggsveg, knytte til kraftproduksjon (Kap IV, punkt 1.3, bokstav g).
- ♦ Naudsynte erosjonssikringstiltak i strandsona langs Sandvatnet (Kap IV, punkt 1.3, bokstav h).

#### Landbruk

Reglane i verneforskrifta, punkt 1.1, er ikkje til hinder for:

- ♦ Vanleg drift av landbruksareala i landskapsvernområdet, som ikkje bryt med verneformålet (Kap. IV, punkt 1.2, bokstav a), herunder oppsetting av gjerde, kve o.l., som er naudsynt for fedrifta.
- ♦ Uttak av skog som tilsvavar den årlege tilveksten, hogstflater som er mindre enn 2 dekar, og som ligg meir enn 40 meter frå kvarandre (Kap. IV, punkt 1.2, bokstav a).
- ♦ Vanleg vedlikehald av bygningar og andre anlegg, når dette blir tilpassa landskapet, og er i tråd med lokal byggeskikk (Kap. IV, punkt 1.2, bokstav a).
- ♦ Vedlikehald av eksisterande stiar og løyper. Forvaltingsstyresmakta kan nekte vedlikehald av eksisterande stiar og løyper når det, av omsyn til formålet med vernet, er ønskjeleg å redusere ferdelsen i einskilde område (Kap. IV, punkt 1.2, bokstav b).

Reglane i verneforskrifta, punkt 3.1, er ikkje til hinder for:

- ♦ Motorferdsel i samband med jord- og skogbruksnæring (jakt, fangst, fiske og bærsanking blir her ikkje rekna som næring), dersom marka er så frosen at køyretøyet ikkje gjer skade (Kap. IV, punkt 3.2, bokstav a).

Når tiltaket kan skje utan at det stirr mot formålet med fredinga, kan forvaltingsstyresmakta på nærmere vilkår gje løyve til:

- ♦ Endring, ombygging eller utviding av bygningar og andre eksisterande anlegg. For restaurering og gjenopp-

føring av bygningar og anlegg med kulturhistorisk verdi, må løye gjevast i samråd med fylkeskonservatoren (Kap. IV, punkt 1.3, bokstav a).

- ♦ Nydyrkning og oppføring av bygningar og anlegg knytta til landbruksdrift, når planane er godkjende av landbruksstyresmakta (Kap. IV, punkt 1.3, bokstav b).
- ♦ Anna skogdrift enn nemnd i Kap. IV, punkt 1.2, bokstav a, når planane er godkjende av landbruksstyresmakta (Kap. IV, punkt 1.3, bokstav c).
- ♦ Bygging av jakt-, fiske- og gjeterbuer som er trengst for å sikre ei god, næringsmessig utnytting av jakt, fiske og andre utmarksressursar (Kap. IV, punkt 1.3, bokstav d).

## Ferdsl og større, organiserte arrangement

Større organiserte arrangement er forbodne (Kap. IV, punkt 4.1).

Reglane i verneforskrifta, punkt 1.1, er ikkje til hinder for:

- ♦ Vedlikehald av eksisterande stiar og løyper. Forvaltingsstyresmakta kan nekte vedlikehald av eksisterande stiar og løyper når det, av omsyn til formålet med vernet, er ønskeleg å redusere ferdsla i einskilde område (Kap. IV, punkt 1.2, bokstav b).
- ♦ Gjennomføring av militær verksemd og tiltak i rednings-, ambulanse-, politi-, brannvern-, oppsyns-, skjøtsels- og forvaltingssamanheng (Kap. IV, punkt 4.2).

Når tiltaket kan skje utan at det strir mot formålet med fredinga, kan forvaltingsstyresmakta på nærmare vilkår gje løye til:

- ♦ Bygging av hytter o.l., som er ein del av turløypenettet i fjellet (Kap IV, punkt 1.3, bokstav e).
- ♦ Etablering av nye stiar og løyper (Kap IV, punkt 1.3, bokstav f).
- ♦ Større, organiserte arrangement i særlege tilfelle (Kap. IV, punkt 4.1).

## Motorferdsel

Motorisert ferdsl i utmark og i vassdrag er forbode. Flyging lågare enn 300 m over bakken og landing er forbode (Kap. IV, punkt 3.1).

Reglane i verneforskrifta, punkt 3.1, er ikkje til hinder for:

- ♦ Motorferdsel i samband med jord- og skogbruksnæring (jakt, fangst, fiske og bærsanking blir her ikkje rekna som næring), dersom marka er så frosen at køyretøyet ikkje gjer skade (Kap. IV, punkt 3.2, bokstav a).
- ♦ Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i rednings-, ambulanse-, politi-, brannvern-oppsyns-, skjøtsels- og forvaltingssamanheng (Kap. IV, punkt 3.2, bokstav b).
- ♦ Motorferdsel i samband med vanleg vedlikehald og drift av kraftliner og installasjonar (Kap. IV, punkt 3.2, bokstav c).

Forvaltingsstyresmakta kan likevel gi løye til motorferdsel i særskilde høve (Kap. IV, punkt 3.1).

Verneområdestyret tolkar dette punktet i forskrifta slik at forvaltingsstyresmakta, etter søknad, kan gje løye til motorferdsel i utmark og i vassdrag, og til landing med luftfartøy til andre transportbehov enn dei som er direkte heimla i verneforskrifta, kapittel IV, punkt 3.2, bokstav a. Dette kan mellom anna omfatte transport av materialar til vedlikehald av bygningar, og transport av brensel og proviant til hytter som er knytte til landbruksdrift.

## 3.3.5 Prinsipp for forvaltinga av Kvanndalen 2015-2025

Motorferdsel og anna verksemd i Kvanndalen, er i dag svært avgrensa, og er i liten grad i strid med verneformål og verneverdiar. Den samla belastinga på naturmangfaldet i verneområdet blir vurdert som svært låg (jf. nml § 10). Verneområdestyret ønsker difor å legge opp til ein forvaltingspraksis der talet på løye til motorferdsel ikkje aukar nemneverdig, og der det ikkje blir opna for tiltak som i nemneverdig grad kan endre karakteren til området. Det er heller ikkje ønskeleg at ferdsl i dei høgareliggande delane av området aukar.

Dette betyr at det framleis vil vere muleg å gje løye til naudsynt transport med snøskuter og helikopter, i samband med landbruksdrift.

Verneområdestyret vil kunne gje løye til ombyggingar og utvidingar av landbruksbygg, dersom konkrete behov kan dokumenterast. Etter at vernet blei etablert, har det ikkje kome søknadar om nye landbruksbygg. Verneområdestyret ser heller ikkje for seg mange slike søknadar den neste tiårsperioden, og meiner at behovet for bygg til landbruksdrift, i hovudsak, kan dekkast gjennom utviding av eksisterande bygg.

## 3.3.6 Tiltak

- ♦ Det må plasserast informasjonsskilt om verneområdet, ved viktige innfallsportar som Kvanndalsdammen, Haukeliseter og Sandvatnet, i tillegg til inne på Kvanndalshytta.
- ♦ Det må utarbeidast ein skjøtselsplan for stølsområda i Kvanndalen.
- ♦ Det bør ryddast vegetasjon på utvalde stølar og ferdselstegar, i samsvar med skjøtselsplanen.



Krokvasstølen.

### 3.4 Dyraheio landskapsvernområde

Dyraheio landskapsvernområde i Suldal kommune vart oppretta i 1997 og har, etter ei mindre utviding i 2010, eit areal på 304 km<sup>2</sup>.

Formålet med vernet av Dyraheio er, etter verneforskrifta, kapittel III, "å ta vare på eit særmerkt fjellområde med urørt natur, rikt planteliv med m.a. bergjunker, verdifulle stølsområde og beitelandskap, eldre og nyare kulturminne etter støling, heibeiting, jakt, fiske og fangst. Formålet er også å ta vare på viktige leveområde for viljet, spesielt å sikre eit samanhengande fjellområde og delar av livsgrunnlaget for den sørlegaste villreinstamma i Europa."

#### 3.4.1 Områdebeskriving

##### Avgrensing og eigedomstilhøve

I sør blir storleiken av Dyraheio landskapsvernområde, langt på veg, bestemt av Blåsjø. Det sørlegaste punktet i verneområdet er Odden, rett nord for Oddatjønndammen. Herfrå går grensa mot nordaust til Skreivassdammen, før ho følgjer strandlinia til Blåsjø, austover til Pøyleåna og fylkesgrensa mellom Rogaland og Aust Agder. Herfrå følgjer grensa for verneområdet fylkesgrensa, og grensa for Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde, forbi Holmavatnet, Austre Kaldefjell, Urdevassnutane og Meien, fram til Storhedernuten. Her forlet grensa for verneområdet fylkesgrensa, og etter utvidinga i 2010, følgjer ho no grensa til Holmavassåno biotopverneområde ned til Sandvatn. Den nye grensa følgjer strandlinia mot sørvest, til

ho kjem inn på den gamle grensa sør for Sandvatn. Nordgrensa for Dyraheio går nordvestover til Hongsutnen, mens vestgrensa går over Kverneheia, Åimjøllo, Dyrskarnuten, Botnanuten, Grunnevassfossen, Kjelkanuten og vidare til Odden.

Dyraheio landskapsvernområde omfattar til saman 29 gards- og bruksnummer, og bortsett frå 87 km<sup>2</sup>, som hører til Suldal statsallmenning, ligg alt på privat eigedom.

Bleskestad, Tufteskog, Vetrhus, Bråteit, Århus, Guggedal, Kjetilstad, Slagstad og Øystad er dei gardane som har mest areal i verneområdet.

##### Landskap og inngrep

I Naturtyper i Norge (NiN), tilhører Dyraheio hovudtypen Ås- og fjelltopplandskap, og landskapstypen er småkupert høgfjellslandskap.

Mykje av Dyraheio er bart fjell, ur og vatn. Eit karrig landskap der ein sparsam vegetasjon klorar seg fast, der det er muleg å få feste. Samstundes er dette eit landskap der kontrastane er store. Felt med næringsrik fyllitt gjer mange fjellsider grøne og frodige, og nokre stadar finn ein reine høgfjellsoasar, med eit eineståande rikt planteliv. På stadar som Strandalen, Raudnuten, Meiadalen og Hongsutnen, veks det fleire sjeldne planter, ei viktig årsak til at Dyraheio vart verna. Høgdeforskjellane er og med på å skape eit variert og kontrastfylt landskap. Høgast tronar Snønuten (1604 moh), som er den sjette høgaste toppen i Rogaland, men også Kringlenuten, Leirnuten og Austre Kaldefjell når



Steinkilen.

nesten opp mot 1 500 moh. Samstundes omfattar Dyraheio nokre av dei finaste stølsområda i Rogaland. Blant desse er den store, vide dalen mellom stølane Bleskestadmoen, Klauskeidmoen og Nystølen. Stølsområda ved Mostøl og Håvestålen ligg utanfor verneområdet, men både dalen nordover med Gaukstøl, Skitstøl og Krokevasstølen, og dalen austover med Jonstøl og Sandvasstølen, ligg innanfor. Det gjer også dalen fra Reinskvelven til Nyastølen, og indre delen av Prostøldalen. I delar av desse områda finn ein også ein frodig fjellbjørkeskog, med nokre innslag av furu.

Det finst fleire relativt store vatn i Dyraheio. Det største av desse er Holmavatnet, med eit areal på om lag 4 km<sup>2</sup>, men også Steinkilevatnet, Austre Kaldevatnet, Midtvatnet, Kringlevatnet og Vestre Kaldevatnet, er relativt store. Dei fleste av vassdraga drenerer vestover, enten mot Suldalsvatnet og Suldalslågen, eller sørvestover mot Ulla. Unnataket er Austre Kaldevatnet, som drenerer austover mot Ormsavatnet og Otra-vassdraget.

Det finst om lag 15 stølar i Dyraheio. I tillegg kjem 11 jakt- og sankehütter, ein del utløer, og 5 gamle jordhytter (Odden 1998). Det finst også 3 fritidshytter i Dyraheio. Både stølshusa og hyttene er relativt små, med eit areal som vanlegvis ligg på 20m<sup>2</sup>-50 m<sup>2</sup>. Når det gjeld andre bygningar, står det turisthytter med tilhøyrande uthus på Bleskestadmoen, Jonstøl, Krossvath og i Stranddalen. I tillegg har Suldal Fjellstyre to hytter i Steinkilen, og ei på Grjotdalsneset.

Dyraheio er berørt av inngrep knytte til Ulla-Førre og Røldal-Suldal-utbyggingane. Det ligg ein betongdam i sørrenden av Vestre Kaldavatn, og vassdraget sørover til Gautevatnet er tørrlagt. Det er også bygt ein terskel i utløpet av Grasdalstjønna. Vatnet fra Vestre Kaldavatn blir ført austover gjennom Vassdalane i ein tunnel, og ein delvis opparbeidd kanal. Denne overføringa fører til at vassføringa ned til Gravetjønn, Krossvatnet og Skorpevadhølen, er større enn normalt. I Skorpevadhølen er det ein betongdam, og ein overføringstunnel til Blåsjø, som gjer at vasstanden fluktuerer i takt med Blåsjø. Skorpevadhølen får

dermed ei omfattande reguleringssone. Nedafor dammen er Storåna tørrlagt ned til Gautevatnet, og det berømte Breidavadet er utan vatn. Det er bygt ein terskel i Storåna, som sikrar ein vasspegel litt nedafor sjølve Breidavadet. Det er vidare bygt ein terskel ved utløpet av Gautevatnet. I samband med Røldal-Suldal-utbygginga, er elva frå Sandvatnet tørrlagt ned til Reinskvelven, og har sterkt redusert vassføring vidare ned forbi Bleskestadmoen.

Vernegrensene lagt slik at ei rekke større inngrep ligg rett på utsida av verneområdet. Dermed har inngrepa i samband med kraftutbyggingane, større innverknad på landskapsbiletet enn det ein kan få inntrykk av, ut frå inngrepa inne i landskapsvernombrådet.

### Bruken av Dyraheio i dag

I dag har Stavanger turistforening framleis ei omfattande verksemد i Dyraheio. Dei har eit godt utbygt rutenett, og sjølvbetjeningshytter ved Krossvatn og på Bleskestadmoen. I tillegg er det reist ei heilt ny sjølvbetjeningshytte på Jonstøl i 2014. I Stranddalen er det bygt opp eit moderne turistanlegg, og den betjente turisthytta er eit svært populært turmål.

Suldal fjellstyre har to relativt nye hytter i Dyraheio; ei på Grjotdalsneset og ei i Steinkilen. Desse hyttene står opne, og blir særleg brukta i samband med jakt og fiske. Området har svært mange gode fiskevatn, og kvar haust blir det jakta både rype og villrein.

Kor mange som brukar Dyraheio i samband med friluftsliv, har ein ikkje sikre tal på, men i 2010 vart det registrert 3100 overnattingar på turisthyttene, og 300 overnattingar på fjellstyrehyttene. I tillegg kjem mange som nyttar Dyraheio til dagsturar. Toppar som Såta og Snønen er godt besøkte både sommar og vinter, og om lag 2000 tek turen inn til Strandalen, for å sjå på det rike plantelivet, eller for å få seg ein komlemiddag. Bruken av Dyraheio er klart størst om sommaren. Dersom ein skal tru på overnatningsstatistiken, skjer så mykje som 85% av bruken i sommarhalvåret.

Dyraheio har alltid vore eit viktig område for storvilt- og småviltjakt. Det blir jakta på elg og hjort kvart år i dei lågareliggande skogsområda, og i 2013 blei det gjeve om lag 100 fellingsløyve for villrein. Det er også ein del småviltjakt i Dyraheio. Frå 2013 og tre år framover, vil det ikke bli rypejakt på områda som ligg i Suldal statsallmenning.

Dyraheio er eit viktig beiteområde for sau, og i 2013 beitte om lag 3000 dyr i området.

Elles blir det teke ut ved til eige bruk fleire stadar i verneområdet.

I tidsrommet 1997-2010, då Suldal kommune hadde forvaltingsmynde, vart det gjeve løyve til 12 ulike byggetak. Det vart også gjeve løyve til oppattbygging av stølshus

i Reinskvelven, på Krokevasstølen, på Prostøl, på Jonstøl og på Bleskestadmoen, i tillegg til bygging av nye jakt- og sankebuer på Pjåkevassheia og i Stranddalen. Vidare vart det gjeve løyve til ombygging av jakt- og sankebuer i Grasdalen og Tjørnarebotn, oppattbygging av hestestallen i Steinkilen, og bygging av nye naust ved Grjotdalsneset og Steinkilen. Det vart også gjeve løyve til bygging av turisthytter på Bleskestadmoen og i Stranddalen. Etter at verneområdestyret overtok forvaltingsmynde for Dyraheio, har det blitt gjeve løyve til bygging av ei turisthytte på Jonstøl, og ei jakt- og sankebu i Kvelven. Det har dessutan blitt gjeve løyve til å endre elveløp på Prostøl og på Bleskestadmoen, for å hindre skadar på bygningar. Dessutan er det gjeve løyve til å bygge tre permanente bruer, i samband med løpenettet til Stavanger turistforening.

Det er per 2013 gjeve 10 motorferdselsløyve for snøskuter i Dyraheio. I tillegg kjem grunneigarkøyring i samband med landbruk, og køyring i regi av kraftselskapa. I 2011 og 2012 vart det i snitt gjeve 3 helikopterløyve, som omfatta 30 transportar i året. I 2013 er det gjeve 6 helikopterløyve, med til saman 128 transportar. Dette høge talet på løyve og transportar skuldast tre omfattande byggeprosjekt, og er ikkje vanleg i Dyraheio.

### 3.4.2 Verneverdiar og trugsmål

Formålet med vernet av Dyraheio landskapsvernombordet er ”å ta vare på eit særmerkt fjellområde med urørt natur, rikt planteliv med m.a. bergjunker, verdifulle stølsområde og beitelandskap, eldre og nyare kulturminne etter støling, heibeiting, jakt, fiske og fangst. Føremålet er også å ta vare på viktige leveområde for viltet, spesielt å sikre eit samanhengande fjellområde og delar av livsgrunnlaget for den sørlegaste villreinstamma i Europa.” Verneverdiene i Dyraheio er derfor særleg knytte til fire ulike forhold. Lokalitetane med svært rik botanikk, der særleg forekomsten av bergjunkeren er viktig, støls- og beitelandskapet, kulturminne knytte til støling og jakt, og funksjonen Dyraheio har som leveområde for villreinstamma i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane villreinområde.

Dei rike botaniske lokalitetane i områda mellom Øvre Moen og Kvelven, er ein av dei aller fremste verneverdiene i Dyraheio. Dette er vaksestaden for ein livskraftig bestand av bergjunker, som har status som nær truga (NT) i nasjonal raudliste for artar 2010, og veks berre nokre få stadar i landet, utanom lokalitetane i Dyraheio og Vormedalsheia. Den rike fjellfloraen i Stranddalen, gjer denne lett tilgjengelege lokalitetene godt eigna og verdifull i undervisningssamanheng. Liknande verdifulle botaniske lokalitetar finn ein også i Hongsнутen, i Raudnuten og i Meiadalen. Utover bergjunkeren er det registrert fem andre plantar med status som nærtruga (NT) i nasjonal raudliste for artar 2010. Dette er jøkelstarr, grannsildre, kvitkurle, ullbakkestjerne og jemtlandsrapp. I tillegg er snøgras med status sårbar (VU) registrert.



Lam ved Smørslagjo.

Det er store verneverdiar knytte til landskapet i Dyraheio. Variasjonen og kontrastane i landskapet er svært stor, frå grøne og frodige oasar i fjelldalane, til høge fjelltoppar med glattskura knausar og store snøfanner. Dyraheio inneholder fleire velhaldne og vakre stølsområde. Gode døme er gryta ved Nystølen og Bleskestadmoen, dalføret frå Gaukstøl til Krokevasstølen, og gryta frå Jonstøl opp mot Sandvatnet og Kykkjesteindalen.

Dyraheio har store verneverdiar knytte til jakt og anna verksem i høgheia. Både i Steinkilen og i Breiavad er det eit unikt bygningsmiljø, med tre generasjonar av jakthytter, bygde i eit tidsrom på vel 100 år. Frå ei jordhytta med steinvegger, som delvis er graven inn i bakken, til moderne jakhytter. I tillegg finst det ei lang rekke hellerar, som har blitt nytta i samband med jakt, beitebruk og ferdsel, og ei handfull dyregravar og jordhytter. I tillegg går det fleire oppvarda ferdselvegar mellom Suldal og Bykle gjennom Dyraheio.

Dyraheio har store verneverdiar knytte til funksjonen som leveområde for villreinstamma i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane. Særleg verdifulle er dei austlegaste delane av Dyraheio, som er eit mykje brukta vinterbeite, for den delen av stamma som held til i dei nordlege områda av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane. Dei lågareliggende delane i vest blir også nytta som vårbeite, og fjellbjørkeskogen i vest vil ha ein svært viktig funksjon som nødbeite i år med mykje snø, eller med sterkt nedising av beita lenger aust.

Til saman fem fugleartar, oppført som nær truga (NT) i nasjonal raudliste for artar 2010, er registrerte i Dyraheio. Det er strandsnipe, bergirisk, storlom, svartand og fiskemåke.

I dag er det ikkje muleg å identifisere store trugsmål mot dei botaniske verneverdiene i Dyraheio. Lokalitetane ligg ofte i bratte område, slik at slitasje frå ferdsel eller beite av sau, ikkje utgjer noko stort problem. Attgroing er heller ikkje noko stort trugsmål så langt over tregrensa.

Verneverdiene knytte til kulturlandskapet i samband med stølsområde, driftleger og ferdelsvegar, er truga av



Jonstølåna.

attgroing med bjørk og einer. Dette er særleg eit problem under, og like over tregrensa. Ein meir omfattande omtale av trugsmåla mot kulturlandskap og kulturminne finst i kapittel 1.5.2.

Kulturminna i høgheia er også truga av forfall. Vardar langs ferdssvegane ramlar ned, og det same gjer lemurane på hellerane. Jordhyttene treng også eit omfattande vedlikehald om lag kvart trettiande år, for ikkje å rase saman.

Det er ikkje muleg å peike på tilhøve som utgjer alvorlege trugsmål mot funksjonen Dyraheio har som leveområde for villreinstamma. I vinterbeiteområda er både motorferdsel og annan ferdsel avgrensa. Det kan forekome lokale forstyrningar i samband med turisthytter og andre populære turmål om våren.

## Status 2013

**Botaniske verneverdiar:** *Ikkje truga*

**Funksjon som leveområde for villrein:** *Ikkje truga*

**Kulturminne og landskapsmessige verneverdiar:** *Truga.*

**Trugsmåla er mest knytte til attgroing under tregrensa, og forfall av kulturminne på grunn av endra bruk**

## 3.4.3 Bevaringsmål, overvakning og kartleggingsbehov

Det vil bli utarbeidd bevaringsmål, og overvakningsprogram for ein av bergjunkerlokalitetane i Strandalen i løpet av denne forvaltingsplanperioden. Det er ein del tråkk som følgje av ferdsel og beitedyr i lokalitetane nær Strandalshytta, og det er viktig å få kunnskap om korleis dette påverkar bergjunkeren.

Det vil bli gjennomført ei kartfesting av dei viktigaste botaniske lokalitetane, for nærmare avgrensing. Resultata skal leggast inn i Naturbase.

Det vil bli gjennomført ei kartlegging av verneverdiar og skjøtselsbehov, knytte til stølslandskapet i Dyraheio.

## 3.4.4 Retningsliner for brukarinteresser

### Verneregler

Etter verneforskrifta må det ikkje gjerast inngrep som vesentleg kan endre eller innverke på eigenarten til landskapet landskapet. I dette inngår:

- ♦ Oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, veg, parkerings- og rasteplassar, oppsetting av autovern, merking og rydding av stiar og løyper, sprenging, uttak, utfylling eller oppfylling av masse, drenering eller tørrellegging, ny utføring av kloakk eller andre koncentrerte forureiningstilførslar, framføring av luftleidningar eller røyrgater, vasstandsreguleringar, plassering av campingvogner, kalking, gjødsling, bruk av kjemiske middel o.l. Lista er ikkje fullstendig (Kap. IV, punkt 1.1. a)
- ♦ Nydyrkning, treslagsskifte, granplanting, skogreising og snauhogst er forbode. Det er forbode å felle særmerkte og dekorative tre, gaddar og daude tre som er med på å prega landskapet. (Kap. IV, punkt 1.1.b).

I tillegg inneholder verneforskrifta desse forboda:

- ♦ Bergjunker, og plantesamfunn med denne arten, er verna mot øydelegging som ikkje følgjer av tradisjonell bruk av området til landbruk, vanleg ferdsel, jakt og fiske (Kap. IV, punkt 2.1).

### Kraftproduksjon

Reglane i verneforskrifta, punkt 1.1, er ikkje til hinder for:

- ♦ Vanleg vedlikehald av bygningar og andre anlegg, når dette blir tilpassa landskapet, og er i tråd med lokal byggeskikk (Kap. IV, punkt 1.2, bokstav a).
- ♦ Vedlikehald av eksisterande anleggsveg, knytte til kraftproduksjon, er tillate utan søknad (Kap. IV, punkt 1.2, bokstav c).
- ♦ Motorferdsel i samband med vanleg vedlikehald og drift av kraftlinjer og installasjonar (Kap. IV, punkt 3.2, bokstav c).

Verneområdestyret legg til grunn at heimelen i Kap. IV, punkt 1.2.a, omfattar vanleg vedlikehald og drift av eksisterande kraftverksinstallasjonar, jamfør ordlyden i Kongeleg resolusjon. Det same gjeld for vedlikehald og drift av eksisterande kraftverksinstallasjonar i verneforskriftene for Lusaheia og Vormedalsheia (Kap. 5, punkt 2). Denne tolkinga er i tråd med forvaltingspraksisen som har blitt etablert sidan vernevedtaket. Det ligg fleire kraftverksinstallasjonar som demningar, bekkeinntak og ventilasjonssjakter inne i verneområdet, og desse har eit visst behov for tilsyn og vedlikehald.

Når verksemda kan skje utan at det strir mot formålet med fredinga, kan forvaltingsstyresmakta på nærmare vilkår gje løyve til:

- ♦ Endring, ombygging eller utviding av bygningar og andre eksisterande anlegg (Kap IV, punkt 1.3, bokstav a).
- ♦ Endring, ombygging eller utviding av eksisterande anleggsvegar, knytte til kraftproduksjon (Kap IV, punkt 1.3, bokstav g).
- ♦ Naudsynte erosjonssikringstiltak i strandsona langs Sandvatnet (Kap IV, punkt 1.3, bokstav h).

## Landbruk

Reglane i verneforskrifta, punkt 1.1, er ikkje til hinder for:

- ♦ Vanleg drift av landbruksareala i landskapsvernområdet, som ikkje bryt med verneformålet (Kap. IV, punkt 1.2, bokstav a). Herunder oppsetting av gjerde, kve o.l., som er naudsynt for fèdrifta.
- ♦ Uttak av skog som tilsvrar den årlege tilveksten, hogstflater som er mindre enn 2 dekar, og som ligg meir enn 40 meter frå kvarandre, vanleg vedlikehald av bygningar og andre anlegg, når dette blir tilpassa landskapet, og er i tråd med lokal byggeskikk (Kap. IV, punkt 1.2, bokstav a).
- ♦ Vanleg vedlikehald av bygningar og andre anlegg, når dette blir tilpassa landskapet, og er i tråd med lokal byggeskikk (Kap. IV, punkt 1.2, bokstav a).
- ♦ Vedlikehald av eksisterande stiar og løyper. Forvaltingsstyresmakta kan nekte vedlikehald av eksisterande stiar og løyper når det, av omsyn til formålet med vernet, er ønskjeleg å redusere ferdsla i einskilde område (Kap. IV, punkt 1.2, bokstav b).

Reglane i verneforskrifta, punkt 3.1, er ikkje til hinder for:

- ♦ Motorferdsel i samband med jord- og skogbruksnæring (jakt, fangst, fiske og bærskanking blir her ikkje rekna som næring), dersom marka er så frosen at køyretøyet ikkje gjer skade (Kap. IV, punkt 3.2, bokstav a).
- ♦ Motorferdsel for å transportere ut sjuke/skadde dyr, i medhald av lov om dyrevelferd. Køyretøy som blir brukte, skal vere skånsame mot markoverflata. Det skal gjevast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet i forkant av køyringa (Kap. IV, punkt 3.2, bokstav d).

Når verksemda kan skje utan at det strir mot formålet med fredinga, kan forvaltingsstyresmakta på nærmere vilkår gje løye til:

- ♦ Endring, ombygging eller utviding av bygningar og andre eksisterande anlegg. For restaurering og gjenoppføring av bygningar og anlegg med kulturhistorisk verdi, må løye bli gjeve i samråd med fylkeskonservatoren (Kap. IV, punkt 1.3, bokstav a).
- ♦ Nydyrkning og oppføring av bygningar og anlegg knytte til landbruksdrift, når planane er godkjende av landbruksstyresmakta (Kap. IV, punkt 1.3, bokstav b).
- ♦ Anna skogdrift enn nemnd i Kap. IV, punkt 1.2 bokstav a, når planane er godkjende av landbruksstyresmakta (Kap. IV, punkt 1.3, bokstav c).

- ♦ Bygging av jakt-, fiske- og gjeterbuer, som trengst for å sikre ei god næringmessig utnytting av jakt, fiske og andre utmarksressursar (Kap. IV, punkt 1.3, bokstav d).

## Ferdsel og større, organiserte arrangement

Større organiserte arrangement er forbodne (Kap. IV, punkt 4.1).

Reglane i verneforskrifta, punkt 1.1, er ikkje til hinder for:

- ♦ Vedlikehald av eksisterande stiar og løyper. Forvaltingsstyresmakta kan nekte vedlikehald av eksisterande stiar og løyper når det, av omsyn til formålet med vernet, er ønskjeleg å redusere ferdsel i einskilde område (Kap. IV, punkt 1.2, bokstav b).
- ♦ Gjennomføring av militær verksemd, og tiltak i rednings-, ambulanse-, politi-, brannvern-, oppsyns-, skjøtsels- og forvaltingssamanheng (Kap. IV, punkt 4.2).

Når verksemda kan skje utan at det strir mot formålet med fredinga, kan forvaltingsstyresmakta på nærmere vilkår gje løye til:

- ♦ Bygging av hytter o.l., som er ein del av turløypenettet i fjellet (Kap IV, punkt 1.3, bokstav e)
- ♦ Etablering av nye stiar og løyper (Kap IV, punkt 1.3, bokstav f).
- ♦ Løye til større, organiserte arrangement i særlege tilfelle (Kap. IV, punkt 4.1).

## Motorferdsel

Motorisert ferdsel i utmark og i vassdrag er forbode. Flyging lågare enn 300 m over bakken og landing er forbode (Kap. IV, punkt 3.1).

Reglane i verneforskrifta, punkt 3.1, er ikkje til hinder for:

- ♦ Motorferdsel i samband med jord- og skogbruksnæring (jakt, fangst, fiske og bærskanking blir her ikkje rekna som næring), dersom marka er så frosen at køyretøyet ikkje gjer skade (Kap. IV, punkt 3.2, bokstav a).
- ♦ Gjennomføring av militær operativ verksemd, og tiltak i rednings-, ambulanse-, politi-, brannvern-, oppsyns-, skjøtsels- og forvaltingssamanheng (Kap. IV, punkt 3.2, bokstav b).
- ♦ Motorferdsel i samband med vanleg vedlikehald og drift av kraftliner og installasjonar (Kap. IV, punkt 3.2, bokstav c).
- ♦ Motorferdsel for transport av sjuke/skadde dyr i medhald av lov om dyrevelferd. Køyretøy som blir nytta skal vere skånsame mot markoverflata. Det skal gjevast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet før køyringa (Kap. IV, punkt 3.2, bokstav d).

Køyretøy som er skånsame mot markoverflata, er ATV, med og utan belte, der det ikkje blir nemneverdige køyrespor i terrenget. Det same gjeld bruk av helikopter.

## Forvaltingsstresmaka kan likevel gi løyve til motorferdsel i særskilde høve (Kap. IV, punkt 3.1).

Verneområdestyret tolkar dette punktet i forskrifa, som at forvaltingsstresmaka, etter søknad, kan gje løyve til motorferdsel i utmark og i vassdrag, og til landing med luftfartøy, til andre transportbehov enn dei som er direkte heimla i verneforskrifta, kapittel IV, punkt 3.2, bokstav a. Dette kan også gjelde transport av materialar til vedlikehald av bygningar, og transport av brensle og proviant til hytter.

### 3.4.5 Prinsipp for forvaltinga av Dyraheio 2015-2025

Omfanget av motorferdsel og anna verksemid i Dyraheio er i dag svært avgrensa, og er i liten grad i strid med verneformål og verneverdiar. Den samla belastninga på naturmangfaldet i verneområdet blir vurdert som svært låg, (jf.nml §10). Verneområdestyret ønsker difor å legge opp til ein forvaltingspraksis der talet på motorferdselss-løyve ikkje aukar nemneverdig, og der det ikkje blir opna for tiltak som i nemneverdig grad vil endre området. Det er heller ikkje ønskjeleg at ferdsl i området aukar.

Dette betyr at det framleis vil kunne bli gjeve løyve til naudsynt transport med snøskuter og helikopter, i samband med landbruksdrift, og drift av fjellstyrehytter og turisthytter. Det same gjeld for naudsynt transport til fritidshytter.

Verneområdestyret vil framover kunne gje løyve til tilbygg, både til landbruksbygg og fritidshytter, dersom konkrete behov kan dokumenterast. Etter at vernet blei etablert, har det berre kome fem søknadar om nye landbruksbygg. Verneområdestyret ser heller ikkje for seg mange slike søknadar den neste tiårsperioden, og meiner at behovet for bygg til landbruksdrift i hovudsak kan dekkast ved eksisterande bygg.

Verneområdestyret reknar med at det kan bli behov for ulike tilretteleggingstiltak i områda rundt den nye turisthytta ved Jonstøl. Ei eventuell merking av løyper til toppar som Raudnuten og Snønuten, må avklara i samråd med grunneigarane, Stavanger turistforening, villreinnemnda og Suldal kommune.

### 3.4.6 Tiltak

- Det må plasserast informasjonsskilt ved viktig innfallsportar som Øvre Moen, Kjetilstadlio, Mostøl og Bleskestad.
- Det må utarbeidast skjøtselsplanar for Nystøl-Bleskestadmoen-området og Jonstøl-området.
- Det må utarbeidast bevaringsmål, og etablerast eit overvakningsprogram for dei viktigaste, botaniske lokalitetane.
- Bruken av områda rundt Jonstøl må kartleggast i samband med etableringa av den nye turisthytta.

- Det bør leggast til rette for ein botanisk natursti i Strandalen, som kan informere dei mange besøkande om planteliv og verneverdiar.

## 3.5 Holmavassåno biotopverneområde

Holmavassåno biotopverneområde ligg i Suldal kommune og vart oppretta i 1997. Arealet til verneområdet er på 23 km<sup>2</sup>.

Formålet med vernet av Holmavassåno er, etter verneforskrifta, kapittel III, "å sikre viktige trekkvegar for villreinen i fjellområdet mellom Kvandalen landskapsverneområde og Dyraheio landskapsverneområde."

### 3.5.1 Områdebeskrivning

Holmavassåno biotopverneområde omfattar i hovudsak områda mellom Sandvatnet og Holmavatnet, nordaust i Suldal kommune. Biotopverneområdet blir dermed liggande som eit bindeledd, og ein korridor, mellom landskapsvnområda Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiane og Dyraheio i sør og aust, og Kvandalen landskapsvernombråde i vest.

### Avgrensing og eigedomstilhøve

Sørgrena for Holmavassåno biotopverneområde, følgjer fylkesgrensa mot Aust-Agder på høgdedraget frå Storhedderfjell via Storheddernuten (1402 moh) og Fisketjørn-nuten til Fiskebekk. Den nordaustre avgrensinga følgjer fylkesgrensa mot Telemark, midt ute i Holmavatnet fram til grensa mot Kvandalen landskapsvernombråde, om lag 1 km sørvest for Holmevasshytta. Vestgrensa følgjer høgdedraget over Endanuten, før ho går mot sør over Sandvatnet, og vidare opp til Storhedderfjell.

Holmavassåno biotopverneområde omfattar 2 gards- og bruksnummer. Det aller meste av arealet tilhøyrer Jordebrek, og er privat eigedom, mens Hydro eig eit mindre areal ved Holmavassdammen.

### Landskap og inngrep

Landskapet

I Naturtyper i Norge (NiN), tilhøyrer Holmavassåno hovudtypen Ås- og fjelltopplandskap, og landskapstypen småkupert høgfjellslandskap.

Holmavassåno biotopverneområde er omringa av fleire nutar og høgdedrag som Storheddernuten, Fisketjørn-nuten og Endanuten. I tillegg kjem Gravetjørn-nuten, som ligg sentralt inne i verneområdet. Sentralt ligg også Naustdalen, og dalføret langs sjølve Holmavassåno. Om lag ein fjerdedel av verneområdet er vatn, fordelt på den nordaustre del av Sandvatnet, og den sørlege halvdelen av Holmavatnet.



Holmavassåno.

Holmavassåno biotopverneområde inneholder ei lang rekke automatisk freda kulturminne, og nyare tids kulturminne med betydeleg verneverdi.

Holmavassåno biotopverneområdet er sterkt påverka av Røldal-Suldal-utbygginga. Sandvatnet er regulert 30 m, Holmavatnet er regulert 10 m, og vassføringa i Holmavassåno er sterkt redusert om sommaren. Når Holmavatnet blir tappa om vinteren, har Holmavassåno auka vassføring, og går open. Ved utløpet av Holmavatnet er det bygd to betongdammar, med ei samla lengde på om lag 200 m, og ein mindre betongdam i Naustdalen. Ein anleggsveg langs Sandvatnet og Holmavassåno, er stengd med bom rett aust for demninga på Sandvatnet, av omsyn til villreintrekket. To 300 kV kraftlinjer går gjennom verneområdet nord for Sandvatnet og Holmavassåno, og vidare austover sør for Holmavatnet.

Når det gjeld bygningar i biotopverneområdet, har Hydro eit lukehus og eit betongnaust på  $65\text{ m}^2$  ved Holmavassdammen. Det er to jakt- og fiskehytter på om lag  $50\text{ m}^2$  og  $60\text{ m}^2$  i området, ei i Naustdalen og ei ved Holmavassdammen.

#### Bruken av Holmavassåno i dag

Hytta til Stavanger turistforening, Holmevasshytta, ligg på Fitjaflatene om lag 1 km aust for grensa. Frå Holmevasshytta går turistruta gjennom verneområdet til Sandvatnet. Ei umerkt løype sørover til Sloaros, går også tvers gjennom verneområdet. Om vinteren går både den kvista ruta mellom Sloaros og Holmavasshytta, og den mellom

Holmevasshytta og Bleskestadmoen, over isen på Holmavatnet. Den sistnemnde løypa går vidare gjennom verneområdet langs kraftlinjetraséen, og over isen på Sandvatnet til Sandvassdammen. Holmevasshytta har om lag 800 overnattingar i året, fordelt på 500 om sommaren og 300 om vinteren. På Sloaros er det om lag 700 overnattingar i året. Når det gjeld turistferdsel gjennom Holmavassåno biotopverneområdet, gjekk det i 2013 om lag 150-200 personar langs den umerkte turiststien om sommaren, og om lag like mange følgde den kvista løypa om vinteren.

Holmavassåno inngår i Sandvassbeitet, og har ei over 100 år gammal historie som sommarbeite for sauherd. I dag er Holmavassåno framleis eit viktig beiteområdet for sau, og i 2013 beitte om lag 200-300 sau og lam i området.

Det blir jakta på villrein og småvilt i området, og det blir fiska både med stang og garn i Sandvatnet og Holmavatnet.

I tidsrommet 1997-2010, då Suldal kommune hadde forvaltingsmynde, kom det ikkje inn søknadar om byggetiltak i Holmavassåno biotopverneområdet. Etter at verneområdestyret overtok forvaltingsmynde, har det blitt gjeve løye til å sette opp eit betongnaust ved Holmavassdammen (Hydro).

Det er per 2014 gjeve eit motorferdselsløye for snøskuter i Holmavassåno. I tillegg kjem køyringa til grunneigaren i samband med landbruksdrift, og køyring i regi av kraftselskapa. I tidsrommet 2011-2013, har det ikkje blitt gjeve løye til helikoptertransporta i området.



Sperredammen ved Holmvassåno.

### 3.5.2 Verneverdiar og trugsmål

Verneverdiane i Holmvassåno er knytte til funksjonen området har som trekk-korridor for villreinstamma i Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane.

Om sommaren utgjer biotopverneområdet eit viktig bindeledd mellom områda i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane og Dyraheio landskapsvernombord, og områda i Kvanndalen og Telemark. Både terrengrformasjonar og forstyrningar fra menneskeleg aktivitet lengre vest, gjer Holmvassåno til ein naturleg trekkveg. Om vinteren nyttar villreinen isen på Holmatnet.

Sjølv om trekkvegane i biotopverneområdet framleis blir nytta, er området hardt belasta av tekniske inngrep og menneskeleg aktivitet. Både turistløype, anleggsveg og kraftlinjer vil kunne ha ein barriere-effekt. Dette kan vere ei av årsakene til at fostringsflokkane nesten ikkje har nytta desse områda om sommarane dei siste 20 åra. Eit kraftutbyggingsprosjekt i Tverråa, har blitt fremja, men er for tida ikkje aktuelt.

Hyttebygging i Vinje og Bykle, på nord- og austsida av Holmatnet, vil kunne medføre auka ferdsel gjennom Holmvassåno biotopvernombord, og såleis ha negativ innverknad på verneverdiane.

### Status 2014

Funksjon som trekkområde for villrein: *Truga*.

*Trugsmåla er mest knytte til ferdsel i samband med bruk av anleggsvegen*

### 3.5.3 Bevaringsmål, overvaking og kartleggingsbehov

Det ligg i dag ikkje føre planar om å utarbeide bevaringsmål, eller overvakingsprogram, for lokalitetar i Holmvassåno i denne forvaltingsplanperioden.

Eksisterande data for korleis villreinen nyttar Holmvassåno vil bli systematisert, slik at ein kan danne seg eit bilde av arealbruken. Det kan også bli aktuelt med nye registreringar.

Både motorisert ferdsel og annan ferdsel i biotopverneområde må kartleggast.

### Retningsliner for brukarinteressene

#### Vernereglar

Etter verneforskrifta må det ikkje settast i verk tiltak som kan endre dei naturgevne produksjonstilhøva, gjere livsmiljøet til villreinen ringare, eller hindre villreinen i å trekke gjennom området. Dette gjeld oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, vegar, parkerings- og rasteplassar, oppsetting av autovern, merking og rydding av stiar og løyper, sprenging, uttak eller oppfylling av masse, ny utføring av kloakk eller andre konsentrerte forureiningstilførsler, framføring av luftleidningar / røyrgater, vasstandsreguleringar, plassering av campingvogner, o.l. Opplistingen er ikkje fullstendig. (Kap. IV, punkt 1).

#### Kraftproduksjon

Reglane i verneforskrifta, kapittel IV, er ikkje til hinder for:

- ♦ Vanleg vedlikehald og drift av kraftlinjer og installasjinar (Kap. V, punkt 2).
- ♦ Gjennomføring av Tverrå-prosjektet, i samsvar med konsesjonen (Kap. V, punkt 3).

Når verksemda kan skje utan at det stirr mot formålet med fredinga, kan forvaltingsstyresmakta på nærmere vilkår gje løye til:

- ♦ Endring, ombygging eller utviding av bygningar og andre eksisterande anlegg (Kap VI, punkt 1).

#### Landbruk

Reglane i verneforskrifta, kapittel IV, er ikkje til hinder for:

- ♦ Vanleg drift av landbruksareala i biotopverneområdet, som ikkje bryt med verneformålet, herunder oppsetting av gjerde, kve o.l., som er naudsynt for fedrifta, og vanleg vedlikehald av bygningar og andre anlegg, når dette blir tilpassa landskapet og lokal byggeskikk. Bruk av motorisert framkomstmiddel i utmark er likevel forbode (Kap. VI, punkt 4).
- ♦ Vedlikehald av eksisterande stiar og løyper. Forvaltingsstyresmakta kan nekte vedlikehald av eksisterande stiar og løyper, når det, av omsyn til formålet med vernet, er ønskeleg med redusert ferdsel i einskilde område (Kap VI, punkt 5).
- ♦ Motorferdsel i samband med jord- og skogbruksnæring (jakt, fangst, fiske og bærssanking blir her ikkje rekna som næring), når marka er så frozen at køyretøyet ikkje gjer skade (Kap VI, punkt 6).

Når verksemda kan skje utan at det strir mot formålet med fredinga, kan forvaltingsstyresmakta på nærmere vilkår gje løyve til:

- Endring, ombygging eller utviding av bygningar og andre eksisterande anlegg. For restaurering og gjenoppføring av bygningar og anlegg med kulturhistorisk verdi, må eventuelle løyve gjevast i samråd med fylkeskonservatoren (Kap. VI, punkt 1).
- Bygging av jakt-, fiske- og gjettarbuer som trengst for å sikre ei god, næringsmessig utnytting av jakt, fiske og andre utmarksressursar (Kap. VI, punkt 2).

## Ferdsl og større, organiserte arrangement

Større, organiserte arrangement er forbodne (Kap. IV, punkt 2).

Reglane i verneforskrifta, kapittel IV, er ikkje til hinder for:

- Gjennomføring av militær verksemde og tiltak i rednings-, ambulanse-, politi-, brannvern-, oppsyns-, skjøtsels- og forvaltingssamanheng (Kap. VI, punkt 2).
- Vedlikehald av eksisterande stiar og løyper. Forvaltingsstyresmakta kan nekte vedlikehald av eksisterande stiar og løyper når det, av omsyn til formålet med vernet, er ønskjeleg å redusere ferdsla i einskilde område (Kap. VI, punkt 5).

Når verksemda kan skje utan at det strir mot formålet med fredinga, kan forvaltingsstyresmakta på nærmere vilkår gje løyve til:

- Etablering av nye stiar og løyper (Kap VI, punkt 3).
- Større, organiserte arrangement (Kap. VI, punkt 4).

Etablering av nye stiar og løyper vil berre bli godkjende, dersom tiltaket medfører mindre forstyrring av villreinen i området. Det vil ikkje bli gjeve løyve til større, organiserte arrangement, som kan medføre forstyrring av villreinen i området.

## Motorferdsel

Motorisert ferdsl i utmark og i vassdrag er forbode. Flyging lågare enn 300 m over bakken og landing er forbode (Kap. IV, punkt 3).

Reglane i verneforskrifta, kapittel IV, er ikkje til hinder for:

- Motorferdsel i samband med jord- og skogbruksnæring (jakt, fangst, fiske og bærsanking blir her ikkje rekna som næring), viiss marka er så frozen at køyretøyet ikkje gjer skade (Kap. V, punkt 6).
- Gjennomføring av militær operativ verksemde, og tiltak i rednings-, ambulanse-, politi-, brannvern-, oppsyns-, skjøtsels- og forvaltingssamanheng (Kap. V, punkt 1).

Når verksemda kan skje utan at det strir mot formålet med fredinga, kan forvaltingsstyresmakta på nærmere vilkår gje løyve til:

- Motorferdsel i utmark, og landing med luftfartøy (Kap. VI, punkt 4).

Verneområdestyret tolkar dette punktet i forskrifa som at forvaltingsstyresmakta, etter søknad, kan gje løyve til motorferdsel i utmark og i vassdrag, og til landing med luftfartøy, til andre transportbehov enn dei som er direkte heimla i verneforskrifta, kapittel IV, punkt 6. Dette kan mellom anna omfatte transport av materialar til vedlikehald av bygningar. Vidare til transport av brensel og proviant, når det er større behov enn vanleg, til dømes i samband med landbruksdrift. Av omsyn til villreinen, vil eventuelle motorferdselsløyve bli avgrensa til tider på året då faren for forstyrring er minst muleg.

## 3.5.4 Forvaltinga av Holmavassåno 2015-2025

Om vinteren er omfang av motorferdsel i Holmavassåno i dag relativt avgrensa, men fører likevel med seg forstyrring av villreinen. Om sommaren er ferdsl etter anleggsvegar og turistløyper såpass omfattande, at han kan vere medverkande til at villreinen i liten grad brukar området. På grunn av ferdsl og inngrepa i samband med kraftutbygging, blir den samla belastinga på naturmangfaldet i verneområdet relativt stor (jf. nml §10). Verneområdestyret ønsker difor å legge opp til ein forvaltingspraksis der talet på motorferdselsløyve ikkje aukar, og der det ikkje vert opna for nye turstiar, eller andre tiltak som kan skape hinder for korleis villreinen nyttar biotopverneområdet. Omfanget av ferdsl i området bør også kartleggast, for å undersøke om det ligg på eit slik nivå at det kan ha avgjerande innverknad på områdebruken til villreinen.

Verneområdestyret vil kunne gje løyve til ombyggingar og utvidingar av landbruksbygg og kraftverksinstallasjoner, dersom konkrete behov kan dokumenterast. Etter at vernet blei etablert, har det ikkje kome søknadar om nye landbruksbygg. Verneområdestyret ser heller ikkje for seg mange slike søknadar i den neste tiårsperioden, og meiner at behovet for bygg til landbruksdrift i hovudsak kan dekkast gjennom utviding av eksisterande bygg.

## 3.5.5 Tiltak

- Informasjonsskilt om biotopverneområdet vil bli plasserte på Holmevasshytta og innfallsportane ved Sandvatnet.
- Det vil bli gjennomført registreringar av ferdsla i området. Dette gjeld både motorisert og annan ferdsl langs anleggsvegen, og ferdsl langs dei mest brukte stiane i området.
- Vinje og Bykle vil bli varsle om at ein i medhald av naturmangfaldlova, §49, må ta omsyn til verknadane tiltak på utsida av vernegrensa, kan ha på verneverdiane i Holmavassåno biotopverneområde.



Fidjadalen sett frå Blåfjellenden.

### 3.6 Frafjordheiane landskapsvernombane

Frafjordheiane landskapsvernombane vart oppretta i 2003, og har eit areal på 418 km<sup>2</sup>. Landskapsvernombanet omfattar areal i kommunane Forsand og Gjesdal i

Rogaland, og Sirdal kommune i Vest-Agder. Formålet med vernet av Frafjordheiane er:

- ♦ å ta vare på eit representativt, særprega og vakkert landskap, med bratte fjord- og dalsider via lågheiar opp til glattkurt høgfjell.
- ♦ å ta vare på vatn og vassdrag, viktige leveområde for eit særmerkt plante- og dyreliv, geologiske landskapsformer, samt beite- og stølslandskap med automatisk freda og nyare tids kulturminne.
- ♦ å ta vare på ein særmerkt alm-/lindeskog med stor variasjon, storfrytledominert bjørkeskog, frisk fattigeng, nordvendte berg og urar, og elvar og flaumelvefar med oseaniske mosesamfunn i Røssdalen.

Allmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med litra grad av teknisk tilrettelegging."

#### 3.6.1 Områdebeskriking

##### 1.1.1.1 Avgrensing og eigedomstilhøve

Nordgrensa til Frafjordheiane landskapsvernombane følgjer i hovudsak Lysefjorden vestover frå Lysebotn til Jektajuvet. Ved Flørli og Kallalia går grensa lenger inne,

for å unngå bygningar og regulerte vassdrag. Vestgrensa følgjer i hovudsak kanten av Vinddalen og Espedalen ut til Høgsfjorden. Sørgrensa følgjer først Frafjorden, og kanten av Frafjordalen til Månafossen. Deretter følgjer sørgrensa kanten ned mot Hunnedalen og opp til Hunnevatn, og vidare dalboten fram til Valevatn. Herfrå følgjer grensa nordbreidda av Valevatn fram til Storåna. Austgrensa går først nordover langs Storåna til Tjodanvatn, og vidare ned til Lysebotn.

Frafjordheiane landskapsvernombane omfattar til saman 135 gards- og bruksnummer, og store delar av arealet ligg på privat eigedom. Nedrabø, Øvre Espedal, Frafjord, Bråland, Eikeskog, Fet, Øvstabø, Handeland, Tjørhom og Valevatn er dei gardane som har mest areal i verneområdet.

##### Landskap og inngrep

I Naturtyper i Norge (NiN), tilhører dei indre og høgareliggende delane av Frafjordheiane hovudtype 5, Ås- og fjelltopplandskap, og landskapstype 5, Småkupert høgfjellslandskap. Dei lågareliggende delane tilhører landskapstype 4, Kupert åslandskap. Områda langs Lysefjorden og Frafjorden tilhører hovudtype 3, Fjord- og dallandskap, og landskapstype 3, Nedskåret fjordlandskap.

Frafjordheiane er eit høgfjellsplatå, som er oppdelt i dal- og fjordsystem, danna under og etter siste istid. Isbreane sitt arbeid, og store mengder smeltevatn, har avsett lausmassar i form av terrassar, randmorenar, urer og svære

blokker. Dette har ført til eit dramatisk og variert landskap med djupt nedskorne dalar, som stig gradvis mot meir småkupert høghei i aust.

I dei lågareliggende delane av Frafjordheiane, finn ein eit verdfullt kulturlandskap. Landskapet består av opne beitemarker, og tilhørande bygningar på stølar og nedlagde gardar. Dette landskapet er eit resultat av lang tids bruk, mellom anna i form av beite, hogst og brenning. Framhald av denne utmarksbruken er difor viktig for å ta vare på dette landskapet.

Eit karakteristisk preg ved landskapet i Frafjordheiane, er dei markerte dalføra. Dette gjeld til dømes Røssdalen, med dramatiske former som Fossajuvet og Nordre Dunsen. Også Lysefjorden, med verdskjende element som Prekestolen og Kjeragveggen, og Fidjadalen, med mellom anna Månafossen, den høgaste fossen i Rogaland, er karakterskande område.

Sjølv om Frafjordheiane er prega av fleire kraftutbyggingar, er grensene for verneområdet trekt slik at det er få slike inngrep inne i Frafjordheiane landskapsvernombordet. Det regulerte Låtervikvatnet er omringa av verneområdet, men er ikkje ein del av det, mens dei regulerte Flørli- og Tjodavassdraga, ligg som kilar inn i verneområdet. Verneområdegrensa følgjer det regulerte Valevatn. Om lag 1 km av kraftlinja mellom Lyse og Tonstad går innanfor verneområdet nord for Valevatn, like ved grensa mot Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiane landskapsvernombordet. Ei kraftline mellom Flørli og Vindsdalen går også gjennom verneområdet, på ei strekning på om lag 6 km.

Når det gjeld bygningar, står det turisthytter med uthus på Sandvatn, Langavatn, Blåfjellenden, Flørlistølen og Mån. Det står 12 stølshus på Øvre Espedalsstølen, og det står stølshus på Hålandsstølen, Brålandsdalen og Kommedalsstølen. I tillegg står det om lag 15 driftshytter ulike stader i verneområdet. Det ligg også nokre fritidshytter i områda aust for Frafjordhatten.

## Bruken av Frafjordheiane i dag

Stavanger turistforening har tre turisthytter i Frafjordheiane. Både dei ubetjente hyttene Blåfjellenden og Sandvatn, og den sjølvbetjente ved Langavatn, ligg i dei sentrale og austlege delane av området. I tillegg eig STF Flørlistølen, som er låst, men som blir leigd ut. I tillegg går det fleire merkte turistløyper gjennom Frafjordheiane. Dei siste åra har dei tre opne turisthyttene i snitt hatt om lag 4000 overnattingar til saman. Desse er fordelt på 600 i vintersesongen og 3400 i sommarsesongen. I tillegg har Jæren Friluftsråd bygd opp ein turiststasjon i det gamle våningshuset på fjellgarden Mån. Her har det dei siste åra blitt registrert om lag 1000 overnattingar.

Dei ubetjente turisthyttene Flørli og Børsteinen ligg rett på utsida av verneområdet, men besökande på hyttene bruker i stor grad løpenettet inne i verneområdet. Flørli har dei

siste åra hatt om lag 440 overnattingar i sommarsesongen, mens Børsteinen har hatt om lag 450, fordelt på 100 i vintersesongen og 350 i sommarsesongen.

Bruken av turisthyttene i Frafjordheiane ser ut til å ha vore relativt stabil dei siste 20 åra.

Stavanger turistforening har om lag 31 km kvista vinterløyper i området, fordelt på strekningane Høgaleite – Sandvatn – Langavatn, og Lortebu – Sandvatn – Blåfjellenden. Løypene blir kvista kvart år i tidsrommet frå om lag 15. februar til ut april.

Fleire område i Frafjordheiane blir svært mykje brukt til dagsturar. Registreringar gjort i 2014 tyder på at så mange som 40.000 nyttar den merkte stien mellom Øydegardsstøl og Kjerag. Jæren Friluftsråd reknar med at så mange som 120.000 besøker Månafossen kvart år, og om lag 20.000 av desse held fram heilt inn til Mån. Ein god del ferdast også vidare inn i Fidjadalen. Dei to hyttefeltta i Øvstebøstølen og Futasetet, har om lag 350 hytter, og genererer mykje dagsturtrafikk innover i Frafjordheiane (Fylkesmannen i Rogaland 2000). Røssdalen er også eit mykje brukt dagsturområde, og registreringar frå 2000 tyder på at om lag 1500 tek turen innover dalen kvar sommar. Frafjordhatten, og områda rundt, er dessutan populære mål for dagsturar.

På Kjerag er det ein del aktivitet i samband med BASE-hopping, fjellklatring og andre ekstrem sportsaktivitetar. Mellom anna søker ein del utanlandske grupper om løyve til ulike arrangement i området.

Frafjordheiane har tradisjonelt vore eit viktig område for storvilt- og småviltjakta. Dette gjeld særleg villreinjakt i dei austre delane av verneområdet. Dei siste åra har talet på fellingsløye for villrein vore lågt. Samstundes har det blitt gjeve om lag 10 fellingsløye på elg og hjort i året. Det er framleis ein del småviltjakta i området. Grunneigarane jaktar sjølve, men det blir også selt jaktkort. Rogaland Jeger- og Fiskeforening leiger jaktrettane til eigedomen Rogaland fylkeskommune har ved Valevatn. Det blir ikkje ført statistikk for småviltjakta i området. Grunneigarane i Frafjord og Øvre Espedal sel også fiskekort. På Mån er det fritt fiske, og ved turisthytter og i løopenett gjeld medlemskap i Stavanger turistforening som fiskekort. Det ligg ikkje tal føre som fortel om verdien av fiske i området.

Frafjordheiane er eit viktig beiteområde for sau, og blir nytta av både grunneigarane i Frafjord, Øvstabødalen og Espedalen. I tillegg blir det leigd ut sauebeite i delar av dei indre områda. I 2013 beitte om lag 10.000 sau og lam i Frafjordheiane. Dei gamle stølane blir litt brukte i samband med tilsyn og sinking av beitedyr, i tillegg er det nokre driftshytter av nyare dato (Ims 1993). I samband med beitebruken, er det behov for å frakte saltstein, gjerde-materiell og anna utstyr inn i fjellet. Dette skjer delvis med



Blåstøldalen.

snøskuter, der det er muleg, andre stader skjer transportane med helikopter.

Det veks ein del drivverdig skog i dei lågareliggende delane av Frafjordheiane, men mange stader gjer det bratte terrenget skogressursane vanskeleg tilgjengelege. Dei siste åra har difor omfanget av skogsdrift i området vore avgrensa. Dei fleste grunneigarane tek likevel ut ved til eige bruk.

Det er per 2014 gjeve 12 motorferdselsløyve for snøskuter i Frafjordheiane. Eit av dei gjeld transport til Stavanger turistforening sine hytter, og til kvisting av løyper mellom dei. Fire er gjevne til dei same rutene i samband med kjentmannsturar for ulike redningsgrupper. Det er vidare gjeve løye til oppkjøring av skiløypa frå Høgaleite til Øyarvatn. I tillegg kjem fem løye som gjeld transport i samband med beitebruk og transport til hytter. Årleg blir det gjeve om lag 7 ordinære helikopterløyve med til saman 20 transportar. I tillegg blir det kvart år gjeve helikopterløyve til basehopp-arrangementet "Kjerag Boogie." Dette løyet er ope, og omfattar normalt om lag 150-200 turar i løpet av fire dagar sein i juni. På Kjerag er det også gjeve to løye til bruk av boreboltar i samband med ulike ekstremsportsaktivitetar. Motorferdsla til Lyse Kraft, i samband med vedlikehald og tilsyn av kraftverksinstallasjonar og kraftlinjer, er ikkje søknadspliktig. Omfanget av motorferdsla er relativt avgrensa.

## 3.6.2 Verneverdiar og trugsmål

### Verneverdiar

Frafjordheiane inneheld ei rekke svært verneverdige lokalitetar, og fleire av desse har nasjonal verdi. Verneverdiane i Frafjordheiane er i første rekke knytte til landskapsmessige og kvartærgeologiske verdiar, men verneverdiane knytte til botanikk er også store.

Røssdalen peikar seg ut som eit særleg verdfullt område av fleire grunnar. Landskapet blir vurdert til å ha verneverdiar av nasjonal betydning (Fylkesmannen i Rogaland 2001). Dette skuldast både kontrastane mellom dei dramatiske rammene for landskapsromet og kulturlandskapet i dalbotnen, og fleire særleg verneverdige kvartærgeologiske lokalitetar, som til dømes Fossajuvet. I rapporten "Forslag til vern av kvartærgeologiske områder og forekomstar i Rogaland" (Amundsen og Solli 1987), er Fossajuvet foreslått verna, på grunn av den store dimensjonen på "canyonen."

I Røssdalen finn ein ei rekke sjeldne vegetasjonstypar, som vestleg alm- og lindskog med stor variasjon, storfrytle-dominert bjørkeskog, frisk fattigeng, nordvendte berg og urer, og elvar og flaumelvfar med oseaniske mosesam-funn. Desse vegetasjonstypane blir vurderte som verneverdige (Fylkesmannen i Rogaland 2001, Steinnes 1986, Johnsen 2000). Å ta vare på dei er eitt av verneformåla i Frafjordheiane landskapsvernombra.

Lysefjorden er eit anna særprega område i Frafjordheiane, med nasjonal verneverdi (Fylkesmannen i Rogaland 2001). Dette storslegne fjordlandskapet, med mellom anna element som Kjeragveggen, blir besøkt av fleire hundre tusen turistar kvart år.

Fidjadalen, frå Månavossen til Blåfjellenden, er eit dalføre med store landskapsmessige verneverdiar. Her finst ei rekke særigne kvartærgeologiske element, og eit godt utvikla kulturlandskap, med ei godt dokumentert brukshistorie. Fylkesmannen i Rogaland (2001) vurderer Fidjadalen til å ha regional verneverdi. I rapporten "Forslag til vern av kvartærgeologiske områder og forekomstar i Rogaland" (Amundsen og Solli 1987), er Fidjadalen, frå Månavossen til Fidjavatnet, foreslått verna på grunn av dei mange verdfulle, kvartærgeologiske elementa. Ved Måna er naturtypane kulturmarkeng og elveløp registrerte (Bjelland og Ihlen 2013). Kulturmarkeng er registrert som sårbar (VU) i nasjonal raudliste for naturtypar for 2011, mens elveløp er oppført som nær truga (NT). Lokalitetten med kulturmarkeng blir vurdert som viktig (B-verdi).

I områda rundt Frafjordhatten er det registrert fleire forekomstar av naturtypen kystnedbørsmyr, i tillegg til område med boreal hei (ibid). Kystnedbørsmyr er registrert som sårbar (VU) i nasjonal raudliste for naturtypar for 2011, mens boreal hei har status datamangel (DD). Ein av lokalitetane med kystnedbørsmyr, blir vurdert som svært viktig (A-verdi), mens tre av lokalitetane blir vurdert som viktige (B-verdi).

Naturtypane kystnedbørsmyr, boreal hei og kulturmarkeng, er også registrerte ved Espedalsstølen. Lokalitetten med kystnedbørsmyr blir vurdert som viktig (B-verdi), mens lokalitetten med kulturmarkeng, blir vurdert som lokalt viktig (C-verdi).

Nord for Hunnevatn er naturtypen fosseberg og fosseeng registrert. Denne er oppført som sårbar (NT), og blir vurdert som viktig (B-verdi).

Dei to store vassdraga innanfor verneområdet, Frafjord- og Espedalvassdraga, vart begge

varig verna i 1993. I grunngjevinga for dette vernet vart det m.a. lagt vekt på at områda

inneheld mange ulike biotopar, interessant kvartærgeologi og store, kulturhistoriske verdiar.

Det er registrert sju hekkelokalitetar for jaktfalk og to hekkelokalitetar for hubro i dei austre delane av verneområdet. I Norsk raudliste for artar 2010 er hubro oppført som sterkt truga (EN), jaktfalk er oppført som nær truga (NT). Det er også registrert fleire hekkelokalitetar for kongeørn, tårfalk og dvergfalk.

Det er registrert fire raudlista karplantar i Frafjordheiane: jøkelstarr, hengepiggrø og alm har status som nær truga (NT), mens plommenype har status som sårbar (VU).

Frafjordheiane har også verneverdiar knytte til funksjonen området har som leveområde for villreinstamma i Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiane. Dei siste 20 åra har bruken til villreinen i Frafjordheiane vore svært avgrensa, men det utelukkar på ingen måte at Frafjordheiane på nytt kan bli tekne i bruk. Større villreinstamme, og syklike endringar i arealbruken, kan føre til at villreinen på nytt finn vegen inn i dette området. Tradisjonelt vart dei austre delane bruka til vinterbeite av både simler og bukkar, mens bukkane også brukte området til sommarbeite.

## Trugsmål

I dag er det ikkje muleg å identifisere store trugsmål mot dei kvartærgeologiske verneverdiene i Frafjordheiane. Det eksisterer heller ingen klare trugsmål mot makroformene i dei verneverdige landskapsromma i verneområdet.

Når det gjeld kulturlandskapet i Røssdalen og Fidjadalen, er attgroing eit trugsmål mot verneverdiene. Ved Mån har Bjelland og Ihlen (2013) registrert ei omfattande attgroing, trass i aktiv skjøtsel i form av manuell rydding og brenning dei siste åra. Det er grunn til å tro at områda i Røssdalen, og indre delar av Fidjadalen, er ennå sterkare prega av attgroing.

Ifølgje Bjelland og Ihlen (2013), ber også dei kulturelt betina naturtypane ved Frafjordhatten og Øvre Espedalsstøl, preg av attgroing.

Ein har i dag ikkje eit fullstendig oversyn over eventuelle trugsmål mot dei botaniske verneverdiene i Røssdalen. Registreringar andre stadar i Frafjordheiane, tyder likevel på at attgroing kan vere eit trugsmål. Steinnes (1986) rapporterer at hardt beitetrykk frå sau, kan vere eit trugsmål mot nokre av lokalitetane. Det må difor settast i gong eit

kartleggings- og overvakningsprogram for dei mest verdifulle lokalitetane, for å sikre at ein oppdagar eventuelle trugsmål mot desse verneverdiene.

Forstyring frå ferdsel utgjer eit visst trugsmål mot hekkelokalitetane for jaktfalk og hubro.

Det er fleire trugsmål mot Frafjordheiane som leveområde for villreinstamma. Fleire av dei registrerte trekkvegane, er sterkt påverka av ferdsel langs merkte turløyper til turisthytter, og dette kan få negative konsekvensar for høvet villreinen har til å utnytte beiteressursane i Frafjordheiane. Trekka aust og vest for Børsteinvatnet, kjem i konflikt med biltrafikken på fylkesvegen mellom Lysebotn og Sirdal om sommaren, og ferdsel til og frå turisthytter ved Børsteinen, kan vere problematisk både sommar og vinter. Trekket mellom Rundavatnet og Langavatnet ligg nær turisthytta ved Langavatn, og kjem dessutan i konflikt med den kvista vinterløypa mellom Sandvatn og Langavatn. Trekket aust for Sandvatn går rett forbi turisthytta, og vil kunne bli sterkt påverka av ferdsel i området, både sommar og vinter.

## Status 2013

**Kvantærgeologiske verneverdiar:** *Ikkje truga*

**Botaniske verneverdiar:** *Uklar status. Attgroing og hardt beitepress kan vere eit trugsmål*

**Zoologiske verneverdiar:** *Uklar status. Forstyring av hekkelokalitetar for rovfugl*

*Forstyring i trekkvegar og beiteområde for villrein*

**Landskapsmessige verneverdiar:** *Truga*

**Trugsmåla er særlig knytte til attgroing av kulturlandskap under tregrensa**

### 3.6.3 Bevaringsmål, overvaking og kartleggingsbehov

Det vil bli utarbeidd bevaringsmål og overvakningsprogram for hekkelokalitetane for hubro.

Det må gjennomførast registreringar av tilstanden til verneverdige botaniske lokalitetar i Røssdalen, når det gjeld attgroing og overbeite.

### 3.6.4 Retningsliner for brukarinteressene

#### Verneregler

**Etter verneforskrifta, § 3, punkt 1.1, må det ikkje gjerast inngrep som vesentleg kan endre eller vesentleg påverke eigenarten til landskapet. Med dei unntak som følgjer av verneforskrifta pkt. 1.2 og 1.3, er det forbod mot inngrep som:**

- Oppføring og ombygging av bygningar, anlegg og faste innretningar, framføring av røyr, luft- og jordleidningar, bygging av vegar og rastepllassar, oppsetting av autoværn, drenering og anna form for tørrlegging, graving og påfylling av masse, bakkeplanering, sprenging og boring, bryting av steinar, mineral og fossil, fjerning

av større steinar og blokker, bergverksdrift, vassdrag-sregulering, gjødsling, sprøyting med kjemiske middel, nydyrkning, planting, såing, bygging av bruer og klopper, oppsetting av skilt, merking av stiar, løyper o.l. Kulturminne skal ikke skadast eller øydeleggjast. Opplistinga er ikke uttømmande.

I tillegg inneholder verneforskrifta følgjande forbod:

- ♦ Innføring av nye plantearter er forbode (§3, punkt 2.1).
- ♦ Nye dyrearter må ikke innførast (§3, punkt 3.1).
- ♦ Ureining og forsøpling er forbodne, det same er bruk av kjemiske middel, som kan påverke naturmiljøet (§3, punkt 6.1).
- ♦ Ikke naudsynt støy er forbode. Det er ikke tillate å bruke motor på modellfly, modellbåt o.l. (§3, punkt 6.2).

## Kraftproduksjon og overføring

Reglane i verneforskrifta, § 3, punkt 1.1, er ikke til hinder for:

- ♦ Vedlikehald av vegar og anlegg som ikke fører til endra bruk eller funksjon (§3, punkt 1.2, bokstav d).
- ♦ Vedlikehald av konsesjonsgjevne kraftanlegg, t.d. driftshytter, dammar og radiolinkar (§3, punkt 1.2, bokstav f).
- ♦ Drift og vedlikehald av eksisterande kraftleidningar (§3, punkt 1.2, bokstav g).
- ♦ Naudsynt istandsetting ved akutt utfall (§3, punkt 1.2, bokstav h). Ved bruk av motorisert transport, skal det i etterkant sendast melding til forvaltingsstyremakta.
- ♦ Oppgradering/fornyng av kraftleidningar for heving av spenningsnivå og linettversnitt, når dette ikke krev vesentlege, fysiske endringer i strid med verneformålet (§3, punkt 1.2, bokstav i).
- ♦ Motorisert transport i samband med drift og vedlikehald av konsesjonsgjevne kraftanlegg og kraftlinjer (§3 punkt 1.2, bokstav f og g).

Forvaltingsstyremakta kan etter søknad gje løyve til:

- ♦ Ombygging og utviding av eksisterande bygningar og anlegg i samsvar med forvaltingsplanen (§3 punkt 1.3, bokstav a).
- ♦ Oppgradering/fornyng av kraftleidningar som ikke fell inn under pkt. 1.2 (§3, punkt 1.2, bokstav g).
- ♦ Framføring av nye kraftliner eller kablar (§3, punkt 1.2, bokstav e).

## Landbruk

Reglane i verneforskrifta, § 3, punkt 1.1, er ikke til hinder for:

- ♦ Landbruksdrift, som støling, stenging og opning av skår-feste, anlegg og vedlikehald av gjerde, kve og liknande, som er naudsynt for fèdrifta (§3, punkt 1.2, bokstav a).
- ♦ Drift og vedlikehald av jordbruksareal (§3, punkt 1.2, bokstav b).

- ♦ Vedlikehald av bygningar (§3, punkt 1.2, bokstav c).
- ♦ Vedlikehald av vegar og anlegg som ikke fører til endra bruk eller funksjon (§3, punkt 1.2, bokstav d).
- ♦ Vedlikehald av merka stiar og løyper, skilt, bruer og klopper, i samsvar med forvaltingsplan (§3, punkt 1.2, bokstav e).
- ♦ Beite er tillate. Miljødirektoratet kan ved forskrift regulere beiting som skadar landskapet (§3 punkt 2.2).
- ♦ Uttak av ved og tømmer. Ved uttak av furutømmer, skal ein ta vare på det naturlege skogsbletet, ved å nytta lukka hogstformer og plukkhogst, i samråd med forvaltingsstyremakta (§3 punkt 2.3).
- ♦ Hogst av gran i Røssdalen (§3 punkt 2.3).

Forvaltingsstyremakta kan etter søknad gje løyve til:

- ♦ Ombygging og utviding av eksisterande bygningar og anlegg i samsvar med forvaltingsplanen (§3 punkt 1.3, bokstav a).
- ♦ Oppattbygging av bygningar som har gått tapt ved brann eller naturskade, og oppattbygging av nedfalne bygningar, som høyrer med i det tradisjonelle bygningsmiljøet i området, og som vil vere kulturhistorisk verdfulle (§3 punkt 1.3, bokstav d).
- ♦ Bygging av bruer og klopper (§3 punkt 1.3, bokstav c).
- ♦ Oppføring av bygningar som er naudsynte i samband med landbruksdrift (§3 punkt 1.3, bokstav d).
- ♦ Hogst av anna enn gran i Røssdalen, i medhald av plan som er godkjent av forvaltingsstyremakta (§3 punkt 2.3).
- ♦ Bruk av båt med motor, motorkøyretøy på frosen eller snødekt mark, eller luftfartøy, i samband med: husdyrhald, storviltjakt, fiske, transport av varer inn til hytter og stølar, transport av materialar til vedlikehald, og byggearbeid på hytter, klopper o.l., og kalking (§3 punkt 5.3, bokstav a).
- ♦ Bruk av motorkøyretøy på barmark i samband med: frakt av sjuke, skadde eller daude husdyr, frakt av elgslakt og skogsdrift (§3 punkt 5.3, bokstav b).

Uheldig beiting, som går utover verneverdiane, som til dømes overbeite, vil kunne bli regulert av Miljødirektoratet. Dette er ikke ei aktuell problemstilling i dag, men dersom det skulle bli behov for å nytte regelen, vil dette krevje ei offentleg høyring i forkant.

Hogst av tømmer, vedhogst, rydding og tynning, er generelt tillate, med unnatak av Røssdalen, der hogst av anna enn gran berre kan skje etter godkjent plan. Forvaltingsstyremakta vil kunne hjelpe til med utarbeiding av slik plan.

## Ferdsel

Reglane i verneforskrifta, § 3, punkt 1.1, er ikke til hinder for:

- ♦ Tradisjonell turverksemelding til fots i regi av turistforeininger, skular, barnehagar, ideelle lag og foreiningar (§3 punkt 4.2).

- ♦ Vedlikehald av merkte stiar og løyper, skilt, bruer og klopper i samsvar med forvaltingsplanen (§3 punkt 1.2, bokstav e).
- ♦ Jakt er tillate i samsvar med gjeldande lover og reglar (§3 punkt 3.2).
- ♦ Fiske er tillate etter lakse- og innlandsfiskelova (§3 punkt 3.3).

Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til:

- ♦ Bygging av bruer og klopper (§3 punkt 1.3, bokstav c).
- ♦ Opparbeiding, merking og sikring av nye turstiar og løyper (§3 punkt 1.3, bokstav d).
- ♦ Tilbygg og andre mindre bygg til allmenne friluftsformål, i samsvar med forvaltingsplanen (§3 punkt 1.3, bokstav f).
- ♦ Organiserte ferdsel og ferdsselsformer som kan skade naturmiljøet, må ha særskilt løyve (§3 punkt 4.2). Arrangement og organisert ferdsl, der ferdsla skjer til fots eller på ski, er ikkje søknadspliktige.
- ♦ Sykling og organisert bruk av hest på vegar og trasear, som er fastlagt gjennom forvaltingsplanen (§ 3 punkt 4.3).

Fri ferdsel i utmark etter friluftslova skal vera retningsgjevande for verneområdet.

Tradisjonell turverksem til fots skal vurderast på same måte, anten tiltaket er av kommersiell eller ikkje-kommersiell karakter. I den praktiske forvaltinga vil det innebere at private selskap og andre næringsaktørar, uhindra av vernet, kan gjennomføre tradisjonell turverksem til fots, så lenge det ikkje medfører fare for at naturmiljøet blir skadd på kort eller lang sikt.

Verneforskrifta krev at organisert ferdsel som kan skade naturmiljøet, skal ha særskilt løyve i medhald til forvaltingsplanen. Døme på organisert ferdsel som kan skade naturmiljøet, og dermed krev særskilt løyve, er faste teltleirar innanfor verneområdet, og større arrangement som militærøvingar, speidarleirar, idrettsarrangement, jaktprøver osv. Eit fellessteikn ved slike arrangement er at dei inneber opphoping av menneske på same stad til same tid. Om slike arrangement eller organisert ferdsl skjer til fots eller på ski, er dei ikkje søknadspliktige.

Verneforskrifta set restriksjonar på sykling og organisert bruk av hest. Ein treng difor ikkje løyve for sporadisk, uorganisert bruk av hest. Etter omfattande tilrettelegging på stien mellom Øydegarsstøl og Kjerag i 2014, kan denne trasen opnast for bruk av sykkel. Sjå temakart i vedlegg 7.1.5 for nærmare kartfesting av ruta.

## Retningslinjer for ekstrem sport, aktivitetar og arrangement på Kjerag

Ein ventar ein auke i talet på søknader om ulike ekstremsportsaktivitetar og arrangement på Kjerag. Slike



Kjerag i Lysefjorden.

aktivitetar kan verke forstyrrende på både dyre- og fuglelivet, og på besökande på Kjerag og Kjeragbolten. Eventuell oppsetting av midlertidige installasjonar i samband med slike aktivitetar, vil også kunne medføre skade på terrenget. Slike aktivitetar er difor underlagt desse retningslinene:

- ♦ Arrangement og ekstremsportsaktivitetane skal, om muleg, lokaliserast til platået på vestsida av kløfta ved Kjeragbolten.
- ♦ Det vil berre bli gjeve løyve til to arrangement innanfor det same tidsrommet.
- ♦ Eventuelt løyve til bruk av boreboltar, har som vilkår at boltane skal fjernast eller kappast, og at hola skal tettast for å unngå frostspredding. Om boltane skal brukast på nytt neste år, kan det vurderast om dei kan bli ståande i eit avgrensma tidsrom. Blir det mange søknadar om bruk av boreboltar, må det vurderast om det skal settast opp permanente boltar på eigna stadar.
- ♦ Eventuelle faste teltleirar i samband med arrangementa, skal leggast utanfor verneområdet.

## Motorferdsel

Motorferdsel er forbode på land og i vatn (§3, punkt 5.1). Flyging lågare enn 300 m over bakken, og landing og start med motordrivne luftfartøy, er også forbode. Henting og bringing av passasjerar og gods, der luftfartøyet ikkje er nær bakken, er også forbode.

Reglane i verneforskrifta, §3, punkt 5.1, er ikkje til hinder for:

- ♦ Ruteflyging, motorferdsel ved militær operativ verksamhet, politi-, rednings-, brannvern- og oppsynsverksamhet, i tillegg til gjennomføring av skjøtsel og forvaltingsoppgåver. Øvingskjøring i samband med desse formåla, krev særskilt løyve (§3 punkt 5.2, bokstav a).
- ♦ Motorisert ferdsel på frosen eller snødekt mark i samband med skogsdrift (jf. §3 punkt 5.2, bokstav b).
- ♦ Militær lågtflyging (§3 punkt 5.2, bokstav c).



Langavatn.

- ♦ Motorisert transport i samband med drift og vedlikehald av konsesjonsgjevne kraftanlegg og kraftlinjer (§3 punkt 1.2, bokstav f og g).

Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gje løye til:

- ♦ Bruk av båt med motor, motorkøyretøy på frosen eller snødekt mark, eller luftfartøy i samband med: husdyrhald, storviltjakt, fiske, transport av varer inn til hytter og stølar, transport av materialar til vedlikehald og byggearbeid på hytter, klopper o.l., kvisting av skiløyper, øvingsverksem og kalking (§3 punkt 5.3, bokstav a).
- ♦ Bruk av motorkøyretøy på barmark i samband med: frakt av sjuke, skadde eller daude husdyr, frakt av elgslakt og skogsdrift (§3 punkt 5.3, bokstav b).

*Retningsliner for bruk av helikopter til Kjerag i samband med reiseliv, marknadsføring og basehopping*

Den førre forvaltingsplanen bestemte at det kunne opnast for søknadar om bruk av helikopter til Kjeragplatået, innanfor eit nærrare avgrensa "tidsvindauga." Bakgrunnen var behovet for helikoptertransport i samband med BASE-hopparrangementet "Kjerag-Boogie", og besök frå nasjonal og internasjonal presse i samband med filming og reiselivsreportasjar. Desse søknadene måtte handsamast etter §48 i naturmangfaldslova.

Kjeragplatået består i hovudsak av bart fjell, og både planteliv og fugleliv er sterkt avgrensa. Området inngår heller ikkje i villreinen sitt naturlege leveområde. Det hekkar tårnfalk i fjellsida ned mot Lysefjorden, men dersom helikoptertransportane blir lagde til etter hekkesesongen, vil forstyrringane bli små. Kunnskapen om naturtilhøva i områda er relativt god (jfr. nml §8), og §9 kan såleis tilleggast mindre vekt. Sjølv om det er mykje ferdsel i området, må den samla belastinga likevel beskrivast som relativt lita (jfr. nml §10). Dette skuldast i hovudsak det sparsame plantel- og dyrelivet i området. Behovet for transport er særleg knytta til frakt av tungt kamera- og lydutstyr til dei ulike reportasjane, og bruk av helikopter er ofte den einaste, praktiske

løysinga (jf. nml §12). Når det gjeld "Kjerag Boogie", har dette arrangementet vore gjennomført i 15 år, og har vist seg vanskeleg å få til utan bruk av helikopter. Tidsvindauga i juni og september ligg også begge i "skuldersesongen" i høve til turistferdsla til Kjerag.

Erfaringar frå dei siste åra, og innspel i samband med oppstartsmeldinga for forvaltingsplanen, tyder på at det er behov for eit eige "tidsvindauga" for film- og fotoreportasjar. Forvaltingstyresmakta vil difor opne for at det kan søkast om dispensasjon til flyging i to "tidsvindauga", med heimel i §48 i naturmangfaldslova. Det er difor berre heimel til å gje løye dersom motorferdsla ikkje stirr mot formålet til vernevedtaket, og ikkje kan påverke verneverdiene nemneverdig. Om desse føresetnadene blir vurderte å vere til stades, legg ein til grunn følgjande vilkår:

- ♦ "Tidsvindauga" vil bli strengt handheva, og avgrensa til fire samanhengande dagar i andre halvdel av juni, og fire dagar i september. "Tidsvindauga" skal defineraast med datoar i kvar einskild dispensasjon, utan høve til forlenging grunna därleg vær eller liknande.
- ♦ I vurderinga av søknaden, skal det vere avgjerande om helikopterflyging er absolutt naudsynt for å gjennomføre tiltaket.
- ♦ "Tidsvindauga" i september er reservert for reportasjeverksem.
- ♦ Flyging og landing skal skje kortaste veg frå fjorden og inn til stupkanten ved Kjeragplatået, eventuelt Geitane-set, med retur same veg.

## *Bygningar, anlegg og faste innretningar*

Reglane i verneforskrifta, §3, punkt 1.1, er ikkje til hinder for:

- ♦ Vedlikehald av bygningar (§ 3 pkt. 1.2 c).
- ♦ Vedlikehald av vegar og anlegg som ikkje fører til endra bruk eller funksjon (§3 pkt. 1.2 c og d).
- ♦ Vedlikehald av konsesjonsgjevne kraftanlegg,t.d., driftshytter, dammar og radiolinkar (§3, punkt 1.2, bokstav f).
- ♦ Drift og vedlikehald av eksisterande kraftleidningar (§3, punkt 1.2, bokstav g).
- ♦ Naudsynt istandsetting ved akutt utfall (§3, punkt 1.2, bokstav h). Ved bruk av motorisert transport skal det i etterkant sendast melding til forvaltingsstyresmakta.
- ♦ Oppgradering/fornyning av kraftleidning, for heving av spenningsnivå og linetverrsnitt, når dette ikkje krev vesentlege fysiske endringar i strid med verneformålet (§3, punkt 1.2, bokstav i).

Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gje løye til:

- ♦ Ombygging og utviding av eksisterande bygningar og anlegg i samsvar med forvaltingsplanen (§3 pkt. 1.3 a).
- ♦ Oppattbygging av bygningar som har gått tapt ved brann eller naturskade, og oppattbygging av nedfalne

bygningar, som høyrer heime i det tradisjonelle bygningsmiljøet i området, og som vil vere kulturhistorisk verdfulle (§3 pkt.. 1.3 b).

- ♦ Bygging av bruer og klopper (§3 pkt.. 1.3 c).
- ♦ Oppføring av bygningar som er naudsynte i samband med landbruksdrift (§3 pkt.. 1.3 e).
- ♦ Tilbygg og andre mindre bygg til allmenne friluftsformål, i samsvar med forvaltingsplanen (§3 pkt. 1.3 f).
- ♦ Framføring av nye teleliner (§3 pkt. 1.3 h).
- ♦ Etablering av kystverksanlegg som er naudsynte for tryggleiken på sjøen (§3 pkt.. 1.3 i).
- ♦ Etablering av brygger, naust og fortøyingsfeste for fiskereiskap, båtar og havbruksanlegg (§3 pkt.. 1.3 j).

## **Retningsliner for tilbygg og andre, mindre bygg til allmenne friluftsføremål**

- ♦ Døme på tilbygg kan vere toalett og vedhus, mens mindre lagerbygg, kvilebuer og gapahukar er døme på mindre bygg.
- ♦ Det bør berre opnast for bygg som skal dekke heilt spesielle behov.
- ♦ Nye friluftslivsbygg innanfor verneområdet skal vera opne for ålmenta, og ikkje ha privat karakter.

## **3.6.5 Prinsipp for forvaltinga av Frafjordheiane 2015-2025**

Verneområdestyret vil gjere merksam på at soneinndelinga frå førre forvaltingsplan, ikkje blir vidareført i den nye planen. I handsaminga av alle dispensasjonssøknadar, blir det ei avveging mellom det konkrete behovet for tiltaket det blir søkt om, og innverknaden tiltaket vil ha i høve til verneformål og verneverdiar. Denne avvinga avgjer om det blir gjeve dispensasjon. Dette er eit prinsipp som gjeld uansett, sjølv om verneområdet er inndelt i soner. Difor oppfattar verneområdestyret at det er unødvendig med ei soneinndeling. Verneområdestyret vil også understreke at bortfallet av sonene, ikkje vil medføre endringar i dispensasjonspraksisen.

Dagens omfang av motorferdsel og anna verksemd i Frafjordheiane, er i hovudsak avgrensa, og er i liten grad i strid med verneformål og verneverdiar. Helikoptertransporten til Kjerag er svært omfattande, men sterkt avgrensa i tid. Skadeverknadane på naturmangfaldet på Kjerag er svært avgrensa, ettersom området i hovudsak er bart fjell. Sjølv om turistferdsla i løypenettet til turistforeininga er omfattande i område som Kjerag og Måne, må likevel den samla belastinga på naturmangfaldet i Frafjordheiane, vurderast som relativt lita jf. nml §10). Verneområdestyret ønsker difor å legge opp til ein forvaltingspraksis der talet på motorferdselsløye ikkje aukar nemneverdig, og der det ikkje blir opna for tiltak som i nemneverdig grad kan endre området. Det skal heller ikkje opnast for tiltak som kan hindre villreinen i å etablere seg på nytt i området.

Dette inneber at det framleis kan bli gjeve løye til naudsynt transport med snøskuter og helikopter, i samband med

landbruksdrift, drift av turisthytter, og drift av kraftverksinstallasjonar og kraftlinjer. Det same gjeld for naudsynt transport til fritidshytter.

Så lenge bruken til villreinen av Frafjordheiane er svært avgrensa, vil verneområdestyret vurdere å gje løye til å halde fram med oppkjøring av skiløypa mellom Høgaleite og Øyarvatnet. Om skiløypa har ein positiv, kanaliserande effekt, kan løypa oppretthaldast, sjølv med villrein i området.

Verneområdestyret vil vurdere om alle motorferdselsløye skal takast opp til ny vurdering, dersom villreinen på nytt tek Frafjordheiane i bruk (jf. nml §9).

Verneområdestyret vil også framover kunne gje løye til tilbygg, til både landbruksbygg og fritidshytter, dersom konkrete behov kan dokumenterast. Etter at vernet blei etablert, har det vore få søknadar om nye landbruksbygg. Verneområdestyret ser heller ikkje for seg mange slike søknadar den neste tiårsperioden, og meiner at behovet for bygg til landbruksdrift, i hovudsak kan dekkast gjennom utviding av eksisterande bygg.

Verneområdestyret er positive til den planlagde opprustinga av "Lysefjordløypa". Mykje tyder på at trafikken vil auke i denne delen av Frafjordheiane, og stien må settast i stand for å tolle auka bruk. Opprettning av nye turstiar etter denne ruta kan vurderast, om tiltaka ikkje kjem i konflikt med verneformål og verneverdiar. Eventuelle nye turisthytter langs denne løypa, må i utgangspunktet leggast utanfor verneområdet.

Verneområdestyret har eit langsiktig mål om å redusere forstyrringa av villreinen i dei austre og sentrale delane av Frafjordheiane. Flytting av turisthytta på Langavatn nordover til Lysefjordløypa, og vinterstenging av turisthyttene, er tiltak som blei drøfta i den førre forvaltingsplanen. Desse tiltaka vil framleis kunne vurderast, dersom ferdsel vinterstid utgjer eit trugsmål mot ei nytablering av villreinstamma i Frafjordheiane. Reduksjon av motorferdsel i området vil vere eit aktuelt tiltak i ein slik situasjon. Vinterruta Ådneram-Børsteinen-Sandvatn var tidlegare kvista, men vart stengd av omsyn til villreinen. Dispensasjon til på nytt å merke denne løypa, vil ikkje bli vurdert før resultata frå det pågående GPS-merkeprosjektet ligg føre.

Føresetnaden for at dei nemnde tiltaka kan vurderast, er at villreinstamma viser teikn til på nytt å etablere seg i Frafjordheiane. Eventuelle tiltak i Frafjordheiane, må også sjåast i samanheng med tiltak ved Andersvatn og Børsteinvatnet lenger aust.

Talet på besøkande på Kjeragplatået vil truleg auke i åra framover. I 2014 var talet på besøkande om lag 40.000, og dei siste åra har det vore ei årleg auke i besøkstalet på 20%. Sjølv etter dei omfattande tilretteleggingstiltaka på stien i 2014, kan det vere behov for fleire tiltak. Det kan

mellan Anna vere behov for ei betre tilrettelegging av telt- og bålpassar langs ruta. Den sterke auken i ferdsla, og det store talet på urøynde fotturistar, betyr også nye utfordringer i høve til tryggleik. Betre informasjon, og behovet for betre merking av stien og oppsetting av nødly, må vurderast i ein kommande informasjons- og tilretteleggingsplan for Kjeragområdet.

Forvaltingsstresmaka vil følgje nøyne med på utviklinga av ekstremsportsaktivitetane på Kjerag. Om det blir naudsynt, kan retningslinene for desse aktivitetane bli reviderte i samråd med utøvarar, grunneigarane og Forsand kommune.

Det blir opna for bruk av sykkel på turløypa mellom Øydegardstølen og Kjerag frå og med sesongen 2016. Omfattande tilretteleggingsarbeid på stien i 2014 og 2015, gjer at denne no kan tolle ein avgrensa bruk av sykkel. Erfaringane med bruk av sykkel etter denne løypa, vil gje verdfulle erfaringar i høve til eventuell oppretting av andre sykkelløyper i verneområda.

### 3.6.6 Tiltak

- ♦ Det skal utarbeidast ein plan for informasjons- og tilretteleggingstiltak for Kjeragområdet (Øydegarssstøl-Flørli).
- ♦ Informasjonstavler med utfyllande informasjon om verneområdet, skal plasserast ut ved sentrale innfallsportar til verneområdet. Eksisterande informasjonspunkt ved Øydegarssstøl, Eikeskog og Røssdalen skal utvidast, og det skal etablerast nye informasjonspunkt på Flørli, ved Høgaleite og i Vinndalen.
- ♦ Det må gjennomførast registreringar av tilstanden til verneverdige, botaniske lokaliteten i Røssdalen, i høve til både attgroing og overbeitning.
- ♦ Det skal utarbeidast ein plan for skjøtsels- og tilretteleggingstiltak i Røssdalen.
- ♦ Tiltaka i Skjøtselsplan for Mån skal følgjast opp.

## 3.7 Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiane landskapsvernombåde

Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiane landskapsvernombåde har areal i Bykle, Valle, Bygland, Forsand, Sirdal, Åreral, Hægebostad og Kvinesdal kommunar. Det vart oppretta i 2000. Det samla arealet på verneområdet er på 2.345 km<sup>2</sup>.

Formålet med vernet av Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane er:

- ♦ 1. Å ta vare på eit samanhengande, særmerkt og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområde med eit særmerkt plante- og dyreliv, stølsområde, beite-landskap og kulturminne.
- ♦ 2. Å ta vare på eit samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstamma i Europa.”

### 3.7.1 Områdebeskripling

Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiane landskapsvernombåde omfattar eit stort og samanhengande heieområde, frå Bykle i nord til Hægebostad i sør. Store delar av dei nordlege områda omfattar snau fjell i høgdeleiet 1000-1400 moh, bortsett frå nokre skogsområde i dalføra som går inn i verneområdet frå aust. Sør for Brokke-Suleskardvegen, ligg heieområda lågare (800-1000 moh), og innslaget av skog er større i kantane av verneområdet.

### Avgrensing og eigedomstilhøve

Det nordlegaste punktet i Setesdal Vesthei–Ryfylkeheiane landskapsvernombåde, ligg ved Holmavatnet, der fylkesgrensene for Telemark, Rogaland og Aust-Agder møtest. Derfrå går nordgrensa sør austover fram til Rv 9 ved Breidvatn. Vidare sør over følgjer austgrensa i all hovudsak fjellbrynet ned mot Setesdal, med unntak av dalføra ved Store Førsvatn, Vatnedalsvatnet og Bossvatn, der grensa går lengre vest. Frå fylkesgrensa til Vest-Agder, blir grensa for verneområdet trekt lengre inn i heia vest for Ljosland og Kyrkjebygd. Sørgrensa går rett vest over frå Tindefjellet til Flofjellet. Lengst i sør går vestgrensa nordover eit stykke inne i heia forbi Knaben, og vidare til Kvifjorden. Her går grensa etter austbreidda, og vidare opp langs Kvina til Øyarvatnet og Brokke – Suleskardvegen. No går grensa mot nordaust og fram til Siravassdraget ved Dyggjandvatnet. Vidare går grensa sør over, først langs Sira, og etter kvart langs Valevatn. Ved Hestekvæven bryt grensa mot nordvest fram til Tjodanvatnet, og vidare nordaustover til Andersvatn. Så går grensa på nytt mot nordvest og kryssar Lysedalen, før ho går mot nordaust og fram til Siravassdraget ved Grauthidervatnet. Vidare følgjer grensa HRV på Svartevatnet mest rundt heile magasinett, før det går rett vestover til Skumreknuten. Frå her går grensa rett nordover til Beinleivatnet. Vidare følgjer grensa Blåsjø til fylkesgrensa mellom Aust-Agder og Rogaland, lengst nordaust i magasinett. Vidare følgjer grensa for verneområdet fylkesgrensa over Holmavatnet, Austre Kaldafjell og Storhedder nuten fram til Holmavatnet.

Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiane landskapsvernombåde omfattar 418 gards- og bruksnummer. Om lag 1/3 av verneområdet er statsgrunn, fordelt på Njardarheim (Statskog) og Bykle statsallmenning. Dei øvrige 2/3 av arealet ligg på privat grunn. I verneområdet er det fleire store sameiger (drifteheier), og ei lang rekke andre private eigedommar av ulik storleik.

### Landskap og inngrep

I Naturtyper i Norge (NiN), tilhører dei indre og høgare-liggande delane av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane hovudtypen 5, Ås- og fjelltopplandskap, og landskapstype 5, Småkupert høgfjellslandskap. Dei lågareliggende delane i sør og aust, tilhører landskapstype 4, Kupert åslandschap. Områda langs det markerte dalføret ved Bossvatn tilhører hovudtypen 3, Fjord- og dallandskap, og landskapstype 5, Nedskåret dallandskap.



Urdalsnuten.

Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiane landskapsvernombordet kan karakteriserast som småkupert heielandskap. Det er likevel kontrastar i landskapet, både mellom typiske lågheier i sør, og eit meir storkupert høgheilandskap i nord, i tillegg til den brå overgangen mellom lågland og høgfjell i dalane, som er ein del av verneområdet. Dei fleste av dei større toppane i verneområdet, finn ein i nordvest, på grensa mot Suldal, med Austre Kaldafjell (1462 moh) og Storhedder-nuten (1402 moh), som dei mest markante. Andre markerte toppar i verneområdet er Urdalsknuten (1434moh) og Rjuven (1367moh).

Området inneheld også eit stort tal større og mindre innsjøar og vatn. Nokre stader er det også tydeleg kultur-påverknad i form av beite- og stølslandskap.

Landskapet er stadvis sterkt prega av inngrep i samband med kraftutbygging. Sjølv om grensene er trekte slik at dei største reguleringsmagasina ikkje inngår i landskapsvernombordet, er området sterkt prega av ulike inngrep i samband med kraftutbygging. Dei største reguleringsmagasina i tilknyting til Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane er Urevatn, Blåsjø, Svartevatnet, Rosskreppfjorden, Valevatn, Kvifjorden og Nåvatn<sup>56</sup>. I samband med kraftutbyggingane er det også bygt ei rekke anleggsvegar inn i verneområdet. Dei største av desse er Ormsavegen (14 km), Urevassvegen

(20 km), Storevassdammen (5 km) og Svartevassdammen (10 km<sup>57</sup>). Det går også fleire kraftlinjer gjennom verneområdet, dei største av desse er Kvildal-Holen (8 km), Tokke-Førre (3 km), Flogvatnet-Roskrepp (6 km), og lina som kryssar verneområdet nord for Knaben (15 km)<sup>58</sup>.

Når det gjeld bygningar står det 18 turisthytter, med tilhøyrande sikringsbuer og uthus i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernombordet. I tillegg har Statskog 28 hytter og buer, som anten er til utleige, eller står opne for allmenn bruk. I området står det om lag 50 stølshus og om lag 40 driftshytter. Det er dessutan om lag 50 fritidshytter i verneområdet, og til saman 40 av desse ligg i Grydalen hyttefelt i Sirdal.

## Bruken av Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiane i dag

Stavanger turistforening har åtte sjølvbetjente turisthytter i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernombordet (Vassdalstjønn, Hovatn, Storsteinen, Little Aurådal, Kringlevatn, Storevatn, Taumevatn og Grauthidler). DNT-Sør har ei betjent (Gaukhei), seks sjølvbetjente (Sloaros, Bossbu, Svartenu, Øyuvsbu, Josephsbu, Lakkenstova), og tre ubetjente turisthytter (Stavskar, Håhidlerhytta, Stakkedalen) i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernombordet.

56 Ei oversikt over reguleringsmagasin i tilknyting til dei ulike verneområda er å finne i Vedlegg xx

57 Ei oversikt over anleggsvegar i tilknyting til dei ulike verneområda er å finne i Vedlegg xx

58 Ei oversikt over kraftlinjer i tilknyting til dei ulike verneområda er å finne i Vedlegg xx



Fossen i Ljosådalen.

Dei siste åra har desse 18 turisthyttene hatt til saman om lag 9700 overnattingar i året. Desse er fordelt på 1900 i vintersesongen og 7800 i sommarsesongen. I tillegg har Statskog til saman 28 hytter og buer i verneområdet. Til saman 15 av desse blir leigde ut i samband med jakt og fiske, mens nokre mindre buer står opne. I 2014 var det til saman om lag 5000 overnattingar på hyttene til Statskog.

Bruken av turisthyttene i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernombordet, ser ut til å ha vore relativt stabil dei siste 20 åra, men det er registrert ein nedgang i talet på overnattingar på hyttene rundt Blåsjø på om lag 40%.

Hovedløpenettet til Stavanger turistforening, frå Vassdals-tjønn ned til Graithidler og Storevatn, blir kvista frå helga før påske til helga etter påske. Herfrå og ned til Ådneram blir det kvista frå 1. februar og ut april. I tillegg blir løypa Holmevasshytta-Sloaros og Taumevatn-Håhidler kvista frå 8. februar til 1. april. Lenger aust og i sør blir løopenettet til DNT-Sør kvista i perioden 18. februar til 1. april.

Fleire område i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernombordet, blir svært mykje brukt til dagsturar både sommar og vinter. Ein av dei mest brukte lokalitetane er områda på begge sider av Brokke-Suleskardvegen (Fylkesveg 337). Registreringar gjort i 2013 syner at så mange som 84.000 køyretøy passerer over heia i tidsrommet 30. mai til 16. oktober. Personeljarar plasserte ved fleire av dei mest brukte stiane ut frå vegen, tyder på at desse vart bruka av 2000-3000 turgårar i løpet av barmarks sesongen. Ein annan liknande lokalitet er områda ved Lysebotnvegen (Fylkesveg 986), som også går tvers gjennom verneområdet. Her passerer det om lag 40.000 køyretøy kvart år, mellom mai og oktober. Det er ikkje blitt gjennomført teljingar av turgårarar ut frå vegen, men tala liknar truleg på dei frå Brokke-Suleskardvegen. Turisthytta ved Børsteinen ligg også lagleg til for dagsturar frå fylkesvegen om sommaren, og frå hytteområda i Sirdal om vinteren.

Andre område i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernombordet med mange dagsbesøkande, er skiløypene Storenos og Hovden-Sloaros i Bykle, og anleggsvegen til Urevatn i Bykle. Andre dagsturområde som er mykje brukte, er Berg-Stavskar og Evardalen i Valle, Pytten i Bygland, Lordehytta i Åseral, Knaberøysa i Kvinesdal, og skiløypene i Grydalen og til Døgevasshytta i Sirdal.

Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernombordet har alltid vore eit viktig område for storvilt- og småviltjakt. Talet på fellingsløyve for villrein varierer med storleiken på stamma, men i 2013 vart det gjeve om lag 1000 løyve i sjølve verneområdet, og om lag 1600 for heile villreinområdet på Vestheia. Dette gjeld særleg villreinjakt i dei austre delane av verneområdet. Dei siste åra har talet på fellingsløyve for villrein vore lågt, samanlikna med tidlegare. Det har blitt gjeve nokre fellingsløyve på elg og hjort i verneområdet. Småviltjakta er særleg god i dei sørlege delane av verneområdet, og særleg rypejakta har lange tradisjonar.

Grunneigarane jaktar ein del sjølve, men det er lang tradisjon for utelege av jakt i verneområdet, og omfanget av utelegejakta er framleis stort. Statskog er største grunneigar i området, og leiger ut både reinsdyrjakt og småviltjakt på mest heile arealet.

Det er eit svært godt fiske mange stadar i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernombordet, og mange grunneigarar og grunneigarlag sel fiskekart. I tillegg gjeld medlemskort i Stavanger turistforening som fiskekart langs store delar av løopenettet. Det er ikkje noko samla statistikk over salet av fiskekart.

Det går ikkje føre seg næringsfiske i stor skala nokon stader i verneområdet, men fleire grunneigarar fiskar mykje til eige bruk.

Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernombordet er eit svært viktig beiteområde for sau, og blir nytta av både grunneigarane i bygdene rundt heia, og sauebønder på Jæren, som leiger beite i verneområdet. I 2013 beitte om lag 60.000 sau og lam i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernombordet. Områda på begge sider av Brokke-Suleskardvegen, er dei lokalitetane med flest sau, og det hardaste beitetrykket. Dei gamle stølane blir i nokon mon brukte i samband med tilsyn og sinking av beitedyr, i tillegg er det fleire driftehytter i området, som blir nytta i samband med beitebruken. Til dømes eig og disponerer Jæren smalelag, som er det klart største beitelaget i området, til saman 20 driftehytter i verneområdet. Hyttene er av ulik standard og storleik, frå små buer på 10 m<sup>2</sup>-20 m<sup>2</sup> til større hytter på 70 m<sup>2</sup>. Beitebruken fører med seg ein del motorferdsel med både snøskuter og helikopter, i samband med frakt av saltstein og gjerdemateriell, i tillegg til ferdsel i samband med vedlikehald og frakt av brensel og proviant til driftehyttene. Pr 1.1.2014 var det gjeve om lag 100 motorferdselsløyve, i samband med beitebruk og anna

landbruksdrift. Sidan verneområdestyret vart oppretta i 2011, har det blitt gjeve løyve til fire nye driftehytter/sankebuer, og mindre utvidingar av til saman fire driftehytter.

Det veks ein del drivverdig skog i dei lågareliggende delane av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernombordet, som til dømes i Ljosådalen i Valle, Lognadal i Bygland og Homstøldalen i Hægebostad. Dei fleste stadane gjør likevel vanskeleg terregn, og store avstandar, skogressursane vanskeleg tilgjengeleg. Dei siste åra har difor omfanget av skogsdrifta i området vore avgrensa. Mange av grunneigarane tek likevel ut ved til eige bruk.

Fjellgarden Pytten i Bygland er den einaste garden innanfor verneområdet, der det framleis er ei viss drift. Her blir innmarka slegen, og det blir halde beitedyr på garden.

Når det gjeld anna verksemd innanfor landbruket, er det lite aktivitet i verneområda. Dei siste 15 åra har det ikkje kome søknader om nydyrkning, grøfting, landbruksveg eller treslagsskifte.

Det er per 2014 gjeve 210 motorferdselsløyve for snøskuter i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernombordet. Nokre av desse er omfattande løyve, som fører til mykje motorferdsel. To av dei gjeld transport til Stavanger turistforening, og DNT-Sør sine hytter, og kvisting av løyper mellom dei. Det er også gjeve ti løyve etter dei same rutene, i samband med kjentmannsturar for ulike redningsgrupper. Statskog har også løyve til transport av materialar og proviant til sine hytter. Det er også gjeve løyve til oppkjøring av skiløyper ved Storenos på Hovden, Ljosland-Lakkenstova , Knaben – Knaberøysi og Fidjeland–Dægevasshytta. Verneområdestyret har også gjeve løyve til at løypetraseen til turrennnet Sesilåmi, kan grunnpreparerast med løypemaskin over ein periode på tre veker kvar vinter, og at spora til turrennnet blir køyrde opp siste veka før rennet. Agder Energi, Otra Kraft og Sira-Kvina kraftselskap, har løyve til å bruke snøskuter i samband med snømåling, tilsyn og vedlikehald av kraftinstallasjonar.

I tillegg kjem om lag 190 vanlege løyve, som gjeld transport i samband med beitebruk og transport til hytter. Årleg blir det gjeve om lag 60 ordinære helikopterløyve, med til saman om lag 120 transportar.

## 3.7.2 Verneverdiar og trugsmål

Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernombordet, er Noregs nest største verneområde, og inneheld ei lang rekke verneverdiar, både knytte til enkeltlokalitetar og til heilskapen i området. Med utgangspunkt i verneforskrift og verneplan, kan særleg verneverdiar knytte til villrein, rovfugl, landskap, botanikk og kulturminne, trekkast fram.

Den kanskje viktigaste verneverdien knytt til Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernombordet, er funksjonen området som som leveområde for Europas sørlegaste villreinstamme. Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landska-




Turisthytta ved Taumevatn.

psvernombordet utgjer kjerneområdet for villreinstamma i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane, og inneheld alle viktige funksjonsområde for denne stamma, som kalvingsområde, sentrale trekkvegar, vinterbeiteområde og sommarbeiteområde. Særleg viktig er kalvingsområda i Storenos, Vatnedalsheii, Ratevassnuten og Svarvaren, og trekkvegane til og frå desse. Verneområdet inneheld og fleire viktige trekkområde, som er svært viktige for å sikre at villreinen kan flytte mellom dei ulike funksjonsområda. Breidvatn er viktig for utvekslinga av dyr med Setesdal Austhei. Steinsbuskardet har tidlegare vore svært viktig for utveksling av dyr mellom nordområdet og sørområdet, og for at dyra skal kunne trekke inn i områda vest for Blåsjø og Svartevassmagasinet. Svarteløkfjellet og Vardsvatn-Kvislevassnuten er viktige for trekket mellom områda nord og sør for Brokke-Suleskardvegen, og Andersvatnet-Børsteinvatnet, er viktig for trekket vestover mot Frafjordheiane.

Det er også store verneverdiar knytte til Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernombordet, som hekkeområde for sjeldne og raudlista rovfuglar. Dette gjeld særleg for hubro, som er oppført som sterkt truga (EN) på norsk raudliste for artar 2010, og jaktfalk som er oppført som nær truga (NT) på same lista.

Dei botaniske verneverdiane i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane, er først og fremst knytte til dei kalkrike lokalitetane i Bykle, og kulturlandskapet i Ljosådalen i Valle. På desse lokalitetane finn ein fleire artar som er oppførde på Norsk raudliste for artar 2010. Dette dreiar seg mellom anna om kvitkurle (NT-nær truga), handmarinøkkel (NT-nær truga), solblom (VU-sårbar) og søstermarihand (VU-sårbar).

Verneverdiene knytte til landskapet omfattar både heilskapen i landskapet, og særleg verdfulle enkeltlokalitetar. Verneområdet inneheld store, samanhengande, og relativt urørte område, noko som er svært sjeldan i denne landsdelen. Området har også fleire særmerkte og vakre landskapsrom, både i form av naturlandskap og kulturlandskap.



Grauthidleren.

Kulturlandskapa består av både fjellgardar (Pytten og Broteli), stølsområde og beiteområde i tilknyting til driftleger, og det er knytta store verneverdiar til fleire av desse.

Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernombordet, inneheld også ei lang rekke verneverdiar knytte til kulturminne frå nyare tid. Nokre av dei meir framtredande kulturminna er frå dei siste 100 åra, men er likevel svært verdfulle. Heiberghyttene er til dømes heilt unike for dette området, og utgjer saman med resten av "Heibergkulturen", eit viktig sær preg ved landskapsvernombordet. Verdfulle kulturminne i samband med gruvedrift finn ein ved Langevatn i Bykle og Knaben i Kvinesdal.

Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane er rikt på automatisk freda kulturminne. Dette dreiar seg mellom anna om steinalderbuplassar, dyregraver, bogestille, ferdselvegar og hellerar. Her peikar områda rundt Storhedder og Gyvatn i Bykle seg ut, med stor koncentrasjon av slike kulturminne. Kulturminne som kolgroper, omnar og slagghaugar i samband med jernutvinninga rundt Hovden i mellomalderen, må også trekkast fram.

Det er openbare trugsmål mot fleire av dei verneverdig botaniske lokalitetane i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernombordet. Lokalitetane med solblom og handarinøkkel er utsatt for attgroing, mens lokalitetane med søstermarihand og kvitkurle både er utsatt for attgroing og hardt beite frå sau. Aasen (1995) hevdar at sauebeitinga

i heiombordet pregar vegetasjonen, og er ein hovudfaktor i utforminga av plantesamfunna. Høgstaudeiene og rasmarkene er såleis ikkje så rike som ein elles kunne forvente. Stadvis er beitetrykket så høgt at artsmangfaldet av plantar blir redusert.

Det eksisterer også trugsmål mot verneverdiene knytte til hekkande rovfugl. Fleire hekkelokalitetar for jaktfalk ligg nær kvista skiløyper, der ferdsel på desse kan medføre forstyrningar. Motorferdsel med helikopter og snøskuter kan også forstyrre desse hekkelokalitetane. Når det gjeld hubro, er denne arten særleg truga av kraftlinene i området.

Verneverdiene knytte til kulturlandskapet i samband med fjellgardar, stølsområde og driftleger, er truga av attgroing med bjørk og einer. Dette er særleg eit problem under, og like over tregrensa. Ein meir omfattande omtale av trugsmåla mot kulturlandskap og kulturminne finst i kapittel 1.5.2.

Det eksisterer ein del trugsmål mot funksjonen Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernombordet har som leveområde for villreinstamma. Eit opplagt trugsmål er alle inngrepa i samband med kraftutbygging. Reguleringsmagasina har avgrensa kvar reinen kan trekke sommar og haust, og anleggsvagar, kraftverksinstallasjonar og kraftlinjer, fører med seg ferdsel og forstyrningar inn i dei allereie avgrensa trekkkorridorane. Dei to fylkesvegane som er opne for vanleg biltrafikk sommar og haust, og ferdsel som kjem frå desse, har ein viss barriereeffekt. Dette er særleg merkbart ved Brokke-Suleskardvegen i tida rett før stenging om hausten, og rett etter opning om våren. Ferdsel på og ut frå anleggsvegen til Urevatn, er også truleg til hinder for at reinen kan trekke i dette området. Ferdsel etter turistløyper, og motorferdsel i samband med transport til stølar, driftehytter og turisthytter, kan medføre sporadisk forstyrring. Til saman er inngrep og forstyrningar mest truleg årsaka til at bruken til villreinen, av viktige beiteområde er avgrensa, og at utvekslinga av dyr i nord og sør i områda, langt på veg har stoppa opp dei siste åra.

## Status 2014

**Botaniske verneverdiar: Truga**

**Trugsmåla er mest knytte til attgroing av stølsvollar og beiteområdet, og hardt beitepress på nokre lokalitetar**

**Funksjon som leveområde for villrein: Truga**

**Trugsmåla er mest knytte til neddemte trekkvegar og forstyrningar i attståande trekk-korridorer**

**Kulturminne og landskapsmessige verneverdiar: Truga**

**Trugsmåla er mest knytte til attgroing av kulturlandskap under tregrensa, og forfall av kulturminne på grunn av endra bruk**

## 3.7.3 Bevaringsmål, overvaking og kartleggingsbehov

Det vil bli utarbeidd bevaringsmål og overvakingsprogram for botaniske lokalitetar ved Sloaros, i løpet av denne forvaltingsplanperioden.

Det er behov for ei kartlegging av særleg verdfulle kulturlandskap, knytte til stølsområde og driftleger.

Det er behov for ei kartlegging av eksisterande bygningar og installasjonar i verneområdet.

## 3.7.4 Retningsliner for brukarinteresser

### Vernereglar

Det må ikkje gjerast inngrep som vesentleg kan endre eller innverke på eigenarten landskapet har.

I dette medrekna:

- ♦ Oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, framføring av luftleidningar, jordkablar og røyr, bygging av vegar og rasteplassar, oppsetting av autovern, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, lausbryting og fjerning av stein og mineral, bergverksdrift, vassdrag-regulering, gjødsling, sprøyting med kjemiske midlar, nydyrkning, såing, planting, endring i samansetnaden av treslag ved skogskultur, plassering av campingvogner og bubilar. Opplistinga er ikkje uttømmande. Fylkesmannen avgjer i tvilstilfelle om eit tiltak kan endre landskapet vesentleg (Kapittel IV, punkt 1.1).
- ♦ I tillegg inneholder verneforskrifta desse forboda:
- ♦ Nye planteartar må ikkje innførast (Kapittel IV, punkt 2.1).
- ♦ Nye dyreartar må ikkje innførast (Kapittel IV, punkt 3.1).

### Kraftproduksjon

Reglane i verneforskrifta, punkt 1.1, 4.2 og 5.1, er ikkje til hinder for:

- ♦ Manøvrering av regulerte vassdrag i tråd med gjeldande konsesjonsvilkår, og vedlikehald og tilsyn av konsesjonsgjevne kraftanlegg, herunder anleggsvegar, luker, dammar, radiolinkar og kraftliner, herunder naudsynt auke i linettverrsnitt (Kap. IV, punkt 1.2, bokstav d).
- ♦ Naudsynt ferdsel i ferdselforbotssonene i samband med utbetring av skade på kraftanlegg (Kap. IV, punkt 4.2.1, bokstav b).
- ♦ Motorferdsel på veg, herunder anleggsvegar, etter gjeldande konsesjonsvilkår (Kap. IV, punkt 5.3, bokstav c).

Når verksemda kan skje utan at det stirr mot formålet med fredinga, kan forvaltingsstyremakta på nærmere vilkår gje løyve til:

- ♦ Naudsynt luft- og snøskutertransport som trengst ved tilsyn og vedlikehald av kraftanlegg, sjå pkt 1.2. d. Ved

akutte behov for slik transport, skal det sendast melding (Kapittel IV, punkt 5.4, bokstav a).

Bygge- og anleggstiltak utover vanleg vedlikehald, er søknadspliktige. Større anlegg som forsterking av dammar, og anleggsverksemde med eventuelle nye steinbrot, som vil føre til nye bygg eller inngrep i landskapet, krev dispensasjon etter verneforskrifta. Dette krev samordning av sakshandsaming mellom forvaltingsstyremaktene i verneområdet, og energistyremaktene (NVE). Det gjeld også naudsynte tiltak som verksemde er pålagde, i medhald av anna lovverk. Forvaltingsstyremakta skal i slike saker vurdere å fastsette vilkår, for å avgrense ulemper og skadeverknad for verneformåla. Det kan også fastsettast tid for utføring av tiltaket av omsyn til verneformåla.

### Landbruk

Reglane i verneforskrifta, punkt 1.1 og 4.2, er ikkje til hinder for:

- ♦ Tradisjonell landbruksdrift, herunder støling, stenging av skårfeste, oppsetting av kve o.l., som trengst for fedrifta(Kap. IV, punkt 1.2, bokstav a).
- ♦ Vedlikehald av bygningar, vegar og anlegg (Kap. IV, punkt 1.2, bokstav b).
- ♦ Tradisjonelt beite er tillate. Miljødirektoratet kan ved forskrift regulere beite som er i strid med verneformålet (Kap. IV, punkt 2.2).
- ♦ Hogst skal foregå i samsvar med reglar for hogst i verneskog (Kap. IV, punkt 2.3).
- ♦ Naudsynt ferdsel av grunneigar for tilsyn av eigedommen sin i ferdselforbotssonene (Kap. IV, punkt 4.2.1, bokstav c).

Når verksemda kan skje utan at det stirr mot formålet med fredinga, kan forvaltingsstyremakta på nærmere vilkår gje løyve til:

- ♦ Nydyrkning, framføring av jordbruksveg, og oppsetting av gjerde (Kap. IV, punkt 1.3, bokstav a).
- ♦ Oppattbygging av bygningar som har gått tapt ved brann eller naturskade, og oppattbygging av nedfalte bygningar som hører med i det tradisjonelle bygningsmiljøet i stølsgrender. Eventuelle vilkår for, og utforming av bygningar, skal avtalast i samråd med fylkeskonservatoren (Kap. IV, punkt 1.3, bokstav b).
- ♦ Mindre tilbygg til eksisterande bygningar (Kap. IV, punkt 1.3, bokstav c).
- ♦ Naudsynt luft- og snøskutertransport som trengst i samband med (Kap. IV, punkt 5.4, bokstav a):
  - jord- og beitebruk, t.d. frakt av gjerdeutstyr.
  - frakt av ved eller hogstvirke
  - frakt av felt storvilt
  - kalking
- ♦ Naudsynt luft- og snøskutertransport av materialar til hytter, klopper mv., og av brensel, utstyr og proviant til hytter og buer(Kap. IV, punkt 5.4, bokstav c).

## Ferdsel og større, organiserte arrangement

All ferdsel skal skje omsynsfullt for ikkje å skade natur- og kulturverdiar, forstyrre dyrelivet, eller vere til ulempe for beitedyr.

I dei særskilde kalvingssonene Storenos (1), Vatnedalsheii (2), Ratevassnuten (3) og Svarvaren (4), og i trekksona Breidvatn (5), som er avmerkt på kartet, er all ferdsel forboden i tidsrommet f.o.m. 25. april, t.o.m. 31. Mai (Kap. IV, punkt 4.2).

I dei særskilde trekssonene Svarteløkfjellet (6), Vardsvatn-Kvislevassknuten (7), Andersvatnet-Børsteinvatnet (8) og Steinsbuskardet (9), er all ferdsel forboden f.o.m. 15. april, t.o.m. 20. mai (Kap. IV, punkt 4.2).

Bruk av ridehest og sykkel i utmark er berre tillate langs særskilde trasear, som er kartfesta i forvaltingsplanen (Kap. IV, punkt 4.3).

Innanfor nærmere avgrensa delar av landskapsvernområdet, kan Miljødirektoratet ved forskrift, forby all slags ferdsel heile året, eller ein del av året, når ein reknar det som naudsynt for å verne naturmiljøet eller dyrelivet (Kap. IV, punkt 4.4).

Verneforskrifta set restriksjonar på sykling og organisert bruk av ridehest. Ein treng difor ikkje løyve for bruk av kløvhest eller sporadisk, uorganisert bruk av ridehest. Sykling på anleggsvegar blir heller ikkje omfatta av forboden.

I forvaltingsplanen er det ikkje kartfest trasear for bruk av sykkel. Bruk av sykkel på stiar i verneområdet er difor søknadspliktig. Verneområdestyret kan i løpet av forvaltingsplanperioden, opne for bruk av sykkel etter bestemte trasear, dersom behovet er stort, og tiltaket kan gjennomførast utan å vere i strid med verneverdiar og verneformålet.

Reglane i verneforskrifta, punkt 1.1., er ikkje til hinder for:

- Vedlikehald av merkte, eksisterande stiar og løyper. Forvaltingsstyremakta kan nekte vedlikehald av merka stiar og løyper, når det av omsyn til formålet med vernet, er ønskjeleg å redusere ferdsla i einskilde område (Kap. IV, punkt 1.2, bokstav c).

Reglane i verneforskrifta, punkt 4.2., er ikkje til hinder for:

- Ferdsel i ferdselforbodssonene som følgjer veg og merkt løype (Kap. IV, punkt 4.2.1, bokstav a).
- Ferdsel i samband med militær operativ verksemd, ambulanse-, politi-, brannvern-, sikrings-, oppsyns-, skjøtsels- og forvaltingsverksemd (Kap. IV, punkt 4.2.1, bokstav d).
- Jakt er tillate etter reglane i viltlova (Kap IV, punkt 3.2).
- Fiske er tillate etter lakse- og innlandsfiskelova (Kap IV, punkt 3.).

Aktuelle vegar og merkte løyper vil gå fram av temakart i vedlegg 2.

Merking av vinterløyper skal vere fjerna innan 15. april i trekssonene, og innan 25. april i kalvingssonene, eller seinast 3. påskedag, dersom påska er seinare enn denne dato. I område med ferdelsrestriksjonar (kalving og trekk), vil det såleis vere eit generelt ferdelsforbod i resten av restriksjonsperiodane, som er fram til 20. mai for trekssonene og 31. mai for kalvingssonene.

Forvaltingsstyremakta kan gjere unntak frå forboden i pkt. 4.2 i særlege tilfelle, når det ikkje strir mot formålet med vernet (Kap. IV, punkt 4.5).

Når verksemda eller tiltaket kan skje utan at det strir mot formålet med vernet, kan forvaltingsstyremakta på nærmere vilkår gje løyve til:

- Opparbeiding og merking av nye turstiar og løyper (Kap IV, punkt 1.3, bokstav d).
- Arrangørar av større organiserte arrangement, som idrettsarrangement, jaktprøver, store teltleirar og militærøvingar, må søke forvaltingsstyremakta om løyve til arrangementet (Kap. IV, punkt 4.1 ).

## Motorferdsel

Motorisert ferdsel på land er forbode (Kapittel IV, punkt 5.1, bokstav a).

Lågtflyging under 300 m over kalvingsområde og trekssonar, jf. kap. II, er forbode (Kapittel IV, punkt 5.1, bokstav b).

Start og landing med motordrevne luftfartøy er forbode. Med landing forstår ein også henting og bringing av passasjerar og gods, sjølv om landing i fysisk forstand ikkje finn stad (Kapittel IV, punkt 5.1, bokstav c).

Vegen Brokke-Suleskard skal vere stengd f.o.m. 1. november, t.o.m. 20. mai. Vegen skal ikkje brøyast før 12. mai, der han kryssar trekksona Vardsvatn-Kvislevassknuten (Kapittel IV, punkt 5.2).

Forboden i punkt 5.1 gjeld ikkje:

- Motorisert ferdsel i samband med militær operativ verksemd, ambulanse-, politi-, brannvern-sikrings-, oppsyns-, skjøtsels- og forvaltingsverksemd. Øvingskjøring i samband med desse formåla krev særskilt løyve (Kap. IV, punkt 5.3, bokstav a).
- Motorferdsel på veg, herunder anleggsvegar etter gjeldande konsesjonsvilkår (Kap. IV, punkt 5.3, bokstav b).
- Landing med motordrevne luftfartøy for henting av felt storvilt på, eller ved følgjande vatn: Krokevatn, Ratevatn, Bånevatin, Storsteinvatnet, Bossvatn, Ormsavatn og Karls-

vatn<sup>59</sup> i Bykle, Storevatn i Sirdal, og Kolsheivatn, Monsvatn, Storolavsvatn og Lykkjevatn i Bygland kommune.

Lufttransport skal meldast til forvaltingsstyresmakta før transporten tek til(Kap. IV, punkt 5.3, bokstav c).

Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til:

- ♦ Naudsynt luft- og snøskutertransport som trengst i samband med(Kap. IV, punkt 5.4, bokstav a):
  - jord- og beitebruk, t.d. frakt av gjerdeutstyr
  - frakt av ved eller hogstvirke
  - frakt av felt storvilt
  - kalking
- ♦ Naudsynt luft- og snøskutertransport som trengst ved tilsyn og vedlikehald av kraftanlegg, sjå pkt. 1.2. d. Ved akutt behov for slik transport, skal det sendast melding (Kapittel IV, punkt 5.4, bokstav a).
- ♦ Naudsynt luft- og snøskutertransport av materialar til hytter, klopper mv., og av brensel, utstyr og proviant til hytter og buer (Kap. IV, punkt 5.4, bokstav c).
- ♦ Opning/stenging av Brokke-Suleskardvegen ut over dei faste tidspunkta, ved heilt spesielle forhold, og då etter retningsliner gjevne i avtale av 12. april 1999, mellom fylkesmannen i Aust-Agder og Statens Vegvesen(Kap. IV, punkt 5.4, bokstav c).

## Bygningar, anlegg og faste innretningar

Reglane i verneforskrifta, punkt 1.1, er ikkje til hinder for:

- ♦ Vedlikehald av bygningar, vegar og anlegg (Kap. IV, punkt 1.2, bokstav b).
- ♦ Manøvrering av regulerte vassdrag i tråd med gjeldande konsesjonsvilkår, og vedlikehald og tilsyn av konsesjonsgjevne kraftanlegg, herunder anleggsvegar, luker, dammar, radiolinkar og kraftlinjer, herunder naudsynt auke i linjetverrsnitt (Kap. IV, punkt 1.2, bokstav d).

Når verksemda kan skje utan at det strir mot formålet med fredinga, kan forvaltingsstyresmakta på nærmare vilkår gje løyve til:

- ♦ Nydyrking, framføring av jordbruksveg og oppsetting av gjerde (Kap. IV, punkt 1.3, bokstav a).
- ♦ Oppattbygging av bygningar som har gått tapt ved brann eller naturskade, og oppattbygging av nedfalne bygningar, som høyrer med i det tradisjonelle bygningsmiljøet i stølsgrender. Eventuelle vilkår for, og utforming av bygningar, skal avtalast i samråd med fylkeskonservatoren (Kap. IV, punkt 1.3, bokstav b).
- ♦ Mindre tilbygg til eksisterande bygningar (Kap. IV, punkt 1.3, bokstav c).

## 3.7.5 Prinsipp for forvaltinga av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsverneområde 2015-2025

59 Dette skal vere Kaldsvatn lengst nordaust i verneområdet.

Verneområdestyret vil gjere merksam på at soneinndelinga, med fire ulike soner frå førre forvaltingsplan, ikkje blir vidareført i den nye planen. I handsaminga av alle dispensasjonssøknadar, er det ei avvegning mellom det konkrete behovet for tiltaket det vert søkt om å gjennomføre, og verknaden tiltaket vil få i høve til verneformål og verneverdiar, som er avgjerande for om det blir gjeve dispensasjon. Dette er eit prinsipp som gjeld uansett, sjølv om verneområdet er inndelt i soner. Derfor oppfattar verneområdestyret at det er unødvendig med ei soneindeling. Verneområdestyret vil samstundes understreke at bortfallet av sonene, ikkje vil medføre endringar i dispensasjonspraksis. Til dømes vil dei særskilte tilhøva i områda som inngjekk i Sone 3-Kulturlandskap, Sone 3A-Kulturlandskap, skogbruk, og Sone 4-Spesielle aktivitetar, i den førre forvaltingsplanen, framleis bli vektlagt i handsaminga av dispensasjonssøknadar.

Omfangen av motorferdsel og anna verksemd i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde er relativt omfattande, men er i liten grad i strid med verneformål og verneverdiar. Motorferdsla skjer i hovudsak i utkantane av verneområdet, slik at dei sentrale villreinområda er mindre utsett for forstyrringar. Talet på byggetiltak er lågt, og er også avgrensa til utkantane av verneområdet. På grunn av ei relativt omfattande motorferdsle, og inngrep i samband med fylkesvegar og kraftutbygging, må den samla belastninga likevel vurderast som relativt stor (jf. nml §10). Verneområdestyret ønsker difor å legge opp til ein forvaltingspraksis der talet på motorferdselsløyve ikkje aukar nemneverdig, og der det ikkje vert opna for tiltak som i nemneverdig grad kan forstyrre villreinen, eller endre områdeheilskapen.

Dette betyr at det framleis kan bli gjeve løyve til naudsynt transport, med snøskuter og helikopter i samband med landbruksdrift, drift av turisthytter, og drift av kraftverksinstallasjonar og kraftlinjer. Det same gjeld for naudsynt transport til fritidshytter.

Så lenge bruken til villreinen av dei aktuelle områda er svært avgrensa, vil verneområdestyret vurdere å gje løyve til oppkjøring av skiløypene i verneområdet. Om det kan dokumenterast at skiløypene har ein positiv, kanaliserande effekt, kan løypa haldast oppe, sjølv med villrein i området.

Verneområdestyret vil også framover kunne gje løyve til tilbygg, både til landbruksbygg og fritidshytter, dersom konkrete behov kan dokumenterast. Etter at vernet blei etablert, har det vore relativt få søknadar om nye landbruksbygg. Verneområdestyret ser heller ikkje for seg mange slike søknadar den neste tiårsperioden, og meiner at behovet for bygg til landbruksdrift, i hovudsak kan dekkast gjennom utviding av eksisterande bygg.

Fjellgarden Pytten i Bygland står i ei særstilling i verneområdet, som den einaste garden der det framleis er drift, samstundes som det er store verneverdiar knytte til både



Den gamle Heiberghytta til Statskog ved Vestre Gvatn. Storvassdammen i bakgrunnen.

kulturlandskapet og bygningane på staden. Det vil vere behov for ei kartlegging av desse verneverdiane, og for ein plan for korleis bygningane og kulturlandskap kan takast vare på. Difor bør det så fort som råd bli utarbeidd ein skjøtsels- og tilretteleggingsplan for Pytten, i samarbeid med grunneigar og Bygland kommune. Ein slik plan bør også innehalde framlegg om korleis ein kan sikre vidare drift av Pytten, og ei avvegning av eventuelle tiltak, i forhold til verneverdiar og verneformål.

Det ligg til saman 18 turisthytter innanfor grensene til verneområdet, og Flekkefjord og Opland turistforening har planar om å bygge ei ny hytte ved Kyrevatn, rett nord for Knaberøysa i Kvinesdal. Verneområdestyret vil kunne gje løyve til ombygging og utviding av eksisterande hytter, dersom konkrete behov kan dokumenterast. Etter at vernet blei etablert, har det ikkje blitt bygd nye turisthytter, men det har blitt gjeve løyve til sikringshytter ved nokre av dei eksisterande turisthyttene. Som ein hovudregel meiner verneområdestyret at ein eventuell auke i overnatningskapasiteten, må skje gjennom utviding av eksisterande hytter, eller hytter som blir bygde utanför verneområdet.

Forvaltn inga av området i og ikring Steinsbuskardet, vil få særleg merksemd i denne forvaltingsplanperioden. På grunnlag av pågåande kartleggingar av ferdsel, og områdebruken til villreinen, vil verneområdestyret utarbeide ein særskilt tiltaksplan i lag med Bykle kommune, Statskog og Stavanger turistforening. Her vil endringar i ferdsel-

bodssonene, og flytting av turisthytter og turistløyper, vere tiltak som vil bli vurdert.

Forvaltinga av områda ved Brokke-Suleskardvegen vil også få særleg merksemd i denne forvaltingsplanperioden. På grunnlag av pågåande kartlegging av ferdsel, og områdebruken til villreinen, vil verneområdestyret utarbeide ein særskilt tiltaksplan i lag med Sirdal og Valle kommunar, grunneigarar og DNT Sør. Her vil mellom anna flytting av turisthytter og turistløyper, i tillegg til utviding av parkeringsplassar, vere tiltak som vil bli vurdert.

### 3.7.6 Tiltak

- ♦ Verneområdestyret vil, saman med grunneigar, kommunar og reiselivsaktørar, arbeide for å utvide og betre tilbodet til besökande på rastepplassen ved Håhellervatnet. Aktuelle tiltak er universelt utforma tursti, tilrettelegging for enkelt friluftsliv, natursti og nye informasjonstavler.
- ♦ Informasjonstavler med utfyllande informasjon om verneområdet, skal plasserast ut ved sentrale innfallsportar til verneområdet. Eksisterande informasjonspunkt skal utvidast, og det skal etablerast nye. Det skal også settast opp nye skilt, som viser at ein har kørt inn i verneområdet langs vegen Sirdal-Lysebotn.
- ♦ Verneområdestyret skal, i lag med vegstyresmakta, komme fram til ein avtale om tidspunkt for brøyting av vegen Sirdal-Lysebotn.
- ♦ Lågtflyging i samband med militære øvingar, ulike former for kartlegging og vanleg helikoptertransport, kan

vere eit trugsmål mot villreinstamma. Verneområdestyret vil difor arbeide for at verneforskrifta får inn eit generelt forbod mot lågtflyging i heile verneområdet.

## 3.8 Steinsbuskardet-Hisdal biotopverneområde

Steinsbuskardet-Hisdal biotopverneområde ligg i Bykle kommune. Det blei oppretta i 2000. Arealet på verneområdet er 36.3 km<sup>2</sup>.

Steinsbuskardet – Hisdal biotopverneområde har to soner med ferdsselsrestriksjonar. I sone A, Steinsbuskardet, er det særskilt viktige trekkruter for villreinen. Her er det ferdsselsforbod heile året, med unnatak for vegar og merkte turiststier. I sone B, Hisdal, er det ferdsselsforbod i kalvingsperioden 25.04-31.05. Miljødirektoratet kan ved forskrift oppheve ferdsselsreguleringane, eller endre grensene for sonene.

Formålet med vernet av Steinsbuskardet-Hisdal biotopverneområde er, heiter det i verneforskrifta, kapittel III, "å sikre eit særskilt heilårs leveområde med trekkvegar og kalvingsområde for villrein i Setesdal Vesthei."

### 3.8.1 Områdebeskrivning

#### Avgrensing og eigedomstilhøve

Steinsbuskardet-Hisdal biotopverneområde har to delar. Den austre delen omfattar den inste delen av Bossvatn (551 moh), frå Dysjesundet og dalføret austover til Blåsjø (Steinsbuskardet). Denne delen av biotopverneområdet, grensar mot Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiane landskapsvernombjørn, og grensa er trekt oppe i nutane på nord- og sørsida av Bossvatn og Steinsbuskardet. Området omfattar såleis også dei bratte fjellsidene ned mot skardet og vatnet. Biotopverneområdet består også av eit område på sørsida av Bossvatn (Hisdal). Her går nordgrensa oppe på fjellbrynet ned mot Bossvatn, mens sørgrensa følgjer grensa til Hisdal naturreservat. Delar av naturreservatet var tidlegare i Steinsbuskardet – Hisdal biotopverneområde, men denne grensa blei oppheva innanfor reservatet. Dei to delane av biotopverneområdet heng saman i eit punkt ved Slettheinuten.

Steinsbuskardet-Hisdal biotopverneområde omfattar 15 gards- og bruksnummer. Gardane Brotteli, Dysje, Brattland og Tveiten har mest areal i verneområdet. Statskog eig Brotteli, og bruket er ein del av Njardarheim. Om lag 1/3 av arealet i biotopverneområdet ligg på statsgrunn.

#### Landskap og inngrep

I Naturtyper i Norge (NiN), tilhører dei indre og høgareliggende delane av Steinsbuskardet-Hisdal, hovudtypen Ås- og fjelltopplandskap, og landskapstypen småkupert høgfjellslandschap. Dei lågareliggende delane i sør aust tilhører landskapstypen kupert åslandschap. Områda langs det markerte dalføret ved Bossvatn, tilhører hovudtypen

Fjord- og dallandskap, og landskapstypen nedskåret dalandskap.

Den austre delen av biotopverneområdet blir dominert av dalføret frå Bossvatn og opp til Storevassdammen. Her er både den tørrlagte Gyfossen, Dyreskar og den mektige steinrøysa Urene, iaugefallande element i landskapet. Den vestre delen kan karakteriserast som småkupert heielandskap, og inneholder både snaufjell og fjellbjørkeskog. Landskapet i Hisdal er typisk for regionen, med markerte nutar, større og mindre sprekkedalar, men også vide heieområde med myrar og vatn. Dei mest markante toppane i biotopverneområdet er Torsteinsnut (1237 moh), Storefjell (1220 moh) og Skurvenuten (1143 moh).

Det er store kulturminnefaglege verdilar knytte til kulturminna i Steinsbuskardet-Hisdal biotopverneområde. På grunn av den sentrale lokaliseringa i forhold til villreintrekka, har området blitt brukt til jakt og fangst sidan steinalderen. I verneområdet er det, mellom anna, registrert ein steinalderbuplass og fire dyregravar i området ved Vestre Gyvatn. Det er også knytta verneverdiar til den gamle Heiberghytta på Vestre Gyvatn, og til fjellgarden Brotteli.

Området er stadvis sterkt prega av inngrep i samband med kraftutbygging. Lengst aust i biotopverneområdet er Storevassdammen, som er 1.4 km lang og 90 m høg, eit heilt dominerande element i landskapet. To store 420 kV-kraftlinjer strekker seg gjennom heile verneområdet, og Bossvatn har ei reguleringshøgde på 66 m. Anleggsvegen mellom Oddatjønndammen og Storevassdammen går gjennom verneområdet i ei strekning på 2 km. Området under Storevassdammen er prega av masseuttak og planering, i samband med eit tidlegare riggområde. Det går ein steinsett kanal frå dammen og ned mot Vestre Gyvatn.

Når det gjeld bygningar, har Statskog hytter ved Vestre Gyvatn og Stakkelslatta, og fleire bygningar på fjellgarden Brotteli. På Sandbekkstølen står det også fleire bygningar.

#### Bruken av Steinsbuskardet-Hisdal i dag

Det ligg ikkje turisthytter i verneområdet, men Stavanger turistforening har ei sjølvbetjent hytte, Storsteinen, som ligg 2 km vest for vernegrensa. Storsteinen har dei siste åra hatt om lag 400 overnattingar i året, fordelt med 100 overnattingar i vintersesongen, og 300 overnattingar i sommarsesongen. Overnattingstala har vore relativt stabile dei siste åra, men har gått ned med om lag 30% sidan 1990-talet. Den merkte sommarløypa mellom Storsteinen og Hovatn går gjennom dei vestre delane av verneområdet, mens løypa mellom Viki og Kringlevatn går gjennom dei austre delane. I tidsrommet juli-oktober er det litt ferdsel til fots og på sykkel etter anleggsvegen frå Beinlei. Det blir gjennomført ei kartlegging av ferdsla i området i samband med det pågående GPS-merkeprosjektet.

Hytta Statskog har ved Vestre Gyvatn, har tidlegare blitt brukt som turisthytte, og vore utleigd i samband med jakt.

Etter opprettinga av verneområdet, har hytta blitt svært lite brukt. Det same gjeld bygningar Statkog eig på fjellgarden Brotteli, og hytta på Stakkleslåtta, der det heller ikkje har vore verksemd dei siste åra.

Mannskap frå Statkraft og Statnett brukar bil på anleggsvegen ned til Storevassdammen mest kvar dag i tidsrommet juli-oktober, i samband med tilsyn og vedlikehald av kraftinstallasjonane. Statnett har også årlege inspeksjonssturar med både snøskuter og helikopter langs kraftlinene gjennom biotopverneområdet.

I 2014 gjennomførde Statnett eit større vedlikehaldsarbeid på kraftlinene gjennom verneområdet.

## 3.8.2 Verneverdiar og trugsmål

Verneverdiane i Steinsbuskardet-Hisdal biotopverneområde, er særleg knytte til funksjonen området har som leveområde, trekkveg og kalvingsområde for villreinstamma. Villreinen oppheld seg i området store delar av året, og områda aust mot Hisdal blir nytta til kalving. Sommar og haust er Steinsbuskaret og Gyvassfjellet den einaste tilgjengelege trekkvegen for utveksling av dyr mellom sørområda og nordområda. Resultat frå GPS-merkeprosjektet, syner at denne trekkvegen har vore svært lite brukt dei siste åra.

Det eksisterer klare trugsmål mot Steinsbuskardet-Hisdal biotopverneområdet, og den funksjonen det har som leveområde og trekkkorridor for villreinstamma. Inngrepa i samband med kraftutbygginga, gjer at områda der villreinen kan trekke, er svært avgrensa, og gjer den attverande korridoren svært sårbar for forstyrringar av ulike slag. Ferdsla i området er ikkje særleg omfattande, men summen av verksemda Statkraft og Statnett har, saman med ferdsel etter turistløypene, kan likevel vere nok til at villreinen ikkje trekker gjennom Steinsbuskardet, i tida rundt påske, og i perioden juli-september, når ferdsla er størst.

Når det gjeld funksjon som kalvingsområde er det ingen store trugsmål.

### Funksjon som leveområde for villrein: Truga

*Trugsmåla er mest knytte til neddemde trekkvegar og forstyringar i attståande trekkkorridorar*

## 3.8.3 Bevaringsmål, overvaking og kartleggingsbehov

Det ligg ikkje føre planar om å utarbeida bevaringsmål for Steinsbuskardet-Hisdal biotopverneområde i denne forvaltingsplanperioden.

Det vil bli behov for ei meir nøyaktig kartlegging av ulike former for ferdsel i verneområdet.

## 3.8.4 Retningsliner for brukarinteressene

### Verneregler

*Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre dei naturgjevne produksjonstilhøva, og gjere livsmiljøet til villreinen*

ringare. Villreinen må ikkje bli hindra når området blir nytta. Dette gjeld til dømes:

- ♦ Oppføring av bygningar, anlegg og faste innretnningar, framføring av luftleidningar, bygging av vear og rastepllassar, oppsetting av autovern, drenering og anna form for tørrlegging, framføring av røyr over bakken, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, bergverksdrift, vassdragsregulering, gjødsling, sprøyting med kjemiske midlar, nydyrkning, sång, planting, endring av samansettninga av treslag ved skogkultur, og plassering av campingvogner og bubar. Opplistinga er ikkje uttømmande. Nye plante- eller dyreartar må ikkje innførast. (Kapittel IV, punkt 1.1).

### Kraftproduksjon

Reglane i verneforskrifta, punkt 1.1, 2.1, 3.1 og 3.2, er ikkje til hinder for:

- ♦ Manøvrering av eksisterande regulerte innsjøar i tråd med konsesjonsvilkåra. Vedlikehald og tilsyn av konsesjonsjevne kraftanlegg, herunder anleggsvegar, luker, dammar, radiolinkar og kraftliner, herunder naudsynt auke i linetverrsnitt. Naudsynt ferdsel i ferdsselsfodssonene, i samband med utbetring av skade på kraftanlegg (Kap. IV, punkt 1.2, bokstav f).
- ♦ Vedlikehald av bygningar, vear og anlegg (Kap. IV, punkt 1.2, bokstav c).
- ♦ Ferdsel som er naudsynt i samband med akutt behov for tilsyn og førebygging / utbetring av skade på kraftanlegg (Kap. IV, punkt 2.2, bokstav c).
- ♦ Naudsynt ferdsel i sone A, i samband med tilsyn og vedlikehald av kraftanlegg, sjå punkt 1.2. bokstav f, i samråd med forvaltingsstyresmakta (Kap. IV, punkt 2.2, bokstav d).
- ♦ Motorferdsel på anleggsvegar i tråd med gjevne konsesjonsvilkår (Kap. IV, punkt 3.3, bokstav a).

Når verksemda kan skje utan at det stirr mot formålet med fredinga, kan forvaltingsstyresmakta på nærmare vilkår gje løyve til:

- ♦ Luft- og snøskutertransport som trengst ved tilsyn og vedlikehald av kraftanlegg, sjå pkt. 1.2, bokstav f. Ved akutt behov for slik transport, skal det sendast melding (Kapittel IV, punkt 3.4, bokstav b).
- ♦ All luftransport etter punkt 3 skal meldast til oppsynet før transporten tek til (Kap. IV, punkt 3.5).

Bygge- og anleggstiltak utover vanleg vedlikehald, er søknadspliktig, om ikkje anna er fastsett gjennom konsesjon eller anna særlov. Større anlegg, som forsterking av dammar og anleggsverksemd med eventuelle nye steinbrot, som vil føre til nye bygg eller inngrep i landskapet, krev dispensasjon etter verneforskrifta. Dette krev samordning av sakshandsaming mellom forvaltingsstyresmaktena i verneområdet og energistyresmaktena (NVE). Dette gjeld

også naudsynte tiltak som verksemdene er pålagde i medhald av anna lovverk. Forvaltingsstyresmakta skal, i slike saker, vurdere å fastsette vilkår for å avgrense ulempar og skadeverknader for verneformåla. Det kan også fastsettast tid for utføring av tiltaket av omsyn til verneformåla.

## Landbruk

Reglane i verneforskrifta, punkt 1.1, 2.1, 3.1 og 3.2, er ikkje til hinder for:

- ♦ Tradisjonell landbruksdrift, herunder støling, stenging av skårfeste, oppsetting av kve og liknande, som er naudsynt for fedrifta (Kap. IV, punkt 1.2, bokstav a).
- ♦ Tradisjonell beiting. Miljødirektoratet kan ved forskrift regulere beiting som er i strid med verneformålet (Kap. IV, punkt 1.2, bokstav b).
- ♦ Vedlikehald av bygningar, vegar og anlegg (Kap. IV, punkt 1.2, bokstav c).
- ♦ Hogst i samsvar med reglane for hogst i verneskog (Kap. IV, punkt 1.2, bokstav c).
- ♦ Hogst skal foregå i samsvar med reglar for hogst i verneskog (Kap. IV, punkt 2.3).
- ♦ Ferdsl som er naudsynt i samband med sinking og tilsyn av sau (Kap. IV, punkt 2.2, bokstav c).
- ♦ Naudsynt ferdsl for grunneigarar for tilsyn med eigedomen (Kap. IV, punkt 2.2, bokstav e).

Når verksemda eller tiltaket kan skje utan at det stirr mot formålet med vernet, kan forvaltingsstyresmakta på nærmare vilkår gje løye til:

- ♦ Oppattbygging av bygningar som er gått tapt ved brann eller naturskade, og oppattbygging av nedfalne bygningar, som hører med i det tradisjonelle bygningsmiljøet i stølsgrender. Eventuelle vilkår for, og utforming av bygningar, skal setjast i samråd med fylkeskonseratoren (Kap. IV, punkt 1.3, bokstav a).
- ♦ Mindre tilbygg til eksisterande bygningar (Kap. IV, punkt 1.3, bokstav b).
- ♦ Luft- og snøskutertransport som trengst i samband med: (Kap. IV, punkt 3.4, bokstav a)
  - jord- og beitebruk, t.d. frakt av gjerdeutstyr
  - frakt av ved eller hogstvirke
  - frakt av felt storvilt
  - kalking av vassdrag
- ♦ Naudsynt luft- og snøskutertransport av materialar til hytter, klopper m.v., og av brensle, utstyr og proviant til hytter og buer (Kap. IV, punkt 3.4, bokstav c).
- ♦ All lufttransport etter punkt 3 skal meldast til oppsynet før transporten tek til (Kap. IV, punkt 3.5).

## Ferdsl og større, organiserte arrangement

All ferdsl skal skje omsynsfullt og ta særlig omsyn til villreinen.

I sone A – Steinsbuskardet, er all ferdsl forbode heile året.

I sone B – Hisdal, er ferdsl forbode i tidsrommet f.o.m. 25. april t.o.m. 31. Mai (Kap. IV, punkt 2.1).

I forvaltingsplanen er det ikkje kartfesta trasear for bruk av sykkel. Bruk av sykkel på stiar i verneområdet er difor søknadspliktig. Verneområdestyret kan i løpet av forvaltingsplanperioden opne for bruk av sykkel etter bestemte trasear, dersom behovet er stort, og tiltaket kan gjennomførast utan å vere i strid med verneverdiar og verneformål.

Reglane i verneforskrifta, punkt 1.1, er ikkje til hinder for:

- ♦ Vedlikehald av merkte, eksisterande stiar og løyper. Forvaltingsstyremakta kan nekte vedlikehald av merkte stiar og løyper, når det av omsyn til formålet med vernet, er ønskjeleg å redusere ferdsla i einskilde område (Kap. IV, punkt 1.2, bokstav e).
- ♦ Jakt etter reglane i viltlova (Kap. IV, punkt 1.2, bokstav g).
- ♦ Fiske etter lakse- og innlandsfiskelova (Kap. IV, punkt 1.2, bokstav h).

Det må presiserast at jakt og fiske berre er tillate i Sone B – Hisdal. I Sone A – Steinbuskardet, er jakt og fiske forbode.

Reglane i verneforskrifta, punkt 2.1, er ikkje til hinder for:

- ♦ Ferdsl i samband med militær verksemd, ambulanse-, politi-, brannvern-, sikrings-, oppsyns- og forvaltingsverksemd (Kap. IV, punkt 2.2, bokstav a).
- ♦ Ferdsl som følgjer veg og merkt løype (Kap. IV, punkt 2.2, bokstav b).

Aktuelle vegar og merkte løyper vil gå fram av temakart i vedlegg 7.1.1.

Merking av vinterløyper tek til helga før påske, og kvistane skal vere fjerna innan 15.april, eller seinast 3. påskedag, dersom påska er seinare enn denne datoene. Det vil såleis vere eit generelt ferdelsforbod etter desse vintertrasæane resten av året, i sone A, Steinbuskardet.

Når verksemda eller tiltaket kan skje utan at det stirr mot formålet med vernet, kan forvaltingsstyresmakta på nærmare vilkår gje løye til:

- ♦ Opparbeiding og merking av nye turstiar og løyper (Kap IV, punkt 1.3, bokstav c).
- ♦ Arrangørar av større, organiserte arrangement, som idrettsarrangement, jaktprøver, store teltleirar og militærøvingar, må söke forvaltingsstyresmakta om løye til arrangementet (Kap. IV, punkt 2.3).

## Motorferdsel

Motorisert ferdsl på land er forbode (Kapittel IV, punkt 3.1).

Lågtflyging under 300 m er forbode (Kapittel IV, punkt 3.2).

Unntak frå reglane i 3.1 og 3.2 er:

- ♦ Motorferdsel på veg i tråd med gjevne konsesjonsvilkår (Kap. IV, punkt 3.3, bokstav a).
- ♦ Motorisert ferdsl i samband med militær verksemd, ambulanse-, politi-, brannvern-, sikrings-, oppsyns- og forvaltingsverksemd. Øvingskøyring i samband med desse formåla krev særskilt løye (Kap. IV, punkt 4).

I tråd med konsesjonsvilkåra, gjevne av Olje og energidepartementet, har Statkraft, Statnett, NVE, grunneigarane, oppsynet, ambulanse, lege, politi og andre offentlege etatar, løye til motorferdsel på vegen mellom Beinlei og Storevassdammen. Sjå NVE-vedtaket av 08.02.2005 for vidare opplysningar.

Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gje løye til:

- ♦ Luft- og snøskutertransport som trengst i samband med (Kap. IV, punkt 3.4, bokstav a):
  - jord- og beitebruk, t.d. frakt av gjerdeutstyr
  - frakt av ved eller hogstvirke
  - frakt av felt storvilt
  - kalking
- ♦ Luft- og snøskutertransport som trengst ved tilsyn og vedlikehald av kraftanlegg, sjå pkt 1.2. d. Ved akutte behov for slik transport, skal det sendast melding (Kapittel IV, punkt 3.4, bokstav b).
- ♦ Luft- og snøskutertransport av materialar til hytter, klopper m.v., og av brensel, utstyr og proviant til hytter og buer (Kap. IV, punkt 5.4, bokstav c).
- ♦ Øvingskøyring i samband med militær verksemd, ambulanse-, politi-, brannvern-, sikrings-, oppsyns- og forvaltingsverksemd (Kap. IV, punkt 4).

## Bygningar, anlegg og faste innretningar

Reglane i verneføreskrifta, punkt 1.1, er ikkje til hinder for:

- ♦ Manøvrering av eksisterande, regulerte innsjøar i tråd med konsesjonsvilkåra. Vedlikehald og tilsyn av konsesjonsgjevne kraftanlegg, herunder anleggsvegar, luker, dammar, radiolinkar og kraftlinjer, herunder naudsynt auke i linetverrsnitt. Naudsynt ferdsel i ferdselforbodssonene i samband med utbetring av skade på kraftanlegg (Kap. IV, punkt 1.2, bokstav f).
- ♦ Vedlikehald av bygningar, vegar og anlegg (Kap. IV, punkt 1.2, bokstav c).

Når verksemda kan skje utan at det strir mot formålet med fredinga, kan forvaltingsstyresmakta på nærmare vilkår gje løye til:

- ♦ Oppattbygging av bygningar som er gått tapt ved brann eller naturskade, og oppattbygging av nedfalne bygnin- gar, som høyrer med i det tradisjonelle bygningsmiljøet i stølsgrender. Eventuelle vilkår for, og utforming av bygningar, skal setjast i samråd med fylkeskonserva- toren (Kap. IV, punkt 1.3, bokstav a).

- ♦ Mindre tilbygg til eksisterande bygningar (Kap. IV, punkt 1.3, bokstav b).

## 3.8.5 Prinsipp for forvaltinga av Steinsbuskardet-Hisdal biotopverneområde 2015-2025

Omfanget av motorferdsel og anna ferdsl i Steinsbuskardet-Hisdal biotopverneområde er relativt avgrensa, men på grunn av effektane frå eksisterande inngrep, kan ho likevel vere i strid med verneformål og verneverdiar. På bakgrunn av dei omfattande inngrepa i samband med kraftutbygging og tilhørande motorferdsel, må den samla belastinga vurderast som stor. Verneområdestyret ønsker difor å legge opp til ein forvaltingspraksis der talet på motorferdselsløye ikkje aukar, og der det ikkje blir opna for nye tiltak som kan forstyrre villreinen. Motorferdsla til Statkraft og Statnett på anleggsvegen kan halde fram etter konsesjonsvilkåra for vegen, men verneområdestyret vil oppmøde om at bruken blir mest muleg avgrensa.

Dette inneber at det framleis kan bli gjeve løye til naudsynt transport med snøskuter og helikopter i samband med landbruksdrift, drift av løopenett, og drift av kraftverksinstallasjonar og kraftliner. Det kan også bli gjeve løye til vedlikehald, og tilbygg, både på landbruksbygg og på statskogshyttene. Samstundes vil kravet til dokumentasjon av behov for tiltaket, og korleis det kan gjennomførast utan nemneverdig forstyrring av villreinen, bli tillagt stor vekt i handsaminga av dispensasjonssøknader.

Etter at vernet blei etablert, har det ikkje kome søknader om byggetiltak. Verneområdestyret ser heller ikkje for seg mange slike søknadar den neste tiårsperioden.

I løpet av denne forvaltingsplanperioden vil verneområdestyret, på grunnlag av pågående kartlegging av ferdsl, og den måten villreinen brukar området på, utarbeide ein særskilt tiltaksplan i lag med Bykle kommune, Statskog og Stavanger turistforening. Her vil endringar i ferdselforbodssonene og flytting av turisthytter og turistløyper, vere tiltak som vil bli vurdert.

## 3.8.6 Tiltak

- ♦ I løpet av forvaltingsplanperioden skal ein tiltaksplan for biotopverneområdet utarbeidast.
- ♦ Informasjon om korleis ein bør oppføre seg i møte med villrein skal hengast opp på turisthyttene på Storsteinen, Kringlevatn, Little Aurådal, Eidavatn og Hovatn.
- ♦ Det skal gjennomførast regelmessige registreringar av ferdsla i området.



Transport av ved.

## 4. Sakshandsaming og søknadsrutinar

### 4.1 Søknads- og sakshandsamingsrutinar

Alle søknadar vil få ei individuell handsaming og vurdering. Alle saker som skal handsamast, må vere godt opplyste i samsvar med krava i naturmangfaldlova og offentleglova. Ufullstendige søknadar vil ikkje bli handsama før alle naudsynte opplysningar er på plass. Søkar vil få beskjed så fort som råd dersom det trengst utfyllande opplysningar.

#### 4.1.1 Motorferdselsaker

##### Søknadsrutinar i saker som gjeld ferdsel

Alle (privatpersonar, verksemder, lag og organisasjonar, oftentlege etatar) som har planar om søknadspliktig motorferdsel i verneområda, skal sende søknad om dispensasjon til den kommunen der ferdsla er planlagt, eller direkte til verneområdestyret. Kommunen sender søknadane vidare til verneområdestyret.

- ♦ Søknaden skal sendast på eige søknadsskjema. Søknadsskjema kan alle laste ned frå nettsida til verneområdestyret, hos ein av kommunane, eller søker kan få det tilsendt frå verneområdestyret, eller den aktuelle kommunen.
- ♦ Alle søknader skal innehalde kart der kørerute for snøskuter, eller landingspunkt for helikopter, er teikna inn.
- ♦ Til alle søknader bør det leggast ved ein skriftleg uttale frå aktuelle grunneigarar, eller opplysningar om at grunneigaren har gjeve samtykke til motorferdsela.

Søkar er sjølv ansvarleg for å ha løye frå aktuelle grunneigarar, til å lande med helikopter, eller køyre med snøskuter på deira eigedomar. Eit slik samtykke bør bli innhenta før søknaden blir sendt til forvaltingsstyremakta.

§10 i lov om motorferdsel i utmark og vassdrag slår fast at lova ikkje innskrenkar retten grunneigar eller brukar har, etter gjeldande rettsreglar, til å forby eller avgrense motorferdsel på sin eigedom. Det er difor berre motorferdsel i samband med redningsaksjonar, verksemda til politiet og Statens naturoppsyn, som ikkje krev eit slikt samtykke.

Dersom søknaden gjeld fleire kommunar (til dømes motorisert ferdsel som kryssar kommunegrensene), er det nok å sende søknaden til ein av kommunane. Vedkomande kommune må då vidaresende søknaden til verneområdestyret, og til dei andre kommunane søknaden omfattar. Etter at søknaden er motteken i verneområdestyret, blir det sendt eit førebels svar til søker, dersom saka ikkje kan handsamast i løpet av 3 veker.

Alle søknader bør sendast inn i god tid, og helst tre veker før transportane er planlagde. Dette er særleg viktig for søknader om omfattande transportar, eller transportar som har eit formål som ikkje er omtala i verneforskrifta. Slike søknader må ofte handsamast av arbeidsutvalet, og kan ha ei sakshandsamingstid på inntil tre veker.

Nokre transportbehov er direkte heimla i lov om motorferdsel i utmark og vassdrag (§4), og i forskrift om bruk av motorkøyretøy i utmark og på islakte vassdrag (§2 og §3). I slike høve er det nok å sende søknad til verneområdestyret. Dei mest aktuelle transportbehova i verneområdet er:

- ♦ Naudsynt person- og godstransport, til og frå faste bustadar, og i jordbruks-, skogbruks- og reindriftsnæring. Jakt, fangst, fiske og bærssanking blir ikkje rekna som næring i denne samanhengen.
- ♦ forsvarsøvingar, forflyttingar og transportar
- ♦ anlegg og drift av offentlege vegar og anlegg
- ♦ opparbeiding og preparering av skiløyper og skibakkar for ålmenta og for konkurransar, når det blir gjort av kommunar, hjelpekorps, idrettslag, turlag eller turistbedrifter
- ♦ naudsynt transport i samband med vitskapelege undersøkingar, herunder dyreteljingar og liknande registreringar, etter oppdrag frå forskingsinstitusjon (berre på vinterføre)
- ♦ naudsynt transport av ved frå eigen eigedom til fast bustad (berre på vinterføre)
- ♦ transport av jaktutbytte med landgåande køyretøy ved jakt på elg og hjort

Her er det særleg verdt å merke seg at det ikkje er naudsynt med kommunalt løyve for motorferdsel i samband med jord- og skogbruk.

## Sakshandsamingsrutinar i saker som gjeld ferdsel

Alle søknadr om motorferdsel må handsamast av både forvaltingsstyresmakta etter verneforskrifta, og av kommunen etter lov om motorferdsel i utmark. Unnataket er motorferdsel i samband med landbruksdrift, løypekjøring og preparering av skiløyper for grunneigarar, ålmenta, kjøring av proviant og utstyr til turisthytter, og tilsyn, vedlikehald og snømålingar i regi av kraftselskapa. Slike søknader skal berre handsamast av forvaltingsstyresmakta etter verneforskrifta, der slik motorferdsel er søknadspliktig.

Dei aller fleste motorferdselsøknadene kan handsamast av verneområdeforvaltarane som delegasjonssaker. Unnataket er søknader med transportformål som ikkje er heimla i verneforskrifta, og såleis må handsamast etter §48 i naturmangfaldlova. Saker som blir oppfatta som kontroversielle, eller som går ut over etablert forvaltingspraksis, må også handsamast etter §48. Slike søknadar må handsamast av arbeidsutvalet eller verneområdestyret.

Verneområdestyret vil legge til rette for ei rask og grundig handsaming av søknader om løyve til nyttetransport. For å unngå unødig sakshandsaming, ønsker verneområdestyret å gje fleirårige motorferdselsløyve, når transportane kan skje utan nemneverdige, negative konsekvensar for verneerdiar og verneformål.

## Varighet, omfang og vilkår for motorferdselsløyve

Snøskuterløyvet skal vere skriftleg. Fleirårige løyve skal laminerast og sendast til søker i posten, saman med loggark. Eittårige løyve og helikopterløyve skal vere skriftlege og skal sendast i posten eller som e-post. Alle løyve skal vere med under transport, og skal visast fram på forlängande av politi eller oppsyn.

Snøskuterløyva kan gjelde for ein periode for inntil fire år. Det skal gå fram av løyvet kva for tidsrom, og kor mange turar kvart løyve gjeld for. Uavgrensa løyve i tid / tal på turar, skal normalt ikkje gjevast. Normalt vil eit løyve gjelde fram til 30. april. Unntaka er kalvingssonar og trekksongar for villrein. Det kan i særskilte høve stillast som vilkår at det ikkje skal køyrast på til dømes bestemte vekedagar, bestemte datoar eller enkelt tidsrom på dagen. Det skal også settast som vilkår at køyringa skal følgje bestemte løyper eller trasear. Dispensasjonar og vilkår må utformast slik at dei er kontrollerbare for politi og oppsyn. Det skal først logg for kvar tur. Loggen må fyllast ut før turen, og skal visast fram til politi og oppsyn under kontrollar.

Etter vedtak i verneområdestyret (styresak 20/2011), gjeld snøskuterløyva normalt for inntil åtte turar i året. Transportane skal omfatte allment, vanlege nytteformål, slik som transport i samband med landbruksdrift og transport av materialar, brensel og proviant til hytter i verneområda. Det er høve til å söke om meir enn åtte turar eitt år, dersom det kan dokumenterast eit særleg stort transportbehov. Personar og verksemder som kan dokumentere eit stort og uføresieleg transportbehov, kan söke om opne løyve, utan fast avgrensing av talet på turar. Dette kan for eksempel dreie seg om grunneigarar med store eigedommar og mange hytter, leigekjørarar, kraftselskap og turistforeiningar. Dei som får slike opne løyve, må sende inn rapport over talet på turar, kvar dei har køyrt, og formålet med turane, til forvaltingssekretariatet innan 1. juni kvart år.

Helikopterløyve blir normalt gjeve for eit år. Slike løyve kan likevel gjevast for inntil fire år, dersom det kan dokumenterast at transportbehovet er årvisst, om lag like stort kvart år, og at det er særskild heimel for transportformålet i den aktuelle verneforskrifta. Ved fleirårige helikopterløyve av eit visst omfang, må det innan 1. desember sendast melding til forvaltningssekretariatet om kor mange turar som er gjennomførde dette året. Løyve til helikoptertransport blir som regel gjeve i samband med transport av materialar til byggeprosjekt, og til transport av proviant og utstyr til turisthytter og liknande. Talet på turar for eit helikopterløyve varierer med transportbehovet, og kva som er forsvarleg ut frå omsynet til verneverdiane. Der det på førehand er vanskeleg å avgjera kor mange turar som må til, er det høve til å söke om eit ope løyve, utan fast avgrensing av talet på turar. Dette kan til dømes vere aktuelt ved store vedlikehaldstiltak. Dei som får slike opne løyve, må sende inn rapport over talet på transportar, i tillegg til måla for,

og formålet med, transportane til forvaltingssekretariatet så snart siste turen er unnagjort.

For alle helikopterløyve blir det stilt som vilkår at flyruta skal følgje kortaste strekning mellom landingspunktene, og at flyginga skal skje høgare enn 300 m over bakken. I Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernombordet, er flyging lågare enn 300 m forbode i trekk- og kalvingssonene (sjå temakart 2). Utanfor desse sonene blir formuleringa i vilkåra at flyging lågare enn 300 m over bakken, skal unngåast så sant det er råd.

## 4.1.2 Ferdsel og større arrangement

### Søknadsrutinar for organisert ferdsel og større arrangement

Alle (privatpersonar, verksemder, lag og organisasjoner, offentlege etatar) som har planar om søknadspliktig organisert ferdsel eller større arrangement i verneområda, skal sende søknad om dispensasjon til Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernombordet. Døme på slik søknadspliktig verksemd er mellom anna idrettsarrangement, jaktprøver, store teltleirar, kjentmannsturar, skredøvingar og militærøvingar. Dersom det er naudsynt, vil verneområdestyret vidaresende søknaden til dei aktuelle kommunane. Dersom ein er i tvil om tiltaket er søknadspliktig, så ta kontakt med forvaltingssekretariatet for ei nærmare avklaring. I Lusaheia, Vormedalsheia og Frafjordheiane, som er reine landskapsvernombordet utan plantelivsfreding eller dyrelivsfreding, er det ikkje høve til å regulere ferdsel til fots, jfr. Naturmangfaldlova, § 77, som syner til § 36. I desse tre områda vil difor ikkje arrangement der ferdsla skjer til fots eller på ski, vere søknadspliktig.

Søknaden skal innehalde desse punkta:

- ◆ kven er søker?
- ◆ beskriving av ferdsla/arrangementet
- ◆ kva er formålet med ferdsla/arrangementet?
- ◆ kvar skal ferdsla/arrangementet gå føre seg?
- ◆ kor mange skal delta?

Alle søknadar skal innehalde eit kart, der rute og arrangementssstad er teikna inn.

Til alle søknader bør det leggast ved ein skriftleg uttale frå aktuelle grunneigarar, eller opplysningar om at grunneigar har gjeve samtykke til arrangementet. Søkar er sjølv ansvarleg for å hente inn naudsynt løyve frå grunneigar. Eit slikt samtykke bør hentast inn før søknaden blir sendt til forvaltingsstyresmakta.

Alle søknader bør sendast inn i god tid, og helst tre veker før ferdsla/arrangementet er planlagd.

### Sakshandsamingsrutinar for organisert ferdsel og større arrangement

Alle søknader om organisert ferdsel eller større arrangement i verneområda, må håndsamast av forvaltingsstyresmakta etter verneforskrifta. Dei aller fleste søknadene om organisert ferdsel eller større arrangement, kan håndsamast av verneområdeforvaltarane som delegasjonssaker. Unnataket er søknader som blir oppfatta som kontroversielle, eller som har stort konfliktpotensial, som til dømes søknader om verksemd i trekk- og kalvingssonar, eller søknader om turar og arrangement i villreinjakta. Slike søknader må håndsamast av arbeidsutvalet eller verneområdestyret. Heller ikkje søknader som må håndsamast etter §48 i naturmangfaldlova, kan delegerast til verneområdeforvaltar.

## 4.1.3 Bygesaker

### Søknadsrutinar i bygesaker

Alle (privatpersonar, verksemder, lag og organisasjoner, offentlege etatar) som har planar om søknadspliktige bygetiltak i verneområda, skal sende søknad om dispensasjon til verneområdestyret, og til den kommunen der bygetiltaket er planlagt.

Normalt, utvendig vedlikehald, som skifte av kleddning, vindauge og anna som ikkje fører til endring av storleik og fasade, er tillate utan søknad. Endring av fasade, skifte til annan type kleddning, annan type glas og dør, og anna taktekking, treng søknad. Slike tiltak reknast ikkje som vedlikehald, og er derfor søknadspliktig.

Søknaden skal innehalde desse punkta:

- ◆ namn på søker, gards- og bruksnummer
- ◆ at det blir søkt om dispensasjon frå verneforskrifta
- ◆ kort omtale av tiltaket
- ◆ grunngjeving for tiltaket, omtale av behov for tiltaket
- ◆ naudsynt dokumentasjon av verknaden tiltaket har på verneverdiene
- ◆ kva for transportmiddel som skal nyttast til transport av byggematerialar, og om lag kor mange transportar som er naudsynt
- ◆ korleis transport og gjennomføring kan gjerast mest muleg skånsamt
- ◆ oversiktskart som viser plasseringa i landskapet
- ◆ situasjonskart (ca 1:1000) som viser plasseringa i terrenget
- ◆ byggetekningar over plan, snitt og fasade
- ◆ bilde som viser plasseringa til bygningen i terrenget, og bilde av eventuelle eksisterande bygningar på staden
- ◆ dersom søknaden gjeld nybygg og store tilbygg i samband med landbruksdrift, må det leggast ved følgjande dokumentasjon:
  - at søker er grunneigar eller rettigheitshavar

- At bygget er ein del av ei viktig driftsform ved bruket. Denne driftsforma må inngå som ein viktig del av driftsgrunnlaget for bruket
- Storleiken på eigedomen. Retningsgjevande er ein storlek på 3000 dekar. Mindre eigedommar kan vurderast om talet på beitedyr er stort, eller andre sider ved drifta gjer det naudsynt.
- At avstanden frå veg eller anna eigna husvære på eigedommen er så stor at bygningen vil medføre ei monaleg lettfe for drifta. Retningsgjevande er ein avstand på om lag 3 km eller 1 times gange.

Ein tilrår alle søkerar å ha eit avklaringsmøte med forvaltingssekretariatet så tidleg som råd i prosessen, før full søknad og byggetekningar blir laga.

I saker der søker ikkje eig grunnen der bygget skal stå, er søker sjølv ansvarleg for å hente inn naudsynt løyve frå grunneigar. Eit slik samtykke bør innhentast før søknaden blir sendt til forvaltingsstyresmakta, og må leggast ved søknaden.

Alle søknader bør sendast inn i god tid, og seinast fire veker før neste møte i verneområdestyret, eller arbeidsutvalet. Etter at søknaden er motteken av verneområdestyret, blir det sendt eit førebels svar til søker, dersom saka ikkje kan handsamast innan av fire veker.

## Sakshandsamingsrutinar i bygesaker

All bygesøknader skal både handsamast av verneområdestyret etter verneforskrift, og kommunane etter plan- og bygningslova. Søknaden skal normalt handsamast etter det strengaste regelverket først. Dette betyr som regel at saka først skal handsamast av verneområdestyret etter verneforskrifta, så av kommunen etter plan- og bygningslova. I bygesaker i landskapsvernområde, vil plan- og bygningslova kunne ha strengare krav til både dispensasjon og sjølve utforminga av bygga. I slike tilfelle vil det vere naturleg at kommunen handsamar saka først, etter samtykke frå verneområdestyret. Verneområdestyret og kommunane skal i alle høve samordne sakshandsaminga, slik at den samla sakshandsamingstida ikkje blir lengre enn naudsynt.

Kommunane sender søknader om byggetiltak til villreinnemnda og fylkeskommunen for uttale.

Ved bygging av hytter og anna verksemd utanfor verneområda, som kan ha negativ innverknad på verneverdiane i verneområda, skal omsynet til desse verneverdiane tilleggast vekt ved avgjerala om dispensasjon bør gjevest, og ved fastsetting av vilkår (jfr. Naturmangfaldslova §49).

## 4.2 Klagesaker

Alle enkeltvedtak som er fatta av verneområdestyret, arbeidsutvalet eller verneområdeforvaltarane, kan klagast på til Klima- og miljøverndepartementet. Alle enkeltvedtak

kan klagast på av ein part, eller annan med rettsleg klageinteresse i saka. Klagefristen er tre veker frå det tidspunkt vedtaket har kome fram til vedkommande part, jfr forvaltingslova, § 29, første ledd. Det er nok at klagar er postlagd innan denne fristen. Dersom det blir klagar så seint at det kan vere tvil om det er klagar i rett tid, må det opplystast om når brevet kom fram. Alle partar med klagerett har rett til innsyn i dokumenta i saka.

Klagar må vere skriftleg, og skal sendast til SVR, postboks 24, 4748 Rysstad, eller som e-post til [post@svr.no](mailto:post@svr.no). I klagar må det opplystast kva for vedtak det blir klagar på. Ho bør også innehalde ei grunngjeving for klagar.

Alle klagesaker blir handsama av arbeidsutvalet eller verneområdestyret. Etter ei ny vurdering, kan forvaltingsstyresmakta gje klagar heilt eller delvis medhald i klagar, og fatte eit nytt vedtak. Dette nye vedtaket kan også klagast på. Forvaltingsstyresmakta kan også oppretthalde sitt opphavlege vedtak. I slike høve vil klagar bli vidaresendt til Miljødirektoratet, for vidare vurdering og endeleg avgjerd i Klima- og miljøverndepartementet. Vedtaket Klima og miljøverndepartementet i klagesaker er endeleg, og kan ikkje klagast på.

## 4.3 Informasjon om vedtak fatta av verneområdestyret

Forvaltingssekretariatet skal sende brev eller e-post til søker så snart godkjent møteprotokoll frå verneområdestyret eller arbeidsutvalet ligg føre. Desse breva skal innehalde vedtak, saksutgreiing og eventuelle løyve, i tillegg til utdrag frå møteprotokollen. I delegasjonssaker skal forvaltingssekretariatet sende brev eller e-post til søker, så snart vedtaket er fatta. Desse breva skal innehalde vedtak og saksutgreiing, og eventuelle løyve.

Kopi skal sendast til Miljødirektoratet, aktuell fylkesmann, postmottaket og sakshandsamar i aktuell kommune.

Kopi av vedtak skal også, så raskt som råd, sendast til aktuelle grunneigarar og andre relevante partar i saka.

Forvaltingssekretariatet skal registrere alle aktuelle vedtak i miljøvedtaksregisteret, ([www.miljovedtak.no](http://www.miljovedtak.no)) innan tre virkedagar etter at søker er underretta om vedtaket.

Alle innkallingar til møte i verneområdestyret og arbeidsutvalet, med tilhøyrande saksutgreiinger, skal leggast ut på nettsida til verneområdestyret, [www.svr.no](http://www.svr.no), så snart dei er sende til styremedlemene.

Protokoll med vedtak frå møte i verneområdestyret og arbeidsutvalet, skal leggast ut på nettsida til verneområdestyret, [www.svr.no](http://www.svr.no), så snart dei er send til styremedlemene.

Alle vedtak og saksutgreiinger i delegasjonssaker bør også fortløpende leggast ut på nettsida.



Reidar Sandal. Tilsett i SNO og med kontor i Suldal.

## 5. Tilrettelegging, informasjon, skjøtsel og oppsyn

I eit stort verneområde med mange besökande, vil det vere behov for eit kontinuerleg arbeid med ulike tilretteleggings-, skjøtsels- og informasjonstiltak. Verneområdestyret ser på dette arbeidet som svært viktig, og ønsker å prioritere desse oppgåvene høgt. Dette er naudsynt både for å ta i vare verneverdiar, og for å sikre at dei besökande får gode opplevingar i verneområda.

Prioriterte tiltak i samband med tilrettelegging, informasjon og skjøtsel, vil gå fram av den til kvar tid gjeldande tiltaksplan (sjå vedlegg 7.5). Noverande tiltaksplan gjeld for tidsrommet 2014-2015, mens komande tiltaksplanar vil gjelde for virkeperioden til verneområdestyret på fire år.

Parallelt med arbeidet med forvaltingsplanen, blir det også utarbeidd ein besøks- og informasjonsstrategi for heile verneområdet. Innhaldet i dette dokumentet vil bli retningsgjevande for dei komande tiltaksplanane. Sommaren 2015 vil det også bli gjennomført registreringar, for å sikre tilstrekkeleg grunnlag for prioritering av aktuelle skjøtselstiltak.

Dei viktigaste behova for kommande tilretteleggings- og informasjonstiltak er allereie godt kjende, og vil bli kort gjort greie for i det følgjande.

### 5.1 Tilrettelegging

Verneområdestyret har som overordna strategi, at ein skal prioritere tilretteleggingstiltak i område med mykje ferdsel, og i område der ferdsla kan vere til skade for verneverdiar og naturmangfaldet. Verneområdestyret vil også söke å få ein viss geografisk balanse, i dei tilretteleggingstiltaka som blir prioriterte.

Det er særleg to område som peikar seg ut som satsingsområde for meir omfattande tilretteleggingstiltak. Det eine er Frafjordheiane, der fleire lokalitetar har svært mange besökande, den andre er Brokke-Suleskardvegen, der det er behov for å samle, og kanalisere den spreidde ferdsla ut frå Fv 987.

- I Frafjordheiane er det allereie blitt gjennomført store utbetringsarbeid på dei mest brukte stiane til Månavossen og Kjerag. Lysefjordløypa, som går i Frafjordheiane på den sørlege kanten av Lysefjorden, er peika ut, som eit komande satsingsområde, av både Stavanger turistforening og reiselivsnæringa i Rogaland. For å møte den aukande trafikken, vil det dei neste åra bli behov for ulike tilretteleggingstiltak etter denne ruta. Det kan og bli aktuelt med tilretteleggingstiltak ved andre viktig innfallsportar, som Røssdalen og Vindalen.



Rastepllassen ved Håhellervatn.

- Ved Brokke-Suleskardvegen blir det planlagt ein universelt utforma tursti frå rasteplassen ved Håhidlervatnet. Her vil det også bli plassert ei rekke informasjonsinstallasjonar. Ein vil auke kapasiteten på parkeringsplassen på staden. Formålet med dette tiltaket er, både å gje dei som reiser etter vegen, betre høve til å stoppe og oppleve verneområdet, og å kanalisere ferdsel ut frå bilvegen til dette området.
- Det vil også bli naudsynt med større og mindre tilretteleggingstiltak andre stader i verneområda, jamfør tiltaksplanen.

Tilrettelegging innafor, og i tilknyting til verneområda, skjer også i regi av andre aktørar enn forvaltingsstyresmakta. Turistforeiningar, friluftsråd, kommunar, grunneigarlag, velforeiningar, reiseliv og private, gjev alle viktige bidrag. Verneområdestyret ønsker å vidareutvikle samarbeidet med desse aktørane, for å sikre best muleg kvalitet på tilretteleggingstiltaka.

Alle tilretteleggingstiltak innanfor verneområda, skal ha løyve i medhald av verneforskriftene, og dei skal vere avklåra med grunneigar.

## 5.2 Informasjon

Informasjonstiltak vil vere ei høgt prioritert arbeidsoppgåve for verneområdestyret. Her vil det vere snakk om satsing på generell informasjon om verneområda og verneverdiene, gjennom mellom anna brosjyrar og nettsider, og meir målretta informasjon ute i verneområda.

Dei viktigaste tiltaka er som følgjar:

- Det skal utarbeidast trykt informasjonsmateriell om verneområda i form av brosjyrar og liknande.
- Nettsidene til verneområdestyret skal kontinuerleg oppgraderast og utvidast, og skal vere den viktigaste informasjonskanalen om verneområda.

- Informasjon om verneområda, og åferdsråd i høve til villrein, vil blir plasserte på alle turisthytter og andre opne hytter i verneområda.
- Det vil bli plassert informasjonstavler ved alle større innfallsportar.

Informasjon vil bli hovudsatsingsområdet for verneområdestyret framover. Verneområdestyret har difor sett av ressursar til eit større arbeid, med utarbeiding av ein samla informasjonsstrategi for alle verneområda. Informasjonsstrategien blir eit viktig verktøy i arbeidet til verneområdestyret, med profilering av verneområda i åra framover. Den vil også bli retningsgjevande for den utoverretta verksemda, og vil ta for seg alt frå generell informasjon om verneområda til åmenta, til målretta informasjon til bestemte brukargrupper.

Verneområdestyret ønsker også å spele ei aktiv rolle i produksjonen av ny kunnskap om verneområda. Verneområdestyret vil sette av midlar til gjennomføring av ulike kartleggingsprosjekt, og til formidlinga av kunnskapen frå desse. Verneområdestyret vil vidare delta aktivt i forskingsprosjekt, og søke samarbeid med næringsaktørar og forskings- og utdanningsinstitusjonar.

## 5.3 Skjøtsel

I naturmangfaldlova, §47, blir skjøtsel mellom anna omtala slik: "Som skjøtsel kan foretas tiltak for å opprettholde eller oppnå den natur- eller kulturtilstanden som er formålet med vernet, herunder tiltak for å kanalisere ferdsel, fjerning av vegetasjon eller fremmede treslag og restaurering etter naturinngrep. Skjøtselstiltak som innebærer høsting av naturlige ressurser eller en vesentlig endring i naturtilstanden slik den var da vernearbeidet tok til, jf. § 42 eller § 45 første ledd, kan ikke skje etter denne paragraf."

Å ta i vare eit særprega og vakkert kulturlandskap, med mellom anna stølsområde og kulturminne, er eit av verneverdmål i fleire av verneområda. Samstundes er desse verneverdiene, knytte til kulturskapte element i landskapet, truga av ei aukande attgroing, i område ved og under tregrensa. Denne attgroinga trugar også naturmangfaldet og verneverdiar knytte til denne, ved at kulturbetinga artar blir borte, når kulturpåverkinga gradvis blir borte. Skjøtsel er eit aktuelt tiltak for å oppretthalde verneverdiene, der endra bruk av landskapet utgjer eit trugsmål.

Samstundes er aktuelle skjøtselstiltak som slått, rydding og brenning, svært arbeids- og ressurskrevjande, og behovet vil vere klart større enn ressursane forvaltingsstyresmakta og andre instansar kan sette av til tiltak. Det vil difor bli behov for ei streng prioritering av kva for skjøtselstiltak som skal gjennomførast.

Det vil bli sett i verk eit omfattande registreringsarbeid for å kartlegge verneverdiar knytte til landskapet, for å sikre eit

godt grunnlag for dei prioriteringane som skal gjerast. Det vil også bli utarbeidd eigne skjøtselsplanar for dei høgast prioriterte områda.

Verneområdestyret ønsker å prioritere skjøtselstiltak etter desse kriteria:

- ♦ Lokalitetar som inneholder prioriterte artar eller utvalte naturtypar, der skjøtsel er naudsynt for å bevare arten eller naturtypen.
- ♦ Lokalitetar som inneholder truga artar etter Nasjonal raudliste for artar, eller truga naturtypar etter nasjonal raudliste for naturtypar, der skjøtsel er naudsynt for å bevare arten eller naturtypen.
- ♦ Særleg verdfulle kulturlandskap i verneområda, der vern av kulturlandskapet er ein del av verneformålet. Område med beitedyr vil bli prioriterte, for at effekten av skjøtselstiltaka skal bli størst muleg.
- ♦ Andre verdfulle kulturlandskap i område med mange besøkande.
- ♦ Ferdselsvegar som er i bruk.
- ♦ Restaurering av kulturminne som gamle ferdselsvegar, hellerar, jordhytter m.v.

Forvaltingsstyresmakta skal, om muleg, inngå avtale med grunneigaren om at denne utfører nærmere bestemte skjøtselstiltak. Forvaltingsstyresmakta kan også inngå avtale med interesserte organisasjoner eller andre, om at desse utfører slike skjøtselstiltak. Omfattar skjøtselstiltak privat eigedom, eller rettar i verneområda, skal eigaren eller rettshavaren, om muleg, varslast på førehand.

Økonomiske fordelar ved gjennomføring av skjøtselstiltak, tilfell grunneigaren eller rettshavaren (jf. nml §47).

Samstundes ønskjer verneområdestyret å legge til rette for, at grunneigarar og andre kan rydde vegetasjon i område som ikkje kjem med på prioritieringslista. Dette kan gjerast gjennom informasjon, og med at det blir lagt til rette for ein aktiv bruk av stolar og stolsområde.

## 5.4 Oppsyn

**Statens naturopsyn (SNO)** er miljøforvaltinga sitt operative feltorgan og utøvande mynde, etter lov om statleg naturopsyn, av 21. juni 1996. Lova gjev SNO-personell mynde og ansvar for oppsyn etter naturmangfaldlova, friluftslova, motorferdselslova, kulturminnelova, viltlova, lakse- og innlandsfisklova, småbåtlova, og deler av forureiningslova, i heile landet, både på offentlig og privat grunn. Oppsynsoppgåva rettar seg både mot tilsyn og overvaking av naturtilstanden, og tilsyn med åtferda til menneska i naturen i forhold til gjeldande regelverk.


I tillegg til reine kontrolloppgåver, er også rettleiring og informasjon om regelverket, og bruken av verneområda, ein del av verksemda til naturopsynet. På bestilling frå ver-

neområdestyret kan naturopsynet drive skjøtsel, tilrettelægging, registrering, dokumentasjon og overvaking.

Det er tre SNO-stillingar, som heilt eller delvis, er knytte til verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane. Ei stilling er lokalisert i Hægebostad i Vest-Agder, ei er lokalisert på Hovden i Aust-Agder, og ei er lokalisert i Suldal i Rogaland.

Haugaland og Sunnhordaland politidistrikt, Agder politidistrikt og Rogaland Politidistrikt, har alle delar av sine geografiske ansvarsområde innanfor verneområda, og inngår i det totale naturopsynet. Det er også desse politidistrikta som har ansvaret for etterforsking og påtale av meldte lovbro/brot på verneføresegene, i sine område.

Prioritering av oppgåver i samband med skjøtsel, tilrettelægging, registrering og dokumentasjon, blir gjort på årlege møte mellom SNO og forvaltingsstyresmakta, i samband med bestillingsdialogen. Forvaltingsstyresmakta har også eit nært samarbeid med SNO, når det gjeld gjennomføringa av årlege arrangement, som Heiedagane, ungdomsturar, og synfaringar for verneområdestyret og kontaktutvala i Hjelmeland og Suldal.



Gamal ferdselsveg over Meien.

## 6. Litteratur



Turantrekket har variert.

Abrahamsen, J., Pallesen, P.F. og Solbakken, T. 1972. Fylkeskompendium for Rogaland. Om naturvitenskapelige interesser knyttet til uregulerte og «ubetydelig» regulerte vassdrag. Bind I. Kontaktutvalget for vassdragsreguleringer Universitetet i Oslo 1972.

Andersen, R. & Hustad, H. (red.) 2004. Villrein & Samfunn. En veileding til bevaring og bruk av Europas siste villreinfjell. NINA Temahefte 27.

Anundsen, K. og Holst Sollie, I. 1987. Forslag til vern av kvartærgeologiske områder og forekomster i Rogaland. Miljøverndepartementet rapport T – 678.

Bakka, T. 1997. Stadnamn, vegar og verksemd i Dyraheio. AmS-Varia 16

Bang-Andersen, S. 1983. Kulturminner i Dyraheio. Arkeologisk museum i Stavanger. AmS-Varia 12

Bang-Andersen, S. 2004. Reinsdyrgraver i Setesdal Vesthei – analyse av gravenes beliggenhet, byggemåte og brukshistorie. AmS-Varia 40. Arkeologisk museum: Stavanger.

Bang-Andersen, S. 2008. De første jegerne i Dyraheio – utnyttelsen av Setesdal Vesthei i steinalder ca 7000-3500 år før nåtid. AmS-Varia 48. Arkeologisk museum: Stavanger.

Bay, L. A. 1994. Inngrep og forstyrringar i sentrale delar av Setesdal-Ryfylke villreinområde. Fylkesmannen i Rogaland, Miljøvernavdelingen. Miljø-rapport nr. 4, 1994.

Bay, L. A. 2013. Var alt betre før? Villreinen i Ryfylke- og Setesdalsheiane i eit historisk perspektiv. Presentasjon på Seminar om nytt forskingsprosjekt på villrein i Setesdal

Vesthei og Ryfylkeheiane. Rysstad 14.06.2013.

Bay, L. A. & Jordhøy, P. 2004. Store Urevatn – Villrein – Etterundersøkelse i forbindelse med tilleggsregulering av store Urevatn. NINA – Oppdragsmelding 798.

Bevanger, K. & Jordhøy, P. 2004. Villrein – fjellets nomade. – Naturforlaget, Oslo.

Bjelland, T. & Ihlen, P.G. 2013. Naturfaglege kartleggingar i Frafjordheiane landskapsvernombord. Rådgivende Biologer AS, rapport 1735.

Dahl, O. 1906. Botaniske undersøkelser i Indre Ryfylke

Dahl, O. 1907. Botaniske undersøkelser i Indre Ryfylke II.

Dahl, J.M., 1993. Forsteningar av dyr på Ritland i Hjelmeland. Fra Haug og Heidni 4/1993, s 19-20

Den Norske Turistforening m.fl., 2002. Merkehåndboka, håndbok for tilrettelegging og merking av turruter i fjellet, skogen og langs kysten.

Eikeland, S. 1966. Driftesmalen, Gjætarliv på vegtråkk og villfjell. Jæren Smalelag. Sandnes.

Eldøy, S. 1978. Fuglelivet i Fundinglandområdet. Falco, 1978, s 68-78.

Feyling-Hansen, R. 1950. Litt Ryfylke-geologi. Stavanger turistforenings årbok 1950.

Foldøy, O. 1988. Kvanndalen var "den beste seterdalen" i Suldal. I Stavanger Turistforening, Velkommen til fjells. En håndbok for turer frå Haukeliseter i nord til Frafjord i sør.

Fremming, O.R. 1980. Kongeørn i Norge. Viltrapport 12-Direktoratet for vilt og ferskvannsfisk.

Frøyland-Pallelsen, P. 1987. Kvanndalen. I Stavanger Turistforening, Geologi for fjellvandrere.

Fylkesmannen i Rogaland. 1986. En oversikt over naturforhold og verneinteresser i Vormedalsheia og Lusaheia i Hjelmeland kommune, Rogaland. Stavanger

Fylkesmannen i Rogaland. 1993. Verneplan for Kvanndalen landskapsvernombord, Dyraheio landskapsvernombord og Holmavassåno biotopvernombord i Suldal kommune, Rogaland.

Fylkesmannen i Rogaland. 1993. Forvaltingsplan for Lusaheia landskapsvernombord i Hjelmeland kommune, Rogaland

Fylkesmannen i Rogaland. 1993. Forvaltingsplan for Vormedalsheia landskapsvernombord i Hjelmeland kommune, Rogaland

Fylkesmannen i Rogaland, 2000: Bruk og ønsker blant hyt-

# Forvaltingsplan for verneområda i Setesdal vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane

- teeiere i Øvstabødalen/Hunnedalen(upubl.)
- Fylkesmannen i Rogaland. 2001. Forslag til verneplan for Frafjordheiane
- Fylkesmennene i Aust-Agder, Vest-Agder og Rogaland, 1995. Forslag til verneplan for Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane
- Gleditsch, K. 1927. Nasjonalpark. Fredlyst almenning i Suldals-Bykle-heiene. Stavanger turistforening årbok 1926
- Grimsby, P.Ø. 1996. Biologisk mangfold i Sirdal kommune – Registrering og forvalting av nøkkelområder. Rapport Sirdal kommune 1996.
- Grunneigarane i Grasdalen, Storådalen og Futen sameige, Nilsebu sameige og Hjelmeland Statsallmenning. 1992. Til forvaltingsplanen for Lusaheiområdet. Rapport om tidlegare og nåverande bruk av heiområdet. Hjelmeland.
- Hageland, T.N. 1998. Murar og hellerar i heiante. Driftsheimane i Rogaland og på Agder.
- Hageland, T.N. 2008. Den store hellerboka for Agder og Rogaland.
- Hageland, T. N. 2013. Stå i stein. Brudle, likkviler, varp og andre steinsetjingar i Agder og Rogaland. Commentum Forlag.
- Haughom, G. A. 1994. Brukerinteresser og arealkonflikter i Frafjordheiene. Med vekt på villrein, sauebeiting og fri-luftsliv – en GIS basert oppgåve. Hovedoppgave, Telemark distriktskole.
- Hettervik, G.K. 1996. Vakre landskap i Rogaland. Rogaland fylkeskommune 1996.
- Ims, A. A. 1993. Kartlegging av grunneierinteresser i Frafjordheiene og Mauldalsfjellene. Fleirbruksplan for Setsdal Vesthei-Ryfylkeheiene. Gjesdal kommune.
- Johnsen, J. I., 2000. Moser notert og samlet i forbindelse med undersøkelser i Frafjordheiane, Gjesdal og Forsand kommune", internt notat, Fylkesmannen i Rogaland
- Jordhøy, P., Strand, O., Nelleman, Ch. & Vistnes, I. 2002. Planlagt turistutbygging b Bykle - Hovedområdet. Mulige konsekvenser for villrein. NINA Oppdragsmelding 757.
- Jordhøy, P., Strand, O. og Bay, L. A. 2008. Nye overføringer til Blåsjømagasinet – villreinfagleg vurdering. Blåfjelloverføringerne. NINA Rapport 401.
- Kastdalen, L. 2011. Lavkart Setsdal/Ryfylkeheiene og Setsdal Austhei. Metodeutvikling og validering av kart. DN-utredning 7-2011
- Lundberg, A. 2012. Faggrunnlag for dvergmariåpe, saronnellik, ekornsvingel, islandsgrønkurle, jærflangre, jærtistel og skredmjelt. Årsrapport for 2012 og midtvegsevaluering av prosjektet.
- Meidell, O. 1937. Opplysninger om villreinstammen sønnenfor Haukeliveien. Statens viltundersøkelser. Stensil
- Meyer, O.B & Botnen, A. 1983. Flora og vegetasjon i Kvanndalen, Suldal, indre Ryfylke. Botanisk institutt. Rapport 31. Universitetet i Bergen.
- Moen, A. 1975. Myrundersøkelser i Rogaland. Rapport i forbindelse med den norske myrreservatplanen. K. norske Vidensk. Selsk., Mus. Rapp. Bot. Ser. 1975-3: 1 – 126.
- Moen, A og Pedersen, A. 1981. Myrundersøkelser i Agderfylkene og Rogaland i forbindelse med den norske myrreservatplanen. K. norske Vidensk. Selsk. Mus. Rapp. bot. Ser. 1981: 7: 1-252.
- Mossing, A. og Heggenes, J. 2010. Kartlegging av villreinens arealbruk i Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiene og Setsdal Austhei. NVS Rapport 6/2010.
- Norderhaug, A., Austad, I., Hauge, L og Kvamme, M. 1999. Skjøtselsboka for kulturlandskap og gamle norske kulturmarker. Landbruksforlaget.
- NOU 1974:39. Fjellplan for Setesdal Vesthei. Universitetsforlaget, Oslo, Bergen, Tromsø.
- Odden, A. 1998. Vardaruter og herberge i Dyraheio. Suldal kommune.
- Pfaff, A. & Bengtson, R. 1995. Truete virveldyr i Aust-Agder. Biologisk institutt, Universitetet i Oslo.
- Regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setsdal Austhei "Heiplanen" (2013).
- Rekdal, Y. og Angeloff, M. 2007. Vegetasjon og beite i Setesdal Vesthei. Oppdragsrapport frå Skog og landskap 08/2007
- Roalkvam, R. 1979: Rapport frå zoologiske inventeringer i Frafjordheiene.
- Rogaland, Vest-Agder, Aust-Agder fylkeskommuner, 2006: Fylkesdelplan 2005. Setsdal Vesthei – Ryfylkeheiane.
- Ryvarden, L. 1970. Spredte bidrag til Rogalands flora. B lyttia 28 (2): 132-137.
- Solberg, E. J., Strand, O., Veiberg, V., Andersen, R., Heim, M., Rolandsen, C. M., Holmstrøm, F., & Solem, M. I. Hjortevilt 2008 – Årsrapport fra Overvåkningsprogrammet for hjortevilt. NINA Rapport 477.
- Stavanger Turistforening 1987. Frafjordheiene. Nasjonalpark i Rogaland. Stavanger Turistforening Årbok 1986
- Stavanger Turistforening 1989: Geologi for fjellvandrere. StavangerTuristforening Årbok 1988
- Stavanger Turistforening 2006: Heibergheiane – frå rikmannsjakt til enkelt friluftsliv. StavangerTuristforening

# Forvaltingsplan for verneområda i Setesdal vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane

## Årbok 2006

Steinnes, A. 1984. Flora, vegetasjon og botaniske verneverdier i Frafjord – Espedal-området. Med vegetasjonskart over Røssdalen og 4 kart/skisser med tilleggsdata om vegetasjon. Rapport til Fylkesmannen i Rogaland.

Steinnes, A. 1988. Oversikt over botaniske verneverdier i Rogaland. Økoforsk rapport. 1988:12. Ås-NLH.

St. meld 21 (2004-2005). 2005. Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand. Det kongelige norske miljøverndepartement. Oslo.

St. meld 26 (2006-2007). 2007. Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand. Det Kongelige norske miljøverndepartement. Oslo.

Strand, O., Gundersen, V., Panzacchi, M., Andersen, O., Falldorf, T., Andersen, R., Van Moorter, B., Jordhøy, P. og Fangel, K.. 2010. Ferdsl i villreinens leveområder. NINA Rapport 551.

Strand, O., Panzacchi, M., Jordhøy, P., Van Moorter, B., Andersen, R., og Bay, L. A. 2011. Villreinens bruk av Setesdalsheiene. Sluttrapport fra GPS-merkeprosjektet 2006–2010. - NINA Rapport 694.

Strand, O., Flemsæter, F., Gundersen, V. & Rønningen, K. 2013. Horisont Snøhetta. - NINA Temahefte 51.

Svalheim, E. & Jansen, L., 2002. Stølslandskapet på indre Agder. Prosjektrapport. Fylkesmannens landbruksavdeling i Aust-Agder.

SVR. 2006. Forvaltingsplan for fisk. Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde.

Søyland, R. 2009. Nilsebu kraftverk – Virkninger på biologisk mangfold. Ecofact-rapport 36 – 2009.

Søyland, R og Strøm, Knut Børge. 2014. Grunnregistringar for SVR i Rogaland og Vest Agder. Ecofact rapport 350.

Telemark fylkeskommune. 2011. Kulturminner på Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiene og Setesdal Austhei. En statusrapport.

Tjeltveit, N. 1999. Gamle ferdselevergar: ferdsla mellom Rogaland og bygdane austafør. Statens Vegvesen Rogaland.

Tysse, T., 2000: Rovfugl og lom i Frafjordheiene - en utredning i forbindelse med utarbeiding av verneplan.

Tysse, T. 2002. Viktige viltområder i Hjelmeland kommune. Status pr. 2002. AMBIO Miljørådgiving.

Undheim, M. 1999. Njardarheim. Kvæven bygdetun.

Vasaasen, A. og Ericsson, B. 2011. Verdiskaping og lokalomøkonomiske virkninger av turistforeningenes virksomhet - en studie fra villreinfjellene i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiene og Setesdal Austhei. ØF-rapport 12/2011. Østlandsfor-

skning.

Åsen, P.A. 1995. Setesdal Vesthei - vegetasjon og flora. Agder naturmuseum og botanisk hage. Kristiansand.

Åsen, P.A. 1999. Planteliv i heiene. I villreinens rike. J. C. Frøstrup. Arendal, Friluftsforlaget.


Åsen, P.A. 2008. Vegetasjon og flora i Setesdal Vesthei. Vandrar i Setesdal Vesthei. H. Flå. Arendal, Friluftsforlaget: 144-167.

## 7. Vedlegg

### 7.1 Temakart


#### 7.1.1 Temakart for merka og kvista løyper i ferdsselsrestriksjonssonene

*Storenos kalvingssone og Breidvatn trekkson*




# Forvaltingsplan for verneområda i Setesdal vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane

## Vatnedalshei kalvingssone




# Forvaltingsplan for verneområda i Setesdal vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane

## Steinsbuskardet – treksone og ferdselforbotssone




## Steinsbuskardet-Hisdal med trekksoner, kalvingssoner og ferdselforbotssoner og Ratevassnuten kalvingssone




# Forvaltingsplan for verneområda i Setesdal vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane

*Svarvaren kalvingssone, Svarteløkfjellet treksone, Vardsvatn-Kvislevassknuten treksone og Andersvatnet – Børsteinsvatnet treksone*




## 7.1.2 Temakart for merka sommarløyper og kvista vinterløyper

Løypekart - Nordre del




# Forvaltingsplan for verneområda i Setesdal vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane


## Løypekart - Midtre del



## Løypekart - Søndre del




### 7.1.3 Temakart for mogleg hytteområde i Vormedalsheia landskapsvernområde



# Forvaltingsplan for verneområda i Setesdal vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane


## 7.1.4 Temakart for landingsplassar for felt storvilt

### Landingsplassar - Nordre del




# Forvaltingsplan for verneområda i Setesdal vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane

## Landingsplassar - Midtre del




# Forvaltingsplan for verneområda i Setesdal vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane

## Landingsplassar - Søndre del



### 7.1.5 Temakart for godkjent sykkelløype Øydegardstøl-Kjerag



## 7.2 Utdrag frå Forvaltingsplan for fisk i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde.

### Mål for fiskestammer og utøving av fiske

- ♦ Ein skal verne om dei opphavlege fiskestammene i SVR og i randområda.
- ♦ Levedyktige fiskestammer, i balanse med dei naturgjevne biologiske og fysiske føresetnader, skal finnast i alle vassdrag.
- ♦ All hausting og kultivering av fisk skal vere berekraftig.
- ♦ Fiske som naturoppleving skal vere del av eit heilsakleg, helsefremjande friluftsliv.
- ♦ Det skal vere eit variert tilbod om fiske i SVR både for familiar med born, funksjonshemma og for meir avanserte sportsfiskarar.
- ♦ Tilboden om fiske i SVR og randområda skal vere samordna og lett tilgjengeleg.
- ♦ Grunneigarane skal ha høve til å utvikle fisket på sin eigedom.

### Strategiar for forvalting av fisk

- ♦ Når fisk skal setjast ut, skal ein nytte dei opphavlege stammene, der slike finst.
- ♦ Tap eller skade på fiskestammer og levevilkåra for fisken som følgje av forsuring, regulering eller andre inngrep, kan kompenserast med tiltak til dømes med kalking etter ein nærmare plan.
- ♦ Der fiskestammene er tapte, kan ein etablere "knutepunkt" i viktige delvassdrag for naturleg spreieing av opphavleg fisk. Det kan gjerast ved utsetjing av fisk og andre kultiveringstiltak, som kalking og biotoptiltak i vatn som ligg slik til at fiskestammen kan spreie seg nedstraums til større delar av vassdraget. Eksempel er Nutevatn øvst i Kvina og vatn i Breidådalen i Sira.
- ♦ Allmentas tilgjenge til å fiske skal regulerast gjennom eit felles fiskekort, eller ei deling av SVR og randområda i eit fåtal delområde med eigne felleskort. Bruk og fordeling av kortinntektene må vere avklart gjennom bindande avtalar. Sal av fiskekort må gjerast i samarbeid med andre organisasjonar, til dømes turistforeiningane og grunneigarorganisasjonane.
- ♦ Verneformål og sonering i forvaltingsplan for SVR skal vere ramma for hausting, kultivering og tilrettelegging for fiske.
- ♦ Miljøtilpassa næringsutvikling i randområda skal ha høve til å nytte fiskeressursane i SVR i samråd med grunneigarar.
- ♦ Det kan utviklast stader med "universell utforming", som gjev like høve for alle funksjonsgrupper.
- ♦ Det skal leggjast vekt på god informasjon om fisketilboden i SVR - området.

### Retningslinjer for fiskekultivering i SVR

- ♦ I delvassdrag som har vatn med opphavleg stamme må det ikkje setjast ut framand aure.
- ♦ I delvassdrag der den opphavlege auren er tapt, er det beste tiltaket å setje ut opphavleg aurestamme frå nærliggjande delvassdrag i SVR eller randområda. I mange høve kan ein flytte villfisk direkte, med løye frå Fylkesmannen. I nokre høve vil det vere naudsynt å bruke setjefisk frå klekkeri. Den beste strategien er å starte med å etablere bestandar i vatn høgt i vassdraget, såkalla knutepunktvatn. Frå desse vatna kan fisk spreie seg nedstraums i vassdraget, på naturlegvis eller ved flytting av villfisk.
- ♦ I vatn der det ikkje er kjend at det har vore fisk tidlegare, skal det gjerast nøye vurdering før fylkesmannen kan gje løye til utsetjing. Vurderinga vil ta omsyn til den nasjonale føringa; at fisk ikkje skal setjast ut i naturleg fisketome vatn.
- ♦ Tiltak for å sikre levetilhøva for fisken, til dømes kalking og biotoptiltak for å betre gyte- og oppveksttilhøva, kan gjerast dersom det er naudsynt.
- ♦ I vatn med tett og småfallen bestand kan ein betre fiskekvaliteten med utfisking eller tiltak som kan redusere gyte- og oppvekstområda.

### Utvikling av fiske som rekreasjon og næring

- ♦ Det er ein føresetnad for all tilrettelegging at rettshavarane er motiverte og ønskjer dette. Målretta informasjon til grunneigarar er viktig for å utvikle tilbod.
- ♦ Det er ein føresetnad at allmenta skal ha god tilgjenge til fritidsfiske i SVR. Det er likevel nokre tilhøve som gjer at fisketilboden må tilpassast.
- ♦ For utvikling av fisk som næring innan SVR, ligg det største potensialet i fritidsfisket og utvikling av lokale turisttilbod. Fisken vil vere ei viktig merkevare som gjer det lettare å få turistar til området. Eit differensiera tilbod er mogleg å tilpasse innanfor avgrensa område der grunneigarane blir samde om ein forpliktande driftsplan.
- ♦ Det finst fleire elvar og vatn i SVR der det er mykje fisk, som ofte er småfallen. Desse har stor verdi for familiar med barn, avdi det er enkelt å få fangst. Dette er med på å skape naturinteresse og friluftsglede hos borna.
- ♦ I andre vatn finst det stor aure, som er attraktiv sportsfisk. Det er mogleg å utvikle fleire slike vatn med fysiske kultiveringstiltak. Fin fjellaure må marknadsførast som eit kvalitetsmerke for SVR!
- ♦ Fisket i dei einskilde vassdraga og tilgrensande område må inngå i eit felles fiskekort for SVR. Dette bør vere lett tilgjengeleg. I dette kortet vil det vere mogleg å legge inn val mellom ulike tilbod. Eit alternativ kan vere at ein kan få tilgang til fiskekort for alle vassdraga frå alle salgsstader.
- ♦ Eit næringsfiske grunna på uttak av fisk for sal og foredling kan vere mogleg i nokre større vatn. Næringsfiske kan kombinerast med utfisking for å betre storleik-

en og kvaliteten på fisken i vatn der fisken er småfallen. Initiativ må takast av grunneigarane og driftsplan bør utarbeidast. Investeringar i infrastruktur må gjerast utanfor verneområdet.

- ♦ I sone 1 er det lite aktuelt med tiltak for å leggje til rette for fiske, mellom anna av omsyn til villreinen. Det er ikkje ønskjeleg å lede fotturistar inn i områder som har ferdselrestriksjonar.

## PRIORITERTE TILTAK

### Fiskestammer

- ♦ Vern av opphavlege aurestammer. Ein del stammer kan sikrast med kalking. Nokre stammer kan vere trua, til dømes av framande utsettingar i nærlieken. I slike høve kan det vere naudsynt å flytte nokre fisk til andre vatn, gjerne høgt oppe i vassdraga, som blir kalka. Desse kan fungere som knutepunktvatn for vidare spreiing av den opphavlege stammen nedstraums i vassdraga. Eit døme er å flytte nokre av den truga, opphavlege auren frå Håvestøylvatn i Mandalsvassdraget til det fisketome Lykkjevatnet, høgare oppe i same vassdraget.
- ♦ Forsking. Arvestoffet (DNA) til dei fiskestammene som sikkert eller truleg er opphavlege i SVR og randområda bør bli undersøkt. Desse må samanliknast for å få eit betre grunnlag for å velje dei beste stammene til kultivering og oppbygging av fiskestammane i SVR.
- ♦ Fiskestammer i klekkeri. Ein må ta initiativ til å velje ut opphavlege aurestammer som skal brukast til vidare kultivering. Nokre av desse bør leggjast inn i klekkeria på Syrtveit (Otra), Finså (Mandalselva) og Gyland (Kvina og Sira).
- ♦ Overvakning. Vatn med opphavleg aure og eit utval av vatn med utsett fisk, bør følgjast med prøvefiske kvart 5. år etter avtale med Fylkesmannen.
- ♦ Bekkerøye. Her må ein følgje med utviklinga i vatn med bekkerøye når utsetjingane vert utfasa og aure kjem tilbake.

### Fiske som rekreasjon, næring og i undervisning

- ♦ Informasjon. Grunneigarmotivering til vidare satsing på utvikling av fiskeressursane, med kultivering og rehabilitering av vassdrag som grunnlag for verdiskaping - gjerne mellom anna i form av fiskekortsal.
- ♦ Fiskekort. Ei arbeidsgruppe må setjast ned for å legge til rette for ei felles organisering av fiskekort innan SVR.
- ♦ Driftsplanar. Grunneigarar som ønskjer å nytte ein-skilde fiskeområde i næring, må utarbeide konkrete driftsplanar.
- ♦ Barn og unge – undervisning. Fleire spanande skuleprosjekt kan gjerast. Eit døme er å fange fisk i eit vatn med talrik bestand, til dømes Håhidlervatn, og flytte han til eit vatn der fisken har forsvunne. Slike prosjekt er enkle å utføre, men dei må følgjast opp over nokre år for å sjå resultata.

- ♦ Informasjon. Brei informasjon må utarbeidast om området og dei tilboda som finst om fiske, turstiar, overnatting og sal av fiskekort.

## 7.3 Retningslinjer for byggetiltak innanfor Grydalen hytteområde

Sentralkavet	
Ar/Saksnr.	06/105
Saksbehandl.	J.O.
10 MARS 2006	
Ark koda P	KP2
Ark koda S	
Kodi BE	
Kastingsansvarlig	Gmøring

Sjå adresseliste



Vår ref:  
2006/203-1

Sakshandsamar:  
Signe Sollien Haugå  
37937500

Arkiv:

Dato:  
10.03.2006

### SVR - STYRESAK 15/06 - RETNINGSLINER - GRYTDALEN, SIRDAL KOMMUNE

Styret i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernomb, Forvaltingssekretariatet, handsama framlegg til retningsliner for Grydalen hytteområde i styresak 15/06.  
Sjå vediagte saksutgreiing.

Styret gjorde samrøystes vedtak slik:

*"Styret tek utkastet til retningsliner til orientering og sluttar seg til framleggset som høyringsutkast.  
Styret ber Sirdal kommune syte for høyring og formell godkjenning i kommunen."*

Med vennleg helsing  
**Forvaltningssekretariatet SVR**

*Maria Kær*  
X Signe Sollien Haugå  
prosjektleiar

Adresseliste:  
Sirdal kommune 4440 Tonstad

Kopi til:  
Fylkesmannen i Vest-Agder e-post  
Norsk Institutt for By- og Regionforskning e-post  
Direktoratet for Naturforvalting Tungasletta 2 7485 Trondheim

**Sak 15/06 Retningsliner – sone 4 - Grytdalen**

**Bakgrunn for saka**

Styret gjorde samråystes vedtak om å gje Sirdal kommune følgjande råd i sak 36/05 17.okt 05, utdrag:

*" Styret rår og kommunen til å gå ha ein gjennomgang i høve til kva som er normalstorleik i høve til eintydige omgrep (t.d. TBRA/BYA) – . Dette bør vere utgangspunkt å utarbeidd ei utfyllande retningsline for hytteområdet i medhald og innafor ramma av verneføresegna. Retningslina bør ha karakter av føringar som ein detaljert føresegn til reguleringsplan med m.a. i høve til storleik på hytter, føringar med tanke på moglege framtidige tiltak på nye og eksisterande tomter, t.d. bygg, anlegg og terrenginngrep/ infrastruktur / mønehøgd / byggeskikk / fargesetting osb. som sikrar at området sin art eller karakter ikkje blir endra over tid.*

*Ei slik retningsline vil meir spesifikt sikre omsynet til vernet – og gi meir konkrete føringar for framtidige byggesaker. Slik kan ein og unngå at det er gjennom klagesaker og prinsippdiskusjonar utforminga blir nedfelt. Det vil og vere meir eintydig rammeverk i høve til hytteigarane dersom dei vurderer å planlegge/søke om tiltak i framtida.*

Sirdal kommune har lagt fram utkast til retningsline som følgjer:

**Retningsliner for byggetiltak innenfor sone fire i Grytdalen hytteområde:**

- 1) Forvaltningsplanen åpner for realitetsbehandling og realisering av resterende utbygning i Grytdalen som dispensasjonssaker, jfr. punkt 5.3.3. På vernetidspunktet var det ni tomter som var fradelt, og hvor formålet var å bygge fritidsbolig på tomten. Dette gjelder følgende ni tomter, 2/16, 2/20, 2/25, 2/45, 2/48, 2/54, 2/57, 2/62 og 2/73.
- 2) Forvaltningsplanen åpner også opp for utvidelse av eksisterende bebyggelse, jfr. punkt 5.3.1. Fremtidige utvidelse i Grytdalen må imidlertid ikke endre landskapets art og karakter vesentlig fra det som i dag fremstår som et småskala terrengetilpasset hyttefelt, jfr. punkt 5.3.3. Den totale bygningsmassen på den enkelte eiendom i Grytdalen varierer. Gjennomsnittsareal for hytter inkludert tilleggsbygninger er omrent 75 kvadratmeter bebygd areal (BYA). Med tilleggsbygning menes uthus, redskapsbod, vedskjul, annex og lekehytte eller andre frittstående bygg. Tilleggsbygningen skal ikke ligge lenger fra hovedbygningen enn 4 meter
- 3) For å sikre at fremtidige utvidelser ikke kommer i strid med forskriftens formål og forvaltningsplanens retningslinjer for byggetiltak i Grytdalen, settes øverste samlede T-BRA/ BYA til 75 kvadratmeter. Kommunen kan i den enkelte sak vurdere om uthus og lignende bør ordnes i flere mindre enheter eller bygges inntil eksisterende bygning.
- 4) Det gis ikke tillatelse til oppgradering av uthus til fritidsbolig (bygging av eldsted). Det er kun tillatt med kjøkken i hovedbygningen på tomten
- 5) Terrasseareal begrenses oppad til 20 kvadratmeter. Terrassen skal legges mest mulig ned på bakken, slik at arealet ikke regnes med til BYA. Det er ikke tillatt med rekkverk. Plassering av terrassen skal godkjennes av kommunen.
- 6) Ved nybygg settes maksimal mønehøyde til 5,5 meter. Mønehøyden måles fra gjennomsnittelig terregng. Gesimshøyden settes til 4,5 meter. Gesimshøyden måles fra gjennomsnittelig terregng. Utvidelse av eksisterende bebyggelse skal holdes innenfor eksisterende mønehøyde/gesimshøyde. Mønerettingen på bygningen skal følge terrenget

- 7) Ved utvidelser eller nybygg skal høgste punkt mellom terreng og underkant hytte ikke overstige 70 cm. Det skal kles mellom pilarene.
- 8) Det tillates ikke oppsatt gjerde rundt hyttene. Utenomhusanlegg som flaggstenger, vindmøller, større antenneanlegg og lignende er ikke tillatt.
- 9) Bebyggelsen skal ha mørke duse farger som bryter minst mulig med naturpreget i området. Alle utvendige bygningsdeler inklusive vindskeier, vindusinnramminger og hjørnebord skal ha samme mørkhetsgrad. Det er ikke tillatt med lyse eller sterke farger som gir store kontraster til omgivelsene. Taktekking skal utføres med tekkingsmaterialer som har en matt og mørk virkning.
- 10) Ubebygde deler av tomta skal bevares uten inngrep i terrenget. Busker, trær og større steiner må ikke fjernes. Det er heller ikke tillatt med andre terrenginngrep for fremføring av kabler/ vann- og avløpsledninger og lignende.
- 11) For nye bygg fastsettes krav om detaljplan som del av søknadsgrunnlaget. Planen skal være målsatt og vise planlagt plassering, utforming, atkomststi og inngreps grense i forhold til planlagt bygg/ bevaring av uberørt terregn mv.

Kommentarar/ vurderingar:

Framlegget er drøfta undervegs mellom kommunen og sekretariatet.

Framlegget er i tråd med det styret etterlyste og ein har tru på at dette vil bli eit godt hjelpemiddel i framtidige saker.

Framlegg til vedtak:

Styret godkjenner utkastet til retningsliner som høyringsutkast. Styret ber Sirdal kommune syte for høyring. Styret ber sekretariatet arbeide for at dette blir formalisert som supplement til forvaltingsplanen gjennom godkjenning frå Direktoratet for Naturforvalting.

Orientering / drøfting i møtet:

Direktoratet for Naturforvalting har gitt uttrykk for at ein ser det som tilstrekkeleg og teneleg dersom styret tilrår framlegget og at Sirdal kommune godkjenner retningslinene.

Justert framlegg til vedtak:

Styret tek utkastet til retningsliner til orientering og sluttar seg til framlegget som høyringsutkast. Styret ber Sirdal kommune syte for høyring og formell godkjenning i kommunen.

Vedtak: Justert framlegg – samråystes godkjent

## 7.4 Verneføreskrifter

### 7.4.1 Forskrift om vern av Lusaheia landskapsvernombåde, Hjelmeland kommune, Rogaland

Fastsatt ved kgl.res. av 19. april 1991. Fremmet av Miljøverndepartementet.

I

I medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970 nr. 63, § 5, jfr. § 6 og § 21, § 22 og § 23, er eit område i Hjelmeland kommune verna som landskapsvernombåde ved kgl.res. av 19. april 1991 under namnet **Lusaheia landskapsvernombåde**.

II

Området omfattar følgjande gnr./bnr. i Hjelmeland kommune: 118/1, 119/1, 121/3, 139/1, 2, 3, 10, 19, 140/1, 144/1, 145/1.

Landskapsvernombådet er 122 km<sup>2</sup> stort.

Grensene for landskapsvernombådet går fram av kart, nedfotografert fra målestokk 1:50.000, datert Miljøverndepartementet februar 1991. Kartet og verneforskriftene finst i Hjelmeland kommune, hos fylkesmannen i Rogaland, i Direktoratet for naturforvalting og i Miljøverndepartementet.

III

Føremålet med vernet er å ta vare på eit særmerkt og vakkert høgfjellslandskap som inneholder sjeldsynte og sårbar naturelement.

IV

For landskapsvernombådet gjeld følgjande reglar:

- Det må ikkje gjerast inngrep som vesentleg kan endra eller innverka på landskapet sin art eller karakter. I dette medrekna uttak, utfylling, plassering eller lagring av masse, bortlegging av avfall, vegbygging, drenering eller tørrlegging av område, framføring av luftledning, oppføring av anlegg og andre innretningar eller bygningar, nydyrkning, treslagsskifte, granplanting og skogreising. Opplistinga er ikkje fullstendig.
- Motorferdsle i utmark og i vassdrag og landing med luftfartøy er forbode.
- Forvaltingsstyremakta kan regulera organisert ferdslag og turisme i området dersom dette er naudsynt av omsyn til villreinen. Nye turistløyper skal godkjennast av forvaltingsstyremakta.

V

Reglane i pkt. IV skal ikkje være til hinder for:

- Gjennomføring av militær operativ verksemad og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, sikringsteneste og oppsyns-, skjøtsels- og forvaltingsoppgåver.
- Vanleg vedlikehald og drift av eksisterende bygningar, kraftlinjer, kraftverksinstallasjonar, vegar, innretningar m.v. nemde under pkt. IV 1. når dette vert tilpassa landskapet og lokal byggeskikk.
- Vanleg drift av landbruksareala i landskapsvernombådet, herunder hogst av ved til eige bruk, oppsetting av gjerde, kve o.l. som er naudsynt for fedrifta i området, og naudsynt bruk av motorkøyretøy til desse føremåla på opparbeidde vegar og i utmark dersom marka er så frossen at køyretøyet ikkje gjer nemnande skade.
- Naudsynt transport av mat, utstyr og betjening til og frå turisthytter med beltekøyretøy på vinterføre. VI

Forvaltingsstyremakta kan gje løvye til motorferdsle i utmark og i vassdrag og landing med luftfartøy.

VII

Forvaltingsstyremakta eller den forvaltingsstyremakta gjev fullmakt, kan sette i verk skjøtselstiltak i samsvar med føremålet med vernet. Det kan utarbeidast forvaltingsplan med nærmere retningsliner for gjennomføring av skjøtselstiltaka.

VIII

Forvaltingsstyremakta kan gjere unntak frå vernereglane for vitenskaplege granskningar, arbeid av vesentleg verdi for samfunnet eller i særskilde høve når det ikkje strir mot føremålet med vernet.

IX

Forvaltinga av forskriftene er lagt til fylkesmannen i Rogaland.

X

Denne forskriften tek til å gjelde straks.

### 7.4.2 Forskrift om vern av Vormedalsheia landskapsvernombåde, Hjelmeland kommune, Rogaland.

Fastsatt ved kgl.res. av 19. april 1991. Fremmet av Miljøverndepartementet.

I

I medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970 nr. 63, § 5, jfr. § 6 og § 21, § 22 og § 23, er eit område i Hjelmeland kommune verna som landskapsvernombåde ved kgl.res. av 19. april 1991 under namnet **Vormedalsheia landskapsvernombåde**.

II

Området omfattar følgjande gnr./bnr. i Hjelmeland kommune: 30/2, 30/5, 32/1, 33/1, 34/1, 5, 7, 35/1, 36/1, 2, 37/2, 3, 4, 5, 38/1, 3, 4, 5, 8, 9, 10, 12, 13, 39/1, 2, 3, 4, 5, 6, 7, 8, 9, 11, 12, 14, 15, 16, 17, 20, 22, 40/1, 2, 3, 41/1, 2, 3, 5, 6, 7, 6, 9, 10, 11, 14, 27, 42/1, 2, 3, 4, 5, 6, 43/1, 2, 44/1, 2, 45/12, 69/1, 2, 3, 4, 5, 8, 9, 100/3, 101/1, 2, 107/4, 112/1, 4, 5, 8, 10, 19, 117/1, 3, 118/1, 2, 121/1, 2.

Landskapsvernombådet er 120 km<sup>2</sup> stort.

Grensene for landskapsvernombådet går fram av kart, nedfotografert fra målestokk 1: 50.000, datert Miljøverndepartementet februar 1991. Kartet og verneforskriftene finst i Hjelmeland kommune, hos fylkesmannen i Rogaland, i Direktoratet for naturforvalting og i Miljøverndepartementet.

III

Føremålet med vernet er å ta vare på eit særmerkt og vakkert landskap som gjev eit godt tverrsnitt av Ryfylkenaturen frå fjord til høgfjell, og som inneholder sjeldsynte og sårbar naturelement.

IV

For landskapsvernombådet gjeld følgjande reglar:

- Det må ikkje gjerast inngrep som vesentleg kan endra eller innverka på landskapet sin art eller karakter. I dette medrekna uttak, utfylling, plassering eller lagring av masse, bortlegging av avfall, vegbygging, drenering eller tørrlegging av område, framføring av luftledning, oppføring av anlegg og andre innretningar eller bygningar, nydyrkning, treslagsskifte granplanting og skogreising. Opplistinga er ikkje fullstendig.
- Vegen til Ottestøl skal vera stengt med bom ved grensa til landskapsvernombådet. Den skal vera ein traktorveg og ikkje rustast opp til høgare standard. Grunneigarane i området (gnr. 41 og 42) kan bruka vegen til næringskøyring med traktor og snøscooter, elles er motorisert ferdsle forbode.
- Motorferdsle i utmark og i vassdrag og landing med luftfartøy er forbode.

# Forvaltingsplan for verneområda i Setesdal vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane

4. Forvaltingsstyresmakta kan regulera organisert ferdslle og turisme i området dersom dette er naudsynt av omsyn til villreinen. Nye turistløyper skal godkjennast av forvaltingsstyresmakta.

V

Reglane i pkt. IV skal ikkje vera til hinder for:

1. Gjennomføring av militær operativ verksemde og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, sikringsteneste og oppsyns-, skjøtsels- og forvaltingsoppgåver.
2. Vanleg vedlikehald og drift av eksisterande bygningar, kraftliner, kraftverksinstallasjoner, vegar, innretningar m.v. nemde under pkt. IV 1. når dette vert tilpassa landskapet og lokal byggeskikk.

3. Noverande drift av landbruksareala i landskapsvernombrådet, herunder oppsetting av gjerde, kve o.l. som er naudsynte for fedrifta i området, uttak av skog som motsvarer den årlege tilveksten, flatehogst der flatene er mindre enn 2 dekar, naudsynt bruk av motorkøyrety til desse føremåla på opparbeidde vegar, parkeringsplassar og dyrka mark, og i utmark dersom marka er så frossen at køyretyet ikkje gjer nemnande skade.

Forvaltingsstyresmakta kan av omsyn til særlege sårbare naturområde og viltforekomstar unnta enkelt tre og mindre tregrupper frå hogst.

4. Naudsynt transport av mat, utstyr og betjening til og frå tu-risthytter med beltekøyrety på vinterføre.

VI

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til:

1. Motorferdsle i utmark og i vassdrag og landing med luftfartøy.
2. Dyrking, oppføring av bygningar til bruk i landbruksdrifta, treslagsskifte, skogreising eller anna skogsdrift ut over det som er tillatt etter pkt. V 3.
3. Oppføring av enkelte hytter i område der det er hytter frå før.

VII

Forvaltingsstyresmakta eller den forvaltingsstyresmakta gjev fullmakt, kan sette i verk skjøtselstiltak i samsvar med føremålet med vernet. Det kan utarbeidast forvaltingsplan med nærmere retningslinjer for gjennomføring av skjøtselstiltaka.

VIII

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå vernereglane for vitskapslege granskningar, arbeid av vesentleg verdi for samfunnet eller i særskilde høve når det ikkje strir mot føremålet med vernet.

IX

Forvaltinga av forskriftene er lagt til fylkesmannen i Rogaland.

X

Denne forskriften tek til å gjelde straks.

## 7.4.3 Forskrift om vern av Kvanndalen landskapsvernombrådet med plantelivsfreding, Suldal kommune, Rogaland.

Fastsett ved kgl.res. 26. september 1997 med heimel i lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern § 5, § 6 og § 13, jf. § 21, § 22 og § 23. Fremja av Miljøverndepartementet. Endra med forskrift 15 mars 2013 nr. 284 (i kraft 1 juli 2013).

I

I medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970 nr. 63 §§ 5, 6 og 13 sjå §§ 21, 22 og 23, er eit område i Suldal kommune, Rogaland fylke, verna ved kgl.res. av 26. september 1997 som landskapsvernombråde

med plantelivsfreding under namnet «Kvanndalen landskapsvernombråde».

II

Det verna området omfattar heile eller delar av følgjande gnr./bnr. i Suldal kommune: 68/1, 16, 26, 53, 69/1, 3.

Landskapsvernombrådet dekker eit areal på omlag 84 km<sup>2</sup>.

Grensene for landskapsvernombrådet går fram av kart i målestokk 1:62000, datert Miljøverndepartementet september 1997. Kart og verneforskrift blir oppbevart i Suldal kommune, hos fylkesmannen i Rogaland, i Miljødirektoratet og i Miljøverndepartementet.

Dei nøyaktige grensene for verneområdet skal avmerkast i marka. Knekkpunkta bør koordinatfestast.

III

Føremålet med landskapsvernet er å ta vare på eit særmerkt fjellområde med urørt natur, rikt planteliv med m.a. bergjunker, verdifulle stølsområde, beitelandskap og eldre og nyare kulturminne etter støling, heibeiting, jakt, fiske ogfangst. Føremålet er også å ta vare på viktige leveområde for viltet, spesielt å sikre eit samanhengande fjellområde og delar av livsgrunnlaget for den sørlegaste villreinstamma i Europa.

IV

For landskapsvernombrådet gjeld følgjande reglar:

### 1. Landskapet

1.1. Det må ikkje gjerast inngrep som vesentleg kan endra eller inverka på landskapet sin art eller karakter. I dette medrekna:

a) Oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, veg, parkerings- og rastepllassar, oppsetting av autovern, merking og rydding av stiar og løyper, sprenging, uttak, utfylling eller oppfylling av masse, drenering eller tørrlegging, ny utføring av kloakk eller andre konsektrerte forureiningstilførsler, framføring av luftleidningar eller røygater, vasstandsreguleringar, plassering av campingvogner, kalking, gjødsling, bruk av kjemiske bekjempningsmiddel e.l. Opplistinga er ikkje fullstendig.

b) Nydyrkning, treslagsskifte, granplanting, skogreising og snauhogst er forbode. Det er forbode å felle særmerkte og dekorative tre, gaddar og daude tre som er med på å prega landskapet.

1.2. Reglane i punkt 1.1 er ikkje til hinder for:

a) Vanleg drift av landbruksareala i landskapsvernombrådet som ikkje bryt med verneføremålet, herunder oppsetting av gjerde, kve o.l. som er naudsynt for fedrifta, uttak av skog som motsvarar den årlege tilveksten, hogstflater som er mindre enn 2 dekar og som ligg meir enn 40 meter frå kvarandre, vanleg vedlikehald av bygningar og andre anlegg når dette vert tilpassa landskapet og er i tråd med lokal byggeskikk.

b) Vedlikehald av eksisterande stiar og løyper. Forvaltingsstyresmakta kan nekte vedlikehald av eksisterande stiar og løyper når det av omsyn til føremålet med vernet er ønskeleg å redusere ferdsla i einskilde område.

1.3. Når verksemda kan skje utan at det strir mot føremålet med fredinga kan forvaltingsstyresmakta eller den forvaltingsstyresmakta gjev fullmakt, på nærmere vilkår gje løyve til:

a) Endring, ombygging eller utviding av bygningar og andre eksisterande anlegg. For restaurering og gjenoppføring av bygningar og anlegg med kulturhistorisk verdi, må eventuelle løyve gjevast etter samråd med fylkeskonservatoren.

# Forvaltingsplan for verneområda i Setesdal vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane

- b) Nydyrkning, oppføring av bygningar og anlegg tilknytt landbruksdrift når planane er godkjende av landbruksstyresmakta.
- c) Anna skogdrift enn nemnd i punkt 1.2. a) når planane er godkjende av landbruksstyresmakta.
- d) Bygging av jakt-, fiske- og gjeterbuer som er naudsynt for å sikre ein god næringsmessig utnytting av jakt, fiske og andre utmarksressurser.
- e) Bygging av hytter o.l. som er ein del av turløypenettet i fjellet.
- f) Etablering av nye stiar og løyper.

## 2. Plantelivet

2.1. Bergjunker og plantesamfunn med denne arten er verna mot skade og øydelegging som ikkje følger av tradisjonell bruk av området til landbruk, vanleg ferdsel, jakt og fiske.

## 3. Motorferdsel

3.1. Motorisert ferdsel i utmark og i vassdrag er forbode. Flyging lågare enn 300 m over bakken og landing er forbode. Forvaltingsstyresmakta eller den forvaltingsstyresmakta gjev fullmakt, kan likevel gi løyve til motorferdsel i særskilde høve.

3.2. Reglane i punkt 3.1. er ikkje til hinder for:

- a) Motorferdsel i samband med jord- og skogbruksnæring (jakt, fangst, fiske og bærsanking blir her ikkje rekna som næring) dersom marka er så frosen at køyretytet ikkje gjer skade.
- b) Gjennomføring av militær operativ verksemeld og tiltak i rednings-, ambulanse-, politi-, brannvern-, oppsyns-, skjøtsels- og forvaltingsøyemed.
- c) Motorferdsel i samband med vanleg vedlikehald og drift av kraftliner og installasjoner.

## 4. Større, organiserte arrangement

4.1. Større organiserte arrangement er forbode. Forvaltingsstyresmakta eller den forvaltingsstyresmakta gjev fullmakt, kan gje løyve i særskilde tilfelle.

4.2. Punkt 4.1. er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemeld og tiltak i rednings-, ambulanse-, politi-, brannvern-, oppsyns-, skjøtsels- og forvaltingsøyemed.

## V

Reglane i kap. IV er ikkje til hinder for gjennomføring av Tverrå-prosjektet i henhold til konsesjon.

## VI

Forvaltingsstyresmakta eller den forvaltingsstyresmakta gjev fullmakt, kan gjennomføre skjøtselstiltak for å fremme verneformålet. Det kan utarbeidast forvaltingsplan, som kan innehalde nærmare retningslinjer for gjennomføring av skjøtselstiltaka.

## VII

Forvaltingsstyresmakta eller den forvaltingsstyresmakta gjev fullmakt, kan gjere unntak frå vernereglane når føremålet med fredinga krev det, og dessutan for vitskaplege undersøkingar, arbeid som er særleg viktig for samfunnet og i spesielle tilfelle dersom det ikkje stirr mot formålet med fredinga.

## VIII

Forvaltinga av forskrifter vert lagt til fylkesmannen i Rogaland.

## IX

Desse reglane trer i kraft straks.

## 7.4.4 Forskrift om vern av Dyraheio landskapsvernombåde med biotopvern, Suldal kommune, Rogaland

Fastsett ved kgl.res. 26. september 1997 med heimel i lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern § 5, § 6 og § 13, jf. § 21 og § 22. Fremja av Miljøverndepartementet. Endra med forskrifter 25 juni 2010 nr. 1016 (bl.a. ny tittel), 15 mars 2013 nr. 284 (i kraft 1 juli 2013).

### I

I medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970 nr. 63, §§ 5, 6 og 13, sjå §§ 21 og 22 er eit område i Suldal kommune, Rogaland fylke verna ved kgl.res. av 26. september 1997 som landskapsvernombåde med plantelivsfreding under namnet «Dyraheio landskapsvernombåde».

### II

Det verna området omfattar heile eller delar av følgjande gnr./bnr. i Suldal kommune: 38/1, 39/1, 2, 40/1, 2, 41/2, 42/1, 2, 3, 43/1, 2, 54/1, 2, 3, 55/1, 56/1, 2, 3, 57/1, 2, 66/1, 67/1, 3, 68/1, 2, 3, 4, 5, 137/Suldal statsallmenning.

Landskapsvernombådet dekker eit areal på omlag 304 km<sup>2</sup>.

Grensene for landskapsvernombådet går fram av kart i målestokk 1:100 000, datert Miljøverndepartementet juni 2010. Kart og verneforskrift blir oppbevart i Suldal kommune, hos fylkesmannen i Rogaland, i Miljødirektoratet og i Miljøverndepartementet.

Dei nøyaktige grensene for verneområdet skal avmerkast i marka. Knekkpunkta bør koordinatfestast.

### III

Føremålet med landskapsvernet er å ta vare på eit særmerkt fjellområde med urørt natur, rikt planteliv med m.a. bergjunker, verdifulle stølsområde og beiteområdet, eldre og nyare kulturmiljø etter støling, heibeiting, jakt, fiske og fangst. Føremålet er også å ta vare på viktige leveområdet for viltet, spesielt å sikre eit samanhengende fjellområde og delar av livsgrunnlaget for den sørlegaste villreinstamma i Europa.

### IV

For landskapsvernombådet gjeld følgjande reglar:

#### 1. Landskapet

1.1. Det må ikkje gjerast inngrep som vesentleg kan endra eller inverka på landskapet sin art eller karakter. I dette medrekna:

- a) Oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, veg, parkerings- og rasteplatssar, oppsetting av autovern, merking og rydding av stiar og løyper, sprenging, uttak, utfylling eller oppfylling av masse, drenering eller tørrlegging, ny utføring av kloakk eller andre konsentrerte forureiningstilførsler, framføring av luftleidningar eller røygater, vasstandsreguleringar, plassering av campingvogner, kalking, gjødsling, bruk av kjemiske bekjempningsmiddel e.l. Opplistinga er ikkje fullstendig.

- b) Nydyrkning, treslagsskifte, granplanting, skogreising og snauhogster forbode. Det er forbode å felle særmerkte og dekorative tre, gaddar og daude tre som er med på å prega landskapet.

1.2. Reglane i punkt 1.1 er ikkje til hinder for:

- a) Vanleg drift av landbruksareala i landskapsvernombådet som ikkje bryt med verneføremålet, herunder oppsetting av gjerde, kve o.l. som er naudsynt for fedrifa, uttak av skog som motsvarar den årlege tilveksten, hogstflater som er mindre enn 2 dekar og som ligg meir enn

# Forvaltingsplan for verneområda i Setesdal vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane

40 meter fra hverandre, vanleg vedlikehald av bygningar og andre anlegg når dette vert tilpassa landskapet og er i tråd med lokal byggeskikk.

- b) Vedlikehald av eksisterande stiar og løyper. Forvaltingsstyresmakta kan nekte vedlikehald av eksisterande stiar og løyper når det av omsyn til føremålet med vernet er ønskjeleg å redusere ferdsla i einskilde område.
- c) Vedlikehald av eksisterande anleggsveg knytt til kraftproduksjon.

1.3. Når verksemda kan skje utan at det stirr mot føremålet med fredinga kan forvaltingsstyresmakta eller den forvaltingsstyresmakta gjev fullmakt, på nærmere vilkår gje løye til:

- a) Endring, ombygging eller utviding av bygningar og andre eksisterande anlegg. For restaurering og gjenoppføring av bygningar og anlegg med kulturhistorisk verdi, må eventuelle løye gjevast etter samråd med fylkeskonservatoren.
- b) Nydyrkning, oppføring av bygningar og anlegg tilknytt landbruksdrift når planane er godkjende av landbruksstyresmakta.
- c) Anna skogdrift enn nemnd i punkt 1.2. a) når planane er godkjende av landbruksstyresmakta.
- d) Bygging av jakt-, fiske- og gjeterbuer som er naudsynt for å sikre ein god næringsmessig utnytting av jakt, fiske og andre utmarksressurssar.
- e) Bygging av hytter o.l. som er ein del av turløpenettet i fjellet.
- f) Etablering av nye stiar og løyper.
- g) Endring, ombygging eller utviding av eksisterande anleggsveg knytt til kraftproduksjon.
- h) Naudsynte erosjonssikringstiltak i strandsona langs Sandvatnet.

## 2. Plantelivet

2.1. Bergjunker og plantesamfunn med denne arten er verna mot skade og øydelegging som ikkje følgjer av tradisjonell bruk av området til landbruk, vanleg ferdsel, jakt og fiske.

## 3. Motorferdsel

3.1. Motorisert ferdsel i utmark og i vassdrag er forbode. Flyging lågare enn 300 m over bakken og landing er forbode. Forvaltingsstyresmakta eller den forvaltingsstyresmakta gjev fullmakt, kan likevel gi løye til motorferdsel i særskilde høve.

3.2. Reglane i punkt 3.1. er ikkje til hinder for:

- a) Motorferdsel i samband med jord- og skogbruksnæring (jakt, fangst, fiske og bærsanking blir her ikkje rekna som næring) dersom marka er så frosen at køyretyet ikkje gjer skade.
- b) Gjennomføring av militær operativ verksemeld og tiltak i rednings-, ambulanse-, politi-, brannvern-, oppsyns-, skjøtsels- og forvaltingsøyemed.
- c) Motorferdsel i samband med vanleg vedlikehald og drift av kraftlinjer og installasjoner.
- d) Motorferdsle for uttransport av sjuke/skadde dyr i medhald av lov om dyrevelferd. Kjørtyt som nyttast skal vere skånsam mot markoverflata. Det skal gjevast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet i forkant av kjøringa.

## 4. Større, organiserte arrangement

4.1. Større organiserte arrangement er forbode. Forvaltingsstyresmakta eller den forvaltingsstyresmakta gjev fullmakt, kan gje løye i særskilde tilfelle.

4.2. Punkt 4.1. er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemeld og tiltak i rednings-, ambulanse-, politi-, brannvern-, oppsyns-, skjøtsels- og forvaltingsøyemed.

V

Forvaltingsstyresmakta eller den forvaltingsstyresmakta gjev fullmakt, kan gjennomføre skjøtselstiltak for å fremme verneformålet. Det kan utarbeidast forvaltingsplan, som kan innehalde nærmare retningslinjer for gjennomføring av skjøtselstiltaka.

VI

Forvaltingsstyresmakta eller den forvaltingsstyresmakta gjev fullmakt, kan gjere unntak fra vernereglane når føremålet med fredinga krev det, og dessutan for vitskaplege undersøkingar, arbeid som er særleg viktig for samfunnet og i spesielle tilfelle dersom det ikkje stirr mot føremålet med fredinga.

VII

Miljødirektoratet fastset kven som er forvaltingsstyresmakt etter denne forskrifta.

VIII

Desse reglane trer i kraft straks.

## 7.4.5 Forskrift om vern av Holmavassåno biotopvernombåde, Suldal kommune, Rogaland

Fastsett ved kgl.res. 26. september 1997 med heimel i lov av 29. mai 1981 nr. 38 om viltet § 7 andre ledd. Fremja av Miljøverndepartementet.

I

I medhald av lov om viltet av 29. mai 1981 nr. 38 § 7, andre ledd er eit område i Suldal kommune, Rogaland fylke verna ved kgl.res. av 26. september 1997 som biotopvernombådet under namnet «Holmavassåno biotopvernombåde».

II

Biotopvernombådet omfattar heile eller delar av følgjande gnr./bnr. i Suldal kommune: 67/14, 68/1, 16.

Verneområdet dekker eit areal på omlag 23 km<sup>2</sup>.

Grensene for verneområdet framgår av kart i målestokk 1:62000, datert Miljøverndepartementet september 1997. Kart og verneforskrift blir oppbevart i Suldal kommune, hos fylkesmannen i Rogaland, i Direktoratet for naturforvalting og i Miljøverndepartementet.

Dei nøyaktige grensene for verneområdet skal avmerkast i marka. Knekkpunkta bør koordinatfestast.

III

Føremålet med biotopvernet er å sikre viktige trekkvegar for villreinen i fjellområdet mellom Kvanndalen landskapsvernombåde og Dyrhaeio landskapsvernombåde.

IV

For biotopvernombådet gjeld følgjande reglar:

1. Det må ikkje iverksetjast tiltak som kan endre dei naturgjevne produksjonstilhøva, gjera villreinen sitt livsmiljø ringare eller hindre villreinen i å trekke gjennom området, herunder oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, veg, parkerings- og rasteplasar, oppsetting av autovern, merking og rydding av stiar og løyper, sprenging, uttak eller oppfylling av masse, ny utføring av kloakk eller

# Forvaltingsplan for verneområda i Setesdal vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane

andre konsentrerte forureiningstilførsler, framføring av luftleidningar eller røyrgater, vasstandsreguleringar, plassering av campingvogner, e.l. Opplistinga er ikkje fullstendig.

2. Større, organiserte arrangement er forbode.
3. Motorisert ferdsel i utmark er forbode. Flyging lågare enn 300 m over bakken og landing er forbode.

V

Reglane i kap. IV er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær operativ verksemد og tiltak i rednings-, ambulanse-, politi-, brannvern-, oppsyns-, skjøtsels- og forvaltingsøyemed.
2. Vanleg vedlikehald og drift av kraftliner og installasjoner.
3. Gjennomføring av Tverrå-prosjektet i henhold til konsesjon.
4. Vanleg drift av landbruksareala i biotopvernombordet som ikkje bryt med verneføremålet, herunder oppsetting av gjerde, kve o.l. som er naudsynt for fedrifta og vanleg vedlikehald av bygningar og andre anlegg når dette vert tilpassa landskapet og lokal byggeskikk. Bruk av motorisert framkomstmiddel i utmark er likevel forbode.
5. Vedlikehald av eksisterande stiar og løyper. Forvaltingsstyresmakta kan nekte vedlikehald av eksisterande stiar og løyper når det av omsyn til føremålet med vernet er ønskeleg å redusere ferdsla i einskilde område. Bruk av motorisert framkomstmiddel i utmark er likevel forbode.
6. Motorferdsel i samband med jord- og skogbruksnæring (jakt, fangst, fiske og bærsanking blir her ikkje rekna som næring) dersom marka er så frosen at køyretøyet ikkje gjer skade.

VI

Når verksemda kan skje utan at det strir mot føremålet med vernet, kan forvaltingsstyresmakta eller den forvaltingsstyresmakta gje fullmakt, på nærmere vilkår gje løyve til:

1. Endring, ombygging eller utviding av vegar, bygningar og andre anlegg. For restaurering og gjenoppføring av bygningar og anlegg med kulturhistorisk verdi, må eventuelle løyve gjevest i samråd med fylkeskonservatoren.
2. Bygging av jakt, fiske- og gjeterbuer som er naudsynt for å sikre ein god næringmessig utnytting av jakt, fiske og andre utmarksressurser.
3. Etablering av nye stiar og løyper.
4. Motorferdsel i utmark og landing med luftfartøy.
5. Større, organiserte arrangement.

VII

Forvaltingsstyresmakta eller den forvaltingsstyresmakta gje fullmakt, kan gjere unntak frå vernereglane når føremålet med fredinga krev det, og dessutan for vitskaplege undersøkingar, arbeid som er særleg viktig for samfunnet og i spesielle tilfelle dersom det ikkje strir mot føremålet med fredinga.

VIII

Forvaltinga av forskrifta vert lagt til fylkesmannen i Rogaland.

IX

Desse reglane trer i kraft straks.

## 7.4.6 Forskrift om verneplan for Frafjordheiane, vedlegg 1, vern av Frafjordheiane landskapsvernombordet, Forsand, Gjesdal og Sirdal kommunar, Rogaland og Vest-Agder

Fastsett ved Kronprinsreg.res. 19. desember 2003 med heimel i lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern § 5 og § 6, jf. § 21, § 22 og § 23. Fremja av Miljøverndepartementet. Endra med forskrifter 30 jan 2004 nr. 508, 15 mars 2013 nr. 284 (i kraft 1 juli 2013).

### § 1. Avgrensing

Landskapsvernombordet omfattar heile eller deler av følgjande gnr./bnr.:

Forsand kommune: 22/1, 2, 3, 4, 5, 6, 15, 28, 32, 33, 34, 35, 36, 37, 38, 39, 40, 41, 42, 43, 44, 45, 46, 47, 48, 49, 50, 48/1, 2, 3, 4, 5, 6, 7, 8, 9, 10, 11, 12, 13, 25, 49/1, 2, 5, 6, 7, 8, 12, 50/1, 51/1, 2, 3, 4, 5, 53/1, 2, 54/1, 3, 4, 6, 8, 12.

Gjesdal kommune: 55/1, 2, 3, 4, 5, 6, 7, 8, 9, 10, 11, 13, 15, 16, 18, 27, 28, 29, 52, 56/1, 2, 3, 57/1, 2, 58/1, 2, 59/1, 4, 5, 6, 9, 10, 60/1, 2, 3, 6, 61/1, 2, 3, 62/1, 2, 3, 4, 5, 63/1, 2, 3, 5, 64/1, 65/1, 2, 3, 6.

Sirdal kommune: 10/1, 2, 3, 4, 6, 9, 11, 12, 13, 28, 29 og 11/1, 2, 3, 5, 6, 7 og 12/1, 2, 3.

Landskapsvernombordet dekkar eit areal på 418,6 km<sup>2</sup>. Grensene for landskapsvernombordet går fram av kart i målestokk 1:50.000, datert Miljøverndepartementet desember 2003.

Dei nøyaktige grensene for landskapsvernombordet skal avmerkast i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskriftene m/kart skal oppbevarast i Forsand, Gjesdal og Sirdal kommunar, hjå Fylkesmannen i Rogaland og Fylkesmannen i Vest-Agder, i Direktoratet for naturforvalting og i Miljøverndepartementet.

### § 2. Føremål

Føremålet med opprettninga av Frafjordheiane landskapsvernombordet er:

- å ta vare på eit representativt, særprega og vakkert landskap, med bratte fjord- og dalsider via lågheiar opp til glattskurt høgfjell.
- å ta vare på vatn og vassdrag, viktige leveområde for eit særmerkt plante- og dyreliv, geologiske landskapsformer, samt beite- og stølslandskap med automatisk freda og nyare tids kulturminne.
- å ta vare på ein særmerkt alm-/lindeskog med stor variasjon, storfrytledominert bjørkeskog, frisk fattigeng, nordvendte berg og urar, og elvar og flaumelbefar med oceaniske mosesamfunn i Røssdalen. Allmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med litra grad av teknisk tilrettelegging.

### § 3. Vernereglar

#### 1. Inngrep i landskapet

- 1.1 Det må ikkje gjerast inngrep som vesentleg kan endra eller verka inn på landskapet sin art eller karakter.

Med dei unntak som følgjer av forskrifa pkt. 1.2 og 1.3 er det forbod mot inngrep som:

oppføring og ombygging av bygningar, anlegg og faste innretningar, framføring av røyr, luft- og jordleidningar, bygging av vegar og rasteplassar, oppsetting av autovern, drenering og anna form for tørrellegging, graving og påfylling av masse, bakkeplanering, sprenging og boring, bryting av steinar, mineral og fossil, fjerning av større steinar og blokker, bergverksdrift, vassdragsregulering, gjødsling, sprøyting med kjemiske middel, nydyrkning, planting, såing, bygging av bruar og klopper, oppsetting av skilt, merking av stiar, løyper o.l. Kulturminne skal ikkje skadast eller øydeleggjast. Opplistinga er ikkje uttømmande.

Fylkesmannen avgjer i tvilstilfelle om eit tiltak kan endre landskapet sin art eller karakter vesentleg.

- 1.2 Reglane i pkt. 1.1 er ikkje til hinder for:

# Forvaltingsplan for verneområda i Setesdal vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane

- a) landbruksdrift, som støling, stenging og opning av skårfeste, anlegg og vedlikehald av gjerde og kve og liknande som er naudsynt for fedrifa.
- b) drift og vedlikehald av jordbruksareal.
- c) vedlikehald av bygningar.
- d) vedlikehald av vegar og anlegg som ikke fører til endra bruk eller funksjon.
- e) vedlikehald av merka stiar og løyper, skilt, bruer og klopper i samsvar med forvaltingsplan.
- f) vedlikehald av konsesjonsgjevne kraftanlegg, t.d. driftshytter, luke, dammar og radiolinkar. Bruk av motorisert transport skal skje etter lov om motorferdsel § 4e
- g) Drift og vedlikehald av eksisterande kraftleidning. Bruk av motorisert transport skal skje etter lov om motorferdsel § 4e.
- h) Naudsynt istandsetting ved akutt utfall. Ved bruk av motorisert transport skal det i etterkant sendast melding til vedkommande forvaltingsstyresmakta
- i) Oppgradering/fornyng av kraftleidning for heving av spenningsnivå og auking av linjetverrsnitt når dette ikke krev vesentlege fysiske endringar i strid med verneføremålet

## 1.3 Forvaltingsstyremakta kan etter søknad gje løyve til:

- a) Ombygging og utviding av eksisterande bygningar og anlegg i samsvar med forvaltingsplanen.
- b) Oppattbygging av bygningar som er gått tapt ved brann eller naturskade, og oppattbygging av nedfalne bygningar som hører med i det tradisjonelle bygningsmiljøet i området og som vil vere kulturhistorisk verdifulle.
- c) Bygging av bruer og klopper.
- d) Opparbeiding, merking og sikring av nye turstiar og løyper.
- e) Oppføring av bygningar som er naudsynte i samband med landbruksdrift
- f) Tilbygg og andre mindre bygg til allmenne friluftsføremål, i samsvar med forvaltingsplanen.
- g) Oppgradering/fornyng av kraftleidning som ikke faller inn under pkt. 1.2
- h) Framføring av nye kraftlinjer, kablar eller teleliner.
- i) Etablering av kystverket sine anlegg som er naudsynt for tryggleiken på sjøen.
- j) Etablering av fortøyingsfeste for fiskereiskap, båtar og havbruksanlegg, brygger og naust.

## 2. Plantelivet

### 2.1 Innføring av nye planteartar er forbode.

### 2.2 Beite er tillate. Miljødirektoratet kan ved forskrift regulere beiting som skader landskapet sin art og karakter.

### 2.3 Uttak av ved og tømmer er tillate. Ved uttak av furutømmer skal ein ta vare på det naturlege skogsbleilet ved å nytte lukka hogstformer og plukkhogst i samråd med forvaltingsstyremakta.

### 2.3 I Røssdalen er hogst av gran tillate. Anna hogst skal skje i medhald av plan som er godkjent av forvaltingsstyremakta.

## 3. Dyrelivet

### 3.1 Nye dyrearter må ikke innførast.

- 3.2 Jakt er tillate i samsvar med gjeldande lover og reglar.
- 3.3 Fiske er tillate etter lakse- og innlandsfiskelova.

## 4. Ferdsel

- 4.1 All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyns til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.
- 4.2 Reglane i denne forskriften er ikke til hinder for tradisjonell turverksamhet til fots i regi av turistforeiningar, skular, barnehagar, ideelle lag og foreiningar.  
Anna organisert ferdsel og ferdselformer som kan skade naturmiljøet må ha særskilt løyve av forvaltingsstyremakta, jf. forvaltingsplan.
- 4.3 Sykling og organisert bruk av hest er berre tillate på vegar og trasear som er fastlagt gjennom forvaltingsplan.
- 4.4 Innafor nærmere avgrensa delar av landskapsvernombordet kan Miljødirektoratet ved forskrift regulere ferdsel som kan vere til skade for naturmiljøet.

## 5. Motorferdsel

- 5.1 Motorferdsel er forbode på land og i vatn.  
Flyging lågare enn 300 m over bakken, og landing og start med motordrivne luftfarty er forbode. Henting og bringing av passasjerar og gods, der luftfartyet ikke er nær bakken, er også forbode.
- 5.2 Forbodet i punkt 5.1 gjeld ikke:
  - a) ruteflyging, motorferdsel ved militær operativ verksemnd, politi-, rednings-, brannvern-, og oppsynsverksemnd, samt gjennomføring av skjøtsel- og forvaltingsoppgåver. Øvingskøyring i samband med desse føremåla krev særskild løyve.
  - b) motorisert ferdsel på frosen eller snødekt mark i samband med skogsdrift
  - c) militær lågtflyging.
- 5.3 Forvaltingsstyremakta kan etter søknad gje løyve til:
  - a) bruk av båt med motor, motorkøyretøy på frosen eller snødekt mark, eller luftfarty i samband med:
    - husdyrhald
    - storviltjakt
    - fiske
    - transport av varer inn til hytter og stolar
    - transport av materialar til vedlikehald og byggearbeid på hytter, klopper o.l.
    - kvisting av skiløyper
    - øvingsverksemnd
    - kalkking.
  - b) bruk av motorkøyretøy på barmark i samband med:
    - frakt av sjuke, skadde eller daude husdyr
    - frakt av elgslakt.
    - skogsdrift

## 6. Ureining

- 6.1 Ureining og forsøpling er forbode, samt bruk av kjemiske middel som kan påverke naturmiljøet.
- 6.2 Ikke naudsynt støy er forbode. Det er ikke tillate å bruke motor på modellfly, modellbåt o.l.

# Forvaltingsplan for verneområda i Setesdal vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane

## § 4. Generelle dispensasjonsreglar

Forvaltingsstyremakta kan gjere unntak frå reglane når føremålet med vernet krev det, for vitskaplege granskningar og arbeid av vesentleg samfunnsmessig verdi, eller i andre særlege høve når dette ikkje er i strid med føremålet med vernet.

## § 5. Forvaltingsplan

Forvaltingsstyremakta kan setja i verk tiltak for å fremja føremålet med vernet. Det skal utarbeidast ein forvaltingsplan med nærmare retningssliner for forvalting, skjøtsel, tilrettelegging, informasjon mv. Forvaltingsplanen skal godkjennast av Miljødirektoratet.

## § 6. Forvaltingsstyremakt

Miljødirektoratet fastset kven som er forvaltingsstyremakt for landskapsvernombrådet.

## § 7. Rådgjevande utval

Det kan oppretta eit rådgjevande utval for forvaltinga av landskapsvernombrådet.

## § 8. Inkrafttreding

Denne forskrifa trer i kraft straks.

## 7.4.7 Forskrift om vern av Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernombråde, Bykle, Valle og Bygland kommunar, Aust-Agder, Åseral, Hægebostad, Kvinesdal og Sirdal kommunar, Vest-Agder og Forsand kommune, Rogaland

Fastsett ved Kronprinsreg.res. 28. april 2000 med heimel i lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern § 5 og § 6, jf. § 14, § 21, § 22 og § 23. Fremja av Miljøverndepartementet. Endra med forskrifter 19 des 2008 nr. 1446, 15 mars 2013 nr. 284 (i kraft 1 juli 2013).

I

I medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970 nr. 63, §§ 5 og 6, jf. §§ 14, 21, 22 og 23, er eit område verna ved kronprinsregentens resolusjon av 28. april 2000 som landskapsvernombråde med dyrelivsfredning under namnet Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernombråde. Området ligg i Bykle, Valle og Bygland kommunar i Aust-Agder fylke, Åseral, Hægebostad, Kvinesdal og Sirdal kommunar i Vest-Agder fylke og Forsand kommune i Rogaland fylke.

### II. Avgrensing

Det verna området omfattar heile eller delar av følgjande gnr./bnr.:

**Bykle:** 1/1,2,3,4,6,7,8,10, 2/1,2,4,8, 4/2,3,5,8, 5/1, 6/1,4,5,7,8,10,14, 7/1,2,8/1,2,9/1,4,5, 10/1,2,3,4, 11/1,2,4, 12/1,2, 22/1.

**Valle:** 21/1,5,7,8,11, 26/1,2,3,4,7, 27/1,2,5,11, 47/3, 48/3,4,5,6,13,16, 50/1,3,5,6,7,8,9,10,17,18, 51/1,3,4,6, 55/2, 60/1,2,3,4,5,6,30,35, 61/1,62/1,2,3,4,5,6,7,8,12,13,14,28, 63/1,3,5,6,7,8,10,19,20, 64/1,2,5,7, 68/1,2,5,6,7,8, 12,18,33,35,36,37,38,39,40,43,54,61,65,66,67,90, 70/1,2,3,4,5,6,9,20,54, 71/1,2,3,9.

**Bygland:** 2/1,2,3,4,5,7,12,14,16,17,20,21,24,26,27,28,29,30,3,1,32,33,36, 3/1,2,3,4,5,9,10,11,12,13, 4/1,2,3,4,5,6,12,13,18, 22,23,24,25,26,27, 5/1,2,9,12,18,6/1,9/15.

**Åseral:** 1,2,3,4,6,7,10,11,12,13,26, 2/1,3,4,5,6,7, 8,9,10,14,15,16,18,19,22,23,24,52,59, 5/1,2,5, 6/1,3,4,6,11,13,14,15,16,17, 7/1,3,4,5,6,7,8,11,13,15,16,65, 8/1,2,7.

**Hægebostad:** 101/4,7,9, 102/1,2,3,4,5,6,8, 106/1,3,4.

**Kvinesdal:** 191/1,2,4,5,6,7, 221/1,2.

**Sirdal:** 1/1,2,3,4,6,7,8,10,17,18,19,20,21,23,25, 2/2,3,4,5,6,7,8, 14,15,16,17,18,19,20,21,22,2, 3,24,25,26,27,28,29,30,31,32,33,34,35,36,37, 38,39,40,41,42,43,44,45,46,47, 48,49,50,51,52,53,54,55,56, 57,58,59,60,61,62, 63,64,65,66,67,68,69,70,71,72,73,74,75, 76,85, 3/2,4,5,6,11, 4/1,2,4,5, 5/1,3,5, 9/1,2,3,4,5,6,7,9,10,11, 12,14,22,91, 10/1,2,3,4,6,9,11,12,13,28,29.

**Forsand:** 23/1,2,3,4,5,6,7,8,9,11,12,13,14,15,44, 24/1,2,3,4,5,6,8,9.

Landskapsvernombrådet dekker eit areal på ca. 2.344,5 km<sup>2</sup>.

Grensene for landskapsvernombrådet framgår av kart i målestokk 1:30 000, datert Miljøverndepartementet desember 2008. Kart og verneforskrift blir oppbevarte i dei berørte kommunane, hjå fylkesmennene i Aust-Agder, Vest-Agder og Rogaland, i Direktoratet for naturforvalting og i Miljøverndepartementet.

Dei nøyaktige grensene for landskapsvernombrådet skal merkast opp i marka etter nærmare tilvising frå forvaltingsstyremakta. Knekkpunktata skal koordinatfestast.

Innafor landskapsvernombrådet er det særskilde kalvingssoner og trekksoner for villrein med ferdsereguleringar. Grensene for desse sonene er tekna inn på kartet. Miljødirektoratet kan ved forskrift oppheve ferdsereguleringane eller endre grensene for desse sonene.

### III. Føremålet

Føremålet med vernet er:

1. Å ta vare på eit samanhengande, særmerkt og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområde med eit særmerkt plante- og dyreliv, stølsområde, beitelandskap og kulturminne.
2. Å ta vare på eit samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstamma i Europa.

### IV. Verneregular

For landskapsvernombrådet gjeld følgjande reglar:

#### 1. Landskapet

- 1.1 Det må ikkje gjerast inngrep som vesentleg kan endra eller inverke på landskapet sin art eller karakter. I dette er medrekna:

Oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, framføring av luftledningar, jordkabler og røyr, bygging av vegar og rasteplassar, oppsetting av autovern, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, lausbryting og fjerning av stein og mineral, bergverksdrift, vassdragsregulering, gjødsling, sprøyting med kjemiske midlar, nydyrkning, såing, planting, endring i samansetnaden av treslag ved skogkultur, plassering av campingvognar og bilar. Opplistinga er ikkje uttømmande. Fylkesmannen avgjer i tvilstilfelle om eit tiltak kan endre landskapet sin art eller karakter vesentleg.

#### 1.2 Reglane i 1.1 er ikkje til hinder for:

- a) Tradisjonell landbruksdrift, herunder støling, stenging av skårfeste, oppsetting av kve o.l. som er naudsynt for fedrifa.
- b) Vedlikehald av bygningar, vegar og anlegg.
- c) Vedlikehald av merka, eksisterande stiar og løyper. Forvaltingsstyremakta kan nekte vedlikehald av merka stier og løyper når det av omsyn til føremålet med vernet er ønskjeleg å redusere ferdsla i einskilde område.
- d) Manøvrering av regulerte vassdrag i tråd med gjeldande konsesjonsvilkår og vedlikehald og tilsyn av konsesjonsgjevne kraftanlegg, herunder anleggsvegar, luker, dammar, radiolinkar og kraftlinjer og herunder naudsynt auke i linettverrsnitt.

# Forvaltingsplan for verneområda i Setesdal vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane

1.3 Når verksemda eller tiltaket kan skje utan at det stirr mot føremålet med vernet, kan forvaltingsstyresmakta på nærmere vilkår gje løye til:

- a) Nydyrkning, framføring av jordbruksveg og oppsetting av gjerde.
- b) Oppattbygging av bygninger som er gått tapt ved brann eller naturskade, og oppattbygging av nedfalne bygninger som hører med i det tradisjonelle bygningsmiljøet i stølsgrender. Eventuelle vilkår for og utforming av bygninger skal setjast i samråd med fylkeskonservatoren.
- c) Mindre tilbygg til eksisterande bygninger.
- d) Opparbeiding og merking av nye turstiar og løyper.

## 2. Plantelivet

### 2.1 Nye plantearter må ikke innførast.

2.2 Tradisjonelt beite er tillate. Miljødirektoratet kan ved forskrift regulere beite som er i strid med verneføremålet.

2.3 Hogst skal foregå i samsvar med reglar for hogst i vernskog.

## 3. Dyrelivet

### 3.1 Nye dyrearter må ikke innførast.

3.2 Jakt er tillate etter viltlova sine reglar.

3.3 Fiske er tillate etter lakse- og innlandsfiskeloven.

## 4. Ferdsle (ikkje motorisert ferdsle)

All ferdsle skal skje omsynsfullt for ikkje å skade natur- og kulturverdiar, forstyrre dyrelivet eller beitedyr eller vere til ulykke for andre.

4.1 Arrangørar av større organiserte arrangement som idrettsarrangement, jaktprøver, store teltleirar og militærøvingar, må søke forvaltingsstyresmakta om løye til arrangementet.

4.2 I dei særskilde kalvingsonene Storenos (1), Vatnedalshei (2), Ratevassnuten (3) og Svarvaren (4), og i trekksone Breidvatn (5) som er avmerkt på kartet, er all ferdsle forbode i tidsrommet f.o.m. 25. april t.o.m. 31. mai.

I dei særskilde trekksoneane Svarteløkfjellet (6), Vardsvatn-Kvislevassknuten (7), Andersvatnet-Børsteinvatnet (8) og Steinbuskardet (9) er all ferdsle forbode f.o.m. 15. april t.o.m. 20. mai.

4.2.1 Forbodet i pkt. 4.2 er ikkje til hinder for:

- a) Ferdsle som følgjer veg og merka løype.
- b) Naudsynt ferdsle i samband med utbetring av skade på kraftanlegg.
- c) naudsynt ferdsle for grunneigar for tilsyn av eigedomen sin.
- d) Ferdsle i samband med militær operativ verksemd, ambulanse-, politi-, brannvern-, sikrings-, oppsyns-, skjøtsels- og forvaltingsverksem.

4.3 Bruk av ridehest og sykkel i utmark er berre tillate langs særskilde trasear som er kartfesta i forvaltingsplanen.

4.4 Innafor nærmere avgrensade deler av landskapsvernombordet kan Miljødirektoratet ved forskrift forby all slags ferdsle heile året eller ein del av året når ein reknar det naudsynt for å verne naturmiljøet eller dyrelivet.

4.5 Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå forbodet i pkt. 4.2 i særlege tilfelle når det ikkje stirr mot føremålet med vernet, sjå pkt. VI.

## 5. Motorisert ferdsle

### 5.1

- a) Motorisert ferdsle på land er forbode.
- b) Lågtflyging under 300 m over kalvingsområder og trekksoner, jf. kap. II, er forbode.
- c) Start og landing med motordrevne luftfarty er forbode. Med landing forstår ein også henting og bringing av passasjerar og gods sjølv om landing i fysisk forstand ikkje finn stad.

5.2 Vegen Brokke-Suleskard skal vere stengd i tidsrommet f.o.m. 1. november t.o.m. 20. mai. Vegen skal ikkje brøyast før 12. mai der han kryssar trekksona Vardsvatn-Kvislevassknuten.

### 5.3 Forbodet i pkt. 5.1 gjeld ikkje:

- a) Motorisert ferdsle i samband med militær operativ verksemd, ambulanse-, politi-, brannvern-, sikrings-, oppsyns-, skjøtsels- og forvaltingsverksemd. Øvingskjøring i samband med desse føremåla krev særskild løye.
- b) Motorferdsle på veg, herunder anleggsvegar etter gjeldande konsesjonsvilkår.
- c) Landing med motordrevne luftfarty for henting av felt storvilt på eller ved følgjande vatn: Krokevatn, Ratevatn, Bånevaton, Storsteinvatnet, Ormsavatn og Karlsvatn i Bykle, Bossvatn i Valle, Storevatn i Sirdal og Kolsheivvatn, Monsvatn, Storlavvatn og Lykkjevatn i Bygland kommune.

All luftransport skal meldast til forvaltingsstyresmakta før transporten tek til.

### 5.4 Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gje løye til:

- a) Naudsynt luft og snøscootertransport som trengst i samband med:
  - jord- og beitebruk, t.d. frakt av gjerdeutstyr
  - frakt av ved eller hogstvirke
  - frakt av felt storvilt
  - kalking.
- b) Naudsynt luft- og snøscootertransport som trengst ved tilsyn og vedlikehald av kraftanlegg, sjå pkt 1.2. d. Ved akutte behov for slik transport skal det sendast melding.
- c) Naudsynt luft- og snøscootertransport av materialar til hytter, klopper mv. og av brensel, utstyr og proviant til hytter og buer.
- d) Opning/stenging av Brokke-Suleskardvegen ut over dei faste tidspunktene, ved heilt spesielle forhold og da etter retningslinjer gitt i avtale av 12. april 1999 mellom fylkesmannen i Aust-Agder og Statens Vegvesen.

## V. Forvaltingsplan

Forvaltingsstyresmakta kan setje i verk tiltak for å fremja føremålet med vernet. Det skal utarbeidast forvaltingsplan med nærmere retningsliner når det gjeld forvalting, skjøtsel, tilrettelegging, informasjon og rådgjeving. Forvaltingsplanen skal godkjennast av Miljødirektoratet.

## VI. Unnatak i særskilde høve

Forvaltingsstyresmakta kan gjera unnatak frå vernereglane i kap. IV når føremålet med vernet krev det, for vitskaplege undersøkingar, for tiltak av vesentleg verdi for samfunnet og i særskilde tilfelle når det ikkje stirr mot føremålet med vernet.

## VII. Forvaltingsstyresmakt

Miljødirektoratet fastset kven som er forvaltingsstyresmakt for landskapsvernombordet.

## VIII. Rådgjevande utval

# Forvaltingsplan for verneområda i Setesdal vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane

Det kan oppretta eit rådgjevande utval for forvaltinga av landskapsvernområdet.

## IX. Ikrafttreding

Desse reglane trer i kraft straks

### 7.4.8 Forskrift om vern av Steinsbuskardet - Hisdal biotopvernområde, Bykle kommune, Aust-Agder

Fastsett ved Kronprinsreg.res. 28. april 2000 med heimel i lov av 29. mai 1981 nr. 38 om viltet § 7 annet ledd. Fremja av Miljøverndepartementet. Endra med forskrift 19 des 2008 nr. 1446.

#### I.

I medhald av lov om viltet av 29. juni 1981 nr. 38, § 7 annet ledd, er eit område verna ved kronprinsregentens resolusjon av 28. april 2000 under namnet Steinsbuskardet - Hisdal biotopvernområde. Det verna området ligg i Bykle kommune i Aust-Agder fylke.

#### II. Avgrensing

Det verna området berører heile eller delar av gnr./bnr.: 7/1, 2, 8/1, 9/1, 3, 5, 10/1, 2, 3, 4, 11/1, 2, 4, 12/1, 2.

Biotopvernområdet dekker eit areal på ca. 33,6 km<sup>2</sup>.

Grensene for biotopvernområdet framgår av kart i målestokk 1:60 000, datert Miljøverndepartementet desember 2008. Kartet og vernereglane blir oppbevarte i kommunen, hjå Fylkesmannen i Aust-Agder, i Direktoratet for naturforvalting og i Miljøverndepartementet.

Dei nøyaktige grensene for biotopvernområdet skal merkast opp i marka etter nærmare tilvising frå forvaltingsstyremakta. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Steinsbuskardet - Hisdal biotopvernområde har to soner med ferdslerestriksjonar. I sone A, Steinsbuskardet, er det særskilt viktige trekkrutar for villreinen. Sone B går vidare inn i Hisdal naturreservat. Grensene for sonene framgår av kartet. Direktoratet for naturforvalting kan ved forskrift oppheve ferdslereguleringane eller endre grensene for desse sonene.

#### III. Føremål

Steinsbuskardet - Hisdal biotopvernområde har til føremål å sikre eit særskilt heilårs leveområde med trekkvegar og kalvingsområde for villrein i Setesdal Vesthei.

#### IV. Vernereglar

##### 1. Naturmiljøet

1.1 Det må ikkje iverksetjast tiltak som kan endre dei naturgjevne produksjonstilhøva, gjera villreinen sitt livsmiljø ringare eller hindre villreinen sin bruk av området. Dette gjeld til dømes:

Oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, framføring av luftledningiar, bygging av vegar og rasteplassar, oppsetting av autovern, drenering og anna form for tørrlegging, framføring av røyr over bakken, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, bergverksdrift, vassdragsregulering, gjødsling, sprøyting med kjemiske midlar, nydyrkning, såing, planting, endring av samansetnaden av treslag ved skogkultur og plassering av campingvogner og bobilars. Opplistinga er ikkje uttømmande.

Nye plante- eller dyrearter må ikkje innførast.

1.2 Reglane i 1.1 er ikkje til hinder for:

- Tradisjonell landbruksdrift, herunder støling, stenging av skårfeste, oppsetting av kve og liknande som er naudsynt for fedrifta.
- Tradisjonell beiting. Direktoratet for naturforvalting kan ved forskrift regulere eller forby beite som stirr mot føremålet med vernet.
- Vedlikehald av bygningar, vegar og anlegg.

- Hogst i samsvar med reglane for hogst i vernskog.
- Vedlikehald av merka, eksisterande stiar og løyper. Forvaltingsstyremakta kan nekte vedlikehald av eksisterande stier og løyper når det av omsyn til føremålet med vernet er ønskjeleg å redusere ferdsla i ein skilde område.

- Manøvrering av eksisterande regulerte innsjøar i tråd med konsesjonsvilkåra.

Vedlikehald og tilsyn av konsesjonsgjevne kraftanlegg, herunder anleggsvegar, luker, dammar, radiolinkar og kraftlinjer og radiolinkar, herunder naudsyt auke i linetverrsnitt.

- Jakt etter viltlova sine reglar.

- Fiske etter lakse- og innlandsfiskelova.

1.3. Når verksemda eller tiltaket kan skje utan at det stirr mot føremålet med vernet, kan forvaltingsstyremakta på nærmare vilkår gje løye til:

- Oppattbygging av bygningar som er gått tapt ved brann eller naturskade og oppattbygging av nedfalte bygningar som høyrer med i det tradisjonelle bygningsmiljøet i stølsgrender. Eventuelle vilkår for og utforming av bygningane skal setjast i samråd med fylkeskonservatorene.

- Mindre tilbygg til eksisterande bygningar.

- Opparbeidning og merking av nye turstiar og løyper.

##### 2. Ferdsle (ikkje motorisert ferdsle)

All ferdsle skal skje omsynsfullt og ta særleg omsyn til villreinen.

2.1 I sone A - Steinsbuskardet, er all ferdsle forbode heile året. I sone B - Hisdal, er ferdsle forbode i tidsrommet f.o.m. 25. april t.o.m. 31. mai.

2.2 Forbodet i pkt. 2.1 er ikkje til hinder for:

- Forhold som er nemnd i pkt. 4.
- Ferdsle som følger veg og merka løype.
- Ferdsle som er naudsyt i samband med sinking og tilsyn av sau og ved akutt behov for tilsyn og forebyggingsutbetring av skade på kraftanlegg.

- Naudsynt ferdsle i sone A i samband med tilsyn og vedlikehald av kraftanlegg, sjå pkt 1.2. f, i samråd med forvaltingsstyremakta.

- Naudsynt ferdsle for grunneigar for tilsyn av eigedomen sin.

2.3 Arrangørar av større organiserte arrangement, som idrettsarrangement, jaktprøver, store teltleirar og militærøvingar, må søke forvaltingsstyremakta om løye til arrangementet.

2.4 Forvaltingsstyremakta kan gje unntak frå forbodet i pkt. 2.1 i særlege tilfelle når det ikkje stirr mot føremålet med vernet, sjá pkt. VI.

##### 3. Motorisert ferdsle

3.1 Motorisert ferdsle på land er forbode.

3.2 Lågtflyging under 300 m er forbode.

3.3 Unnateke frå reglane i 3.1 og 3.2 er:

- Motorferdsle på anleggsvegar i tråd med gjevne konsesjonsvilkår.

3.4. Forvaltingsstyremakta kan gje løye til:

- Luft og snøscootertransport som trengst i samband med:
  - jord- og beitebruk, t.d. frakting av gjerdeutstyr

# Forvaltingsplan for verneområda i Setesdal vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane

- frakt av ved eller hogstvirke
  - frakt av felt storvilt
  - kalking av vassdrag.
- b) Luft- og snøscootertransport som trengst ved tilsyn og vedlikehald av kraftanlegg, sjå pkt. 1.2. f. Ved akutt behov for slik transport skal det sendast melding.

a) Luft- og snøscootertransport av materialer til hytter, klopper mv. og av brensel, utstyr og proviant til hytter og buer.

3.5 All luftransport etter punkt 3 skal meldast til oppsynet for transporten tek til.

## 4. Militær operativ verksemd og andre offentlege tiltak

Vernereglane er ikkje til hinder for motorferdsle og for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, branneværn-, sikrings-, oppsyns- og forvaltingsverksemd. Øvingsskøyring i samband med desse formåla krev særskild løyve.

## V. Forvaltingsplan

Forvaltingsstyremakta kan setje i verk tiltak for å fremja føremålet med vernet. Det skal utarbeidast forvaltingsplan med nærmere retningslinjer når det gjeld forvalting, skjøtsel, tilrettelegging, informasjon og rådgjeving. Forvaltingsplanen skal godkjennast av Direktoratet for naturforvalting.

## VI. Unnatak i særskilde høve

Forvaltingsstyremakta kan gjera unnatak frå vernereglane i kap. IV når føremålet med vernet krev det, for vitskaplege undersøkingar, for tiltak av vesentleg verdi for samfunnet og i særskilde tilfelle når det ikkje strir mot føremålet med vernet.

## VII. Informasjon

Det kan setjast opp informasjonstavler.

## VIII. Forvaltingsstyremakt

Direktoratet for naturforvalting fastset kven som er forvaltingsstyremakt for biotopvernombordet.

## IX. Rådgjevande utval

Det kan oppretta eit rådgjevande utval for forvaltinga av biotopvernombordet.

## X. Ikraftsetting Desse reglane trer i kraft straks

## **Forvaltingsplan for verneområda i Setesdal vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane**

Ansvarleg utgjevar: Verneområdestyret for Setesdal vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane (SVR)

Prosjektleiing: Forvaltingssekretariatet: Guro Sødergren, Tarjei Haugen og Alf Odden

Utforming: Tekst: Alf Odden Kart: Marit Henriksen og Knut Erik Paulsen Layout: Kjell Helle-Olsen  
og Odd Inge Worsøe

Oppdragsgjevar: Miljødirektoratet

Digital form: [www.svr.no](http://www.svr.no)

Foto framsida:

Øverst frå venstre: Rjuven, villrein og grepelyng

Nederst frå venstre: Ljosådalen, Væringsdalen og Lusaheia

Baksida: Runer på Skutesteinen ved Storhedder

Fotografar:

Jan Thommassen og Jon Erling Skåtan: Side 12, 14 t.h, 15, 16, 40

Kjell Helle-Olsen: Andre foto

Grafisk design: Odd Inge Worsøe

Trykk: Kai Hansen